

Korrupsjon

i Norge

1991

**SANNHETA
OM
BOBLE
BADDET**

Erling Folkvord

Espen Mathisen

Sannheta om boblebadet

Erling Folkvord • Espen Mathisen

Sannheta om boblebadet

Korrupsjon i Norge

1991

J.W. Cappelens Forlag a.s

© 1991, J.W. Cappelens Forlag a.s
Omslag ved Séan Brewer
Trykt i Tangen Grafiske senter, 1991

ISBN 82-02-12944-3

Sannheta er:
Det var DU som betalte.

Innholdsliste:

Forfatterforord	9
Forord av Helge Seip	11
Boblebadet - symbol og lynavleiar	15
Politiet - dei korrupes beste ven?	27
«Dynasti» i Bodø	43
«For utpå Nøtterøy fins»... eit maktarrogant eittparti- styre	54
Da Finnmark Ap skvisa «Roger Rabbit»	62
Omstillingsmillionar på avveggar	73
Rådhus-Høgre tar hemn	82
Uryddig byggjesaksbehandling i Alta	92
Kong Fridtjov av Grønland	99
Eit lite korrupsjonsleksikon	121
Oppslagsord	131
Program mot korrupsjon	196
Slik avslører du dei korruperte	210
Fotnoter	216
Litteraturliste/kjeldemateriale	221
Lite korrupsjonsleksikon, stikkordliste	223

Forfattarforord

Vi har brukt første delen av denne boka til å skildre forskjellige slags korruperte og korrupsjonsliknande forhold innafor statleg og kommunal forvaltning, frå Kirkenes i nord til Nøtterøy i sør. Det er mange eksempel i resten av boka òg, men der har vi lagt hovudvekta på å samle erfaringar og råd som kan vere nyttige for dei som vil arbeide for ryddige forhold innafor all offentleg forvaltning. Vi har eit håp om at vi mellom desse to permanente har fått samla både ei skildring av sjukdomen og ein del oppskrifter på høveleg medisin.

Det er ikkje eintydig kva som meinest med sjølve begrepet korrupsjon. Vi legg eit anna og vidare innhald i ordet enn det som er vanleg blant juristar, og har stort sett haldi oss til den definisjonen professor Carl August Fleischer formulerte i 1985: «Samlet sett kan vi si at det korruperte Norge - i forhold til offentlege stillinger, tillitsverv og posisjoner - består i at det finnes personer som opptre slik at de ivaretar *egne* eller *andres spesielle interesser*. Disse interesser ivaretas istedenfor samfunnets interesser eller *i større grad* enn det er grunnlag for eller rettslig adgang til.» Du skal derfor vere klar over at det ikkje må vere bevislege lovbrøt inne i biletet fordi om vi karakteriserer ei sak eller ein avgjerdsprosess som korrupert.

Denne boka er resultat av eit mangfoldig gruppearbeid i enda større grad enn «Rapport frå Rotteriret» i 1990. Vi respekterer at dei fleste bidragsytarane i dette samarbeidet ikkje ønskjer å få namna sine på trykk. Men nokre av dei kommune-

styrerepresentantane som har deltatt i arbeidet, bør nemnast: Rune Rafaelsen i Sør-Varanger, Øystein Røsland i Alta, Brigit Kristensen i Bodø, Terje Kolbotn i Odda, Knut Henning Thygesen i Risør, Jørn Magdahl i Nøtterøy og Morten Halvorsen i Notodden har omfattande lokale erfaringar med antikorrupsjonsarbeid. Desse erfaringane var nødvendige for å få til denne boka. Klassekampen-journalist Finn Sjue har utført ein del av intervju- og undersøkjingsarbeidet.

Til alle dei andre, som ikkje ønskjer å bli namngitt, må vi berre seie takk for innsatsen. Både dei og andre er velkomne til å ta kontakt med oss. Antikorrupsjonsarbeidet treng fleire hovud og fleire bein for å vekse i breidde og tyngde utover 90-talet.

Oslo 21. juni 1991

Forfattarane

Ta gjerne kontakt:
RVs bystyregruppe i Oslo,
Rådhuset, 0037 Oslo 1
Tlf. 02 - 86 19 21

Forord

Det har vært en nærmest uomstridt del av vårt norske selvbylde at vårt offentlige liv er lite belastet med forhold som korrupsjon, bestikkelser og andre disposisjoner og forbindelser som ikke tåler offentlighetens lys. Riktig nok var det ganske bastant motstand i statsadministrasjonen, da de politiske myndigheter innførte dokumentoffentlighet i stat, fylker og kommuner fra 1970, men motstanden ble ikke satt i forbindelse med korrupsjonsproblemer. Forestillingen om redelighet og ubestikkelighet som norsk nasjonal dyd fortsatte å leve.

I dag vet vi at uregelmessigheter i forbindelse med økonomiske forhold, kameraderi og sviktende respekt for de regler som gjelder om inhabilitet og rettslig handleevne, er et utbredt fenomen som gjennomsyrrer store deler av det norske samfunnet. Det gjelder både i offentlig og privat sektor. Særlig har det vært avdekket svikt, snusk og det som langt grovere er, i forbindelse med de senere års styre i Oslo kommune. Bindsterke granskningsrapporter bekrefter det. En rekke andre kommuner har også hatt saker av lignende karakter, om ikke i samme omfang.

Innen banksektoren har det kommet fram at en del større disposisjoner, bl.a. ved innvilging av lån, har funnet sted uten at de som hadde ansvaret for beslutningene, hadde nødvendig fullmakt eller hjemmel. Det blir med rette stilt spørsmål om effektiviteten og kvaliteten av revisjon og kontroll innen norsk administrasjon og næringsliv holder mål, og om de som skulle

ta hensyn til råd og påvise feil, har nødvendig vilje til å følge opp.

Ikke minst det som går fram av forskjellige granskningsrapporter om forhold innen Oslo kommune, gir grunn til å spørre om de bestemmende myndigheter har vist tilstrekkelig forståelse for revisjonens oppgaver og betydningen av å respektere revisors integritet. I en rekke kommunale saker som stiller myndigheter i Oslo og andre kommuner i en lite heldig stilling, er det også nærliggende å etterlyse juridisk kompetanse og uavhengighet. Blant mange folkevalgte og hos en god del i ledende administrative stillinger synes sansen for normer og grunnleggende spille-regler forbausende lite utviklet.

Det er neppe for sterkt uttrykt at vi idag står overfor et alvorlig samfunnsproblem, nettopp hva etikk, moral og respekt for normer, lov og rett angår. Vi må også innse at disse problemene blir særlig urovekkende, når de får større omfang i deler av den offentlige sektor. Avdekkingen av korrupsjon og kampen for å hindre uryddige styringsforhold, misbruk og slapphet i kontroll og hevdning av regler og normer har fått en betydning som vi alle må være villige til å se omfanget av. For så vidt er det ingen tilfeldighet at både Norges Handelshøyskole i Bergen og BI har besluttet å ta opp etikk i næringslivet som undervisningsfag. Minst like viktig er det imidlertid at vi nå også får en skjerpning av forholdene innen offentlig administrasjon, f.eks. i kommuner som har fått avslørt alvorlig svikt og ulovligheter med ansvar så vel i administrativ som folkevalgt retning.

En bok som reiser korrupsjonsproblemene og svikten ved praktisering av reglene for styring og administrasjon i våre kommuner og andre organer og virksomheter, har en viktig oppgave under den lutringsprosessen som vi må igjennom for å bringe forholdene noenlunde i samsvar med gjeldende lover og nødvendige krav til åpenhet og redelighet. Det er en slik bok Erling Folkvord og Espen Mathisen har forsøkt å legge fram, med dokumentasjon, med påvisning av svikt i en rekke konkrete tilfelle av ulik karakter, og med forslag til endringer som kan bøte på svakheter og rette feil og urimeligheter.

De enkelte eksempler står selvsagt for forfatterens regning,

selv om en del av punktene er lette å verifisere fra offentlige granskningsrapporter og andre tilgjengelige dokumenter. Tolkningen av lovbestemmelser, reglementer, etc. får de også svare for, der det kan være tvil. Det viktige er imidlertid at de med en slik bok trekker fram, ikke bare svikt og lovbrudd, men at de også gjør et prisverdig forsøk på å følge opp sine observasjoner og konklusjoner med konkrete forslag og henvisninger til gjeldende rett på forskjellige områder.

I «korrupsjonsleksikonet» får leserne et materiale til selvstudium og videre bruk, som bør bli til nytte for mange i videre arbeid med å bekjempe korrupsjonskultur og manipuleringsstyring. Blant de minst trivelige påvisningene fra styringen i Oslo er klare overtramp fra de styrende ved å nekte medlemmer av det folkevalgte bystyre det dokumentinnsyn som de har krav på. Fylkesmannen i Oslo og Akershus har med rette slått ned på et eksempel her, som støtter forfatterens framstilling.

Det er både en informasjonsbok og en debattbok. Folk-vord og Mathisen har skrevet. Ingen skal vente at leserne vil si seg enig i alle konklusjoner, eller at forfatterne dekker alle aspekter av det store sakskomplekset som ligger i kravene til redelighet, åpenhet og forsvarlig kontroll med økonomiske saker og styrendes habilitet og ansvar i ulike sammenhenger. Konkretiseringen bringer imidlertid problemene nær, og advarslene mot omlegginger som kan svekke kontroll og beslutningsordninger, f.eks. ved å lage hel- eller halvkom-munale selskaper uten å knytte dem sammen med tilsvarende revisjons-, kontroll- og offentlighetsregler som de vi har i kommunale etater, er vel verd å lytte til.

Det er å håpe at boka kan bidra til å skjerpe årvåkenheten mot utglidning og misbruk både i styringsverk og folkevalgte forsamlinger og innen de delene av den private sektor som strir med tilsvarende problemer som en del av våre kommuner og andre offentlige etater har stiftet ubehagelig bekjentskap med.

Helge Seip

Boblebadet - symbol og lynavleiar

Korrupt handlemåte slik vi møter det i norsk politikk og samfunnsliv er ikkje først og fremst eit spørsmål om enkeltpersonar med dårleg moral.

Ronald Bye, tidlegare sekretær i Arbeidarpartiet, er ein av dei som har understreka at dette eigentleg handlar om ein stil og ein kultur som har utvikla seg i visse miljø og over lang tid. Han seier rett ut at «Arbeiderpartiets egen kultur er truet» på grunn av korrupsjonsgranskinga i Oslo. På eit vis er Bye sjølv part i saka, fordi han er gift med den korrupsjonsmistenkte Tove Heggen Larsen som var varaordførar i Oslo. Vi trur likevel det er ei viktig sannhet i det svaret Bye ga da Aftenposten spurde om Tove Heggen Larsen ikkje hadde gjort noe som var gali:

«- Nei, ikke utfra den partikultur hun er vokst opp med og 'oppdratt' i. I Arbeiderpartiet har vi tette bånd og kameratslige forhold. Ap driver 'kameraderi' i positiv forstand.»¹

Så klar tale er sjeldan kost. I dagane etterpå kom den nove-rande partisekretæren, Thorbjørn Jagland, med sterkt personretta åtak på Ronald Bye, istadenfor å ta den politiske utfordringa til partileiinga og delar av partikulturen som ligg i Bye si analyse.

Når vi snakkar om korrupsjon som eit samfunnsproblem, så handler det om *makt*, *pengar* og *grunnleggjande ideologiske spørsmål*. Skal politikarane tene folket, eller skal dei ha rett til å herske - og herse - over folket, og berike seg sjølve og venene sine? Det handlar om at noen få bruker makta si til å styre

pengestraumen - eller fordelinga av andre gode - slik at dei få kan sko seg, og dei mange må betale.

Det skjer i mange samanhengar. I store private organisasjonar, i fagrørsla, i kyrkjelydar, i bankvesenet, mellom kjøpar og leverandør i næringslivet, i stat og kommune. Vi trur ikkje at korrupsjonen er mest utbreidd i offentleg sektor. Problemet er nok større i bank- og finansvesenet.

Det er to grunnar til at vi likevel har tatt fatt i offentleg sektor først. For det eine fordi RVs kommunestyrearbeid rundt om i landet har gitt oss tilgang til konkret informasjon og fakta om korrupsjon i kommunesektoren. Slike fakta har vi enda ikkje om tilsvarende uvesen f.eks. i bankane. For det andre synest vi korrupsjonen i offentleg sektor er ekstra ille, fordi det handlar om å misbruke folks politiske tillit, i tillegg til den økonomiske sida av saka.

Men ingen skal gløyme at nesten alle korrupsjonsforhold har to eller fleire partar eller aktørar. Det vanlege er at private firma er aktive deltakarar i det som litt misvisande blir kalla kommunal korrupsjon. Derfor er det meir enn skivebom å tru - eller hevde - at privatisering, eller anna form for nedtrapping av kommunal tenesteyting, kan redusere korrupsjonsproblema som mange kommunar slit med i dag. Erfaringane så langt er tvert om at den aggressive privatiseringspolitikken som Høgre og FrP står for, har skapt ein større arena for korrumpert utveksling av tenester.

Symbol og lynavleiar

Fleire kjelder i Rådhusmiljøet i Oslo seier at tidlegare varaordfører Tove Heggen Larsen vart utsett for eit slags «komplott». Da presset mot den korruperte Rådhuseliten auka på utover hausten 1989, var det «noen som snakka sammen». Det var nødvendig å ofre einkvan. Tidlegare varaordfører Heggen Larsen stod lagleg til. Det var lettast å ofre henne. Ho hadde minst sjanse til å forsvare seg. Faren for at ho skulle trekke andre med seg, var ikkje altfor stor.

Saka om boblebadet hennar vart etterkvart ein gjengangar i

media og i ulike meir og mindre grundige granskingsrapportar. Boblebadet vart eit slags halvseriøst *symbol* på Oslo-korrupsjonen. Litt dristig og litt avslørande, fordi det handla om ein tidlegare varaordførar. Samtidig litt useriøst og litt komisk fordi det kanskje ikkje var anna enn eit stort badekar, og kva kan no eigentleg det vere å mase om? Boblebadet i Symreveien på Ekeberg i Oslo fekk ein dobbel funksjon. Det vart både symbol og lynavleiar. Det siste er viktigast. Boblebadet trekte søkjelyset vekk frå dei *store* sakene, vekk frå millionforretningane, vekk frå dei mennene som avgjorde slike saker og som framleis er aktive i politikken. Kven bryr seg f.eks. med å finne ut kva rolle noverande utanriksminister Thorvald Stoltenberg hadde da Selmer fekk kjøpe Oslo City-tomta med millionrabatt, når det i staden går an å fråtse i historia rundt eit boblebad til noen titusenar?

Vi trur sannheta om boblebadet er viktig lell, fordi den gir innsyn i eit korrupsjonsmiljø der mektige menn utveksla synspunkt og tenester. I dette miljøet gjekk kommunalråd - og tidlegare byråd - Sigurd Østen (H) under namnet «Sølvreven». Tidlegare byrådsleiar Hans Svelland var ein av dei mektigaste av dei som stod blikkenslagar Siggestrøm nært. Boblebadsaka gir oss også ein innfallsvinkel til å forstå litt av den korruperte finansieringa av Oslo Arbeidarparti sine valkampar på 1980-talet.

- Nå har jeg fiksa et boblebad til a' Tove, sa blikkenslagar Arild Siggestrøm til ein som var kjend i miljøet hans. Dette vart sagt tidleg i 1988 eller i 1987. Når Siggestrøm brukte uttrykket 'har fiksa', så betydde det gratis leveranse for mottakaren, utan kostnad for Siggestrøm sjølv. Siggestrøm nemnde aldri andre namn enn «a' Tove» som mottakar. Det vanlege i Siggestrømmiljøet var at kostnadene da skulle takast med på ein faktura til ein annan kunde, oftast til Oslo kommune. Viss det handla om ei gåve frå han sjølv, brukte han ikkje å ordlegge seg slik.

Fleire andre kjelder har i ulike samanhengar forklart boblebadsaka på liknande vis. Da 'gudfar' Thorolf Johannessen i Vedlikehaldsetaten var hardt pressa av politiet natt til 22. mars 1990, fortalde han litt av det han visste om fleire andre politikarar. Johannessen var både fagforeningsmann og kommunalpolitikar, og han hadde vori ein viktig mann i partiorganisasjonen.

Han vart kalla 'Bulldoser'n' fordi han aldri let seg stoppe av formelle hindringar og 'Langbein' fordi han alltid kom seg unna i tide. Få veit meir om Oslo-korrupsjonen enn han.

Han fortalde politiet at han hadde opplysningane sine direkte frå Stein Bentzen som eigde firmaet Vann-Teknikk A/S. Dette er eitt av fleire firma som deltok aktivt i det korrupsjonssystemet som Johannessen kjende som si eiga bukselomme. Han sa til politiet at Vann-Teknikk hadde levert boblebadet til blikkenslagar Arild Siggestrøm, som så sørگا for å få det frakta heim til varaordførarbustaden på Ekeberg. Vann-Teknikk ordna monteringsarbeidet, ein ikkje heilt liten jobb.

Johannessen sa til politiet at han snakka med Bentzen om saka da boblebadet vart ei mediesak på seinhausten 1989. Han fekk da vite av Bentzen at han ikkje hadde sendt rekning for denne leveransen. Johannessen hadde oppfatta Bentzen slik at det heller aldri hadde vori tanken at Vann-Teknikk skulle gjere det. Thorolf Johannessen fortalde politiet at han for sin del trudde at det vart laga ei rekning etter medieoppstusset, og gjorde merksam på at han for sin del ikkje hadde snakka med blikkenslagar Siggestrøm om denne affæren.

Ein person som kjenner Siggestrøm, har - utan å kjenne Johannessen si politiforklaring - fortalt oss at Tove Heggen Larsen og Ronald Bye fekk til ei slik ordning på etterskot at dei om nødvendig kan vise for seg ei 'kvittering' for at boblebadet er betalt.

Arild Siggestrøm og Tove Heggen Larsen har sjølve forklart seg i tre omgangar, og med litt ulike versjonar.

1. omgang - to versjonar

I desember 1989 leigde dei kvar sin advokat til å snakke for seg. Tom A. Torkildsen som representerte Siggestrøm, opplyste at «tidligere nestleder i Oslo Arbeiderparti, Tove Heggen Larsen ba Arild Siggestrøm om hjelp med anskaffelsen av et 'boblekar' i januar 1989. Siggestrøm kontaktet firmaet Vann-Teknikk A/S, som verken han eller Oslo Blikkenslagerverksted hadde noen eierinteresser i, og bestilte boblekaret på vegne av

Tove Heggen Larsen. Faktura ble utstedt direkte fra Vann-Teknikk til Tove Heggen Larsen. Oppgjøret skjedde fra Tove Heggen Larsen via Arild Siggestrøm personlig til Vann-Teknikk A/S i mai-juni 1989.»²

Da Klassekampen noen dager seinare spurde Heggen Larsen om *når* boblebadet vart betalt, ba ho avisa snakke med høgsterettsadvokat Johan Hjort. Hans versjon var at «boblebadet ble betalt 9. januar i år. Det er samme dag som fakturaen fra leverandøren - Vann-Teknikk A/S - er datert».³ Høgsterettsadvokaten ville ikkje kommentere dei sprikande forklaringane, men sa at han «personlig har sett kvitteringa for boblebadkjøpet, datert 9. januar. Det dreier seg om en kvittering, ikke en giro datert av en bank eller postgiro».

Byggmeister Pål Solberg sa samtidig til Klassekampen at alt ombyggingsarbeidet i huset hos Heggen Larsen var avslutta da ferdigattesten vart skriven 30. mars 1988. Desse arbeida omfatta bl.a. installering av boblebad, badstu og ein «vinterhave» med glassoverbygg. Overfor Klassekampen heldt Siggestrøm sin advokat Torkildsen likevel fast på at det først var året etter - i januar 1989 - at Heggen Larsen hadde komi til blikkenslagaren og bede om hjelp til å få tak i eit boblebad.⁴

2. omgang: Ronald Bye kjem inn på banen

27. mars 1990 skreiv høgsterettsadvokat Hjort eit brev der han gir Ronald Bye ein svært sentral plass. Han skriv at det var Ronald Bye som administrerte ombyggjinga av huset i 1987/88: «Ronald Bye kjente fra tidligere Siggestrøm ... og spurte om han kunne skaffe et badekar som skulle installeres i forbindelse med ombyggingen. Siggestrøm formidlet kjøpet av dette badekar gjennom firmaet Vann-Teknikk A/S. Fordi bestillingen gikk gjennom Siggestrøm, har han sørget for betalingen av Vann-Teknikks regning som var på 12 950 kroner. Ansvaret for oppgjøret med Siggestrøm hadde Ronald Bye.»⁵

Da Tove Heggen Larsen møtte for Smith-utvalet 28. mars 1990 - dagen etter at dette brevet var skrivi - «ga hun ... flere ganger uttrykk for at hun ikke ville svare på spørsmål om det

hun oppfattet som private forhold». Ektemannen fulgte opp med brev til Smithutvalet neste dag og fann det «særlig bemerkelsesverdig at et statlig granskingsutvalg» ba han om å «redegjøre for et personlig bekjentskaps- og vennskapsforhold». Seinare fekk Smithutvalet fleire brev frå høgsterettsadvokat Hjort som stadig var juridisk boblebad-talsmann for Heggen Larsen. Så seint som i september 1990 slo han fast at han nekta å leggje fram nærmare dokumentasjon omkring det økonomiske oppgjeret for boblebad-kjøpet: «Av prinsipielle grunner vil jeg på Tove Heggen Larsens vegne ikke besvare slike spørsmål. Jeg anser dem for å gjelde private forhold, som det ligger utenfor Granskingsutvalgets mandat å kreve innsyn i.»⁶

Men Arild Siggestrøm var villig til å forklare seg:

«I avhør med utvalget 5.7.90 uttaler Arild Siggestrøm bl.a. om bestillingen av og betalingen for karet, at Tove Heggen Larsen sa de holdt på å bygge hjemme, og at de skulle ha et boblekar. Hun ... spurte om jeg visste om det fantes noe slikt.

...

Spørsmål I: Med pengene, var det slik at det ble gitt beskjed hos deg om at det kostet så og så mye, og så fikk du en konvolutt?

Siggestrøm: Ja. Og da leverte jeg den ...

Spørsmål II: Og leverte videre ...

Spørsmål III: Men konvolutten fikk du av Tove Heggen Larsen?

Siggestrøm: Ja, eller om det var Ronald Bye. Det kan jeg ikke huske engang, for det er ... »

Seinare i forklaringa seier Siggestrøm: «At jeg hjalp ... Tove med å skaffe boblebadet, det er det jeg har hatt, som jeg har kunnet yte som en vennetjeneste av en annen vennetjeneste igjen.»⁷

Smithutvalet kom ikkje lenger enn dette sommaren 1990, fordi korkje Tove Heggen Larsen, Ronald Bye, Arild Siggestrøm eller Vann-Teknikk A/S «har villet legge fram dokumentasjon for at nevnte kjøpesum for boblebadet faktisk er betalt».⁷ Taushetspliktsreglane i § 3-13 i likningslova vart tolka så strengt at utvalet ikkje fekk studere dokument som Oslo Likningskontor hadde etter eit dokumentbeslag.

Men forklaringane sprika enda meir enn før. Siggestrøm heldt fast på den same framstillinga som han ga til vår kjelde i 1987/88, den gongen han «fiksa» boblebadet, nemleg at det var varaordførar Heggen Larsen som kom til han og ba om hjelp i 1987. Høgsterettsadvokat Hjort prøvde derimot å føre fram ein annan versjon og hevda at det var Bye som hadde kontakta blikkenslagaren. Hjort hadde elles gitt opp den opprinnelege versjonen der han hadde hevda at boblebadet vart «betalt 9. januar», dvs. «samme dag som fakturaen fra leverandøren - Vann-Teknikk A/S - er datert».⁸ Sjølv om han hadde sagt til Klassekampen at han hadde sett denne kvitteringa, nekta han no på «prinsipielt grunnlag» å dokumentere oppgjeret for Smith-utvalet.

Statsadvokaten grip inn

Da Smith-utvalet la fram første rapporten sin om Oslo-korruptsjonen, var det statsadvokat Bjørn Kristensen som fekk jobben med å vurdere om det var grunn til å setje i gang politietterforsking mot tidlegare varaordførar Heggen Larsen, eller mot andre Oslo-politikarar. Statsadvokaten kom fram til ein konklusjon som var enkel og forståeleg. Han slo fast at m.a. habilitetsreglane var brotne mange gonger, men konkluderte etter noen summariske merknader med at statsadvokaten «finner etter dette intet grunnlag for å iverksette politietterforsking».⁹

Til NTB ga han ei djupare forklaring på kvifor han kom til denne konklusjonen. Om dei lovbrotta Oslo-politikarane hadde gjort seg skyldige i sa han at «dette kan neppe være straffbart så lenge forholdet er offentlig kjent». Dessutan sa han til NTB at kommunalpolitikarane som hadde broti lova, burde sleppe

etterforskning fordi dei «jo faktisk er oppnemnt av kommunen for å ivareta kommunale interesser...»

Han nemnde ikkje boblebad-saka særskilt, men den var så grundig omtala i Smith-rapporten at det er riktig å sjå desse utsegnene som statsadvokaten sin kommentar til den saka òg. Den einaste saka han nemnde konkret var rådhusforvaltar Lise Harlem si rolle i serveringssaka med SAS-Catering i Rådhuset. Harlem hadde - utan å ha fullmakt til det - skrivi ein kontrakt med SAS-Catering som ga kommunen ekstrautgifter i millionklassen. Etterpå hadde ho mottatt servering med spesialrabatt, bl.a. i bryllupet da ho gifta seg med finansdirektøren i Oslo kommune, Viggo Johannessen. NTB skriv at «Bjørn Kristensen har ikke funnet grunn til å gå nærmare inn på denne saken. 'At ansatte benytter seg av slike rabattordninger tror jeg skjer overalt,' sier han til NTB». ¹⁰

RV si bystyregruppe bestemte seg for å klage avgjerda inn for Riksadvokaten og prøvde å få SV med på eit slikt initiativ. SV si bystyregruppe sa nei takk, og gruppeleiar Kari Pahle Koritzinsky sa til Aftenposten at det ikkje var naturleg for SV å vere med på ein slik klage. Etter SV sitt syn var fylkesmann Kåre Willoch den einaste som burde vurdere om statsadvokaten si avgjerd skulle klagast inn for Riksadvokaten. Fylkesmannen fann det for sin del naturleg at han ikkje gjorde noe meir med saka.

Riksadvokaten vurderte klagen frå RV og ga ordre til etterforskning mot Tove Heggen Larsen, men det tok ikkje lang tid før Oslo Politikammer konkluderte med at saka burde leggjast vekk. Statsadvokaten avviste dette og ga ordre om ny og grundigare etterforskning.

3. runde : Litt av sannheta kjem fram

21. januar 1991 avgjorde Finansdepartementet at Smith-utvalet ikkje kunne stengast ute frå Likningskontoret sine arkiv med grunnlag i § 3-13 i likningslova. Det utvalet da fekk sjå, førte til at dei skreiv eit brev til Heggen Larsen der dei påviste at

både ho, Ronald Bye og høgsterettsadvokat Hjort hadde gitt usanne opplysningar for å dekke over fakta. Her er utdrag av brevet:

«...faktura fra firma Vann-Teknikk A/S for levering og montering av boblekar. Fakturaen er adressert til Dem. Den er utstedt 9.1.89, og samme dato er angitt som ordredato.

Dokumentasjonen viser også at firmaet har kvittert for mottagelse av det utfakturerte beløp i kontanter, og at kvitteringen med firmaets underskrift i original finnes i firmaets egne arkiver.

I utvalgets perspektiv er det grunn til å se disse forhold i lys av bl.a. den vekt De overfor utvalget har lagt på å få frem at det alene var Deres ektefelle som hadde praktisk befatning med ombyggingen av Deres enebolig. I brev av 27.3.90 fra advokat Hjort til bystyrets sekretariat heter det således at Ronald Bye hadde ansvaret for oppgjøret med Siggestrøm.

Vi nevner også at Vann-Teknikk A/S har opplyst at det - iallfall på tidspunktet for bestillingen - ikke kjente til hvem som var adressat. De nevnte opplysninger må videre ses i lys av følgende opplysning i brev av 16.9.90 fra Ronald Bye til utvalget: 'Leveringen av det nå så berømte boblebadekaret fant sted tidligere enn det tidspunkt Utvalget har resonnert seg frem til, og oppgjøret har skjedd senere.'

På denne bakgrunn kan det bl.a. spørres hvorfor beløpet etter det opplyste først ble utfakturert og betalt mer enn to år etter at leveringen har skjedd. Og hvorfor er ordredato i fakturaen feilaktig oppgitt til 9.1.89?¹¹

Ronald Bye fekk tilsvarende brev, og han svara på vegne av begge ektefellene. No kom han omsider med sannheta om når boblebadet vart bestilt og levert, noe som heilt stemmer med det våre kjelder i Siggestrøm-miljøet har fortalt: «Badekaret ble levert 1. halvår 1987, innmontert ved årsskiftet 1987/88 og tatt i bruk våren 1988.» Han kunne ikkje forklare kvifor det ikkje vart betalt på normal måte, og skreiv berre nokså flåsete at «blant mine mange ... prinsipper er at jeg ikke betaler den type tekniske gjenstander før de er prøvet i bruk».

Sannheta: Det var du som betalte boblebadet

Etter å ha snakka med mange personar i miljøet rundt Siggestrøm og gjort andre undersøkingar, meiner vi å kunne slå fast kva som eigentleg skjedde. Men la oss først sjå på det som no er dokumentert:

- Det er dokumentert at Tove Heggen Larsen i desember 1989 engasjerte høgsterettsadvokat Hjort til å påstå offentleg at boblebadet vart bestilt 9.1.89 og betalt kontant same dag, mens sannheta er at det gjekk to år - eller meire - frå leveringa og til firmaet skreiv ein faktura med forfalska ordredato og samtidig laga ei slags «kvittering».

- Det er dokumentert at Heggen Larsen først prøvde å vri seg unna kravet om dokumentasjon av økonomisk oppgjer for boblebadet, ved å få advokaten hennar til å gå god for at han hadde sett kvitteringa. Etterpå nekta ho - «av prinsipielle grunner» - å leggje fram dokumentasjon for at ho hadde betalt. Det viste seg at den kvitteringa som høgsterettsadvokat Hjort sa han hadde sett i desember 1989, seinare vart beslaglagt av Likningskontoret. Han må enten ha hatt tilgang til Vann-Teknikk A/S sine arkiv, eller så finst det to originalkvitteringar. Eller det var ikkje sant, det han sa til Klassekampen i desember 1989.

- Det er dokumentert at både Heggen Larsen, Bye og høgsterettsadvokat Hjort har prøvd å skjule at det var Heggen Larsen som sjølv ba Siggestrøm om hjelp til å skaffe eit boblebad i 1987.

Skal vi så prøve å følgje pengestraumen rundt boblebadtransaksjonen, så blir det nokså enkelt. Da blikkenslagaren 'fiksa' boblebadet i 1987, kosta det ikkje noe verken for blikkenslagaren eller varaordføraren. Vann-Teknikk A/S leverte og monterte utstyret, utan å skrive ordresetel, utan å skrive faktura, utan i det heile tatt å gjere noen avtale om betaling. Korleis kan det ha seg at dette firmaet kan gjere ein slik leveranse til daverande

varaordførar i Oslo utan å få fem øre for det? Blikkenslagaren sjølv ga litt av svaret da han 5.7.90 vedgjekk at han ordna dette boblebadet fordi «det er det ... som jeg har kunnet yte som en vennetjeneste av en annen vennetjeneste igjen».

Da står det berre eitt spørsmål igjen: Var dette ei mild gåve frå Stein Bentzen i Vann-Teknikk A/S til varaordføraren, eller var det noen som betalte? Og kven var det i så fall?

Vi er sikre på at vår konklusjon er riktig: Boblebadsaka følgde det vanlege opplegget i dette firmamiljøet. Gåver og 'vennetenester' vart betalt med overfakturering til Oslo kommune. Gjennom kontaktar både i Boligetaten og Vedlikeholdsetaten var det mange måtar å ordne dette på. Såleis vart det skattytarane i Oslo som betalte noen titusen kroner for at Heggen Larsen og Bye skulle få seg det boblebadet dei hadde lyst på i 1987.

I 1987 - ei tid etter at boblebadet var levert - var det varaordførar Tove Heggen Larsen som tok det uformelle politiske initiativet som førte fram til at blikkenslagar Arild Siggestrøm 8. mars året etter fekk ei gavebevilgning på 308 000 kroner frå Oslo formannskap.

Vi synest denslags er korrump, men vi synest òg at Ronald Bye har mykje rett i at Heggen Larsen ikkje gjorde noe gali «utfra den partikultur hun er vokst opp med og 'oppdratt' i». Slik sett er boblebadsaka eit eksempel på at «Ap driver 'kameraderi' i positiv forstand», for å sitere Bye ein gong til.

Hadde boblebad-saka vori eit enkelttilfelle, kunne vi vori med på å vurdere om personleg moralsvikt var ei hovudårsak. Men dette handlar om langt større forhold. Partisekretær Ivar Christiansen forklarte til Smithutvalet at blikkenslagar Siggestrøm var ein av dei store bidragsytarane til Oslo Ap og at «Siggestrøm (tok) aldri betalt for det arbeid han utførte for Oslo Arbeiderparti». Det er «få som har bidratt mer til Oslo Arbeiderpartis valgkamp enn ham», sa partisekretæren, som understreka at denne sponsorverksemda skjedde «fullt i forståelse med ledelsen i Oslo Arbeiderparti». ¹² Tove Heggen Larsen var som kjent nestleiar i Oslo-partiet frå 1982 til 1990. Siggestrøm er flink til å øydeleggje rekneskapane sine, slik at det etterpå er vanskeleg å bevise anna enn brot på rekneskapslova

og skatte- og avgiftslovgivinga. Hadde han drivi eit vanleg blikkenslagarfirma, fått oppdraga i åpen priskonkurranse med andre og betalt skatter og avgifter som han skulle, så kunne han umuleg hatt råd til så rundhanda utdeling av gåver og bidrag, til personar og parti som han såg på som vener. Han hadde råd til å vere ein så stor partisponsor fordi han kunne putte i eiga lomme ein god del pengar som skulle ha hamna i stats- eller kommunekassa. Ein del av desse pengane kom Oslo Ap og enkelt-personar i partitoppen til gode. Fram til sommaren 1988 vart Oslo Arbeiderparti delvis finansiert på korrupsjon vis.

Den korrupsjon finansieringa av varaordføraren sitt boblebad er berre ei lita brikke i denne samanhengen. Den sjekken på 50 000 kroner som blikkenslagaren sendte til tidlegare byrådsleiar Hans Svelland for «konsulenttenester» sommaren 1989, er ein del av det same.

Så lenge leiinga i Oslo Ap ikkje vedgår dette, og ikkje tar eit åpent politisk og ideologisk oppgjær med denslags, så er partiet heller ikkje i stand til å 'rydde opp' i Oslo-korrupsjonen.

Avsløringane i Oslo har ført til at maktpersonar rundt om i norske rådhus er livredde ordet korrupsjon. Når du kjem eit godt stykke opp i den kommunale maktpyramiden, så møter du mange stader ein tverrpolitisk vilje til å beskytte korrupsjon forhold. Korrupsjonsbeskyttarane er like viktige og like farlege som dei åpent korrupsjon. Kanskje er dei farlegare, fordi dei sjølv har eit reinare rulleblad og bruker sin eigen posisjon og si eiga truverdighet til å hindre at dei korrupsjon blir tatt.

Politiet - dei korrupes beste ven?

- Dette kan ikkje psykologen ha klart utan hjelp frå folk på høgt nivå i politiet. Slik omtrent ordla daverande statsadvokat Lasse Quigstad seg etter at han i 1989 hadde høyrte forklaringa frå ein som ga opplysningar om ein korrupsjonsmistenkt fengselspsykolog. Psykologen skulle ha tent store pengar på produksjon og formidling av falske attestar. Men det vart aldri meir enn ein mistanke, og straffesaka vart lagt vekk 13. september 1990, etter at mistanken og påstandane hadde vorte etterforska og nøye vurdert - på høgt nivå i politiet - og hos statsadvokaten.

Først lenge etter at to forsvunne politiforklaringar vart 'gjenfunni', tok saka ei ny vending.

På køyretyet skal storfolk kjennast

Fengselspsykolog Jon Sandstrøm har overraskande god økonomi - sett i forhold til satsane i statsregulativet. Kollegaer og omgangsvener fortel om ein raus person som alltid har pengar - store pengar. Han liker å køyre bil - Mercedes. I mars 1988 kjøpte han ein Mercedes 190 E av årets modell. Biltilsynet opplyser at denne bilen, som ikkje kosta meire enn 380 000 kroner ny, gjekk som drosje i Oslo våren 1991, framleis med Sandstrøm som eigar. Han skaffa seg snart eit betre køyrety til eige bruk. Ein Mercedes 300 CE, 89-modell - sannsynlegvis privatimportert - er registrert på Jon Sandstrøm frå 11. januar 1989.

Hos ein norsk forhandlar ville denne bilen ha kosta 850 000 kroner. Men heller ikkje dette var noe å satse på for Jon Sandstrøm. I januar 1990 oppsøkte han ein bilforhandlar i hovudstaden for å bytte brukt mot nytt. Frå den dagen er han eigar av ein Mercedes 300 SL, cabrioletmodell av 1990-årgang. Nyprisen på ein slik bil utan ekstrautstyr var i overkant av 950 000 kroner. Med det tilleggsutstyret som kjennest naturleg eller nødvendig for å halde ein rimeleg stil, er det fort gjort å kome eit par hundretusen over millionen.

Dette høge mercedesforbruket og det private forbruket hans forøvrig, tyder på at han har brukbare inntekter frå den privatpraksisen han driv på ettermiddag og kveld etter at den krevjande arbeidsdagen ved fengselssjukehuset er til ende.

Uavhengig av dette har psykolog Jon Sandstrøm skaffa seg eit solid rykte som ein person som kan hjelpe til å skaffe attestar til ulike føremål. Vi har snakka med noen av dei som - direkte eller indirekte - har erfaring med ulike former for samarbeid med psykologen. Det dei fortel, viser at psykologen har gjort seg fullt fortent til det ryktet han har fått, ikkje minst i delar av dei halvkriminelle miljøa i hovudstaden.

Slapp unna soning på grunn av falsk attest

Hjelpepleiar Tormod Lien som fekk jobb ved fengselssjukehuset i Oslo midt på 80-talet, kom raskt i samarbeid med psykolog Jon Sandstrøm. Psykologen viste den nye medarbeidaren stor tillit og ga han mellom anna til oppgave å vere kontaktperson for ein fange som sona ein lengre narkotikadom.

Hausten 1986 vart hjelpepleiaren tatt for promillekøyning. Blodprøva fjerna all tvil. Saka var opplagt. Han kom til å bli dømt. Ut frå innarbeidd rettspraksis måtte han rekne med fengsel utan vilkår. Fordi han var fengselstenestemann måtte han vere budd på ei tilleggsstraff som var hardare enn sjølvsoninga: Han kom til å miste jobben. Der er fengselslova nådelaus: Ein person som har sona i norsk fengsel får ikkje halde fram som fengselstenestemann etterpå. Hjelpepleiaren var fortvila - over sin eigen dumskap og over dei alvorlege følgjene dette ville få.

Han la fram problemet sitt for psykolog Sandstrøm som raskt lova å hjelpe. Hjelpepleiaren vart imponert over at ein telefon frå Sandstrøm var nok til at ein av dei mest velrenomerte kjendisadvokatane i Oslo tok på seg å vere forsvarar. Han visste lite den gongen om at Sandstrøms private psykologpraksis hadde same adresse som advokatkontoret. Sandstrøm tok òg kontakt med sjefpsykologen ved eit sjukehus der Lien tidlegare hadde vori innlagt.

Sjefpsykolog Årstein Skiftun stussa over den forespørselen han fekk, og fordi han følte seg litt pressa som psykolog, hugser han godt det som skjedde: «Han (Sandstrøm) formulerte seg nok ganske klart. Hovudinstrykket mitt var at han ønskte ein attest som kunne leggest til grunn for påtalemakt/retten for å kunne erklære Tormod soningsudyktig. ... Eg kom imidlertid til at eg på fagleg grunnlag ikkje hadde noe grunnlag for å meine at han var soningsudyktig. Snarare tvert imot, kom eg - overfor meg sjølv - til at han ville ha godt av å møte konsekvensane av si uvettige åtferd (promillekøyning).» Skiftun vurderte grundig kva han kunne skrive ut frå både ei fagleg og menneskeleg vurdering. Resultatet vart ein attest som var stila til «psykolog Jon Sandstrøm, Oslo Kretsfengsel, Fengselsykehuset», og som var grundig og sakleg, men heilt ubrukbar i forhold til den aktuelle straffesaka. Ganske enkelt fordi det ikkje stod eit ord der som tyda på soningsudyktighet.

Men den hjelpsame psykologen var ikkje råddlaus. Samtidig som han sendte den - i straffesaksamanheng - verdilause og ubrukbare attesten over til advokat Morten Kjensli, så sørga han for at ein psykologkollega frå tida ved Stovner Psykiatriske Poliklinikk vart kopla inn i saka. Ved denne poliklinikken var det hjelp å få - lynraskt. Same dag som advokat Kjensli mottar den sannferdige - men heilt «unyttige» - attesten frå sjefpsykolog Skiftun, så skriv psykolog Erik Undersrud på Stovner ut ein ny attest med ein heilt annan konklusjon. Alle fakta rundt denne attesten tyder på at det er eit bestillingsverk.

Psykolog Erik Undersrud - som har signert attesten - ordlegg seg på ein profesjonell og gjennomtenkt måte: Han skriv attesten «på anmodning fra» Tormod Lien. Dernest låner han seg autoritet og fagleg tyngde ved å seie at han «viser ellers til

epikrise fra sjefpsykolog Årstein Skiftun ved Fylkessjukehuset i Molde, Psykiatrisk avdeling». Så skriv han vidare:

«Pasienten har gjennom de fire siste måneder gjennomgått intensiv psykiatrisk behandling for depressiv tilstand med suicidalfare.» Den som les attesten, vil ikkje vere i tvil om at det har komi i stand eit tett samarbeid mellom psykologar ved to kjende, offentlege helseinstitusjonar. Lesaren vil heller ikkje vere i tvil om at pasientens situasjon har vori så alvorleg at livet hans stod i fare.

Konklusjonen frå Stovner Psykiatriske Poliklinikk er like alvorleg som dei innleiande setningane:

«Imidlertid er han meget sårbar. En vil på det sterkeste fremheve det som skrives fra Fylkessjukehuset i Molde, samt også egne terapeutiske referater som samlet tilsier at en eventuell soning for promillekjøring vil kunne ha de største negative effekter. En kan, ved en eventuell soning, ikke utelukke en mer om-seg-gripende alvorlig psykiatrisk lidelse som vil vanskeliggjøre rehabilitering i lang tid fremover. Pasienten er i dag i arbeid og det vil være katastrofalt å ta ham ut av dette. Han trenger lang behandlingstid samt medikamentell hjelp.»

Enkelt sagt: Den kommunalt tilsette psykologen Erik Undersrud slår fast at Stovner Psykiatriske Poliklinikk og Fylkessjukehuset i Molde ser saka på same måten: Det er fare for at pasienten vil ta sitt eige liv viss han blir dømt til å sone i fengsel.

Den eller dei personane som har laga denne attesten, som altså er signert og stempla av «Erik Undersrud, spesialist i Klinisk psykologi», har gjort fleire uetiske handlingar:

-Det er ikkje sant at Erik Undersrud har skrivi attesten «på anmodning fra» Tormod Lien.

-Det er ikkje sant at Lien hadde gått til intensiv psykiatrisk behandling dei siste fire månadene.

-Det er ikkje sant at Erik Undersrud har «egne terapeutiske referater» om pasienten, ganske enkelt fordi dei to aldri hadde sett kvarandre.

-Det er heller ikkje sant at det er samsvar mellom Undersruds «attest» og innhaldet i attesten frå sjefpsykolog Skiftun.

Kort tid før saka skulle opp for retten, møtte hjelpepleiaren opp til konferanse hos forsvararen sin. Midt i den tragedien som fyllekøyninga hans hadde skapt, så følte han seg litt beæra over at han - ved hjelp frå Jon Sandstrøm - hadde fått ein så kjend advokat som forsvarar. Det var da nesten utruleg at sjølvaste Morten Kjensli ville bry seg om han som berre var ein alminnelig hjelpepleiar som hadde rota seg ut i eit slikt forferdeleg uføre.

Men da han hadde lesi gjennom attesten frå psykolog Erik Undersrud, vart han likevel meir enn betenkt. Han fortel at han sa klart frå til Kjensli: Han kunne vel ikkje stille opp i retten og basere seg på ein slik attest frå ein psykolog som han aldri hadde møtt? Han ville jo gjerne sleppe soning, men dette var vel nærmast som å ty til fabrikkert bevismateriale?

Lien fortel at den rutinerte forsvarsadvokaten såg anleis på det: Med ein slik attest kunne han føle seg trygg på at ingen rett ville ta sjansen på å sende han i fengsel. Dermed ville han få behalde jobben sin.

Lien følte seg likevel ikkje heilt vel. Han hadde ikkje tenkt han skulle vere med på å bruke slike metodar. Resultatet vart at han fekk ein avtale hos attestforfattar Erik Undersrud.

Det vart ein 'terapi-time' utom det vanlege. Psykologen fekk for første gong sjå den personen som han hadde uttala seg så skråsikkert om, og som han hevda å ha skrivi «terapeutiske referater» om. Tormod Lien seier at han etter denne samtalen hadde ei bestemt kjensle av at det ikkje var Undersrud som hadde formulert den attesten som skulle leggjast fram i retten. Han trur at Erik Undersrud berre hadde «lånt ut» signaturen sin, spesialiststemplett sitt og det offisielle brevpapiret frå den kommunale poliklinikken.

Det gjekk greitt i retten. Akkurat slik Morten Kjensli hadde sagt på førehand. Det vart betinga dom. Lien slapp å sone og han kunne halde fram i jobben sin.

Vi har bede Årstein Skiftun om å samanlikne den attesten

han sjølv skreiv i 1986 og den 'attesten' frå Stovner Psykiatriske Poliklinikk som har Erik Undersrud sitt namnetrekk og som vart lagt fram i retten. Skiftuns kommentar levner ikkje stor tvil om kva dette handlar om. Han slår fast at hans eigen attest omtalar «noe heilt anna enn den personlegdomsstrukturen som blir beskriven av kollega Erik Undersrud». Videre seier han at Undersrud sine formuleringar av kva soning kan føre til «beskriv - slik eg ser det - ein person i fare for ei djuptgripande psykotisk dekompensering. Eller med andre ord: I fare for å gå inn i ein schizofren tilstand av kronisk art». Skiftun understreker at han ikkje vil polemisere om kven som hadde rett, «berre slå fast at Undersrud omtalar ein heilt annan personlegdomsstruktur enn eg, og kjem til ein heilt annan konklusjon med omsyn til soningsdyktighet».

Viss det er rett at Undersrud har skrivi attesten utan å snakke med pasienten først, meiner Skiftun at «handlinga både (er) strafferettsleg ulovleg og fagleg/etisk totalt forkasteleg» og det er «ei sak som i høgaste grad bør få konsekvensar for vedkomande psykolog. Han viser til sine notater og min uttale - og kjem til ein annan klinisk konklusjon enn meg. Dersom han ikkje i det heile har snakka med Tormod, dreier det seg såleis om eit reint falsum».¹

Problemstillinga her er korvidt advokatar og psykologar er i stand til å setje etiske grenser for sin eigen praksis. Vi påstår ikkje at dette er uproblematisk. Det *skal* vere rom for skjønn i slike saker. Det er naturleg og nødvendig at helsepersonell engasjerer seg for å sikre at ein domstol tar nok omsyn til helsestilstanden hos ein som er tiltalt for kriminelle handlingar. Det er naturleg og nødvendig at ein advokat går langt i å få fram alle opplysningar som kan vere til fordel for den klienten han skal forsvare. Det er heller ikkje noe gale i at f.eks. to psykologar kan kome til ulike faglege konklusjonar om ein pasient dei har undersøkt.

Men det finst både skrivne og uskrivne etiske retningsliner som trekker opp grenser for både psykologar og advokatar. Vi meiner at psykologane Undersrud og Sandstrøm i denne saka har gått over grensa for det som er etisk forsvarleg. Det same gjeld for advokat Kjensli, dersom han kjende til Lien sine

innvendingar mot å bruke attesten frå Undersrud. Viss advokatforeninga godtar at ein advokat bruker ein fabrikkert psykologattest som hjelpemiddel for å villeie retten, så er det det same som å godta at advokatar bruker fabrikkerte dokument som bevis, sjølv om dei veit at dette er i strid med fakta. Og der går det ei grense, som advokatforeninga skal stå vakt om, om vi har forstått dei etiske normene som gjeld for advokatstanden rett.

Tilsvarande må gjelde for psykologforeninga. Viss dei kan la Undersrud vere psykolog med reint rulleblad - som om ingen ting var skjedd - etter dette, så har dei samtidig signalisert at foreningas etiske retningsliner ikkje er alvorleg meint. «Ethiske prinsipper for nordiske psykologer» er eit normsett som er bindande for alle medlemmer i dei nordiske psykologforeningane «under utøvelse av enhver form for psykologisk yrkesvirksomhet».

Begge yrkesgruppene bør sjølv sørge for ein grenseoppgang. Og den grenseoppgangen bør skje på ein slik måte at ein ikkje legg hinder for at både helsepersonell og advokatar kan engasjere seg sterkt og sakleg til fordel for personar som blir tiltalt for straffbare handlingar. Utan slik grensetrekking vil ein del av grunnlaget for vanlege folks tiltru forsvinne, både til psykologar og advokatar.

Da Pornokongen gjekk til psykologen

Leif Hagen er ein av dei mange som vart klientar i den private fritidspraksisen til fengselspsykolog Jon Sandstrøm. Sjølv har Sandstrøm så seint som i april 1991 fortalt at han går frå heildagsjobben i fengslet i 13.30-tida og så driv privatpraksis resten av dagen. Den første dagen han hadde pornogrossisten til behandling, starta privatpraksisen enda tidlegare.

Sjølv om han kanskje kunne trenge det, så var det ikkje vanleg psykologhjelp pornomillionær Leif Hagen var ute etter 3. mars 1988. Advokat Halvor Bache Halvorsen - som mista advokatløyvet sitt på 70-talet - har ansvaret for mykje av dei daglege forretningane i Hagens omorganiserte pornoimperium. Men av og til må han også ta seg av noen av dei personlege problema som den tidlegare eigaren strir med. Tidleg i 1988

fekk han oppgåva med å leite seg fram til ein eller annan som kunne hjelpe Leif Hagen. Halvor Bache Halvorsen har eit stort kontaktnett, bl.a. frå den tida han sjølv dreiv ulovleg forretningsdrift i hospitsbransjen. No måtte han saumfare lista over gamle vener og kjende. Han lykkast til slutt, og fann fram til Hasse Meinhof Korter - som seinare vart dømt for å ha svindla NAFs reisebyrå på det aller grovaste. Korter, som kjende Sandstrøm frå tidlegare samarbeid, var mannen som kunne etablere direkte kontakt med den personen som kunne hjelpe Leif Hagen. Den 3. mars 1988 kl. 13.00 møttest «partane» til det første forhandlingsmøtet på Jon Sandstrøms psykologkontor i Øvre Slottsgate. I første omgang vart soninga utsett.

Neste terapitime var ikkje før 22. oktober. Da gjekk psykologen på heimebesøk – eller meir presist på bedriftsbesøk – hos den nye pasienten. Dei møttest i Leif Hagens hovudkvarter i Storgata 22. Halvor Bache Halvorsen var med denne gongen og.

Leif Hagen måtte sone til slutt, men han fekk milde soningsvilkår. Om det vart så mildt at han synst han fekk full valuta for utgiftene til psykologhjelp, det veit vi ikkje.

Hausten 1990 kunngjorde Sandstrøm erstatningssøksmål mot vekebladet *Nå*, som bl.a. hadde omtala Hagens siste terapitime og det økonomiske oppgjeret, rett nok utan å røpe namnet på pasienten. Sandstrøm kravde ein million kroner av *Nå*. Da dette vart kunngjort, skreiv Dagbladet at Sandstrøm «ifølge *Nås* kilder skulle ha tatt inntil 100 000 kroner for å skrive attester slik at straffedømte slapp å sone». Denne erstatningssaka står framleis for Oslo byrett.

Frilansfotografen som slapp militæret

Vi skal sjå litt på ei av dei attestsakene frå Sandstrøms privatpraksis som viser kva slags arbeidsmetodar som blir brukt for å stanse dei som prøver å rydde opp. Det handlar om ein mann som helst ville sleppe militæret, men som mangla gode argument, heilt til han kom til behandling hos den hjelpsame psykologen. Våren 1989 livnærte denne mannen seg som frilansfotograf og hadde omfattande oppdrag for *Nå*.

På denne tida hadde ein av dei eldste i *Nå*-staben - journalist Hans Chr. Finstad - komi på sporet av Sandstrøms merkelege attestutskrivingspraksis. Berre noen få andre i redaksjonen kjende til kva han arbeidde med. Utafor redaksjonen var dette kjent berre for den eller dei som hadde sett Finstad på sporet.

Derfor vart han storleg forundra da kontortelefonen hans ringte og han hørde stemma til Jon Sandstrøm i andre enden av tråden. Sandstrøm ville vite kvifor Finstad hadde begynt å interessere seg for psykologpraksisen hans. Psykologen vart svar skyldig da Finstad svara med eit motspørsmål om kvifor i all verda han som var journalist i *Nå* skulle ha grunn til å interessere seg for Sandstrøms liv og levnet som psykolog.

Denne episoden gjorde sitt til at Finstad og medhjelparane hans i *Nå*-redaksjonen vart enda meir forsiktige. Dei fann inga rimeleg forklaring på korleis Sandstrøm hadde fått kjennskap til det svært forsiktige og svært diskrete oppnøstingsarbeidet dei hadde sett i gang.

Svaret fekk dei noen dagar etter at dei trykte den første reportasjen sin med tittelen «Du kan kjøpe deg fri fra fengselsstraff». Frilansfotografen - som hadde vori ivrig og interessert etter å ta på seg oppdrag i samband med psykologreportasjen - forsnakka seg grovt. Alv B. Aronsen - ein av dei i redaksjonsleiinga som kjende stoffet - hadde ei kjensle av at det var noe som ikkje stemte. Og da han gjekk litt innpå frilansfotografen med skarpe spørsmål, glapp det for han:

«Nei, eg var ikkje inne hos Sandstrøm, eg ringte frå utsida.»

Etter den replikken var samanhengen oppklara. Fotografen la korta på bordet og fortalde korleis det heile hadde starta for hans del. Han hadde fått vite at Sandstrøm kunne hjelpe han til å sleppe unna militærtjeneste. Viss han berre var villig til å betale for det. Han fortalde redaktør Aronsen og daverande sjefredaktør Støa i *Nå* at han hadde betalt 32.000 kr. for å få ein attest som var god nok til at han vart strøken av dei militære rullane. Han betalte ikkje direkte til psykologen. Det var Hasse Meinhof Korter som var pengeinnkrevar. Da han hadde «tilstått» dette overfor kollegaer og overordna i *Nå*, lova fotografen at han skulle stille opp hos politiet og gjenta forklaringa der. Men han møtte ikkje fram den dagen han vart innkalla.

Han møtte heller ikkje etter den andre innkallinga. Politietterforskarane fekk aldri forklaringa hans. Til *Nå*-redaksjonen kom det derimot eit brev der fotografen trekte tilbake det han hadde vedgått i samtalen med dei to redaktørane.

Når politikammeret held handa si over den korruperte

Det meste i denne saka er likevel kjent for embetsmenn ved Oslo Politikammer. Ei grundig etterforsking vart sett i gang etter at delar av saka vart omtala i vekebladet *Nå* våren 1989. *Nå* nemnde ikkje namnet hans, men Sandstrøm gjekk sjølv ut offentlig og sa det var han skuldingane var retta mot. Politimester Willy Haugli gjorde sitt til å få temperaturen opp da han tre dagar etter starten på politietterforskinga, sa til *Nå* at «jeg har all grunn til å tro at opplysningene i *Nå* er korrekte».

I mellomtida hadde det gått dårleg med hjelpepleiar Tormod Lien som i 1986 hadde fått psykolog Sandstrøms og forsvarsadvokat Kjenslis hjelp til å sleppe unna fengselsstraff for promillekøyning. På fengselssjuehuset hadde hjelpepleiaren følgd opp den særskilte oppgåva han fekk frå psykologen med å ha kontakten med ein fange som sona ein lengre narkotikadom. Denne kontakten utvikla seg slik at dei vart godt kjent, og dei heldt kontakt også etter at fangen vart flytta til Ila og hadde fri-gang for å gå på Sogn Yrkesskole. Denne fangen var framleis djupt innblanda i narkotikahandel. Hausten 1988 brukte han hjelpepleiaren si privatadresse for å få sendt ei pakke heroin til Oslo. Da han så skulle møte Lien og få pakka overlevert ved Universitetet på Blindern, vart dei begge to arrestert av tenestemenn frå politiets narkotikaseksjon.

Da Lien ba om hjelp frå den gamle forsvararen sin, Morten Kjensli, var det ein av dei andre advokatane i firmaet - Knut Ragnar Mikkelsen - som først fekk saka. Dei kjende kvarandre frå før, fordi advokat Mikkelsen i 1987 hadde hjulpet Lien med ein søknad om å få tilbake førarkortet etter promilledomen. Mikkelsen hadde lang fartstid i politiet før han begynte i Kjensli sitt advokatfirma. Han var politifullmektig ved Oslo Politikammer

frå august 1981. Knappt tre år seinare vart han konstituert som politiadjutant, og hausten 1985 flytta han over til Asker og Bærum Politikammer der han var ei tid før han vart privatpraktiserande forsvarsadvokat. I januar 1989 - eit par månader etter at Lien vart arrestert - slutta han som advokat og gjekk tilbake til Oslo-politiet der han raskt vart leiar for Retts- og påtaleseksjonen ved Kriminalavdelinga. Han har denne stillinga framleis. Hausten 1990 søkte han jobben som sjef for narkotikaseksjonen, men etter lang ventetid kom Justisdepartementet i april 1991 fram til at dei skulle gå på tvers av politimeister Haugli si vilje i denne saka. Departementet tilsette ein som sto bak Mikkelsen på Hauglis innstilling, som ny sjef for narkotikaseksjonen.

Narkotikaetterforskinga mot den arresterte Lien og mot fangen som vart arrestert samtidig, gjekk sin gang utover vinterein 1989. Etter at brev og besøksforbodet var oppheva, gjekk det ei stund før Lien høyrde noe frå arbeidskameratane sine. Den første som kom på besøk, fortalde at psykolog Sandstrøm hadde orientert alle om at det var best dei ikkje besøkte Tormod i fengslet. Sandstrøm hadde nemleg sjølv vori på besøk, og han hadde forklart for dei andre medarbeidarane ved fengselssjukehuset at det no stod slik til med Tormod at det var best om ingen av kollegaene besøkte han. - Hjelpepleiaren vart både forundra og skuffa over dette, ettersom han korkje hadde sett eller høyrte noe til Sandstrøm etter at han vart arrestert.

Tormod Lien fekk kjennskap til korrupsjonsskuldningane mot Sandstrøm mens han sjølv satt i fengsel. Han bestemte seg for å fortelje det han visste. Derfor tok han kontakt med journalist Hans Chr. Finstad som hadde skrivi om saka i *Nå*. Finstad tok saka på alvor, og i samråd med Lien orienterte han daverande kriminalsjef Magnar Aukrust ved Oslo Politikammer. Aukrust reagerte kjapt. Internt på kammeret var det økonomiavsnittet som hadde Sandstrøm-saka, men det vart fort bestemt at ein av dei erfarne etterforskarane frå narkotikaseksjonen - som kjende Lien frå før - skulle reise opp til Trondheim for å få ei forklaring frå han. Etterforskarane reiste til Trondheim få dagar etter at Finstad hadde kontakta kriminalsjefen. Ein tenestemann frå Trondheim Politikammer var òg til stades mens Tormod Lien forklarte seg.

Lien var meire enn glad til for å få fortelje det han visste. Ein god del av det han sa vart skrivi ned i ei forklaring som etterforskaren fekk med seg tilbake til Oslo. Etterforskaren fekk òg med seg ei erklæring frå Lien, datert 19. januar 1990, der han løyser psykolog Erik Undersrud frå taushetsplikta si slik at politiet kunne få sjå alle «dokumenter og journal vedrørende behandling/konsultasjonar hos Erik Undersrud, Stovner Psykiatriske Poliklinikk, som det er referert til i skriv/uttalelse av 19.11.86 fra Erik Undersrud».

Så langt vart saka handtert seriøst hos politiet. Undersrud vart innkalla til politiavhør. Han gjekk såpass langt i forklaringa si at dette saman med forklaringa frå Lien skulle gi godt grunnlag for vidare etterforskning. Men 8 månader etter at etterforskninga starta, var desse to forklaringane det mest konkrete politiet hadde når det gjaldt lov- eller regelstridig handlemåte der fengselspsykologen var innblanda.

Etterforskaren overlet begge forklaringane til Magnar Aukrust, som da var fungerande kriminalsjef. Det skjedde i februar eller mars 1990. Men da saksmappa med heile Sandstrømsaka noen månader seinare kom til statsadvokat Lasse Quigstad, så var ikkje desse to forklaringane med. Politiet rådde til at saka skulle leggjast vekk, men statsadvokat Quigstad var ikkje fornøgd med det. Han sendte saka tilbake med beskjed om at det var meire som måtte undersøkast eller vurderast. Men politikammeret stod på sitt. Da Sandstrømmappa kom til statsadvokatkontoret for andre gong, og med same konklusjon, var det førstestatsadvokat Iver Huitfeldt som fekk saka. Lasse Quigstad hadde i mellomtida vorti tilsett som visepolitimeister i Oslo. Men forklaringane frå Tormod Lien og Erik Undersrud var framleis ikkje med.

Førstestatsadvokat Huitfeldt hadde truleg ikkje den uformelle bakgrunnskunnskapen om Sandstrømsaka som Lasse Quigstad sat inne med. Quigstad hadde nemleg - saman med politiinspektør Knut Ragnar Mikkelsen - hatt eit møte med ein person som hadde detaljkunnskapar om 'nettverket' rundt Sandstrøm. Det var på slutten av dette møtet at Quigstad kom med utsegna om at 'dette kan ikkje psykologen ha klart utan hjelp frå folk på høgt nivå i politiet'.

Den 13. september 1990 tok førstestatsadvokat Huitfeldt avgjerda om å leggje vekk straffesaka mot Sandstrøm «etter bevisets stilling», slik Oslo politikammer hadde bede om. Tilrådinga kom frå Retts- og påtaleseksjonen ved Kriminalavdelinga, der Knut Ragnar Mikkelsen er sjef.

Da dette skjedde, var dei to politiforklaringane som fungerande kriminalsjef Magnar Aukrust mottok omlag eit halvt år tidlegare, framleis på vidvanke. Eller kanskje dei berre var lagt vekk i ein høveleg skuff? Dei var i alle fall ikkje ført inn på dokumentlista. Dette er ei liste som skal liggje på kvar sak og som skal først fortløpande, slik at kvart nytt dokument får eit nummer og blir skrivi opp straks det kjem inn til politiet. Når dette blir gjort på riktig måte, er det ikkje muleg å fjerne dokumentet etterpå, utan at det står 'spor' igjen på dokumentlista.

Tormod Lien, hjelpepleiaren som sat nokså isolert i fengslet i Trondheim, fekk inga tilbakemelding. Men han vart meir og meir utålmodig. Han hadde tatt kontakt med *Nå*-journalisten, han hadde tatt risikoen med å fortelje det han visste til politiet - og så hørde han ingenting, mens månadene berre gjekk. Ville politiet likevel ikkje ta det på alvor, det han hadde fortald?

2. juli 1990 sendte han eit omfattande brev til formannen i fengselsstyret, Rolf B. Wegner. I dette brevet kom han inn på ein del av dei forholda som han hadde forklart seg om til politiet. Men Wegner svara heller ikkje.

Lien kom i kontakt med førstestatsadvokat Huitfeldt i august, i samband med at han skulle vitne i ei straffesak der Huitfeldt var aktor. Da gjorde han Huitfeldt merksam på at han hadde forklart seg for politiet som vitne i Sandstrømsaka og.

For Lien verka det som det var forgjeves same kor mykje han gjorde for å seie i frå. Men han ga seg ikkje. Utpå hausten klarte han å nå fram på telefonen til Rolf B. Wegner, for å etterlyse svar på brevet han hadde sendt 2. juli. I mellomtida hadde Wegner skifta jobb, og Lien fekk berre til svar at Wegner hadde latt dette brevet liggje igjen til etterfølgjaren sin da han sjølv slutta i stillinga som sjef i fengselsstyret.

Men denne telefonpurringa til Wegner var nok ikkje heilt til fånytt. I slutten av november kom det omsider eit kortfatta brev tilbake til Lien frå Justisdepartementet med beskjed om at

brevet hans til Wegner var «oversendt statsadvokatene i Eidsivating og Helsedirektoratet til orientering».

Da førstestatsadvokat Huitfeldt fekk kopien av brevet frå Tormod Lien, må han omsider ha funni grunn til å reagere. Trondheim Politikammer fekk ein telefon frå førstestatsadvokaten, men fann det jo litt underleg at statsadvokaten ikkje heller tok direkte kontakt med politikammeret i Oslo som hadde dokumenta i saka.

Omtrent samtidig vart det gjort eit 'dokumentfunn' på kontoret hos nestkommanderande ved Retts- og påtaleseksjonen. Dei to forsvunne politiforklaringane låg inne på kontoret hans. Det vart oppretta 'sak' på dei to dokumenta 13. november 1990, meire enn åtte månader etter at forklaringane vart levert til daverande kriminalsjef Aukrust...

Det er framleis fleire uopplarte sider ved politiet si handtering av Sandstrøm- og Undersrudsaka. Det er imidlertid klart at det var nettopp dei to forklaringane som var mest negative for Sandstrøm, som kom på avveggar. Internt i politiet var heile Sandstrøm-etterforskinga ei følsom sak. Det handla om ein betrudd medarbeidar i fengselsvesenet - ein etat som på mange vis er nærmaste samarbeidspartnaren til politiet. Og det handla om konkrete korrupsjonsmistankar. Tilmed slike mistankar som politimeisteren sjølv hadde gått ut og sagt han trudde på. Det var derfor fleire gode grunnar til at det var ein del hysj-hysj-mentalitet rundt etterforskinga. - Med alle desse særskilte forholda burde ho bidra til at alle involverte personar i politiet var særskilt grundige med å følgje dei formelle spelereglane. Det er derfor - forsiktig sagt - lite sannsynleg at det var tilfeldig at dei to vitneforklaringane som var mest negative for Sandstrøm, ikkje følgte med til statsadvokaten, men at dei i staden på regelstridig vis vart haldne unna den offisielle dokumentlista i saka.

Det mest sannsynlege er at Sandstrøm her har fått «hjelp» på høgt nivå i politiet. Med det meiner vi at ein eller fleire personar har handla regelstridig - og til Sandstrøms fordel - etter at dei to forklaringane hadde nådd fram til fungerande kriminalsjef Aukrust. Viss dette er riktig, har vi å gjere med ein eller fleire korrupsjonsbeskyttarar i nøkkelroller ved Willy Hauglis

politikammer. - Vi har ikkje dermed sagt noe sikkert om korvidt den regelstridige handlemåten er utført med overlegg eller om det berre er ein del av innarbeidd sløvhet eller tenestefeil. Det er vel eigentleg enda alvorlegare om det er det siste som er tilfelle. For da betyr det at Oslo Politikammer er slik organisert og fungerer slik at kammeret er ute av stand til å utføre forsvarleg etterforsking av ei korrupsjonssak som denne.

Etter eit påtalemøte ved Eidsivating Statsadvokatembete i mars 1991 avgjorde førstestatsadvokat Iver Huitfeldt at Sarpsborg Politikammer skulle ta over etterforskinga i kjølvatnet av dei to politiforklaringane som vart 'gjenoppdaga' på kontoret hos nestkommanderande ved Retts- og påtaleseksjonen fem månader tidlegare. I dette ligg det at Oslo Politikammer har tedd seg slik at Statsadvokatembetet ikkje har tillit til at kammeret kan handtere saka på forsvarleg vis. Da saka kom til Sarpsborg følgde det også med ein skriftleg beskjed frå førstestatsadvokaten, men vi har enda til gode å sjå om denne nye etterforskinga kan kaste nytt lys over Sandstrømsaka.

Vi veit ikkje om Sarpsborgpolitiet er dyktigare enn kollegaene i Oslo. Det som imidlertid er heilt sikkert, er at heile denne saka ville lidd ein stille død i politiets arkivskap viss det ikkje hadde vori for dei stadig nye initiativa frå Tormod Lien. Det bør mane til ettertanke hos noen kvar. Viss Lien hadde gitt opp å få politi eller statsadvokat til å reagere, for eksempel etter det tredje eller fjerde forsøket han gjorde i løpet av 1990, så kunne vel ingen ha klandra han for det. Det er da grenser for kor mange gonger ein skal ta belastinga med å 'mase' på ein uvillig politietat? Hadde Lien gitt seg, ja da hadde Sarpsborg Politikammer aldri fått dette oppdraget, som i beste fall kan bli starten på opprullinga av ulike forretningar knytta til Jon Sandstrøm sin halvstatlege attestklinik i Øvre Slottsgate 7.

Elles viser jo denne saka ei likegyldighet med habilitetsreglane som minner om tilsvarande praksis i Oslo Rådhus. Knut Mikkelsen ved Retts- og påtaleseksjonen var nok klar over at han var inhabil til å vurdere tiltalespørsmål i narkotikasaka mot hjelpepleiaren våren 1989. Han hadde jo sjølv vori inne i saka som forsvarar i startfasen. Dermed var også alle underordna tenestemenn inhabile, og saka skulle aldri vori vurdert ved den

seksjonen der Mikkelsen er sjef. Tilsvarande kan gjelde vurderinga av tiltale eller ikkje tiltale mot Sandstrøm i 1990. Ettersom Sandstrøm har vori og er nært knytt til Mikkelsens gamle advokatkompanjong Morten Kjensli, burde Mikkelsen vori føre var og sørge for ikkje å bli involvert i vurderinga av saka. Når dei forsvunne - og for Sandstrøm kanskje fellande - politiforklaringane blir funni igjen på kontoret hos Mikkelsens nestkommanderande, gir det grunnlag for mistanke om alvorlegare forhold enn inhabilitet. Om Mikkelsen hadde vori føre var og tatt habilitetsreglane alvorleg, så hadde han ikkje utsett seg for slike mistankar.

Når dei store går fri

I april 1991 deltok fengselspsykolog Jon Sandstrøm i ein fredagskveldsdebatt i fjernsynet om politiet sin måte å prioritere kreftene på. Han var opprørt over at politiet tar dei små og lar dei store gå fri, og kom med skarpe utsegner om kva følger dette kan få for vanlege folks tiltru til politi og rettsvesen. Etter programmet fortalde han ein av meddebattantane om korrupsjonsskuldingane han sjølv hadde vori utsett for og korleis han sjølv hadde komi i konflikt med politimeisteren, etter det oppsiktsvekkjande *Nå*-intervjuet med Haugli i mai 1989. Sandstrøm sa at den saka hadde løyst seg med at det vart forlik mellom han og politimeisteren.

Fakta i saka er litt annleis. Det er sant at advokaten til Jon Sandstrøm reiste privat straffesak mot politimeister Haugli etter intervjuet i *Nå*. Regjeringsadvokaten tok saka for Haugli sin del. Men dei møttest aldri i retten. Etter ei tid foreslo Sandstrøm - gjennom advokaten sin - at dei skulle inngå forlik. Haugli sa tvert nei til å forlikast med den korrupsjonsmistenkte psykologen. Politimeister Haugli opplyser at saka vart heva ved Oslo Byrett, da psykologen og advokaten hans trekte seg utan at dei oppnådde noe som helst. Hauglis siste ord i saka så langt er altså at «jeg har all grunn til å tro at opplysningene i *Nå* er korrekte».

«Dynasti» i Bodø

I april 1988 sa Bodø formannskap 'ja' til å leige sitt eige toa-lettanlegg for 112 700 kroner i året. Sommaren 1990 tok rådmannen seg til rette og betalte ut eit garantibeløp på 500 000 kroner til eit privat firma, sjølv om garantien ikkje var gyldig. Rådmannen hadde private interesser i saka, og han tok dessutan aktivt del i andre saker der forretningsvenene hans er med. Kommunen satsa i desember 1989 over 30 millionar kroner på den gigantiske «Nordlandshallen». Kommuneplassjefen hadde tidlegare vori forretningsfører og styremedlem i hallen. Den samme plassjefen var òg saksbehandlar for eit anna prestisjepåfunn i Bodø sentrum - Gågateprosjektet - der fleire av initiativtakarane og interessentane bak Nordlandshallen er med.

Bodø er - som mange andre kommunar - plaga av «dårleg økonomi». Sjølv om sjukeheimen i bykjerna er så dårleg at den er erklært ubrukbar av Fylkeslegen, gjer ikkje formannskapet og bystyret stort for å rette på dei fornedrande tilhøva for pasientar og tilsette. Likevel har kommunen dei siste åra betalt ut store beløp. Men det har vori til heilt andre føremål enn eldreomsorg og barnehagar. Skal du få tilgang til bykassa i Bodø, nyttar det lite å vere medlem av bystyre eller formannskap. Det er noen få, velståande familiar som sit med bykassenøkkelen. Dei har skaffa seg ein handfull lojale og pliktoppfyllande tenarar i det kommunale apparatet. Det er desse familie-dynastia som er det verkelege «bystyret» i Bodø. På folkemunne blir desse familiane og dei kommunale hjelparane omtala som «Bodø-mafiaen».

Vi skal sjå nærmare på noen få av sakene der dei har vori innblanda, kva metodar dei bruker og kven dei bruker som stråmenn.

Sex, toalett og rock'n roll

I 1987/88 fekk ein ung Bodø-mann - Morten Johnson, son til daverande rådmann Gisle Johnson - ein forretningsidé. Han vilde gjere om det kommunale tilfluktsrommet og toalettanlegget rett under torget i Bodø sentrum til privat diskotek. Det var berre eit par ting som måtte ordnast. Først måtte han finne seg gode partnerar. Dernest måtte han få kommunen til å flytte vekk alt sivilforsvarsmateriellet som stod lagra i tilfluktsrommet. Og tilslutt trong han ein leigeavtale med Bodø kommune.

Unge Johnson slo seg saman med ein del andre forretningsfolk. Mellom desse var Erik Jørgensen, son av forretningsmannen og gårdeigaren Ole Henrik Jørgensen som vi skal høyre meir om seinare. Dei unge tok kontakt med rette vedkomande i kommunen - vi kan jo berre gjette kven - og ba om ein leigeavtale. Og Bodø kommune var, ikkje uventa, velvillig innstilt. Det vart «forhandla» fram eit forslag til avtale. Og forslaget var godt for dei unge. Dei skulle betale 162 700 kroner i årsleige for det 220 kvadratmeter store diskoteklokalet, som fekk namnet «Joes Garage». Samstundes skulle Joes Garage få 112 700 kroner i året frå kommunen for å halde toalettanlegget - som dei i alle fall måtte ha for å kunne drive diskotek - opent for «allmennheten». Summa sumarum skulle altså Morten, Erik & co. betale 50 000 kroner, eller berre 227 kroner kvadratmeteren for å leige lokale med innlagt vatn, kloakk og strøm. Til samanlikning betaler ein annan restauratør noen meter over tilfluktsromet 350 kroner kvadratmeteren til kommunen berre i tomteleige.

Kommunen leigde seg nye lokaler for 66 000 kroner i året på Høgskolesenteret på Mørkved for å få plass til sivilforsvarsmateriellet. Fordi lokala måtte setjast i stand, betalde kommunen like godt ut 3 årsleiger - 188 000 kroner - i forskot til utleigaren.

Fordi pappa til Morten var rådmann, tok ordførar Per Petter-

sen frå Ap jobben med å leggje fram forslaget til leigeavtale med Morten Johnson. Formannskapet fekk saka på bordet 12. april 1988. Avtaleutkastet - som var laga av byråkratar i kommuneadministrasjonen der pappa Johnson var sjef - vekte kanskje litt oppstuss blant formannskapsmedlemmene. Det forslaget gjekk ut på, var jo grov subsidiering av utplukka, unge forretningsfolk i Bodø. Men, då dei folkevalde kom så langt at dei skulle stemme, var alle - frå FrP til SV - for avtalen.

Det vart ein del folkesnakk etter kvart som avtalen vart kjent i Bodø. Ein fortvila skattebetalar sa det slik i eit lesarbrev til Nordlands Framtid 20. mars 1989:

«Jeg påstår ikke at slektsforhold mellom leier og rådmannen er avgjørende for leiestørrelsen, men det er fristende å tro det.»

Det vart også snakk fordi Joes Garage ikkje heldt dei offentlege toaletta åpne for «allmennheten» slik kommunen betalte dei for, men berre for dei som var gjester på diskoteket. Det vart særleg ille i august 1989 då Morten Johnson og venene hans laga strippeshow, der det mannlege klientellet m.a. fekk slikke krem av puppane til dei fire omreisande jentene frå Danmark.

Lokket kunne ikkje haldast på plass lenger. Formannskapspartia som sov då avtalen vart godkjent i april 1988, vakna etterkvart. Brigit Kristensen frå RV kravde i bystyret (RV sit ikkje i formannskapet i Bodø) at kommunen måtte seie opp avtalen med Joes Garage på grunn av misleghald. Kristensen viste m.a. til at Joes Garage skulda kommunen 85 000 kroner i husleige.

Men kravet fekk ikkje støtte hos fleirtalet i bystyret. Det var særleg dei fremste representantane i Ap si bystyregruppe som stilte opp til varmt forsvar for disko-gutane. Ordførar Pettersen og Stig Fossum tordna mot kritikken:

- Det kan synes som om det er igangsatt en vendetta mot rådmannen og hans sønn. Vi kan frykte motkrav på millionbeløp hvis vi nå sier opp avtalen, sa Fossum frå Ap i bystyret. Slik hindra han at avtalen med rådmannssonen vart sagt opp.

I samband med strippekandalen rykka også Erling Hagen - bystyremedlem for Høgre - ut, og kritiserte ordføraren. Ordføraren skal etter lova sjå til at sakene er «forberedt på forsvarlig måte».

- Etter min mening er kommunens interesser i denne saken ivaretatt på en tendensiøs og for kommunen svært ugunstig måte. Saken kan trolig bli et skoleeksempel på hvordan en ordfører ikke bør forholde seg i saker der rådmannen er inhabil, skreiv Erling Hagen i eit krast brev til ordførar Pettersen.

Fordi RV reiste saka i bystyret, vart Pettersen nøydd til å svara at «i ettertid ser jeg at særlig ett punkt i kontrakten nok burde vært formulert annerledes. Og kanskje burde vi engasjert juridisk bistand utenfra på et tidlig tidspunkt». Men sjølvkritikken stakk ikkje særleg djupt hos Pettersen - den tok helst sikte på å roe ned dei andre politikaane og folk på byen. Eit snau år etterpå - 22. august 1990 - fekk formannskapet ei ny sak om Joes Garage på bordet. Årsaka var at Morten Johnson ville overføre leigekontrakten frå seg sjølv personleg til Joes Garage A/S. Dette ga Bodø kommune ein tjangs til å kome seg heilt ut av avtalen eller kreve endra kontraktsvilkår. FrP-representanten Hans-Olav Fjærevoll foreslo at «ny kontrakt tilbys Joes Garage A/S» og at «kontrakten utarbeides i samarbeid med jurist». Men ingen av desse forslaga fekk støtte frå Pettersen og Ap i formannskapet, og dei vart dermed røysta ned.

- Bind meg !

Ole Henrik Jørgensen - far til Erik som er kompanjong med rådmannssonen i Joes Garage - eig alle aksjane i den private «Fram kino A/S». Det er Jørgensen-familien som òg står bak Framgården i Bodø sentrum, der kinoen er leigetakar. Jørgensen hadde lyst til å byggje om eigedomen for å gjere kinoen meir moderne. Men han måtte ha økonomisk ryggdekking før han kunne setje i gang. For å få det, gjekk han til kommunen og ba om garanti for det private ombyggjingsprosjektet. 23. juni 1988 godkjente Bodø bystyre - mot 8 røyster - akkurat den garantiavtalen som Ole Henrik Jørgensen hadde bruk for. Her

var det både klausular om tilskot til drifta i tilfelle underskot i kinoen etter ombygginga og om at kommunen overtar kinoen (dvs. kineigar Jørgensen) sin 10-års leigekontrakt med gård-eigar Jørgensen i tilfelle den private kinoen går konkurs eller i tilfelle driftsgarantien må betalast fullt ut i tre år på rad.

Bodø bystyre fastsette litt seinare, den 2. februar 1989, ein køyreregel i tilfelle garantien skulle gjerast gjeldande: «Krav om utbetaling av garantibeløp forelegges formannskapet til avgjørelse før utbetaling finner sted.» På dette viset meinte kanskje dei folkevalgte å sikre seg ein viss kontroll over budsjettstyringa i kommunen. Det var i alle fall ei klar avgrensing av rådmannen sin økonomiske handlefridom.

Jørgensen gjekk i gang med ombygginga, og i 1989 stod tre nye kinosalar klare til bruk. I den ombygde Framgården dukka det no opp ein ny leigetakar - Fram Restauranter A/S - som sat- sa på å servere mat og drikke til svoltne kinogjengarar og andre bodøværingar. I styret for denne restaurantbedrifta satt mellom andre rådmann Gisle Johnson og sonen hans, Morten. Mellom aksjonæranne i dette restaurantselskapet finn vi den privateigde, men kommunegaranterte Fram Kino A/S, med eit aksjeinnskot på heile 400 000 kroner. Det var rådmannen og hans menn som året før la fram det skreddarsydde framlegget til garantiavtale for kinoen i bystyret året før. På det tidspunktet var ikkje Fram Restauranter A/S etablert. Men den kraftige satsinga Fram Kino A/S gjorde på aksjonærsida i restaurantselskapet, var kanskje eit slags takk frå gårdeigarfamilien Jørgensen til rådmannsfamilien Johnson for hjelpa med den kommunale garantiavtalen.

Første driftsåret i den ombygde kinoen gjekk dårleg. Ja, det gjekk så dårleg at Jørgensen fekk bruk for den kommunale garantien. Men da kom det brått ein kjelke i vegen: Bystyrevedtaket frå juni 1988 var ugyldig, fordi det ikkje var stadfesta av Fylkesmannen i Nordland slik som kommunelova krev. Formelt sett fanst det ingen gyldig garantiavtale mellom Fram Kino A/S og kommunen. Då formannskapet i Bodø oppdaga dette, vart det 22. august 1990 gjort vedtak om at «før forhandlingar opptas, bes om en avklaring i forhold til nødvendig godkjenning av avtalen av fylkesmannen og garantivedtakets gyl-

dighet». Bodøavisene tolka dette snirklete vedtaket som at kommunen ville «vri seg unna» garantiansvaret for på det viset å spare pengar i ei bånnskrap bykasse.

Men om formannskapsvedtaket seier ein ting, så nyttar det ikkje for ordføraren i Bodø å setje det ut i livet, viss rådmannen alt har gått heilt på tvers av det bystyret og formannskapet har vedtatt. Rådmann Johnson hadde ikkje brydd seg med å vente korkje på formannskapsvedtak eller fylkesmannsgodkjenning. Han hadde misbrukt den retten han som rådmann hadde til å ta ut pengar frå bykassa. Før formannskapet fekk saka på bordet hadde han alt betalt ut dei første 500 000 kronene - 100 000 kroner meir enn det som Fram Kino A/S hadde skoti inn i Fram Restauranter A/S der rådmannen var aksjonær.

Da måtte ordførar Per Pettersen gjere eit val. Skulle han vere lojal mot vedtak i bystyre og formannskap, eller mot rådmannen som hadde tatt ut ein halv million kroner frå bykassa og gitt til ein av forretningsvenene sine? Valet var visst ikkje vanskeleg. Istadenfor å reise spørsmål om habiliteten til rådmann Gisle Johnson, og om korfor han betalte ut pengar utan at det fanst gyldig avtale og i strid med bystyrevedtak, skreiv ordførar Per Pettersen følgjande til Fylkesmannen i Nordland:

«Fram Kino A/S er nå i den økonomiske situasjon at garantien er kommet til anvendelse, og jeg ber om fylkesmannens vurdering av hvor vidt garantivedtaket på nåværende tidspunkt er gyldig uten godkjenning fra Deres side.

I motsatt fall tør jeg på ny be om Deres godkjenning, jmf. Kl. prg. 59.4.»

Ordføraren gjorde altså det motsette av å «vri seg unna» garantiavtalen. Han ba Fylkesmannen undersøke saka - og dersom Fylkesmannen meinte at kommunen var ubunden av avtalen, så ba han om å verte bunden! Slik fekk gårdeigar Jørgensen og Fram Kino A/S det som dei ville. Fylkesmannen skreiv brev tilbake til kommunen der det heiter at han no har godkjent garantiavtalen mellom kommunen og Fram Kino A/S.

Det vart naturlegvis retta søkjelys mot rådmann Gisle John-

son. Dei andre partia kritiserte særleg den ulovlege utbetalinga av ein halv million kroner. Og enda ein gong rykka Bodø Ap ut for å skjerme dei familiedynastia som styrer Bodø. I Nordlandsposten 30. august 1990 forklarar leiaren i Bodø Ap, Stig Holmstrøm, kvifor partiet ikkje vil reagere mot rådmannen sin handlemåte:

«Rådmannen har en lang fartstid i Bodø kommune, og han er kjent for å være en hederlig person. Jeg tror at man også fra tidligere Høyre-ordførere vil få bekreftet at han har gjort en god jobb for Bodø kommune, og det tror jeg også er oppfatningen hos folk flest...Jeg vil ikke vurdere hvorvidt det var en tabbe av rådmannen, siden han egentlig er inhabil i forhold til sine interesser i Fram Restauranter, men det er ingenting som tilsier at man skal kriminalisere rådmannen av den grunn.»(!)

Holmstrøm heva istaden peikefingeren mot formannskapsmedlemmene Ivar Kristiansen, Erling Hagen og Hans Olav Fjærevoll, som var kritisk innstilt til rådmannen sin handlemåte:

«Det tjener ikke Bodø kommunes interesser, og det burde de som formannskapsmedlemmer være litt mer bevisst og ansvarlig for.»

Etter at Ap-ordføraren slik hadde ordna godkjenning i ettertid for den garantiutbetalinga som alt var gjort, vart det starta forhandlingar med Fram Kino om ein ny avtale om nye driftsgarantiar. Sluttstrek i denne saka så langt vart sett i bystyret i november 1990 då bystyret med 32 mot 19 røyster godkjente ein avtale som åpnar for framtidige driftstilskot frå kommunen til Fram Kino A/S på inntil 14 millionar kroner.

Glassburet i gågata

Glassoverbygget i gågata i Bodø er eit anna prosjekt som Fram og Jørgensen-familien er involvert i. Her er også Koch-familien med. Dei eig eit varehus i gågata, som er ein del av Storgata i Bodø. Glassoverbygget - eller glassburet - er planlagt å koste tilsaman 53 millioner kroner før det er ferdig. Planen omfattar ein garasje under gågata og oppgangar frå garasjekjellaren inn i gågata, i tillegg til sjølve overbygget. På det viset blir det muleg å sette seg i bilen vinterstid, køyre inn til sentrum, parkere og spasere tørrskodd inn i varehuset til Koch, kinoen til Jørgensen og dei andre foretaka som ligg inni glassburet.

Bystyret har hatt desse planane til handsaming fleire gonger. Det har vori spørsmål både om reguleringsplan, utbyggjingsavtale og om økonomisk tilskot til prosjektet frå kommunen.

Bodøpolitikarane godkjente reguleringsplanen for gågata 26. mai 1988, saman med ein utbyggjingsavtale der kommunen forpliktar seg til å delta i prosjektet med vel 2,5 millionar kroner. Det vart likevel inga utbyggjning det året - mellom anna fordi noen av samarbeidspartnarane trekte seg og fordi det vart vanskar med å skaffe nok pengar til prosjektet. Derfor vart det lagt fram forslag for bystyret om ein ny utbyggjingsavtale 10 dagar før julaftan 1989. Sjølv om rådmann Gisle Johnson, som tidlegare nemnt, hadde felles økonomiske interesser med Jørgensen-familien i Framgården på denne tida, var det han sjølv som var ansvarleg for førebuinga av saka. Han foreslo at kommunen skulle auke engasjementet sitt, frå 2,5 til 4 millionar kroner. I tillegg foreslo han å feste bort den offentlege gategrunnen i gågata til utbyggjarane - dvs. Koch, Jørgensen & co. - i 30 år mot ei årleg leige på 1 krone pr. år.

Korleis det gjekk ? Jau, gågateutbyggjarane fekk det nesten som dei ville. Bystyret auka det kommunale tilskotet til 4 millionar kroner, mens det til slutt vart vedtatt at gategrunnen skulle festast bort nesten gratis «berre» i 10 år før kommunen kan kreve marknadspris. Ordførar Pettersen ivra for at utbyggjarane skulle få leige for 1 krone året heile 30-årsperioden, slik som rådmannen hadde gått inn for, men her vart dei to nedstemt med knapp margin.

Denne utbyggingsavtalen mellom gågateinvestorane og Bodø kommune gjeld framleis. Seinare - i november 1990 - fekk investorane grønt lys frå Bodø bystyre til å gå ut over den reguleringsplanen som bystyret sjølv vedtok dryge to år tidlegare. Fleirtalet godtok at glassburet kunne byggjast høgare enn reguleringsplanen tillet, slik at det kunne bli plass til meir «forretningsarealer».

Kven vedtok Nordlandshallen?

Det har lenge vori eit krav frå det folkevalde bystyret at det skal byggjast trygdebustader på Tverrlandet. Det finst tilmed ein avtale mellom Ap, SV og Venstre - som saman har fleirtal i Bodø bystyre - der det går fram at trygdebustadene på Tverrlandet skulle prioriterast i den valperioden som sluttar med året 1991. Men hittil er det ikkje tatt eit spadetak og det er ikkje lagt ned ein murstein. Dei kommunale løyvingane har nemleg gått til andre prestisjeprosjekt i byen - til dømes Nordlandshallen - sjølv om hallen ikkje står nemnt i noen «samarbeidsavtale» fleirtalspartia imellom.

Interessentane bak hallen klarte 7. desember 1989 å samanhandle til eit ekstraordinært møte i bystyret. Dette møtet løyvde 30 millionar til den nye hallen på Stormyra, som mellom anna skal huse idretts- og næringsaktivitetar. Dette vedtaket førte til at trygdebustadprosjektet på Tverrlandet vart utsett på ubestemt tid - enda ein gong. Det var ikkje pengar nok til begge prosjekta.

Korleis kan det ha seg at bystyret prioriterer eit gigantprosjekt for friske folk og næringslivet framfor dei sjuke og gamle? Du finn litt av svaret viss du finn ut kven som tok avgjerda. Det var det verkelege bystyret - dvs. dei mektigaste familiedynastia og dei lydige, kommunale hjelparane - som bestemte at Nordlandshallen skulle byggjast. Desse dynastia stiller ikkje til val, og dei har aldri komi med lovnader om å byggje trygdebustader eller eldresenter.

Her er noen av dei som har trekt i dei trådane som førte fram til formelt vedtak om å byggje Nordlandshallen:

- *Preben Koch*. Han er oppdragsgivar til «konseptet» Nordlandshallen, og er med i Bodø Arrangement A/S som har skoti inn pengar i hallen. Koch er også medeigar i Gågateprosjektet.

- *Ole Petter Jørgensen*. Han er son til Ole Henrik og bror til Erik, er leiar av Fotball Arrangement A/S som har interesser i hallen, er styremedlem i Halldrift A/S som skal drive hallen når den står ferdig. Han eig firmaet Nord-Consult - som tidlegare gjekk under namnet Norcon - som har prosjekt-leiaransvaret for hallen.

- *Per Pettersen*. Han er ordførar og tidlegare styreformann i Nordlandshallen.

- *Stig Fossum* er formannskapsmedlem og ex-gruppeleiar for Ap i bystyret. Han er nestformann i Bodø-Glimt og initiativtakar til «22- gruppa» som har stilt seg bak hallprosjektet.

- *Steinar Skogstad* er kommuneplansjef i Bodø. Han er styremedlem og tidlegare forretningsførar i Nordlandshallen. Han er òg styreformann i Bodø Arrangement A/S, som har monopol på næringslivs- og messearrangement i hallen. Han var saksbehandlar på forslaget om byggjing av glassbur i gågata, der Koch- og Jørgensen-familiane har interesser.

- *Gisle Johnson* er rådmann. Han la fram forslaget om ei løyving på 30 millionar for Bodø bystyre, samstundes med at han hadde felles forretningar med Jørgensen-familien i Framgården.

Denver og Bodø

Dette kunne ha vori ei oppdikta farse frå Denver eller Falcon Crest. Men dessverre - intrigane, rollekombinasjonane, maktmisbruken er omlag dei same i Bodø som i dei amerikanske «dynasti»-seriane. Desse glimta av korleis dei styrer byen, viser

at det er dei rike familieane som dominerer det heile og at dei har dei kommunale hjelparane som dei har bruk for - for tida hovudsakleg i Bodø Arbeidarparti. Desse hjelparane er villige til å bryte lovleg fatta vedtak i politiske organ, dei ser vekk når habilitetsparagrafen i forvaltningslova skal brytast, og dei gir blaffen i kommunelova som slår fast at ordføraren er ansvarleg for at alle formannskaps- og bystyresakene er «forberedt på for-svarlig måte».

Men desse eksempla viser og korfor det er så viktig å reise kampen mot korrupsjon og kameraderi. Dei fire kommunale millionane som no er gravd ned i ein garasjekjellar under gågata, kunne ha vorti brukt på anna vis, på ein måte som folket i Bodø var betre tent med. Fylkesmannen i Nordland nekta Bodø å bygge trygdebustadene på Tverrlandet, fordi investerings-pengane alt var brukt opp på Nordlandshallen. Bodø kommune vart òg landskjent hausten 1990, for første gong sida Bodø-Glimt vann cupfinalen, då dei tok ein stor del av den statlege «eldremilliarden» og putta inn i dei tomme hola i kommune-budsjettet, i staden for å bruke pengane til formålet. Det var RV i Bodø som etterforska dette «eldreranet» og slo alarm. Oppkla-ringa førte til at pengane kom til rette att og blir brukt på riktig vis - til beste for dei eldre i Bodø. Men ingen av dei ansvarlege vart dømt for ransforsøket.

Det er fleire grunnar til at vi reknar med det blir fleire, liknande eldreran i Bodø, også i den neste valperioden:

- Dei få familiedynastia som styrer byen, står ikkje på val i år heller.
- Dei mektigaste byråkratane i det kommunale systemet blir neppe bytta ut før dei går av med pensjon.
- Ordførar Per Pettersen er ein sjølvsgd ordførarkandidat frå Arbeidarpartiet.
- Og om Høgre og/eller Framstegspartiet skulle vinne «mak-ta», så er det ingen grunn til å tru at dei vil ta kampen opp mot det edderkoppnettet som dei mektige familiedynastia i byen har spunni rundt bystyret i Bodø.

«For utpå Nøtterøy fins» ... eit maktarrogant eittpartistyre

Utpå er Vestfold-kommunen Nøtterøy ein idyll og eit ferieparadis med vakker kyststripe. Men bak fasaden blir kommunen styrt på ein måte som kan minne om eit middels aust-europeisk diktatur i den beste Bresjnev-tida. Dei mest slåande likskaps-trekka er eittpartistyret og maktarrogansen. For fire år sia vart det gjort forsøk på å reformere Høgre-styret - gjennom «glasnost» innifrå. Gamleordføraren vart kasta på eit nominasjonsmøte der 600 var tilstades. Men dei som trudde at den nye ordføraren skulle representere noe nytt, vart skuffa. Den «gamle ledelsen» i partiet klarte langt på veg å presse han tilbake i «folden». Opprørarane i Nøtterøy Høgre - som delvis vann fram ved valet i 1987 - er på defensiven i 1991. Ein del av dei har no meldt seg ut av partiet i protest mot «mafiaveldet», og den «nye» ordføraren står ikkje eingong på Høgre-lista ved kommunevalet.

Ein gjennomgang av noen få saker - som av plassomsyn må bli overflatisk - viser at Nøtterøy er prega av dei same formene for maktmisbruk som vi møter i ein del kommunar der Ap har hatt reint fleirtal i fleire tiår. Denne forma for eittpartimakt avlar misbruk og «mafiavelde», om vi skal tru ein del av dei utmelde i Nøtterøy Høgre.

14. mars 1991 fortalde Aftenposten om «maktkamp og splid i blå bastion». Aftenposten brukte harde ord:

«Høyre-bastionen Nøtterøy er i ferd med å slå sprekker (...)

Irene Nordmo - landskjent som leder i aksjonen for offentli-

ge ansattes pensjonsrettigheter - er blant dem som ikke orker å være med lenger, og har meldt seg ut av Nøtterøy Høyre. I Nøtterøy Høyre trår man med jernskodd hæl på sin neste. Det råder slike forhold at det beste kanskje er at lokalpartiet går til bunns.»

Eit par skildringar frå det indre livet i partiet seier litt om årsakene til at Høgre på Nøtterøy er lamma av maktkamp og splid:

- I eit brev til Nøtterøymannen Jan P. Syse skriv Per Sinding mellom anna: «Selv har jeg stemt Høyre ved alle valg siden begynnelsen av 50-årene (...) (nå har) min kone og jeg meldt oss ut av Høyre i protest mot 'mafiaveldet' på Nøtterøy.»

- Til Tønsbergs Blad 9.2.91 seier ein av utbrytarane: «Nøtterøy Høyre kjennetegnes fortsatt ved enkeltpersoners misbruk av partiapparatet og sine posisjoner, åpenbart for å fremme sine egne interesser.»

Desse utsegnene og utmeldingane betyr at dei kreftene i Nøtterøy Høgre som har prøvd å rydde opp i partiet, har meldt pass. For fire år sia vart ordføraren gjennom 19 år - Sigurd Tjomstøl - kasta som partiet sin ordførarkandidat. Med knapt fleirtal blant dei over 600 frammøtte, vart Bernt Johannessen nominert i staden. Ole Paus gjorde i si tid Tjomstøl herostratisk kjend gjennom ei av visene sine. Det var då gamleordføraren gjekk laus på ei einsleg mor som hadde lagt seg i telt utafor kommunehuset i eit siste forsøk på å fremje saka si. Ein lærar som hadde spela Paus-plata for klassen, vart gjennom press frå Tjomstøl tvinga til å be elevane om «orsaking».

Korrupsjon - på Nøtterøy?

RV-representanten i Nøtterøy kommunestyre, Jørn Magdahl, meiner den høgrestyrte ferieidyllen er prega av ein maktarrogant eittpartikultur med fire kjenneteikn:

- Maktpersonar skyver saklege omsyn til side når dei skal ta

avgjerder. Dei legg i staden vekt på sosial prestisje eller personmotsetnader. Kommunen gjer skilnad på «kong Salomo» og «Jørgen Hattemakar». Den eine «får» meire enn det lovverket fastset, den andre mindre.

- Dei som styrer Nøtterøy blandar saman rollene sine. Dei bryr seg ikkje om reglane om habilitet. «Bukken passsar havressekken.»

- Dei lokale makthavarane respekterer ikkje at det folkevalde kommunestyret er det høgaste politiske organet i kommunen. Dei fattar vedtaka i andre organ - og bak stengte dører - når dei synest det er nødvendig.

- Nøtterø Høgre svarar på kritikk med taushet. Dei vedgår aldri eigne feil, utan dei står under sterkt press, og det ikkje finst noen annan utveg.

RV på Nøtterøy har fått mange tips frå Nøtterøyfolk om feil i kommunalt styre og stell. Ein god del av tipsa er følgd opp. Sjølv om ikkje Nøtterøy RV har avdekka korrupsjon etter den snevre straffelovdefinisjonen (sjå side 123), så er den lokale Rådhuskulturen gjennomsyra av haldningar som gir grobotn for korruperte forhold etter den meir samfunnsmessige definisjonen som professor Carl August Fleischer har formulert (sjå side 125).

Kong Salomo på Nøtterøy

Når enkelte pengesterke folk har fått bygge i strandsona, er det ingen som hittil har klart å føre prov for bestikkelsar i samband med saksbehandlinga. Men resultatet er no det same likevel. «Kong Salomo» vinn fram fordi lover og reglar blir brotne og god forvaltningsskikk sett til side.

Innafor hundremetersona på Storebukt på Nøtterøysida av Vestfjorden fekk byggmeister Per Bodin føre opp noe som må karakteriserast som eit palass. Han selde raskt - i 1987 - til «Bik bok»-gründaren Karstein Gjersvik - for meir enn fem millionar kroner. Mellom huset og strandkanten vart det bygd eit svært svømmebasseng. Eit båtnaust vart rivi og erstatta med ein to-etasjers bygning med «dansegolv» i 2. etasje. Bygningen ligg midt i turstien som går langs strandkanten på vestsida av

Nøtterøy. Medan bygningsrådet kan bruke mykje tid på detaljar, vart den endelige avgjerda i denne saka tatt på «delegasjon» av bygnings sjef Thore Holm. Namnet til bygnings sjefen verserer i mange av dei omstridde sakene på Nøtterøy.

Holm grunnga godkjenninga med at to nabohus gjorde Storebukta til eit «tettbygd strøk», som dermed ikkje er omfatta av 100-meters regelen. Dette er ein måte å omgå lova på som han òg har brukt ved andre høve - t.d. då ein næringsdrivande fekk byggje på dei små Geiteskjæra utafor Årøysund.

I andre saker har han brukt andre metodar. Disponent Jan Gjermundsen i «Gjermundsens Auto» fekk byggje ei stor «hytte» ute på den nordlegaste av holmane på utfartsmålet Lange-skjær. «Hytta» dominerer holmen fullstendig - men bygnings sjefen ga byggjeløyve fordi dette var ein «forskjønnelse» av skjærgarden samanlikna med den fiskebua som sto der frå før. Ein periode kunne Gjermundsen triumfere overfor båtfolket med følgjande plakattekst: «Kjører du på land - kjør Mazda.»

Bukken og havresekken

Våren 1987 skulle Nøtterøy kommune inngå ein omfattande dataavtale. Kommunen betalte ein tilsett i firmaet «Vest-Viken EDB» litt over 40 000 kroner for ein konsulentrapport. Konklusjonen i denne rapporten var at dataløysingane frå Vest-Viken utan tvil passa best for Nøtterøy kommune. I kommunestyret sat det imidlertid ein representant frå KrF som jobba i eit anna datafirma. Han sa at han alltid hadde stor tru på det som kom ovafrå. Men her var det ei sak som han hadde god greie på. Han var forskrekka over at saksframstillinga var under all kritikk. Etter dette røysta 9 av kommunestyremedlemmene for ei nøytral utgreiing. Fleirtalet - inkludert alle frå Høgre - «synes dette var for dyrt» for ein kontrakt til fleire millionar kroner.

Etter at RV tok opp saka i lokalavisene, vart saka tatt opp på nytt - og kontrakten gjekk «stille og rolig» til eit anna firma.

I 1986 planla ei gruppe investorar ein stor privat helseklinik, VEST-MED, på Nøtterøy. Helsesjefen i kommunen, Otto

Ottesen, var drivkrafta bak etableringa av klinikken. At helse-sjefen òg dreiv med tobakkshandel og anna næringsverksemd - og var medlem av Nøtterøy Høgre - legg vi i denne samanhen-gen lite vekt på. Det interessante var at han som helsesjef vart nøydd til å handtere saker som hadde med forholdet mellom offentlege og private helsetenester å gjere. Ja, han satt så å seie og planla marknaden for si eiga helsebedrift.

Då RV kravde at han måtte velje - enten gå av som helsesjef, eller trekkje seg ut av VEST-MED - dekkja han seg bak at han hadde overført VEST-MED-aksjane sine til kona. Han vart ikkje mindre inhabil av det, men Ottesen vart sittande som hel-sesjef heilt til VEST-MED var klart til oppstart. Då gjekk han over og vart sjefslege der.

Friområdet som vart privatisert

Høgre mannen Audun Nordbotten er leiar for Hovudutvalet for miljøvern og kommunalteknikk på Nøtterøy. På dette viset er han den øvste leiaren for den sektoren som har ansvaret for fri-områda i kommunen. Han bur sjølv ved eit større friområde på Tørrkoppstranda. Her hadde 25 grannar skrivi under på eit opp-rop der dei kravde at kommunen skulle sørge for uttyning av krattskog o.l. Da dette arbeidet var vel i gang, fekk Nordbotten til ei synfaring med miljøvernrådgivaren og parksjefen. Etter dette fekk parketaten sine folk nye instruksar. Fleire flotte tre vart hogne ned, mens krattskogen som ligg som ein skjerm rundt eigedomen til Bærumsordførar Gunnar Gravdahl (Høgre, han òg) vart ståande. Etatsleiinga påstår sjølv sagt at det berre var reint faglege vurderingar bak avgjerda, og at Nordbotten berre vart høyrte som nabo - ikkje som overordna. «Radio Sjø-boden» har sikre kjelder på at arbeidarane som gjorde jobben oppfatta det heilt annleis. Men dei har fått forbod mot å uttale seg til media.

Nordbotten har nærmast «privatisert» den delen av friområ-det som ligg opp til eigedomen hans. Han har planta bærbuskar, lagt båten i opplag osv. inne i friområdet. Da han til slutt erklærte seg inhabil, etter krav frå fleire naboar, vart enkelte av

dei kritikkverdige forholda påtala av hovedutvalet «hans». Dei gjorde det i eit lukka møte der saka ikkje var ført opp på sakslista. Kommuneingeniøren seier at dette var ei utegløyning, men ein av politikarane i utvalet seier at det er heilt vanleg å ta «kinkige saker» over bordet. På Nøtterøy ønskjer dei ikkje unødvendig blest om slike saker.

Når kommunestyret ikkje gjer det Høgre vil

I siste kommunestyreperioden er det berre to gonger at Høgre har lidd nederlag i viktige saker i kommunestyret. Den eine var den såkalla Gaasø-saka. Sivilombodsmannen slo fast at to kommunale avslag på ein søknad frå fru Synnøve Gaasø om å bygge bustad på eigeidomen sin, var innbyrdes motstridande. Høgre ville ikkje ha saka opp i kommunestyret, men måtte kaste inn handkledet då RV likevel fekk sett den på sakskartet etter ein interpellasjon.

Den andre gongen galdt det ei tilleggsøyving til eit svært omstridd menighetshus hausten 1988. Saka var lagt fram på vanleg vis av rådmann og formannskap, men Høgre og KrF vart nedstemt.

Etterpå fann «man» ut at kommunen «var kontraktsforplikt» til å løyve pengane. Poenget her er ikkje at det absolutt kan diskuteras om dette var sant - men det som skjedde vidare. Formannskapet gjorde nemleg om på kommunestyrevedtaket - utan å undersøke nærmare om det var det kommunestyret, det øvste folkevalde organet i Nøtterøy, ønskte.

Kommunane hadde hausten 1990 forslaget til ny kommunelov - grunnlova for kommunesektoren - til handsaming. Utkastet legg opp til dei største endringane i forfatninga i «kommune-Norge» sidan Formannskapslovene vart til for meir enn 150 år sia. Høringsfristen gjekk ut 1. januar 91. På Nøtterøy vart saka sett opp på kartet til «julemøtet». Dei mindre partia hadde ikkje eingong fått lovforslaget tilsendt. Det vart da heller ikkje tid til å handsame forslaget, fordi dei kommunale jubilarane alt hadde sitti og venta i det vide og det breie på at julemiddagen skulle komme i gang. Da forslaget omsider kom opp i

februar, visste alle at Nøtterøy sine eventuelle kommentarar ikkje ville bli tatt omsyn til. Høgre hadde da heller ingen forslag.

Tier når det trengst

Alle organisasjonar og personar gjer feil. Spørsmålet er om ein har vilje til å lære av feila, og om ein har evne til å rette opp feila viss det er muleg.

Leiinga av Nøtterøy Høgre har som line ikkje å svare på den kritikken som er lagt fram her. Det eine lesarinnlegget meir kritisk enn det andre har passert - utan at Høgre tar til motmæle på sak. Den uavhengige nærradioen har utfordra Høgre til å møte RV til debatt om kritikken, men får til svar at «det er under deres nivå» - og at «radiodebatt ikke er Nøtterøy Høyres stil». Det er nok ikkje berre arroganse som er årsaka til dette. Kanskje er dei redd for å tape ansikt gjennom slik åpen debatt.

Sjølv om Høgre sprekk slik at alle ser det, er gjennomgangsmelodien at det eigenleg står såre bra til - og at det er kritikarane som misforstår. Den nye ordførarkandidaten frå Høgre - Svein Harding Hansen - skriv slik om kritikken frå motstandarane i eige parti:

«Utspill som kun går ut på å trekke folks hederlighet i tvil og sette store spørsmålstejn ved ektheten i deres intensjonar, trekker synet på politikere ned på et urovekkende nivå.»¹

Også i kommunestyresamanheng står Høgre steilt på sitt. Dei stritta i mot da tidlegare Høgre-statsråd Arne Rettedal og utvalet for «Etikk, tilsyn og kontroll i kommuner og fylkeskommuner» foreslo oppretting av register over dei økonomiske interessene til politikarane og dei administrative leiarane. I eit svar på ein interpellasjon frå RV ga ordføraren dette sjølvmotseiande svaret: «Nøtterøy (omlag 18 000 innbyggjarar, forf. merknad) er så gjennomiktig at register er unødvendig...» «Register vil gjøre at flere vil frasi seg deltakelse i kommunepolitikken.» Da

er det ikkje til å undrast over at Høgre konsekvent avviser forslag om gransking av enkeltsaker, og reformforslag som verkar trugande på eittpartikulturen.

Da Finnmark Ap skvisa «Roger Rabbit»

Ingen var uenige i at det var marknad for eit nytt hotell i Sør-Varanger da ei investorgruppe midt på 80-talet starta planleggjinga av det som no er Rica-hotellet i Kirkenes.

Hotellet ligg berre eit steinkast frå Samfunnshuset, der kommunen er andelseigar og *var* største leigetakar. I dag er samfunnshuset i økonomisk krise etter at kinoen flytta over til hotellet, attpåtil i lokale som høver dårleg til kinodrift.

Dette er resultatet av at tidlegare kultursjef Erling Fløtten i Sør-Varanger - i dag fylkesordførar i Finnmark - og daverande ordførar Nils Edvard Olsen - no skolesjef - førte kommunestyret bak lyset for å sikre kommunale bidrag i 16 år til drifta av det nye hotellet. Da dei vart avslørt av kommunestyremedlem Rune Rafaelsen (RV), fekk dei formannskapet med på å truge Rafaelsen med søksmål. I tillegg gjekk fylkesordføraren til erstatningssak mot lokalavisa.

Da Sørvaranger kommunestyre gjorde første vedtaket sitt i kino-saka i februar 1987, var det få som kjende til at det var nokon samheng mellom kinoen si framtid og hotellplanane. Ordføraren og rådmannen sitt saksframlegg for kommunestyret 27. februar 1987 vart med andre ord laga for å føre kommunestyret bak lyset. Ordførar Olsen hadde sjølv vore med på å ta initiativ til forhandlingar med investorane bak Kirkenes Arctic Hotell A/S. Han handla derfor i strid med den plikta han etter kommunelovas § 33 har til å sørge for forsvarleg førebuing av

alle saker. Ordførar Olsen og kultursjef Fløtten visste alt dette, men dei heldt opplysningane for seg sjølve. Derfor vedtok eit samla kommunestyre å be «administrasjonen ta opp forhandlingar med mulige interesserte med sikte på et mer hensiktsmessig kinolokale». Vedtaket var formulert slik at det ikkje inneheldt noe som helst slags avgjerd av realiteten i saka. Eit meir «hensiktsmessig kinolokale» kan bety eit nytt lokale, eller modernisering av den gamle kinoen. Vedtaket ga ikkje administrasjonen fullmakt til å binde opp kommunen på noen måte til ein bestemt samarbeidspartnar.

Men ordførar, rådmann og kultursjef heldt fram med å styre saka på sin måte. Eit brev som rådmannen skreiv ni dagar etter kommunestyrevedtaket i februar 1987, viser at det var meininga hans at saka ikkje skulle tilbake til kommunestyret i det heile tatt! Forhandlingane med hotellinvestorane vart avslutta i oktober 1987. Eit dokument frå kultursjef Fløtten månaden etter stadfester at det er meininga å halde kommunestyret utafor og avslutte saka i lukka formannskapsmøte.

Da ein Høgre-representant reiste spørsmål i kommunestyret i januar 1988, forsikra ordførar Olsen likevel at kommunen stod heilt fritt.

Da kino-saka likevel kom til avgjerd i kommunestyret i juni 1988, fekk dei folkevalde ein ferdig avtale med Rica-hotellet lagt framfor seg, med klar beskjed frå ordføraren om at dei no var moralsk forplikta til å godta avtalen! Han meinte altså at kommunestyret samtidig var «morsk forplikta» til å flytte kinoen ut av Samfunnshuset og dermed skyve dette andelslaget eit langt steg i retning økonomisk havari.

Ap-ordføraren fekk hard kritikk frå RVs Rune Rafelsen og fleire andre representantar, men han sto steilt på sin eigen versjon av sakas forhistorie.

I debatten kravde Høgres Ernst Sneve å få vite om det fanst annan korrespondanse enn det som var lagt fram. «Jeg har ingenting,» sa ordførar Olsen og forsikra kommunestyret om at han for sin del berre kjende til at det hadde vori forhandlingar på administrativt nivå. Ernst Sneve forlangte - forgjeves - å få vite kven det var som så suverent hadde sett kommunen ut av spel i denne saka.

Ordføreren og Arbeiderpartiet tapte debatten, men dei vann avstemminga fordi Høgre og SV - med litt ulike forklaringar - slutta seg til ordføreren sitt forslag. Høgre meinte at «av hensyn til de lokale investorene og omverdenens tro på Sør-Varanger-samfunnet må man likevel bare gå inn for avtalen», mens SVs Karin Beate Theodorsen henta argumentasjonen sin frå Hakkebakkeskogen. Ho konkluderte med at «vi får si som Thorbjørn Egner: Gjort er gjort og spist er spist, og ta dette nå, men samtidig beklage hele framgangsmåten i saken».

Rune Rafaelsen (RV) tok saka litt meir alvorleg: «Om SV med Karin Beate Theodorsen i spissen, vil legge seg på knærne for ordføreren og bare akseptere denne korruperte avtalen, er det opp til dem... Hvis det foreligger ting som sier at kommunen er bundet opp, vil jeg be om at disse papirene legges på bordet, ellers forlater jeg møtet.» Da ordføreren nekta å gjere det, pakka RV-representanten sakene sine og gjekk frå møtet.

Slik sto saka da avtalen vart vedtatt - mot dei tre røystene frå FrP og Sp. Rafaelsen hevda at det var ein korrupt avtale. Fleire spurde om det fanst forhandlingsdokument eller korrespondanse som ikkje var lagt fram. Og ordførar Olsen sto steinhardt på at det ikkje var tilfelle, men han vedgjekk at saka ikkje var handtert godt nok, og han sa at han tok på seg «hele ansvaret» for det. Dermed var 16 års driftstilskot sikra for hotellinvestorane og økonomisk nedtur for tradisjonsrike A/L Samfunnshuset var vedtatt.

Men Rune Rafaelsen arbeidde vidare med kino-saka etter at kommunestyret vedtok Rica-avtalen i juni 1988. I september hadde han samla så grundig dokumentasjon at han kunne gå ut offentleg. Dokumentasjonen viser at ordføreren, rådmannen og den tidlegare kultursjefen hadde krenka både den lovpålagte opplysningsplikta, innsynsretten for enkeltrepresentantar, ordføreren sine plikter etter § 33 og forbodet mot å la administrasjonen avgjere saker som er politisk omstridd. Rafaelsen vart intervjuva i Sør-Varanger Avis under førstesidetitelen «-Korrump kameraderi».

Da Sør-Varanger Avis minna om at ordføreren hadde «beklaget saken og sa at han tok det hele og fulle ansvar», sva-

ra Rafaelsen at «dette er den enkleste måten å fraskrive seg ansvar på. For hvem må betale for denne avtalen? Jo, innbyggerne i Sør-Varanger. Ordføreren gjør nøyaktig det som næringslivstoppene gjør når de har sølt bort en milliard eller to, de tar ansvaret og går med høy lønn i to-tre år. Dette blir i vår tid kalt å ta ansvar».

Innhaldsmessig var det lite nytt i Rafaelsen sine påstandar i Sør-Varanger avis 10. september 1988. Han hadde sagt det same i kommunestyret tre månader før, og avisa hadde trykt påstandane da og. Men kommunetoppene må ha vorti rasande over at Rafaelsen våga både å gjenta og dokumentere at det var han som hadde rett.

Ordførar Olsen svara i alle fall med ein todelt taktikk. For det første gjentok han at: «Jeg har ingenting å skjule og jeg har ikke underslått papirer i forhold til kommunestyret,» og han påstod at Rafaelsens utspel «kan skade Sør-Varanger kommunes omdømme og troverdighet». For det andre sørnga han for at formannskapet drøfta saka i lukka møte og vedtok å gå til søksmål mot Rafaelsen. Forslaget vart lesi opp fleire gonger før formannskapet samrøystes vedtok å ta «sterk avstand fra de påstander Rune Rafaelsen har fremsatt i Sør-Varanger Avis den 10. september 1988 om korrump opptreden fra ordførerens side i kinosaken. Med mindre påstandene blir trukket tilbake og beklaget offentlig, vil Sør-Varanger kommune forfølge saken rettslig».

Denne to-delte taktikken var meint å stoppe kjeften på både RV-representanten og lokalavisa og slik hindre vidare opprulling av saka. Å leggje skylda på avsløraren er eit herskarknep som ofte går igjen i samband med korrupsjonspåstandar. Maktmisbrukarane påstår at det er avsløraren og ikkje dei sjølve som øydelegg kommunens gode namn og rykte. Ordførar Olsen trudde nok at dette, kombinert med eit skarpt vedtak frå eit samla formannskap, skulle kjøle ned både saka og Rafaelsen. Det har atskillig politisk tyngde når formannskapet - og dermed alle parti frå Høgre til SV - vedtar å bruke skattepengar til å føre rettssak mot ein enkeltrepresentant i kommunestyret. Rådmannen sende brev til Rafaelsen med ein kort svarfrist, viss han ville sleppe å bli trekt for retten.

Dessverre - for ordføraren og formannskapet - hadde Rafaelen gjort så grundig arbeid at denne taktikken fekk liten verknad. Torsdag 15. september - tre dagar etter det lukka formannskapsmøtet - starta Sør-Varanger Avis offentleggjinga av dokument som viste at ordførar Olsen hadde ljugi, både i avisintervjuet to dagar før og i kommunestyremøtet i juni. Eitt av breva som ordførar Olsen sjølv har undertekna, er skrivi i november 1986, tre månader før det første - og heilt åpne - kommunestyrevedtaket i saka. Under overskrifta «Samarbeid Kirkenes Arctic Hotell A/S og Sør-Varanger kommune» skreiv ordførar Olsen da bl.a. følgjande i eit brev stila til Finnmark Fylkeskommune: «Jeg bekrefter herved at Kirkenes Arctic Hotell A/S og Sør-Varanger kommune har innledet drøftinger om bruk av hotellets konferanseauditorier til kommunal kinodrift. Jeg vil nevne at hotellprosjektets arkitekt og kommunens konsulent (arkitekt i KKL) alt har innledet samtaler om utformingen. Siktemålet er å få en intensjonsavtale innen årsskiftet.»

Da tanken ble født

Enda tidlegare - 16. april 1986 - og nærmare eit år før kommunestyrevedtaket om forhandlingar med «mulige interesserte» - hadde kultursjef Erling Fløtten sagt frå til dei som planla hotellet at dei kunne stole på han. Han innleier dette brevet med å vise «til tidligere henvendelser i forbindelse med vårt ønske om nye kinolokaler i Kirkenes» og skriv vidare at «da jeg ble kjent med planene om et nytt hotellbygg, ble tanken om å få et samarbeid om kinolokaler også født». Han meinte dessutan at kino i hotellet ville vere «et trekkplaster for hotellets øvrige drift».

Formuleringane i desse breva er slik at mottakarane ikkje kunne vere i tvil om korleis saka stod hausten 1986:

- Kommunen hadde før 26. november 1986 bestemt seg for at den gamle kinoen skulle erstattast av to nye kinosalar.

- Kommunen hadde også bestemt seg for at det var Kirkenes Arctic Hotell A/S som skulle bli samarbeidspartner, og samarbeidet hadde i november 1986 komi så langt at kommunen hadde engasjert ein konsulent til å føre samtalar på kommunens vegne om korleis nybygget skulle utformast.

Da lokalavisa offentliggjorde noen av dokumenta som beviste at Rafaelsen hadde rett, vart det trasig for Høgre og SV sine representantar i formannskapet. Eit par dagar etter at dei stemte for rettssak mot RV-representanten, sa dei til avisa det einaste som det da var muleg å seie, nemleg at dei eigenleg var «helt på linje med Rafaelsens skildring av kinosaken». SV sin representant prøvde seg med at «formannskapets vedtak er blitt som det er blitt fordi ingen har tenkt skikkelig igjennom formuleringen». I ettertid - dvs. etter at folk hadde fått lese om dei avslørande dokumenta - meinte ho at formuleringa i formannskapsvedtaket var «uheldig i forhold til det som ble sagt på formannskapets møte». Men avisa peika samtidig på at «problemet for disse formannskapsmedlemmene er at vedtaket er fattet, og kan vanskelig trekkes tilbake etter at også protokollen er underskrevet».

RVs Rune Rafaelsen såg ingen grunn til å trekke tilbake noe som helst av det han hadde sagt. I eit svarbrev stila til Formannskapet og Rådmannen levna han lite rom for kompromiss:

«Jeg håper De ser det prinsipielt skadelige i at en politisk diskusjon mellom to parter/partier ender opp med at kommunen engasjerer seg for den ene eller den andre parten og dertil truer en av partene med rettslig forfølgelse. Dette minner oss om systemer/stater vi helst ikke bør sammenligne oss med.-

Dersom Nils Edvard Olsen eller Erling Fløtten mener at uttrykket 'korrupt kameraderi' er for sterkt i den norske politiske debatten, bør de som privatpersoner reise sak. Det hører ingen steder hjemme at De som rådmann engasjerer Dem for ordførers sak, uansett hvor dyktig og prektig De enn måtte synes han er.

Dessuten vil jeg, Rådmann, nevne en sak som kan sammenliknes med 'kino-saken'. I sin tid drev Rica Hotell ulovlig skjenking i nattklubben. Som våkne kommunestyrerepresentanter påpekte vi dette misforholdet og *dokumenterte det ettertrykkelig*. Men ordføreren svarte at så langt han kunne se, var alt i skjønneste orden.

RV ble altså tvunget til å anmelde forholdet, med det resultat at hotelldirektøren fikk en bot på 5000.- kroner.

På mange måter er det det samme som skjer i denne saken. Ordføreren vet at her er det noe som ikke stemmer, men tar likevel det hele og fulle ansvar. De mange gruppemøter i Arbeiderpartiet underbygger også denne påstand.»

I lokalavisa forklarte Rafaelsen kva han meinte med korrupt kameraderi:

«1. Korrupt: På siden av loven. 2. Kameraderi: Gode venner hjelper/dekker hverandre. Punkt 1 er allerede stadfestet med fyldig korrespondanse før saken var forelagt kommunestyret.

Punkt 2 har ordføreren bekreftet ved å ta på seg 'hele det politiske ansvar'.

Jeg har aldri skrevet eller sagt at Nils-Edvard Olsen eller Erling Fløtten er korrupt og har fått penger eller gratis drinker av Rica eller andre og beklager hvis det er oppfattet sånn.

Men dersom en gammel arbeider kommer bort til meg og sier 'hele kinosaken er korrupt', ja, da vil jeg blunke til han og nikke.»

Da kommunestyret skulle drøfte kinosaka på nytt 26. september 1988 vart det ifølgje Sør-Varanger Avis «en skikkelig 'blåmandag'» for både ordførar Olsen og tidlegare kultursjef Fløtten som i mellomtida hadde avansert til vervet som fylkesordfører i Finnmark. «Møtets 'vinner' ble Rune Rafaelsen som fikk full oppreisning for sin etterforskning i kinosaken,» skreiv den konservative lokalavisa. Kommunestyret vedtok sam-

røystes at «Sør-Varanger kommune ønsker ikke å gå til rettslig forfølgelse pga. påstandar satt fram om 'korrump opptreden'.»

Men saka vart ikkje fullt oppklara. I løpet av møtet vart det klart at det var ordførar Olsen og daverande rådmann som i 1986 hadde tatt initiativ til forhandlingar med hotelleigarane. Likevel ba ordførar Olsen innstendig om å bli trudd på at han ikkje hadde hatt tilgang til dei dokumenta som kommunestyret hadde etterlyst fleire gonger, og som Rafaelsen omsider hadde fått til å offentleggjere gjennom Sør-Varanger Avis. «De papi-rene fikk jeg først i hende sist torsdag,» sa Olsen. Ettersom eitt av desse dokumenta var nesten to år gammalt - frå november 1986 - og hadde Olsens eiga underskrift, så er det berre to muligheter: Anten snakka ordføraren usant på nytt og mot betre vitande, eller så påstod han at einkvan annan hadde forfalska underskrifta hans i november 1986.

Mens ordførar og rådmann slikka såra sine og kanskje var glad til for at dei korkje vart gjort økonomisk eller juridisk ansvarleg for handlingane sine, kunne hotellaksjonæraner konstatere at alt hadde gått bra. Det kommunale driftstilskotet fram til år 2004 var ikkje i fare.

Kampen mot lokalavisa

Fylkesordførar Fløtten vart nok lite glad for utfallet av kommunestyremøtet i september 1988. I alle fall gjekk han til privat søksmål mot Sør-Varanger Avis.

Fløtten sin advokat argumenterte med at «nyere rettspraksis innebærer en markant økning i oppreisningsbeløpene i ærekrenkelsessaker». Han bygde på dommen i Ellefsenssaka der Dagbladet var dømt til til å betale ein aksjespekulant «250 000 kroner i oppreisning for uriktige beskyldninger om skattefusking». Lokalavisa sin advokat understreka at «det er hele det politiske spill for å tildekke beslutningsprosessen i kinosaken, som karakteriseres som 'korrump kameraderi'. Karakteristikken retter seg i hovedsak til Arbeiderpartiets og i særdeleshet ordføre-

rens forsøk på å skjule for kommunestyret omstendighetene rundt avtalen om leie av kinolokaler i det nye hotellet». Han la også vekt på at «politikeren Rafaelsen i en sak har spissformulert sitt syn på håndteringen av en bestemt politisk sak. Dette har avisen bragt videre til sine lesere, og det har avisen en yrkesetisk og demokratisk plikt til». Advokaten meinte «det fremstår som nærmest spekulativt av saksøker å kreve hundretusener av kroner av avisen, fordi den har informert sine lesere om Rafaelsens syn på kinosaken... I denne sak misbrukes æresvernet til å kneble og avspore politisk kritikk».

Det kunne ha vorti ei svært interessant prinsippsak. I staden godtok avisa eit forlik, sjølv om Fløtten ikkje kunne peike på faktiske feil i det som avisa hadde skrivi. Forliket var kostbart. Avisa betalte 70 000 kroner til Fløtten og trykte ei melding som ikkje sa stort. Partane var samde om at dei ikkje skulle offentliggjere kor stort pengebeløp Fløtten fekk.

Dyrt for folket i Sør-Varanger

Kinodrifta vart ikkje billegare. Dessutan har Olsen og Fløtten sitt samarbeid med hotellskapet øydelagt økonomien for A/L Samfunnshuset. No føler toppane i Rådhuset seg forplikta til å gå inn og gi garanti for ei kostbar ombygging av Samfunnshuset. Dette kan kome til å koste Sør-Varanger kommune mange millionar kroner, men Ap prøver å skyve avgjerda i den saka fram til etter kommunevalet. Det er planar om å byggje om den gamle kinosalen og flytte biblioteket dit. Mange som kjenner biblioteket si historie, misliker dette. Biblioteket i Kirkenes er nemleg ei gåve til lokalbefolkninga frå dei lærarane som var internert der under den tyske okkupasjonen. Folk synest ikkje kommunen burde tukle med ei slik gåve, sjølv om Olsen og Fløtten har rota kommunen ut i eit fælt uføre.

Det einaste rimelege i denne saka ville vere å krevje at dei som har bryti lova i kino-saka blir gjort ansvarlege for handlingane sine. Det er dei - og ikkje skattebetalarane i Sør-

Varanger - som bør betale både for garantien til A/L Samfunns-
huset og dei andre følgjene kinosaka får.

Det er Ap som har makta

Hotellinvestorane har mykje å takke enkelte av Arbeiderpartiet sine nøkkelpersonar i Sør-Varanger for. Ei sikker inntektskjelde i 16 år er ikkje å forakte. Og dei viser takksemd - på sin måte. Da Finnmark Arbeiderparti skulle ha årsmøtet sitt på Kirkenes Arctic Hotell 10.-12. februar 1989, var ikkje Rica-direktøren snauare enn at ho «glømte» at den kommunale kinoen har ein kontraktsfesta rett til å bruke dei to konferansesalane til kino-drift på kveldstid.

Kinoen skulle vise publikumssuksessen «Hvem lurte Roger Rabbit» i dagane frå fredag 10. til måndag 13. februar. Da den kommunale kinosekretæren fekk høyre at hotellet hadde andre planar, las ho opp kontrakten for hotelldirektøren. Dette gjorde lite inntrykk. For direktøren hadde «allerede 'booket' inn leietakerne, Finnmark Arbeiderpartis årsmøte, og kunne ikke bryte avtalen med dem», som den nye kultursjefen - Fløttens etterføljar - uttrykker det i eit brev til Kommunerevisoren. Stort klarare går det vel ikkje an å få demonstrert at det er Arbeiderpartiet som har makta - og *er* makta. Leiaren i hovudutvalet for kirke og kultur - Ap-politikaren Ole Eliassen - ringte fleire gonger til kinosekretæren og ba henne «la være å vise filmen 10. og 11. februar».

Det vart sjølvsagt slik. Arbeiderpartiet fekk viljen sin - og den kommunale kinoen tapte ca. 22 000 kroner. Det kommunale desisjonsutvalet undersøkte saka og slo nøkternt fast at kinoen vart påført dette tapet «ved at Rica Arctic Hotel tilsidesetter den leieavtale som er inngått mellom hotelleierne og Sør-Varanger kommune». Desisjonsutvalet sende resultatet av undersøkingane sine over til kommunestyret og ba dei folkevalde «straks ta stilling til om dette kan få konsekvenser for de ansvarlige i kulturetaten som har bøyd seg for presset fra Rica Arctic Hotel». Desisjonsutvalet slo fast at det kommunale tapet på 22 000 kroner var resultat av «utidig press sammen med

ettergivenhet fra etatens side». - Ettersom presset kom minst like mykje frå Arbeiderpartiet som frå hotellet, og Arbeiderpartiet har makta i kommunestyret, så fann ikkje kommunestyret noen grunn til å reagere.

Omstillingsmillionar på avvegar

Stortinget vedtok midt på 80-talet å trappe ned den statlege gruveverksemda ved A/S Sydvaranger - hjørnesteinsverksemda i Sør-Varanger kommune. Folk i Kirkenes og Sør-Varanger var i harnisk - men politikarane prøvde å roe ned finnmarkingane: «Vi skal skaffe nye arbeidsplassar.» Staten oppretta det halvoffentlege investeringsselskapet Sør-Varanger Invest A/S. Målet var at selskapet skulle skape 400 nye basisarbeidsplassar, men hittil har dei ikkje klart meir enn 30. Trass fleire titalls millionar i overføringar frå staten i perioden 1985-89, har Sør-Varanger kommune hatt eit nettotap på omlag 4-500 arbeidsplassar. Kor vart omstillingspengane av?

Sør-Varanger Invest sin del av omstillingsarbeidet vart organisert på ein slik måte at det ikkje fanst kontroll med kor midla tok vegen. Mellom anna vart det sløsa vekk pengar på utanlandsreiser, restaurantbesøk, alkohol og andre private utgifter. Dei som satt i styret - t.d. ex-ordførar Nils Edvard Olsen - såg bort når pengane som skulle ha vori brukt til å få i stand arbeidsplassar, vart misbrukt.

Eit gløtt i ein rapport frå kommunekasseraren etter eit kontrollbesøk i Sør-Varanger Invest (SVI) syner at stat, fylke eller kommune umuleg kunne ha hatt noen kontroll over pengane. I styret for SVI sit administrerande direktør i Industribanken, Harald Henriksen, og toar hendene sine. 31. mai 1991 uttalar han til avisa Finnmarken at:

«Vi har gjort vårt, og har vært årvåkne nok. Det er et utslag av uheldige omstendigheter som har ført til at regnskapssystemet har brutt sammen.»

Trugsmål mot livsnerva

Bakgrunnen for at Sør-Varanger Invest kom i stand, er slik:

A/S Sydvaranger sin jernmalmproduksjon i Bjørnevatn og Kirkenes har vori sjølv livsnerva i Sør-Varanger kommune heilt sidan først på hundreåret. Tyskarane raserte så å seie alt i Sør-Varanger hausten 1944. Men etter krigen vart Kirkenes og A/S Sydvaranger bygd opp att. Frå 50-talet og fram til siste halvpart av 70-talet gjekk gruva med solide overskot og skaffa den største eigaren, staten, og Oslo kommune der hovudkontoret framleis ligg, gode inntekter. Folk i kommunen hugsar denne perioden som Den Gode Tida.

I 1985 var det i alt omlag 3-4000 arbeidsplassar i heile kommunen - A/S Sydvaranger aleine sto for 1100-1200 av desse. I mars 1986 vedtok Stortinget å trappe ned verksemda frå to til eitt pelletsverk, med drift fram til 1998. I 1991 er det omlag 720 tilsette i A/S Sydvaranger. Eit stortingsvedtak 19. juni 1991 gir lokalsamfunnet eit pusterom på omlag 5 år før dei mistar 400 arbeidsplassar til. Stortinget vedtok å leggje ned pelletsproduksjonen heilt når dagbruddet er tømt for malm.

Stortingsvedtaket i 1986 om nedtrapping var politisk omstridd, og møtte hard motstand i Sør-Varanger. Det finst nemleg meir malm i gruvene i Bjørnevatn som gjer det muleg å drive enno i mange år frametter. Men fordi malmen er dekkja av gråberg, trengst det nye investeringar for å henta han fram. Stortingspolitikarane ville ikkje vere med på ei slik investering i 1986, men i juni 1991 vart det likevel Stortingsfleirtal for å starte underjordsdrift.

Då SVI vart skipa - for å roa ned dei tilsette og folket i Sør-Varanger - var det eit mål for staten at investeringsselskapet skulle skape 400 nye «basisarbeidsplassar» - dvs. arbeidsplassar med produksjon av varer og tenester som har marknad utafor regionen - innan 1991/92. I eit framlegg til regjeringa i

1990 vedgår Næringsdepartementet at det ikkje har gått så bra:

«Nye arbeidsplasser har ikke oppveiet reduksjoner av bemanningen ved A/S Sydvaranger og tap av arbeidsplasser i øvrig næringsvirksomhet i kommunen. Antall sysselsatte ved A/S Sydvaranger er i perioden 31. desember 1984 til 31. desember 1989 redusert fra 1 186 personer til 739 personer, dvs. med ca. 450 arbeidsplasser. Det er siden 1986 etablert bedrifter som har gitt ca. 200 nye arbeidsplasser. Den største av disse er Kimek A/S som har ca. 110 ansatte. De fleste av disse er overført fra A/S Sydvaranger.»

Ein rapport som sosialøkonomen Roar Eilertsen i kunnskaps-senteret De Facto laga i juni -89 konkluderer med at SVI «i høyden har medvirket til etablering av 6-7 nye arbeidsplasser innen basisnæringer i kommunen. Dette er det eneste som gir grunnlag for økt totalaktivitet i Sør-Varanger». Etter dette har etableringa av KN Data A/S med 25 tilsette auka dette talet til vel 30.

Dermed kan ein trygt slå fast at selskapet ikkje har nådd dei måla som vart sett da Stortinget vedtok nedtrappinga i Sydvarangergruvene. Dersom ein òg reknar med dei arbeidsplassane som har forsvunni gjennom konkursar og nedleggjingar, har Sør-Varanger hatt eit nettotap på omlag 4-500 arbeidsplassar dei siste fire-fem åra.

I tillegg til Sør-Varanger Invest, har Distriktenes Utbyggingfond og Sør-Varanger kommune også drive «omstillingsarbeid» ved hjelp av offentlege pengar. Det har òg vorti løyvd pengar direkte til A/S Sydvaranger for at selskapet skal gå i gang med ny produksjon i tillegg til pelletsproduksjonen.

Redningsplanken som svikta

Sør-Varanger Invest A/S vart stifta sommaren 1985 - men full drift i selskapet tok ikkje til før i 1987. Selskapet har ein aksjekapital på omlag 8 millionar kroner. Mellom aksjonærane finn vi både Sør-Varanger kommune og Finnmark fylkeskommune.

Vidare har staten løyvd i alt 35 millionar kroner i såkalla «grunnkapital». I tillegg har selskapet administrert 9 millionar frå Sør-Varanger kommune til fordeling på ulike bedrifter. Denne potten er etter kvart redusert til 6 millionar.

SVI har med andre ord disponert store offentlege pengesummar i den tida selskapet har eksistert. Det var ei særskild viktig oppgåve selskapet skulle løyse - her var det snakk om det Ap-regjeringa kallar «jobb nr. 1» - å skaffe folk arbeid slik at ikkje eit heilt lokalsamfunn går dukken. Med eit slikt utgangspunkt skulle ein tru at det vart stilt strenge krav til forvaltninga av midla.

Men slik har det ikkje vori. Dei som styrer SVI, bygde opp eit system som ikkje eingong tok vare på dei formelle krava som lova stiller til eit middels privat aksjeselskap:

- Ein underordna funksjonær, som vart nedlessa med andre kontoroppgåver så som kaffekoking, ansvar for sentralbord, skriving og mottak av publikum, fekk på toppen av alt også jobben med å føre rekneskapen i millionbedrifta.

- Dei hyra ein revisor som etter aksjelova ikkje var autorisert til å revidera rekneskapen i SVI.

- Offentleg tilsyn og kontroll vart spreidd på fleire instansar, slik at det ikkje er lett å peika ut kven - om det har vori noen i det heile - som har hatt denne kontrolloppgåva overfor den samla drifta i selskapet.

- Det vart oppnemnt folk til styret som korkje hadde evne eller vilje til å gjere det dei skulle. Etter aksjelova skal styret «sørge for en tilfredsstillende organisasjon av selskapets virksomhet» og ha «plikt til å påse at bokføring og formuesforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll».

Dei har tatt sørgeleg lett på desse oppgåvene.

Under overskrifta «Ad reiser/diet» skriv kontrolløren at:

«SVI har også for 1989 utøvd en formidabel reiseaktivitet, og formålet med disse fremgår ikke alltid av bilagsmaterialet. Bl.a. har SVI betalt reiser for diverse personer til utlandet, og det er et åpent spørsmål om enkelte av disse bør anses som en ytelse som skal innberettes.»

Han konkluderer med at «reiseregninger og andre utgiftsrefusjoner for bedriftens representanter er gjennomgående altfor dårlig dokumentert».

Kvifor skar det seg?

Samanlikna med dei store summene som SVI disponerer, utgjer dei urettmessige personlege fordelane til nøkkelpersonar i selskapet berre småpengar. Men når selskapet ikkje klarer å halde styr på «småpengane», er det heller ikkje grunn til å tru at dei har særleg betre kontroll på dei store. Avisa Finnmarken nemner 31. mai 1991 at SVI på eit tidspunkt året før ikkje visste kor 8 millionar av grunnkapitalen hadde tatt vegen. Først etter å ha snudd opp ned i den kaotiske rekneskapen fekk dei oversyn over ein del av desse millionane.

Kven skal så passe på at det ikkje utviklar seg eit system som åpnar for slik massiv misbruk av offentlege omstillingsmidlar?

- Var det den ikkje-kompetente funksjonæren som vart sett til å føre rekneskapen?
- Den administrerande direktøren?
- Styret?
- Kommunaldepartementet som løyva størsteparten av grunnkapitalen til SVI?
- Eller var det Næringsdepartementet som frå regjeringa

fekk «det overordnete ansvar for omstillingen i Sør-Varanger og ansvaret for koordineringen overfor andre departementer og det øvrige virkemiddelapparat?»¹

Hittil er det berre reagert på aller lågaste nivå - mot ho som førte rekneskap ved sia av alt anna ho skulle gjera i bedrifta. Ho fekk sparken i april 1991 fordi ho hadde tatt ut forskot på si eiga løn. Direktør Knut Henningsen - som lenge skumma fløyte av SVI-systemet - slutta sjølv i fjor haust av personlege grunnar. Etter det vi har fått opplyst, er han no avdelingsdirektør i Industrifondet i Oslo. Vi får håpe at det går betre der enn i Sør-Varanger. Etter aksjelovas paragraf 8-7 er det administrerende direktør som «skal sørge for at selskapets bokføring er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltningen er ordnet på en betryggende måte».

Buklanding i blomsteroppsatsen

Det er enno ikkje tilsett noen ny direktør etter Henningsen, men den lokale Høgre-formannen, Hans Hatle, er konstituert som ny direktør. Før han kom til SVI, sat han i leinga av Norving A/S. Der måtte han gå på grunn av feildisposisjonar. Men for SVI er han altså meir enn god nok. Ein liten episode illustrerer leiarstilen til den nye direktøren. Våren 1991 var han - saman med nyordføraren i Sør-Varanger og ein del andre - på delegasjonsreise til Murmansk. På grensestasjonen på veg attende kom det til dramatik. Det vart diskusjonar mellom dei norske deltakarane og sovjetiske grensevakter omkring noen formalitetar som ikkje var i orden. Sovjetarane ville ikkje sleppe igjennom ein kar som hadde rota bort passet sitt mens han var i Murmansk. Hatle freista å «ordne opp», men han var dessverre i ein slik tilstand at han kom til å snuble over koffertane inne i hallen og hamna i ein blomsteroppsats. Han ordla seg slik etterpå at situasjonen ikkje vart lettare for han som sto igjen på andre sia utan pass. Grensevaktene bestemte seg for å halde tilbake han som ikkje hadde papira i orden, mens det norske reisefølgjet rydda opp blant blomane og fekk med seg Hatle heim.

Ved sida av industribankdirektør Henriksen sit mellom anna ordføraren i Sør-Varanger og SV-aren og kommuneforbundsmannen Harald Isaksen i styret. Dei har godkjent rekneskapen for 1988 og 1989 utan å kny. Styret har også godkjent revisormeldinga frå Asbjørn Berg i Vadsø, som ikkje er statsautorisert - slik han skal vere for å ha lov til å revidere rekneskapen i eit aksjeselskap som Sør-Varanger Invest. Eit lite blick på brevar-ka som han skreiv meldingane på, hadde vori nok til å avdekke det lovbrøtet. På brevpapiret står det klart og tydeleg at Berg berre er «registrert revisor», ikkje «statsautorisert revisor».

Bakom og over styret har vi Kommunaldepartementet og Næringsdepartementet. Der har ulike ministrar som Petter Thomassen, Ole Knapp og Kjell Borgen sitti ved roret. Kva har dei visst om omstillingsmillionane som berre forsvann ut i lause lufta? Har dei lesi årsrapportane frå Sør-Varanger Invest, der det kjem fram at det har vori vanskeleg å nå måla med å etablere 400 nye arbeidsplassar innan 1991/92? Har dei stilt spørsmål om kvifor det har gått så tregt? Har dei brydd seg med å ta stikkprøver for å få svar? Har dei spurt riksrevisjonen som har ein del av kontrollen med bedrifta?

Kven er korrupt i SVI?

Det systemet som vart bygd opp omkring SVI og Stortinget sine løyvingar til omstilling i Sør-Varanger gjorde det muleg for fleire enkeltpersoner å «ete av lasset» og hauste private fordelar. Det er likevel uråd å seie - utfrå den kunnskapen vi har - at den eller den er korrupt, i den forstand at det er gjort brot på dei paragrafane i straffelova som går på *bestikkelsar* eller *utruskap*.

Dersom vi legg ein så snever definisjon av korrupsjon til grunn - slik som t.d. Smith-utvalet gjer (sjå side 124) - så er dei ikkje korrupte, korkje Henningsen, Hatle eller dei andre som har hatt fordel av at husleigene, husforsikringa og telefonrekningane deira ikkje har vorti lønnsinnberetta. Men bruker vi Carl August Fleischer sin definisjon (sjå side 125), handlar Sør-Varanger Invest-saka om «korrupte forhold».

For den som verkeleg ønskjer å rydde opp i det usunne systemet, manglar det ikkje lovparagrafar som kan brukast for å stille personar til ansvar. Mellom anna heiter det i kommentarane til Aksjelovas paragraf 8-7 at styret «særskilt med hensyn til bokføring og formuesforvaltningen er uttrykkelig pålagt en tilsynsplikt, for så vidt som de etter fjerde ledd skal påse at det etableres en betryggende kontroll. Det siktes her ikke til den valgte revisors kontroll, men til det interne kontrollarbeid som utføres av bedriftens egne funksjonærer...».² Det er vidare klart at generalforsamlinga i selskapet braut eit anna punkt i aksjelova - paragraf 10-2 - då dei oppnemnde Asbjørn Berg til revisor sjølv om han ikkje var statsautorisert.

Like gali med Mo, Tyssedal og Sulis?

Sør-Varanger er ikkje den einaste ein-sidede industrikommunen i landet som på 80-talet fekk dødsdommen frå politikarane på Stortinget. Same skjebne som A/S Sydvaranger fekk hjørnesteinsbedriftene mellom anna i Mo i Rana, Sulis og Tyssedal. Også i desse kommunane har det blitt løyva «omstillingsmidler» og skipa til «investeringsselskap» for å få etablert alternative arbeidsplassar. Vi har ikkje undersøkt korleis omstillingsstrevet har gått føre seg i desse kommunane, men etter det Næringsdepartementet sjølv seier så har «Rana-modellen (representert) et utgangspunkt for organiseringen av omstillingsarbeidet i Sør-Varanger». Vi tenkjer med skrekk og gru på korleis det har gått føre seg i Rana, dersom Sør-Varanger Invest er ein kopi.

Rådhus-Høgre tar hemn

Sonja Bjørkly - som i dag er helsesjef i Drammen kommune - har fått føle at maktmisbruken frå Høgre-eliten i Oslo Rådhus kan vere like ille og kjennast like 'korrupt' sjølv om det ikkje er kontante pengar med i spelet. Byrådet i Oslo går svært langt, både økonomisk og juridisk, når dei har sett seg ut ein person som dei av ein eller annan grunn vil «straffe».

Sonja Bjørkly var legeleiar i prøvebydelen Søndre Nordstrand. Frå 1984 til ho flytta til nabokommunen var ho medlem av Oslo bystyre for Høgre, og ho var i noen år med i bydelsutvalet. Innafor Høgres bystyregruppe var ho ein frittenkjande person som meir enn ein gong fekk klar beskjed både frå gruppeleiar Hans Svelland og frå daverande ordførar Albert Nordengen om at ho ikkje fekk leggje fram synspunkta sine i bystyret. Ho engasjerte seg sterkt i REO-saka (det mislykka forbrennings- og resirkuleringsanlegget) og reiste kritikk mot fjernvarmeutbyggjinga på Holmlia. Ho meinte avtalen som var gjort mellom kommunen og entreprenørane om såkalla eigenkontroll i byggjeperioden, var årsak - eller medverkande årsak - til bl.a. feil materialval som førte til at delar av fjernvarmeanlegget ikkje verka slik det skulle. Etter kvart følte ho at gruppeleiaren ikkje likte denne forma for konkret lokalt engasjement.

Sonja Bjørkly vart tilsett som bydelslege 1 på Holmlia i 1983. Frå 1985 var det administrasjonssjef Knut Egger som var sjefen hennar i prøvebydelsadministrasjonen.

Da Bydelsutvalet skulle handtere budsjettforslaget for 1987,

brukte administrasjonssjef Egger ein uakseptabel - og ulovleg - metode for å skjule den usemja som eksisterte mellom han sjølv og Bjørkly i ei sak som bydelsutvalet skulle avgjere. På det tidspunktet hadde Egger gjennomført ei delegering av økonomiske fullmakter internt i administrasjonen, som bydelsutvalet enno ikkje hadde vedtatt. Denne fullmaktsdelegeringa var omstridd i administrasjonen og utan dekning i politisk vedtak. Bydelsutvalet ønskte meir tid før dei tok standpunkt.

Da Bjørkly skulle skrive eit notat om konsekvensane av 1987-budsjettet for ansvarsområdet sitt, brukte ho siste avsnittet til å kommentere spørsmålet om delegering av økonomifullmaktene. Ho gjorde greie for kva som etter hennar syn var fagleg forsvarleg i forhold til dei tenestene som skulle utførast.

Knut Egger likte ikkje siste avsnittet i notatet frå Bjørkly. Han kom til at det beste var om politikarane ikkje fekk lese det. Dermed tok han saks og fjerna heile avsnittet. Og ikkje berre det, han tok fram limtuben og flytta det som var igjen av sistesida og Bjørkly si underskrift over på eit nytt ark. Så mangfoldiggjorde han denne falske versjonen av notatet og sendte det nye dokumentet ut til medlemmene i bydelsutvalet. Slik produserte han eit nytt dokument ved hjelp av saks og lim og ga det ut for å vere det opprinnelege dokumentet som Bjørkly hadde skrivi.

I bydelsutvalet gjekk dette greitt. Bjørkly deltok ikkje i behandlinga av denne saka ettersom ho var inhabil. Det står ikkje eitt ord i protokollen om at det var uregelmessigheter av noe slag. Bjørkly synest ikkje det er så rart, ettersom Eggers operasjon med saks og lim ikkje vart nemnd med eitt ord i dette møtet.

Denne «episoden» gjorde ikkje samarbeidsforholda betre. Mykje tydde likevel på at også administrasjonssjef Egger ønskte eit samarbeid mellom han sjølv og legeleiaren. Da Bjørkly sommaren 1987 fekk innvilga 10 månaders permisjon med løn for å fullføre ei helseadministrativ utdanning på universitetsnivå, skreiv administrasjonssjefen under på ein avtale som stadfesta at «Bjørkly er å anse som fast ansatt legeleder med de same plikter og rettigheter som andre fast ansatte i Oslo kommune».

Den legen som vikarierte mens Bjørkly var i utdanningspermisjon, hadde to roller ved sia av jobben. Han var hovudtillitsvald for Legeforeningas medlemmer i Oslo kommune og var samtidig arbeidsgivarrepresentant i det lokale Arbeidsmiljø- og samarbeidsutvalet (ASU). Dette ASU-et gjorde i mai 1988 vedtak om å tilrå inndraging av Bjørklys stilling. På ASU-møtet deltok vikaren som arbeidsgivarrepresentant. Da denne omorganiseringa var vedtatt i bydelsutvalet òg, vart Bjørkly si stilling lyst ledig med ny tittel som helsesjef, og ho fekk brev om at ho dermed var «overtallig». Bjørkly fortel at vikaren (= arbeidsgivarrepresentanten = den hovudtillitsvalde) ringte til henne - før søknadsfristen gjekk ut - og sa at administrasjonssjef Egger hadde lova han at han skulle få denne stillinga. Korkje Legeforeninga eller administrasjonssjefen har reagert på at vikaren sin trippel-kombinasjon av roller gjorde at han var inhabil til å vere med på behandling av saka.

Bjørkly søkte likevel på si eiga stilling. Tilsetjinga skulle skje ei veker tid etter at permisjonen hennar var slutt, men i eit møte 14. juni opplyste administrasjonssjefen at tilsetjinga vart utsett inntil vidare.

Rett før permisjonen var slutt, ga Egger henne muntleg beskjed om at ho ikkje skulle kome tilbake, men ho stilte likevel opp på jobb 20. juni 1988. Same dag skreiv Egger ei innstilling der han karakteriserte Bjørkly som ukvalifisert til stillinga, og han slo også fast at ho trass eit års vidareutdanning «ikke har endret atferd». Ved eit tilfelle fekk Bjørkly tre dagar seinare vite at tilsetjingssaka likevel skulle avgjerast 29. juni, men ho og advokaten hennar fekk ikkje lov å lese innstillinga før 27. juni.

Fleirtalet i bydelsutvalet slutta seg til administrasjonssjefen si innstilling. Dermed vart vikaren fast tilsett. Bjørkly meinte at ho var usakleg forbigått og gjekk til søksmål, slik ho på førehand hadde varsla at ho kom til å gjere. Formelt sett vart det to rettssaker. Den eine galdt krav om å få tilsetjingsvedtaket kjent ugyldig. I den andre saka hevda Bjørkly at inndraginga av stillinga og omorganiseringa var det same som ei oppseiing og at ho såleis hadde vorti usakleg oppsagt.

Dermed var det ein åpen konflikt som *Oslo kommune* måtte

ta standpunkt til. I praksis vart det Byrådet og Byrådet sin sentraladministrasjon som styrte saka vidare. Det naturlege og riktige hadde vori at dei undersøkte saka og hørde på begge partane - administrasjonssjef Egger og legeleiar Bjørkly - for så å vurdere kva for eit standpunkt Oslo kommune skulle ta. Fordi Byrådet var overordna begge 'partane', kunne ein slik sakleg gjennomgang av konfliktstoffet ha ført til ei løysing utan retts-sak. Men Byrådet valde ein annan veg.

Byråd Merete Johnson ringte til Sonja Bjørkly sommaren 1988 for å snakke 'uformelt' om saka. Ho sa at høgrefolk i bydelen hadde bede henne om det, og fortalde at ho forstod det var ein del uro i Søndre Nordstrand. Byråden avslutta samtalen med å forsikre at Oslo kommune var forplikta til å følgje sitt eige regelverk.

Etter dette inngrepet frå byråd Johnsons side bestemte Byrådet seg så for å opptre som om saka ikkje eksisterte og late som om Byrådet ikkje hadde noe med den å gjere. Dei oppretta i staden ei arbeidsgruppe i sentraladministrasjonen som skulle handtere saka vidare. Her møttest etter kvart bydelsdirektør Arne Heilemann, administrasjonssjef Knut Egger, kommuneadvokaten og ein funksjonær frå sentraladministrasjonen. Det vart slik utan at Byrådet fatta vedtak om det. Dermed var kommunen sitt standpunkt låst. Når ein av partane i den opprinnelege konflikten fekk plass i gruppa som skulle styre saka for kommunen, måtte det bli konflikt og atter konflikt med Bjørkly, nokså uavhengig av sakas fakta og andre saklege omsyn.

Høgsterettsadvokat Pål Kraby førte saka for Bjørkly i byretten. For Oslo kommune gjekk det dårleg, svært dårleg. Byretten slo fast at tilsetjingsvedtaket var ugyldig og at kommunen hadde gått på tvers av reglane i ein tariffavtale som fastset dei rettane som «overtallige» har i Oslo kommune. At Bjørkly ikkje nådde fram i det andre søksmålet om korvidt ho faktisk hadde vorti oppsagt, fekk dermed lite å seie. Sett under eitt la dei to rettsavgjerdene opp til at Oslo kommune skulle behandle tilsetjingssaka på nytt og i samsvar med gjeldande avtalar og saksbehandlingsreglar.

Saka kunne ha vori løyst og avslutta med dette.

Men verken Byrådet eller arbeidsgruppa som hadde fått lov

å 'vere Oslo kommune', ville gi seg. No satsa dei store kommunale ressursar i eit forsøk på å vri seg unna nederlaget - eller i det minste utsetje det så lenge som råd. Sjølv om den vesle gruppa på uformelt vis hadde fått all makt til å styre saka, så kunne dei ikkje fatte formelle vedtak. Etter Oslo kommune sine reglar er det Byrådet eller Formannskapet som kan avgjere om kommunen skal anke ein dom i ei omstridd rettssak. Om saka er politisk omstridd, følgjer det av Kommunelovs § 31 a at saka må til formannskapet.

Kjelder i Oslo Høgre fortel at spørsmålet om anke vart diskutert i eit møte der fleire medlemmer av byrådet deltok. I dette møtet la Michael Tetzschner vekt på at kommunen må vise fasthet i slike situasjonar. Ikkje å anke domen kunne bli oppfatta som svakhet.

Bydelsdirektør Arne Heilemann og kommuneadvokaten gjorde eit forsøk på å kjøpe seg ut av konflikten. Sonja Bjørkly fekk tilbod om 60 000 kroner kontant viss ho godtok at ho ikkje skulle ha stillinga i Søndre Nordstrand, sjølv om ho hadde vunni saka i byretten. Da ho avslo dette, forsikra dei to at Oslo kommune hadde både tid og råd til å føre rettssak. Dette skjedde i eit møte på advokat Krabys kontor.

Da det ikkje nytta å kjøpe seg fri frå nederlaget i byretten, bestemte dei seg for å anke. Etter rådslagning skreiv Knut Egger eit kort notat til Bydelsutvalet med argumentasjon for å anke byrettsdommen inn for lagmannsrett. I dette notatet - som han delte ut i bydelsutvalsmøtet 1. februar 1989, og samla inn igjen straks vedtaket var fatta - står det ikkje eit ord om den uformelle arbeidsgruppa. Det fleirtalsvedtaket om å anke som bydelsutvalet så gjorde, vart ført inn i protokollen som eit samrøystes vedtak. Mindretalet måtte protestere skriftleg for å få dette korrigert.

Tre dagar etter bydelsutvalsmøtet møttest Høgres nestleiar i bydel Søndre Nordstrand, Beate Røberg Müller, og byrådsleiar Michael Tetzschner på Kielferga. Høgrepolitikarane i Rådhuset og i bydelane var på seminar. Røberg Müller har gitt oss dette skriftlege referatet av den samtalen ho hadde med Tetzschner om Bjørkly-saka: «Jeg forklarte ham kort saken og spurte så om Bydelsutvalget har myndighet til å anke en slik komplisert

sak som er inne for Byretten. Svaret var nei.»¹

Så det er ikkje tvil om at byrådsleiar Tetzschner både kjende til dei kommunale reglane og ga eit korrekt svar til bydelspolitikaren som meinte ho hadde opplevd regelstridig framgangsmåte frå bydelsutvalet. Men der stoppa nok engasjementet hans. Sjølv om han på dette viset engasjerte seg personleg i saka med 'uformell' rådgiving til ein partifelle på bydelsnivå, sørga han ikkje for korrekt handtering av ankespørsmålet i det byrådet og den Sentraladministrasjonen som han sjølv var øvste leiar for.

På nyåret 1989 var Bjørkly utestengt frå jobb. Ho fekk løn, men vart nekta å arbeide. Etter avisomtale vart dette 'løyst' gjennom ei udatert beordring.

Etter kvart må arbeidsgruppa i Rådhuset ha vorti bekymra for korleis dette skulle gå i Lagmannsretten. Sommaren 1989 fekk ein av dei ein original idé. Etter at kommunen først hadde anka byrettsdomen, ville dei no i staden prøve å få Lagmannsretten til både å *avvise* heile saka og samtidig i realiteten *opphøve* den byrettsdomen som kommunen hadde anka!

Den 2. august 1989 ba kommuneadvokaten Eidsivating Lagmannsrett avvise saka fordi den legen som vart tilsett i Bjørklys stilling, no hadde sagt opp. Kommuneadvokaten meinte å vite at Sonja Bjørkly ikkje lenger hadde «rettslig interesse» av det positive utfallet saka hennar hadde fått i byretten: «Når kravet som reises er å få kjent et ansettelsesvedtak ugyldig, faller den rettslige interesse i søksmålet etter kommunens syn bort når den som er ansatt selv sier opp, slik at hans ansettelse ikke lenger er et hinder for Sonja Bjørkly med hensyn til å få helse-sjefstillingen.»²

Kommunen tar seg altså fridom til å slå fast kva kommunens motpart kan ha rettsleg interesse av. Og ved første gjennomlesing kunne ein jo tru at dette betydde at Bjørkly no skulle få den stillinga som ho etter byrettsdommen hadde krav på. Kommuneadvokaten var rask til å rydde vekk ei slik misforståing, for han avslutta slik: «Jeg tilføyer for ordens skyld at avvising av saken ikke innebærer at Sonja Bjørkly er å anse som ansatt i stillingen.» Med dette utspelet håpa «arbeidsgruppa» og Byrådet å få avslutta saken med nederlag for Bjørkly, trass i at ho

hadde vunni fram i byretten.

To dagar før julaftan 1989 plukka Lagmannsretten kommunadvokatens argument i småbitar, og slo fast at Bjørkly utan tvil hadde sterk interesse av ei rettsavgjerd i samsvar med byrettsdomen.

Men arbeidsgruppa ga seg ikkje. Dei la inn nye kommunale ressursar i ein klage til kjæremålsutvalet i Høgsterett. Heller ikkje dette nytta. Kjæremålsutvalet slo 3. april 1990 fast det som er soleklart for dei fleste, nemleg at «en forbigått søker til en offentlig stilling må ansees å ha rettslig interesse i søksmål om ansettelsesvedtakets gyldighet». - Det tok åtte månader - med omfattande advokatnnsats og store kommunale utgifter - frå arbeidsgruppa fekk avvisningsideen sin og til dei - og Oslo kommune - lei fullstendig nederlag i Høgsterett.

Hausten 1989 reiste RV spørsmål om saka i bystyret fleire gonger, og kravde svar frå Byrådet. Dette var eit forsøk på å trekke saka inn i eit åpent og kontrollerbart forum. Men byrådene ga ufullstendige og misvisande svar. Dei heldt skjult for bystyret at dei prøvde å nå fram med avvisningskravet sitt i Høgsterett. Byråd Fritz Huitfeldt feilinformerte dei folkevalde fleire gonger. 15. november 1989 sa han til bystyret at begge rettssakene var «påanket til lagmannsretten og står for behandling i rettsapparatet». 10. januar 1990 nekta han å svare på spørsmål om kvifor byrådet heldt ein del av saksgangen hemmeleg for bystyret og sa berre at «jeg vil foreslå at dette spørsmålet som reises nu, heller tas opp i de rettsforhandlinger som skal skje for lagmannsretten». Men sannheta var altså at byrådet på dette tidspunktet satsa alt på å sleppe unna behandling i Lagmannsretten. Byrådene som svara i bystyret, fortalde heller ikkje at byrådet hadde sett bort styringa av saka til ei arbeidsgruppe der den eine parten i saka var med.

Da Lagmannsretten tok fatt på saka i november 1990, kom den sannsynlege forklaringa på det kostbare, men mislykka avvisningsforsøket: Oslo kommune vedgjekk at det var håplaut å føre saka for Lagmannsrett og ønskte i staden å få til eit forlik! 5. november 1990 måtte Michael Tetzschner gå på eit rettsforlik som var knusande for kommunen sjølv, når ein ser det i forhold til det som var kommunens standpunkt og argu-

mentasjon i utgangspunktet. I forliksdokumentet kan vi lese at «Oslo kommune erklærer at Sonja Bjørkly er faglig og administrativt kvalifisert til å inneha stilling som avdelingsleder for helseavdelingen i bydelsforvaltningen for Søndre Nordstrand», at «Oslo kommune beklager det, dersom det under sakenes gang er brukt formuleringer som Sonja Bjørkly har funnet støtende», og at «som følge av at rettssakene har vært en belastning for Sonja Bjørkly betaler Oslo kommune v/ ordføreren til henne 350 000 kroner» for å dekke «saksomkostninger for byrett og lagmannsrett». Kommunen forpliktar seg òg til å tilby Bjørkly «stilling som bydelsoverlege i Oslo kommune.»³

Dermed var det ikkje eit *forlik* i vanleg meining av ordet, der begge partar gir litt og møtest omtrent på halvvegen. Her var det den eine parten som ga alt og godtok sitt eige, fullstendige nederlag.

Byrådet somla i nesten 2 månader frå forliket vart godtatt i Lagmannsretten og til dei gjorde formelt vedtak i byrådet. Etter den tid har arbeidsgruppa - eller eitt av medlemmene i gruppa - fått lov å halde fram med trakassering av Bjørkly. Denne funksjonæren - som handlar med fullmakt frå byrådet - har trenert saka så mykje at kommunen er påført nye utgifter, med renter og ekstrakostnader til Bjørklys advokat.

Våren 1991 laga ein avdelingsdirektør i Sentraladministrasjonen ei profesjonell stillingsvurdering av Bjørkly, bygd på eit omfattande intervju og ein såkalla personprofilanalyse. Konklusjonen er slik at den knuser siste rest av dei argumenta som Tetzschner, Johnson & co. har ført i marka i den nesten tre år lange kampen mot Bjørkly. Av omsyn til plassen tar vi berre med noen utdrag:

«Sonja Bjørkly har en solid teoretisk utdannings- og erfaringsbakgrunn innenfor legeyrket, og er formelt kvalifisert til å inneha høyere posisjoner innenfor samfunnsmedisin... Sonja Bjørkly er formelt kvalifisert til å inneha en bydels-overlegestilling.

Når det gjelder hennes personlige egnethet som leder legger hun stor vekt på faglighet, og at saker skal være korrekte. Hun er handlekraftig og har stor besluttomhet i saker

hvor hun mener hun har rett. En svakhet hos henne som leder er at hun blir detaljorientert og pirkete. Dette kan gjøre at beslutninger tar noe tid ved at hun stoler litt for meget på fastlagte framgangsmåter. Imidlertid vil dette kompenseres med hennes gode fagkunnskaper innenfor sitt spesialområde. Hun vil trolig være en god veileder ved at hun stiller krav til andres prestasjoner og videreformidler spesialkunnskap til andre... »⁴

Sonja Bjørkly har klart å kome seg gjennom desse åra utan å gi opp og utan å bli knekt. Byrådet har satsa hundretusenar av kommunale kroner - truleg eit millionbeløp om alt blir rekna med - for å knekke henne. For den pengesummen kunne dei ha betalt meir enn fire årsverk i den underbemanna heimesjukepleien. Byrådet sin handlemåte har vorti styrt av utanforliggjande særinteresser. Noe av det viktigaste her er at både byråd Merete Johnson og byrådsleiar Michael Tetzschner engasjerte seg 'uformelt' i saka, samtidig som dei 'offisielt' oppførte seg som om dette var ei sak byrådet ikkje brydde seg om. Det er øydeleggjande for ein kommune når dei fremste politikarane lar seg styre av ein slik dobbelmoral.

Sonja Bjørkly oppsummerte ein del av erfaringane sine i eit brev til Arbeidsutvalet i Oslo Høgre, eit brev som formannen Oddmund Hammerstad aldri fann grunn til å svare på. Ho forklarar kvifor ho har meldt seg ut av Høgre:

«De mange verv og arbeidsoppgaver for Oslo Høyre, organisatorisk såvel som politisk, tør være velkjente for nåværende Arbeidsutvalg, og trenger derfor ingen ytterligere presentasjon.

Det gjør heller ikke den pågående rettstvist mellom undertegnede og Oslo kommune om sakligheten av å frata meg arbeid og stilling etter 14 års sammenhengende ansettelse hos denne arbeidsgiver.

Alle vet det som er behagelig å vite. Det øvrige er uten interesse.

...

I utvetydige ordelag og uten omsvøp er jeg av bydelsdirek-

tøren i Oslo kommune i møte 25/5-89 meddelt, at uavhengig av rettstvisten vil mitt ansettelsesforhold nå også formelt bli søkt brakt til opphør.

Tydeligere kan det ikke sies, ei heller det faktum at en slik uttalelse aldri kan gis uten politisk forankring i det politiske styringsorgan man rapporterer til, nemlig byrådet.

Det er åpnet for yrkesforbud for prinsippets skyld.

I en vanskelig og trengt økonomisk tid for Oslo kommune og med svake grupper i kø for hjelp, finner man det altså politisk opportunt å prioritere bruk av offentlige midler til bekjempelse av en ansatt som ikke engang er det privilegium forunt, å ha forgått seg i tjenesten ved mislighold eller forseelse, slik at arbeidsgiver kunne ha noe å vinne på en slik sak.

Tvert i mot, når sikkerhet og dyktighet forefinnes i for stor grad, og attpåtil hos en sterk og rakrygget kvinne, harmonerer det åpenbart ikke med den nye rådhuskulturen som uhemmet har fått vokse frem i ly av det nye styringssystemet.

Forøvrig, og det kan jo være av interesse å ha nevnt det, så er jeg på velinformert hold gjort oppmerksom på at det særlig er Byrådets leder og nestleder (Michael Tetzschner og Merete Johnson, forf. merkn.) som er talspersoner for denne linje.

Mange har stilt spørsmål ved muligheten av at et partimedlem, tillitsvalgt og tidligere bystyremedlem blir offer for slik behandling av 'sine egne'. Men jeg som kjenner miljøet og kulden fra innsiden, er ikke det minste forundret, bare sjokkert over måten politisk makt utøves og demonstreres på ved å misbruke sin fortolknings- og styringsrett av gjeldende tariff og avtaleverk, i sine bestrebelse på å få has på en medarbeider.

Mitt engasjement for Høyre har aldri vært personrelatert, men tuftet på partiets formålsparagraf og politiske program.

I dag finner jeg avstanden mellom liv og lære så stor at det strider mot egen holdning, moral og livsfilosofi å forbli i et sådant parti. Graden av vellykkethet for et hvert parti måles ikke i festtaler på landsmøter, men i den enkelte borgers opplevelse av sosial og velferdsmessig forankring og trygghet.»⁵

Uryddig byggjesaksbehandling i Alta

Tvilsomme forhold har utvikla seg innafor delar av den kommunale forvaltninga i Alta - i ly av Arbeidarpartiet sitt einevelde. Både ordførar Odd Arne Rasmussen - som seinare vart varaordførar og fungerande ordførar - og ein erfaren toppolitiskar som tidlegare statssekretær Ole K. Sara har i fleire år forsømt tilsynsplikta si så grovt at det er grunnlag for å seie at dei har beskytta grove misforhold.

Ei av sakene har utvikla seg rundt Saga Gjestehus - ei lita hotellbedrift som mange tilreisande vart kjent med under junior-NM på ski i slutten av mars 1990. Da var det yrande liv. Med midlertidig godkjenning frå Fylkesmannen i Finnmark og alle politiske autoritetar var 140 personar innkvartert på dei 30 gjesteroma som normalt ikkje har plass til fleire enn 60 personar.

Kommunaldepartementet ga i eit skriv datert 23. mars 1990 refs til Fylkesmannen fordi han hadde gitt løyve til ei slik midlertidig åpning. Saga vart stengt igjen rett etter NM. Den vesle bedrifta gjekk konkurs noen månader seinare.

I mars månad 1991 kjøpte dei noverande eigarane heile anlegget frå Nordkapp Sparebank for ca. 3 millionar kroner. Med ein så låg kjøpesum ligg det godt til rette for lønsam drift i komande år. Banken hadde på si side fått tilslaget på første gongs tvangsauksjon med eit bod som var under halvparten av tidlegare takstverdi. Det hjalp lite at den forrige - konkursramma - eigaren protesterte på dette bodet og meinte det var urime-

leg lågt. Det var Nordkapp Sparebank - dvs. bodgivaren sjølv - som var takstmann. Sorenskrivaren godtok dette. Det er vanleg praksis at det skal vere to uavhengige takstmenn. I dette tilfelle var det berre ein, som ingen kan seie var uavhengig. Det er òg vanleg å la saka gå til andre gongs tvangsauksjon når det blir lagt inn protest.

Det var i 1982 at Ulf Jespersen kjøpte den eigedomen som i dag er Sagatun Hotell og som han dreiv fram til 1990 som Saga Gjestehus. Han dreiv anna næringsverksemd der, før han i 1987 bestemte seg for å satse på servering og utleige av rom. Den byggjesaka han da starta, endte opp med konkurs for Jespersen, men la samtidig grunnlag for ei tryggare økonomisk framtid for dei som no har kjøpt bedrifta.

Det er eit kjent trekk frå fleire kantar av landet at dei økonomiske og rekneskapsmessige forholda ikkje alltid er bra i hotell- og restaurantbransjen. Fleire undersøkingar som er gjort i Oslo dei siste åra, viser f.eks. at ein stor del av bedriftene ikkje har orden på innbetaling av skattar og avgifter. Det kan ha vori slike ting bustyret hadde i tankane da dei melde den tildelbare eigaren til politiet for ikkje å ha betalt skatt og avgifter på riktig måte. Politiet fann ikkje bevis for at det var slik, og fylkesskattesjefen har heller ikkje funni feil i innbetalingane frå Saga Gjestehus. Jespersen fekk for sin del ikkje vite om at han var meldt til politiet, før han fekk kopi av den innberetninga som bustyret laga til skifteretten.

Da Jespersen bestemte seg for å utvide og satse på pensjonatdrift, kom han i kontakt med ein kommunal funksjonær.

Jespersen fortel at denne mannen - som var tilsett hos bygningssjefen - baud seg til å ordne både det eine og det andre. Han kunne både stå for planleggjing og administrere det som var nødvendig av søknader, teikningar og anna byråkratarbeid. På våren 1987 laga denne mannen to sett teikningar. Det eine viste eit bygg med leiligheter. Det andre inneheldt utleigerom. Funksjonæren rådde til å byggjemelde alternativet med leiligheter, for da var det ikkje nødvendig med tilfluktsrom. Jespersen fortel at han betalte over 20 000 kroner til den hjelpsomme funksjonæren for dei tenestene han fekk fram til slutten av juni. For funksjonæren kom dette på toppen av den kommunale løna.

Utover sommaren var funksjonæren ofte innom byggjeplassen. Han utførte forøvrig sjølv det oppmålingsarbeidet som eigenleg høyrer under ein annan kommunal etat. Utpå hausten, da grunn- og murarbeidet var ferdig i september, måtte «byggjeleiaren» innom oftare enn før. Han var òg med som rådgivar da Jespersen tok avgjerda om å byggje utleigerom i staden for leiligheter.

Jespersen seier det vart nødvendig med nesten dagleg oppfølging på byggjeplassen da innreiingsarbeidet kom i gang, i november og desember. Han peiker på at han hadde store utlegg elles òg, utan å tene noe særleg, og vedgår at han ikkje klarte å «foreta full dekning» for tenestene frå den kommunale funksjonæren i denne perioden. Han betalte såleis ikkje ut meir enn omlag 7 000 kroner for dei ekstrasyttingane han fekk i november og desember.

Samarbeidet mellom Jespersen og den hjelpsame funksjonæren gjekk i stå heilt på slutten av 1987. Frå da av legg dei kommunale bygningsmyndighetene stadig nye hindringar i vegen for Jespersen sine forsøk på å få Saga Gjestehus driftsklart. Mannen som hadde så gode inntekter frå Jespersen i 1987, heldt fram som saksbehandlar og fekk vere med på å utforme den kommunale motarbeidinga av Saga. Mellom april og desember 1987 hadde denne funksjonæren - ifølgje Jespersen - mottatt 68 000 kroner i kontantar og materialar.

Den kommunale motarbeidinga vara ved heilt til konkursen i juli 1990 var eit faktum.

Det er merkeleg viss ingen overordna la merke til at den kommunale funksjonæren utførte så omfattande arbeid på eit privat byggjeprosjekt. Viss alle såg vekk, og ingen av dei ansvarlege politikarane tok den lovpålagte tilsynsplikta si på alvor, så er det - i prinsippet - muleg at dei var uvitande både i 1987 og i 1988. Men vi skal hugse på at mens alt arbeidet på Saga vart utført, og var mykje omtala i media, så låg sjølve byggjesaka for Saga Gjestehus i ein skuff hos bygningssjefen utan å kome til behandling i bygningsrådet. I eitt og eit halvt år låg saka der mens utbyggjinga gjekk sin gang. Dette må sentrale politikarar ha vori klar over.

I januar 1990 fekk Ulf Jespersen brev frå bygningssjefen om

at kommunen trekte tilbake det vedtaket som ga han rett til å bruke delar av anlegget. Da han anka dette avslaget til Fylkesmannen, gjorde han i korte ordelag greie for det arbeidet som denne funksjonæren hadde utført på Saga. I slutten av februar 1990 sendte Jespersen sin advokat eit lengre skriv til Alta Kommune og til Fylkesmannen i Finnmark. Her namngir han den funksjonæren som utførte teikning og anna omfattande arbeid på Saga Gjestehus i 1987, og han omtalar det på ein slik måte at det skulle vere meir enn nok grunn til å gripe inn for dei ansvarlege, både i kommunen og hos Fylkesmannen. Dei same opplysningane hadde Jespersen og arkitekten hans lagt fram muntleg for Alta kommune på eit møte i desember 1989, der bl.a. Ole K. Sara var til stades.

Advokaten skriv for eksempel at «med byggemelding ble det ikke samtidig søkt om ansvarsrett. Dette var vel heller ikke nødvendig. Det var jo herr NN som selv stod for utbygging...

Herr NN var regelmessig med - såvidt skjønnes frem til årsskiftet 1987/88. Av en eller annen årsak ble NN så borte. Herr Jespersen har for så vidt gitt meg informasjon som muligens kan klarlegge her. Dette får jeg eventuelt komme nærmere tilbake til.»

Eit minimum ville ha vori at kommunen sjølv - eller Fylkesmannen - sørga for å ta denne funksjonæren vekk frå vidare handtering av Saga-saka.

Det er i alle fall klart at både den politiske og administrative leiinga har vori kjent med påstandane om ureglementert handlemåte frå ein av dei tilsette. Både bygningssjefen, reindriftssjef Ole K. Sara som er leiar i Teknisk Hovudutval, og formannskapet - under leiing av ordførar og seinare varaordførar Odd Arne Rasmussen - har hatt god tid på seg til å gripe inn.

Det er Arbeidarpartiet som styrer Alta kommune. Med reint fleirtal i kommunestyret, i formannskapet og i kvart einaste av dei sju politiske utvala, så kan dei gjere nesten kva dei vil. Men dette fritar ikkje dei andre for ansvar. Det er heile formannskapet som organ som er pålagt tilsynplikt etter kommunelovas § 21 og som derfor bl.a. skal sjå til «at kommunens arbeider og gjøremål blir fremmet på en tjenlig måte for kommunen». Det ligg ei tung plikt på ordføraren som skal sørge for å leggje opp

formannskapet sitt arbeid slik at tilsynsplikta blir tatt alvorleg. Men mindretalspartia i Alta Formannskap - Høgre, Venstre, Sosialistisk Venstreparti og Kristeleg Folkeparti - har gjennom passiviteten sin vori garantistar for at Ap sitt vanstyre har fått lov å halde fram i gamle spor - år etter år.

Det går ikkje an å snakke seg - eller sove seg - vekk frå tilsynsplikta. Smith-utvalet, som har granska tilhøva i Oslo, har gitt ei allmenn forklaring på kva som ligg i begrepet tilsynsplikt slik det er brukt i kommunelova. Lova krev aktiv kontroll og sjølvstendig undersøking:

«I dette ligger bl.a. at det ansvarshavende organ må sørge for å få den informasjon om virksomheten som er nødvendig for at tilsynet kan foretas på forsvarlig måte. For så vidt faller denne del av tilsynsansvaret sammen med plikten til å sørge for hensiktsmessig kontroll.

Plikten til å kontrollere må antas å omfatte innhenting av nærmere opplysninger også når henvendelser m.v. utenfra - derunder presseoppslag - gir rimelig grunn til å anta at feil m.v. kan være begått.»¹

Både ordførar Odd Arne Rasmussen og formannskapet som organ, har hatt plikt til å føre ein slik kontroll med bygningssjefen sin etat, at dei raskt skulle oppdaga den særlege forma for 'handel' som ein av dei tilsette dreiv med i 1987. Denne plikta hadde vori like klar, sjølv om dei *ikkje* hadde fått inn den skriftlege klagen Alta kommune fekk frå Jespersen sin advokat. Når heller ikkje denne klagen førte til noe, er det snakk om direkte sabotasje av den lovpålagte tilsynsplikta. Ein sabotasje som ordførar Rasmussen og utvalsformann Sara må bere det tyngste ansvaret for.

I Teknisk Hovudutval har Fremskrittspartiet òg ein plass, men dei har ikkje prøvd å rydde opp i Saga-saka, eller liknande saker.

Det vart ikkje sett i gang undersøkingar rundt denne saka før RV sin representant, Øystein Røsland, i februar 1991 tok opp ein interpellasjon om saka i kommunestyret.

Når dette blir skrivi - i juni 1991 - er arbeidet enda ikkje

avslutta i det særskilde granskingsutvalet som Fylkesmannen har oppnemnt. Men Røsland har fått merke mottiltak frå dei som føler seg truga.

Tirsdag 11. juni 1991 vart han oppringt av ein advokat som sa han representerer den korrupsjonsmistenkte funksjonæren. Advokaten har hatt oppdrag for Ulf Jespersen i denne same byggjesaka så seint som i januar 1990. Om han følgde god advokatskikk, hadde han derfor sagt nei til å vere advokat for ein som no har Jespersen som motpart.

Advokaten truga med at det ville få alvorlege følgjer viss Jespersen ikkje trekte tilbake skuldningane han hadde komi med. Det kunne bli «uleveleg for Jespersen i Alta», og han kunne bli sitjande med erstatningskrav som han aldri ville klare å betale.

Advokaten sa òg at han meinte kommunestyremedlem Røsland kunne få ei sak på nakken sjølv, fordi det var han som hadde brakt skuldningane mot den kommunale funksjonæren fram til det granskingsutvalet som Fylkesmannen har oppnemnt for å undersøke saka.

Advokaten snakka med Ulf Jespersen òg. Han sa frå at Jespersen «risikerer veldig store vanskeligheter» viss han ikkje trekte tilbake dei negative opplysningane om funksjonæren som han hadde gitt til granskingsutvalet.

Det er - i teorien - ei mulighet for at dette er det einaste tilfellet av lov- og regelstridig byggesaksbehandling i Alta dei siste åra. Vi trur ikkje det er slik. Hadde dette vori eit eingongstilfelle, så er vi sikre på at både Ole K. Sara, bygningssjefen og ordførar Rasmussen ville trødd kraftig til og rydda opp da dei fekk påstandane om misforhold på bordet tidleg i 1990. Hadde det vori eit einestående tilfelle, så hadde RV heller ikkje fått så mange reaksjonar frå folk som takkar for at saka blir reist og samtidig fortel at dei sjølve kjenner til liknande saker.

Vi føler oss sikre på at denne saka er eitt av fleire utslag av ein uryddig rådhuskultur, ein «kultur» som spreier seg utover og nedover frå dei øvste maktpersonane og som legg forholda til rette for lov- og regelbrot, krenking av folks rettar og for korrupt saksbehandling.

Han som har tatt imot betaling, har gjort svært alvorlege tenestefeil, men det ligg eit større ansvar på dei politikarane

som ikkje greip inn og rydda opp da dei vart varsla. Dei blir ramma av den same kritikken som Smith-utvalet har retta mot eliten i Oslo Rådhus:

«I en rekke tilfeller har den politiske ledelse i Oslo kommune fulgt opp innspill, rykter m.v. om uheldige forhold bare i den grad press fra bl.a. massemedia m.v. eller fra den politiske opposisjon gjorde det nødvendig.

...

Det er tallrike eksempler på at denne plikt til å skape klarhet ikke har vært forstått og fulgt opp i den politiske ledelse i Oslo kommune. Dermed har et negativt inntrykk fått anledning til å festne seg selv i situasjonar der det med forholdsvis enkle midler kunne ha vært ryddet av veien.»²

Vår konklusjon er at eittpartiregimet i Alta har skapt grobotn for korrupte forhold i handteringa av byggesaker og at både utvalsformann Ole K. Sara og ordførar Odd Arne Rasmussen har beskytta uvesenet. Om ein person no blir støytt ut i mørkret som kommuneadministrasjonens «sorte får», så trur ikkje vi at Alta er komi ein millimeter nærmare ryddige forhold. Sjukdommen blir ikkje utrydda før ein går til åtak på sjukdomsårsaka og klarer å setje namn - og kanskje partifarge - på smittekjeldene.

Kong Fridtjov av Grønland

1. november 1990 vart det sett sluttstrek for det halvkommunale selskapet Grønland Byfornyelse A/S i Oslo. Konkursen var eit faktum. Da hadde selskapet virka i 12 år, til glede for noen få firma som hadde klippekort på oppdrag frå selskapet. Og ikkje minst til glede for dagleg leiar, Ap-aktivist og frelsessoldat Fridtjov Ingvald Johansen og utvalde folk i krinsen rundt han. Fridtjov Johansen utnytta systematisk dei mange partikon-taktane i det politiske og faglege miljøet rundt Oslo Arbeiderparti. Medan Fridtjov styrte selskapet etter eige hovud, sat styremedlemmene, blant dei noverande ordførar Peter N. Myhre, og nikka.

«Kongen av Grønland» vart han kalla. Opprinneleg er 60-åringen fra Skjervøy i Nord-Troms. Men det var blant gamle nedslitte bygårder på austkanten i Oslo at han skapte seg eit kongedømme. Eit kongedømme var det, for Fridtjov sette både politiske vedtak og selskapsvedtekter til side for å oppnå det han ville for seg sjølv og venene sine. I eitt tilfelle ga Fridtjov og styreformann Ivar Moe bort verdiar for over ein halv million kroner.

Erfarne politikarar var med i styret i Grønland Byfornyelse frå første stund. Kontrollen og tilsynet med det halvkommunale selskapet skulle sikrast ved å plassere sentrale politikarar i styret. Først var det Ivar Moe og Erik Mår (H). Frå 1984 kom heildagspolitikar og formannskapsmedlem Peter N. Myhre frå Fremskrittspartiet med. Han sat der fram til 1988. I dag er

Myhre ordfører. Desse politikarane skulle ha tilsyn og kontroll med drifta i selskapet. Dei skulle sjå til at selskapet heldt seg til vedtektene som formannskapet hadde godkjent, og at dei økonomiske disposisjonane både var innafør ramma av norsk lov og i samsvar med kommunen sine interesser. Men som vi skal sjå, det klarte dei ikkje.

Grønland Byfornyelse vart bygd opp rundt Ap-folk. Gjennom eit spindeltev av verv vart Grønland Byfornyelse knytta til Fagbygg, fagrørsla sitt eige entreprenørselskap. Det kommunale tilsynet var det i stor grad Høgre-folk og ein erklært anti-sosialist som Peter N. Myhre som tok seg av. Korleis kunne det skje at Myhre som er tilhengar av ein fri marknad og motstandar av LO-makt, såg gjennom fingrane med at framstående politikarar frå Arbeiderpartiet «fiksa og ordna» og mjølka selskapet som dei ville?

Grønland Byfornyelse blir til

Det var midt på syttitalet, då Fridtjov Johansen jobba som sivilingeniør hos eit dotterselskap av Dyno Industrier, at han sikta seg inn mot Oslo kommune. Han ville opprette eit saneringsselskap der kommunen var med. Framlegget hans gjekk ut på at selskapet skulle fornye eit kvartal på Grünerløkka, der Frelsesarmeen sitt 3. korps held til. Johansen er nemleg frelsessoldat. Han slo samstundes frampå om at saneringsselskapet òg kunne ta på seg fleire og større oppgåver for kommunen.

Men kommunen ønskte inga slik fornying av dette særskilde kvartalet. Dessutan var Boligrådmannen redd for å få for mange selskap der kommunen fekk medansvar. Han rekna òg med at dette saneringsselskapet ville bli altfor tilfeldig samansett til at ein kunne gjere det til ein vesentleg reiskap for kommunen. Men politikarane la ikkje vekt på Boligrådmannen sin skepsis, og fann eit anna kvartal i indre by der den sjølvutnemnde byfornyaren skulle få prøve seg. Valet fall på eit kvartal tett inntil Akerselva på Grønland der kommunen sjølv eigde innpå 90 prosent av gårdane. Selskapet fekk namnet Grønland Byfornyelse A/S då det var klart kva for bydel Fridt-

jev Johansen skulle operere i.

Vedtektene for det nye selskapet vart godkjende i formannskapet 11. mai 1978. Det vart òg vedtatt at Grønland Byfornyeelse berre skulle fornye dette eine kvartalet. Når det var gjort, var selskapet sitt formål oppfylt. Kommunen skulle eige 41 av dei 80 aksjane, Andresens Bank (no Kreditkassen) skulle eige 38, og Bygningsindustriarbeiderforbundet skulle eige ein aksje. Samla aksjekapital skulle vere 800 000 kroner. Kommunen skulle peike ut ein styreformann. I styret skulle det sitje to politikarar til, ein frå kvar «leir», for å passe på dei kommunale interessene. Dei øvrige aksjonærane skulle ha ein representant kvar. I tillegg kom dagleg leiar Fridtjov Johansen. Dessutan vart det vedtektsfesta at kommunen sin administrasjon skulle ha møterett i styret. Utbyggingssjefen i kommunen skulle vere representert ved samordning av byggeprosjekta, etter ønske frå dagleg leiar.

Pangstart

Da selskapet vart stifta 26. oktober 1978, var Fridtjov Johansen alt i gang med å førebu det første byggeprosjektet. Det første styremøtet vart haldi den 9. august 1978 i Bygningsarbeidernes Hus i Henrik Ibsens gate i Oslo. Der møtte mellom andre styreformannen, advokat og varamedlem for Høgre til Stortinget, Ivar Moe. Han kom til å halde fram som styreformann heile tida fram til konkursen. Nestformannen i styret for Grønland Byfornyeelse var Villy Jacobsen, som representerte Arbeiderpartiet. Men han var òg forbundssekretær i Bygning, og etter landsmøtet i Bygning i oktober same året rykka han opp til nestleiar i forbundet. I styret til Grønland Byfornyeelse var det ein annan forbundssekretær, Magne Brekstad, som representerte Bygning. Soussjef Frank Mortensen representerte den andre store aksjeeigaren: Andresens Bank.

På det første styremøtet diskuterte dei planane for administrasjonen. Den skulle byggjast ut etter kvart. Og på papiret såg den svært så ambisiøs ut. Men det vart aldri noe av. Fridtjov Johansen skaffa seg aldri fleire tilsette enn ei eller to kontordar-

mer på deltid. Han kunne vel ha sine grunnar for det.

Men alt på neste styremøte - som òg var før selskapet vart stifta - var byggeplanane klare. Utkastet til arbeidsprogram for arkitekt- og byggekonsulentarbeidet vart gjennomgått av arkitekt Stein Aasen. Han kom frå firmaet Fosse & Aasen, som utan konkurranse vart Grønland Byfornyelse sin faste konsulent. Ein annan aktiv mann i same firma var arkitekt Bjørn Glomsrød. Namnet hans går òg igjen i styreprotokollane opp gjennom åra.

Nytt land

Allereie året etter at selskapet vart oppretta, tok Kong Fridtjov til å sjå seg om etter nytt land - utafor det området formannskapet hadde gitt han. Han skreiv til kommunen og ba om å få utbetre nabokvartalet mot aust. Det fekk han lovnad om. Men dette var ikkje nok for Grønland Byfornyelse. Utviding av mandatet kom opp som styresak igjen i 1981. Det same skjedde i 1984. I 1985 tok styret på seg å byggje ut på ein annan kant av byen, i kvartalet ved Pilestredet der Blitz-ungdomen held til i dag. Eit par år seinare fekk selskapet kommunen med på det. Ifølge styreprotokollane var kjøpsforhandlingar i gang med eigedomssjefen i kommunen i september 1987. Men saka vart lagd på is fordi kommunen ikkje hadde avklart reguleringsplanen for området.

Ikkje lenge etterpå kjøpte Grønland Byfornyelse opp eit anna selskap, A/S Hotelgaarden, som eigde Nordahl Brunsgate 3. Denne eigedomen ligg i nærleiken av Pilestredet, og er langt unna det vedtektsfesta området på Grønland. Planen var å rive og bygge nytt her òg. I 1990, medan selskapet heldt på å rakne, vert det protokollført at dette oppkjøpet var heilt ukjent for styret, og at det kunne kome eit krav om betaling av gamal skattegjeld på 1,6 millionar kroner som Hotelgaarden A/S ikkje hadde gjort opp. Men kjøpet var ikkje meir ukjent for styret i Grønland Byfornyelse enn at dei same personane sat i styret for det oppkjøpte dotterselskapet. Styreformann Ivar Moe sat båe stadene. For å kome ut av den økonomiske knipa vedtok gene-

ralforsamlinga i Hotelgaarden 28. juni 1990 å utarbeide nye årsmeldingar for 1987 og 1988, og å be kommunerevisjonen om å få dei gamle i retur!

Men den vidløftige Johansen hadde større planar. Ikkje berre slo han fram på om parkeringshus-prosjekt noen kvartal unna hovudkvarteret på Grønland. Nei, det galdt opera! Den Norske Opera hadde bruk for betre lokale, og den nedlagte Vestbanestasjonen var eit muleg alternativ. Selskapet brukte rundt 10 000 kroner på det prosjektet.

Ikkje lenge etter operaprojektet kom kommunerevisjonen på banen med ein grundig gjennomgang av selskapet. Grønland Byfornyelse skal utbetre dei vedtekne kvartala på Grønland, ikkje byggje opera, meinte revisjonen. Men styret var ikkje utan vidare samd i den kritikken. På eit møte den 2. mars 1990 meiner styret ifølgje protokollen at det «ikke hadde vært unaturlig om selskapets formål endres og utvides». Eit snaut år etter går styreformann Ivar Moe enda vidare. I ein attest til Fridtjov Johansen presterer han å skrive: «Selskapets oppgaver har vært å foreta fornyelse av kvartaler fortrinnsvis i Grønlands-området, men også fornyelsesoppgaver andre steder i byen.» Dette viser at styreformannen i Grønland Byfornyelse sette formannskapsvedtaka om byfornyinga på Grønland og sine egne selskapsvedtekter til sides.

Kupp i Oslo Ap

Ei hovudsak med byfornyinga, slik kommunen såg det først på 80-talet, var at det ikkje skulle bli dyrare enn at dei som budde i leilighetene, skulle ha råd til å kome tilbake etter utbetringa. I dette låg det ei satsing på utbetring i staden for riving og nybygging. Ved planlegginga av eit stort kvartal på Grønland gjekk arbeidet føre seg på to frontar. Dei som budde i kvartalet, deltok i ei brukargruppe, og sa meininga si om korleis området skulle sjå ut i framtida. Dei kravde utbetring og sa nei til riving.

Samstundes engasjerte Grønland Byfornyelse arkitektfirmaet Fosse & Aasen til å lage planar om riving og nybygging i dette kvartalet og i nabokvartalet.

Saka endte med eit slags kompromiss. Boligutvalget i kommunen vedtok at det eine kvartalet skulle rivast, og at det andre skulle utbetrast. Da formannskapet i slutten av februar 1984 avviste ein anke frå Høgre, som ville ha meir riving, trudde alle at utbetringsarbeidet kunne starte, og at husrekka i Breigata var berga.

Men Kong Fridtjov let seg ikkje stoppe av eit formanns­kapsvedtak. Bygningsindustriarbeiderforbundet sine folk tok opp saka på nytt i representantskapet til Oslo Arbeiderparti - som eventueltsak på tampen av eit møte. Med eit lite fleirtal vedtok representantskapet at bystyregruppa skulle tvingast til å gå over på Høgre og Fremskrittspartiet sitt standpunkt i saka. Slik vart det Ap som sørga for omgjering av alle tidlegare vedtak. Dette «kuppet» er eit døme på at Fridtjov Johansen brukte «vener» i Fagbygg og i Bygning til å oppheve politiske vedtak.

Eksempelet viser òg at Fridtjov Johansen ikkje dreiv med byfornyng av sosiale årsaker. Han visste at riving er mykje dyrare enn utbetring. Dei som budde i rivingsgårdane på Grønland hadde ikkje råd til å flytte attende. Leilighetene er no kjøpt av folk i langt høgare inntektsklasse enn dei som budde der før, til dømes AUF-leiar Turid Birkeland. Då prosjektet var ferdig i 1989-90, vart ei leilighet på vel 100 kvadratmeter selt for 925 000 kroner.

Fagbygg avd. Grønland

Noe av det mest slåande gjennom dei tolv åra som selskapet eksisterte, er at det berre ein gong var anbudskonkurranse om eit byggeprosjekt. Det var i 1982 då ei kontorblokk skulle byggjast på Grønland. Ifølgje protokollen var det seks byggefirma som rekna på den jobben. Fagbygg A/S vann konkurransen.

Elles var det alltid Fagbygg som fekk oppdraga - utan konkurranse - etter at arkitektfirmaet Fosse & Aasen hadde teikna. Bustyrar Jeppe Normann peiker på at dette arkitektfirmaet vart nytta som rådgivar òg, langt utover det som er vanleg for tradisjonell arkitekthjelp. Også det nære og omfattande samarbeidet med Fagbygg er oppsiktsvekkjande. Spørsmålet er om Fagbygg

har oppnådd fordelar som er slik at buet kan krevje erstatning, skriv han i bustyrerapporten.

Fagbygg var fram til 1988 Bygning sitt eige entreprenørselskap. Forbundsformannen var styreformann i selskapet, medan nestleiar fram til landsmøtet i 1982, Villy Jacobsen, var nestleiar i Fagbygg. Han var samstundes nestleiar i Grønland Byfornyelse sitt styre fram til 1986.

Slik omtaler Grønland Byfornyelse sin eigen framgangsmåte når dei skulle inngå kontraktar om byggeprosjekt: «Selskapet engasjerer selv arkitekt som sammen med administrasjonen er rådgiver gjennom byggeprosessen. Denne fungerer også som byggeleder...Byggearbeidene utføres av/overlates en entreprenør som selv engasjerer sine underentreprenører. Selskapet forhandler seg fram til kontraktspris (totalentreprise til fast pris) for hvert prosjekt. Kontrakten godkjennes av selskapets styre.

Entreprenør velges etter vurdering av evnen til å gjøre tilfredsstillende arbeid innenfor akseptable priser og tidsfrister. Som grunnlag for utvelgelsen benytter selskapet seg av sammenligninger i tabellform mot 4-5 sammenlignbare prosjekter utenfor selskapet. Under arbeidet overprøver selskapet, i samråd med sin arkitekt, entreprenørens løsninger og kommer med eventuelle korreksjoner. Vedtas på 'fredagsmøter'. Hittil har det ikke vært benyttet anbudskonkurranse, men totalentreprise.»

I januar 1990 kritiserte kommunerevisjonen Grønland Byfornyelse skarpt for desse «rutinane». «Anbudskonkurranse blir i dag ikke benyttet,» konstaterte revisjonen og ba styret i Grønland Byfornyelse om å gjere greie for korleis selskapet vil inngå kontraktar med entreprenørar for framtida.

Badstukameratar?

Dei som møttest på 'fredagsmøtene', var arkitekt Bjørn Glomsrød i Fosse & Aasen, med tilnamnet «Baronen på Grønland», og produksjonssjef Finn Manstad i Fagbygg. Avgjerdene vart tekne på kontoret hos Fridtjov, eller kanskje var det i badstua bak kontoret? Det var desse tre som utgjorde det verkelege

arbeidsutvalet i Grønland Byfornyelse. Når sakene kom til styret, var det helst som referatsaker. Det er heller ikkje muleg å lese seg til kva dei jobba med i styret til eikvar tid. Protokollane gir eit blick inn i selskapet, men ikkje noe fortløpande oversyn.

Slik Grønland Byfornyelse fungerte i praksis, ser det ut som om selskapet berre har vori ei forlenging av administrasjonen i Fagbygg og arkitektfirmaet Fosse & Aasen. Fagbygg hadde i praksis fast avtale om å bygge. Dei måtte berre levere eit pristilbod først. Ein gjennomgang av dei ferdige anlegga Fagbygg har levert, syner at det dreier seg om kontraktar for mange titalls millionar kroner. Det første bygget som vart reist for Grønland Byfornyelse, var ferdig i 1983. Det var kontorbygget på Grønland. Året etter kom bustadblokker på Grønland. I 1985 vart det bygd eit kontorbygg, eit bygg for ABC-bank, og Grønland Trygdebolig for Oslo kommune. Her er ikkje Grønland Byfornyelse byggherre, men bygga er reist i dei kvartala som selskapet arbeidde med. Året etter kom så Goethe Institut og apoteket Hjorten. Det største prosjektet på Grønland har likevel vori bustadkvartalet Jenssens Have.

Jenssens Have, med 230 leiligheter, vart utbygd i fire trinn med byggestart i april 1986. Dei to første trinna vart bygd og seld utan nemneverdige problem. Men då dei to siste sto klare, var det nedgang i bustadmarknaden. Det vart tungt å selje. Da selskapet hadde lite aksjekapital å tære på, var konkursen ikkje til å kome ifrå, om ikkje bykassa skulle brukast som redningsplanke.

Rett nok var det ein person i styret som prøvde å unngå problema. Det var bankens mann, direktør Arnt Sundli. I oktober 1988 ba han styret vurdere å stoppe det siste byggetrinnet, eventuelt å reforhandle kontrakten med Fagbygg. Fridtjov Johansen fekk i oppdrag å ta opp saka med Fagbygg. Resultatet vart ingen stopp, men ein reduksjon i prisen.

For Fagbygg har Grønland Byfornyelse vori ei mjølkeku. Fagbygg fekk den prisen dei ba om. Til dømes var prisen på D 2, det minste av byggetrinna i Jenssens Have, på vel 27 millionar kroner. Dette godkjente styret 5. februar 1987. Men selskapet har ikkje berre hatt monopol på oppdrag. Fagbygg har

også fått kjøpe ei verdifull tomt på hjørnet av Ullevålsveien og Nordahl Brunsgate til spottpris. På styremøtet 10. oktober 1989 vart styret orientert om at forhandlingane med Fagbygg var nær slutført. På møte 16. mars 1990 sto denne tomta på sakskartet att. Då viste det seg at Fridtjov Johansen hadde underteikna ein avtale med Fagbygg alt den 27. oktober 1989, utan at styret visste om det.

Johansen la fram eit handskrivi notat der det står at han har tatt atterhald om at styret skulle godkjenne salet. Men i Fagbygg sitt eige møtereferat står ikkje atterhaldet nemnt med eitt ord. I etterhand synte det seg at det var Fagbygg sin produksjonssjef Manstad - ein av «badstukameratane» - som hadde føyd det til etter at Fridtjov hadde ringt og bedt han gjere det.

Idyllen sprekk

Fagbygg såg på avtalen med Fridtjov Johansen som bindande, og sa at dei ville gå til retten om Grønland Byfornyelse gjekk attende på avtalen som var verd over sju millionar kroner. Mens styreformann Ivar Moe i eit brev til styremedlemmene forklarar at avtalen berre var eit arbeidsdokument for å få eit lån i Landsbanken, og at det ikkje hadde vori meininga å binde opp styret. Han hadde hatt to møter om dette med Fagbygg og Landsbanken på advokatkontoret sitt.

Eit faktum er det i alle fall at utan denne avtalen ville Fagbygg ha tapt pengar slik dei andre kreditorane gjer. For salet av tomta vart gjort då Grønland Byfornyelse allereie hadde tapt mykje pengar på Jenssens Have. I røynda var ikkje selskapet betalingsdyktig lenger. Bustyraren kan reise millionkrav mot styret for dette tomtesalet. Og når alt kom til alt, fekk selskapet berre ein snau million av heile kjøpesummen. Fagbygg tok nemleg motrekning i krav dei hadde mot Grønland Byfornyelse. Da rekna dei også med betaling for framtidig sluttarbeid i Jenssens Have. Då avtalen med Fagbygg vart reforhandla, melde både styremedlemmet og varamedlemmet frå Bygning forfall til styremøtet i Grønland Byfornyelse 12. juni 1990.

Dermed var løpet kjørt for Kong Fridtjovs selskap på Grøn-

land. Berre få månader etter var konkursen eit faktum. Samstundes var den årelange idyllen og det nære samarbeidet med Fagbygg slutt.

At Fagbygg i det heile tatt kunne tenkje på å gå til sak mot Grønland Byfornyelse, skyldest ikkje berre at dei såg at det ikkje var meir å hente der, og at «badstukameraten» Finn Manstad hadde slutta i firmaet. I 1988 endra Fagbygg eigarstruktur. Heilt sidan det vart grunnlagt i 1928, hadde det vori «byggningsarbeidarane sitt eige selskap». I 1948 vart det omdanna til Fagbygg Entreprenørforretning, med 70 prosent av aksjane hos Bygningsindustriarbeiderforbundet. I 1988 vart det eit dotterselskap av Fagbygg-gruppen, der enkeltaksjonærar eig 95 prosent av aksjane, og Fellesforbundet/LO eig fem prosent.

Nettverket

Men pampane i Bygning er framleis representert i styret, med nestleiar i Fellesforbundet Kjell Martinsen. Han har vori fast styremedlem i Fagbygg sidan landsmøtet i Bygning i 1982, medan tidlegare forbundsformann Odd Isaksen var styreformann mest heile den tida Grønland Byfornyelse har eksistert. Forbundsformann og styreformann Isaksen møtte som aksjonærrepresentant på generalforsamlingane i Grønland Byfornyelse. Kjell Martinsen var samstundes med i styret i Grønland Byfornyelse, dei første åra som varamann og frå 1988 som fast medlem. Den faste representanten til Bygning i Grønland Byfornyelse var fram til 1988 forbundssekretær Magne Brekstad. Til gjengjeld har Brekstad vori varamann for Martinsen i Fagbygg sitt styre. Brekstad har i to periodar vori leiar for Oslo Stein og Jord sitt Arbeiderparti-lag.

Ein annan gjengangar i leiinga i Bygning, Fagbygg, Grønland Byfornyelse, Oslo kommune og Oslo Arbeiderparti er den no pensjonerte Villy Jacobsen. Fleire medlemmer av styret i Grønland Byfornyelse hadde både dobbel- og trippelverv, men Villy Jacobsen var nær sagt overalt til eikvar tid. Han var med i styret som nestformann frå første møte i 1978 og fram til 1987, då partifellen hans frå Oslo Ap, partisekretær Idar Eliassen tok

over. Også Eliassen kom i utgangspunktet frå Bygning-miljøet. Samstundes med at Jacobsen satt som nestformann i Grønland Byfornyelse, var han nestformann i Bygning fram til landsmøtet i 1982, då Kjell Martinsen overtok. Samstundes var han òg nestleiar i Fagbygg sitt styre inntil 1983.

Men Jacobsen var òg styremedlem i OBOS (Oslo og omegn Bolig- og Sparelag). Då formannskapet i Oslo valde kommunale representanter til styret der i 1978, fall valet på Villy Jacobsen som Aps mann. Forbundsformann og styreformann i Fagbygg, Odd Isaksen, vart varamann for Jacobsen i OBOS. Jacobsen heldt fram i OBOS til 1983, medan varamann Odd Isaksen tok vare på Bygning og Fagbygg sine interesser fram til 1988. I same periode som Villy Jacobsen sat parallelt i OBOS-styret og i styret for Grønland Byfornyelse, fekk Fagbygg ferdig åtte prosjekt for OBOS i tillegg til dei som vart bygd for eller i området til Grønland Byfornyelse. Det største var Ravnåsen Borettslag på Holmlia med 661 bustader, som vart ferdig i 1983.

Men Villy var ein allsidig kar som rakk over meir. Han fekk også tid til å vere styremedlem i Oslo Arbeiderparti. Og i heile perioden som nestformann i Grønland Byfornyelse var han aktiv i lokalpolitikken. Han sat i bystyret frå 1984 til 1988. Han har i tillegg vori med i mange råd, nemnder og komitear, vori medlem av forstandarskapen i Spareskillingsbanken og varamedlem i Overtakstnemnda. I 1984 kom han med som varamann i ein ny komite: Kirken Bygger. Han vart vidare formann i Bygge- og vedlikehaldskomiteen som skulle føre tilsyn og kontroll med Bygge- og vedlikehaldsetaten i Oslo kommune. I 1989 vart det avslørt at denne etaten var eit korrupsjonsreir. Det hadde verken Villy Jacobsen eller Bygge- og vedlikehaldskomiteen lagt merke til. I 1986 vart Jacobsen medlem av byutviklingskomiteen og formann i desisjonsutvalet. I desisjonsutvalet skulle han sjå til at kommunerevisjonen - som òg reviderte rekneskapen til Grønland Byfornyelse A/S - gjorde ein skikkeleg jobb.

Etter konkursen i Grønland Byfornyelse A/S sa både ordførar Peter N. Myhre og styreformann Ivar Moe at det var kommunerevisjonen si skyld at det hadde gått så gali. Kanskje dei heller burde ha kritisert styrekompis Villy Jacobsen?

I mai 1983 var styret, med styreformann Ivar Moe i spissen, einige om å tilby Villy Jacobsen deltidsstilling som informasjonskonsulent i Grønland Byfornyelse. Dette var eit tilbod han ikkje kunne seie nei til. Etter at Villy gjekk ut av styret i 1986, har dei to likevel kontakt. Ivar Moe sit som leiar i Takstutvalget i kommunen, der Villy er varamann.

Nikkarane

Offisielt var kommunen sitt mål med Grønland Byfornyelse å fornye eit kvartal på Grønland. Dette står med klare ord i vedtektene til selskapet. Men Fridtjov Johansen sitt mål med Grønland Byfornyelse var personleg vinning for seg sjølv og venene sine. Dette kravde ein annan type organisering av selskapet, der fredagsmøta var det reelle topporganet i selskapet. Styret som var sett til å passe på dei kommunale interessene, klarte aldri å skjytte oppgava si. Peter N. Myhre - som elles er ivrig tilhengar av fri konkurranse - fremma til dømes aldri forslag om at Fagbygg og Fosse & Aasen sitt monopol i Grønland Byfornyelse A/S skulle opphevast.

Økonomien i Grønland Byfornyelse står heilt i stil med dette. Fridtjov brukte pengane etter sitt eige hovud. Bustyraren skriv i innberetninga til skifteretten at selskapets styre og revisor ikkje har hatt naudsynt kontroll med den daglege drifta. Han seier at det var utruleg mykje rot, og difor svært vanskeleg å finne ut av i ettertid. Selskapet har betalt ut pengar ei rekke gonger utan at det finst annan dokumentasjon enn giroslippar. Det er og ei mengd med ulike utbetalingar som det finst bilag på, men dei har ikkje vori til godkjenning i styret. Det er på det reine at den eller dei som har hjelpt dagleg leiar med dette, har vori heilt ukyndig i sjølv den mest grunnleggjande rekneskapsføring.

Styret let seg orientere i ettertid - i beste fall. Elles kjende dei snautt til kva som gjekk føre seg, endå dei møttest ein gong for månaden. Men dei har ikkje alltid vori heilt nøgde med informasjonane, syner styreprotokollane. Til dømes godkjende dei årsrekneskapan for 1981, men ønska at neste års rekneskap

skulle setjast opp på ein slik måte at det klarare syner dei reelle inntektene og utgiftene til selskapet. Generalforsamlinga det året slutta seg til kritikken.

Familieverksemda

Sjølv ikkje etter 10 års drift i selskapet klarte Fridtjov Johansen å leggje fram ein årsrekneskap som var sett opp på riktig måte. Til dømes fanst det ingen revisjonsrapport for 1988, og på generalforsamlinga i 1989 måtte revisor og rekneskapsfører samordne rekneskapen fordi det vart diskusjon om oppsettet. Kommunerevisjonen var langt frå nøgd. Dei saumfor selskapet i 1989-90, og sendte over 30 brev med kritikk og spørsmål.

Kritikken galdt ikkje berre store prinsipielle ting som mangel på anbuds konkurranse eller tvilsame posteringar i bygge-rekneskapane. Feil på feil også i det små vart peika på.

Lønnsutbetalingar var feil, feriepengar var feil, summar var postert feil osb. Ein del av forklaringa kan kanskje vere at selskapet brukte ukvalifiserte medarbeidarar på kontoret. Mykje tyder på at det ikkje var kontortekniske kunnskapar som talde mest når Fridtjov Johansen tilsette damene sine.

Ei sak som stadig var på sakskartet i styret, var lønns- og arbeidstilhøva til dagleg leiar. Han kravde frå første dag å få heva lønna si, og styreformannen tala saka hans. Frå starten fekk han tilbod om lønnstrinn 31 i kommunen, og skulle arbeide 15-20 timar for veka. Han var samstundes tilsett som produkt sjef i Dyno Konsulent, eit dotterselskap til Dyno Industrier. Då han slutta ved konkursen i Grønland Byfornyelse, var han komen opp på lønnstrinn 39 i regulativet. Han klarte å omgå lønnslova òg. Det skjedde ved at han flytta over frå kommunal lønnsstige til statleg i lønnslovperioden. Han vann 478 kroner pr. månad på dette. I tillegg hadde han tenestebil, med romsleg kjøregodtgjering og andre fordelar.

Revisjonen har ein særskilt gjennomgang av dei tilsette sine lønstilhøve. Pussig nok vart det heile tida rekna feil i favør av Johansen og hans næraste. For han var ikkje aleine om å ha selskapet som leveveg.

Fleire i familien Johansen jobba i Grønland Byfornyelse. Kona hans, Solveig Johansen, tok reinhaldet på kveldstid etter endt jobb på politiet sitt førarkortregister. Ho fekk lønnspålegg i 1989 midt under lønnslova. Då gjekk ho opp frå 65 til 70 kroner timen. Fridtjov og kona spiste middag ute på ein restaurant i nærleiken, Røde Mølle, to-tre gonger for veka. Rekningane vart dekkja av selskapet.

Den eine dottera, Gro Siri Johansen, hadde sommarjobb i selskapet hos faren. Ho skreiv ikkje timelister. Einaste dokumentasjon er ein bankgiro med påført timetal og skattetrekk.

Arbeidsklede: Shorts

Rekningar «av privat karakter» vart dekkja av Grønland Byfornyelse i stor skala, og Fridtjov Johansen attesterte sine eigne rekninger. Revisjonen tok opp dette fleire gonger, første gong i 1986. Det var difor alvorleg når dagleg leiar fekk halde fram med denne praksisen, utan at verken kommunalråd Peter N. Myhre eller andre styremedlemmer greip inn. Til slutt ba revisjonen Fridtjov Johansen gå gjennom bilaga med tanke på eventuell tilbakeføring av personlege utgifter.

Mellom dei bilaga kommunerevisjonen trekte fram, var til dømes eit konteringsbilag og bankgiro med påskrifta: «Andel Televerket, 2000 kroner.» Revisjonen etterlyste original telefonrekning og avtale om fri telefon utover fast avgift.

Ei kvittering frå Dressmann på «Div. varer 3000 kroner» hadde påskrifta: «Utslitt arbeidstøy på arbeidsplassen. Utbetalt til Fridtjov Johansen.» To andre rekningar frå klesbutikkane Goodman og Dressmann for ein shorts og ei skjorte er utbetalt til Fridtjov Johansen. På bilaget er det skrivi at det gjeld erstatning for utslitne arbeidsklede. Var det til møter i badstua i bakre del av kontoret at han trong ein ny shorts? Hos Familieskomaeren har han vori og fått seg nye sko, og dei er bokført på kontoen for arbeidsklede.

Men han har attestert andre private utgifter òg. Til dømes hadde han ein gong «Helgevisning D 3» i Jenssens Have på

Grønland. Kassabilaga for den er ein del fergebilletter og matrekningar frå Vestlandet, samt flybuss og drosjerekningar for to personar. Korleis skjedde denne visninga, mon tru? Tok han leiligheta med seg i kofferten? Vi får iallfall håpe at han ikkje fekk helga si heilt øydelagt ved å ta på seg «visninga».

Ei rekke andre private utgifter er òg bokført på selskapet. Til dømes har Johansen handla for 5000 kroner på VISA-kortet sitt på Kanariøya Lanzarote. Her kjøpte han arbeidsklede, sigarar og etterbarberingsvatn til selskapet sine klientar.

Revisjonen ba han òg gjere greie for to turar: Tur/retur Stavanger i påskeveka 1989 med reisefølgje, og tur/retur Stockholm ei helg i byrjinga av august, med følgje da òg.

Gratis oppussing

Bustyraren har avdekka at Fridtjov Johansen har fått utført gratis arbeid på huset sitt på Høybråten. Arkitektfirmaet Fosse & Aasen har innrømma at dei har gjort gratis arbeid heime hos Fridtjov. Etter at VG konfronterte leiinga i Fagbygg med konkrete opplysningar om det same, kom selskapet sjølv med detaljar. Fagbygg har hatt to tilsette heime hos han i to periodar i 1987. Då gjorde dei tømrararbeid i minst 80 timar og la fliser i minst 32 timar. Han fekk i alle fall flisene gratis. Også i 1989 var det folk fra Fagbygg heime hos han på Høybråten og la parkett i stua samt i kjøkken og bad. Fagbygg meiner han fekk parketten gratis òg, men anleggsleiaren som no har slutta i selskapet, har nekta å gjere greie for saka. Trass i at dei to selskapa har vedgått gratisarbeid, seier dei at dei ikkje har belasta Grønland Byfornylse, men at alt arbeidet er utført som vennetenester.

Snill far

Men familien Johansen har hatt fleire fordelar av Grønland Byfornylse. I samband med det siste store byggeprosjektet, Jenssens Have, vart det bygd parkeringshus i kjellaren. Det var

ikkje nok plassar til alle som kjøpte seg leilighet i kvartalet, og plassane vart selde for 75-90 000 kroner stykket. Men familien Johansen disponerte to parkeringsplassar som Grønland Byfornyelse betalte for.

Begge døtrene til Fridtjov Johansen har fått seg leilighet i Jenssens Have. På eit styremøte i Grønland Byfornyelse 5. februar 1987 sette Johansen fram ønskje om at selskapet skulle disponere tre-fire av leilighetene i det planlagte prosjektet. På ei separat liste over desse leilighetene er den eine dottera til Fridtjov Johansen, Gro Siri, oppført, saman med mannen til den andre dottera, Anne Helen. Den tredje personen som figurerer på lista, er tidlegare Ap-kommunalråd Arne Kvalheim, som no er direktør for Byhallen. På arket står det at «Egenkapitalen på de tre ovennevnte leiligheter er innbetalt av Grønland Byfornyelse A/S». Dokumentet er truleg skrive tidleg i 1987, då byggetrinn D 1 var aktuelt. Lista er ikkje datert, men undertekna av «Tove S. Christiansen, referent». Ho jobba for Fridtjov frå nyåret 1987 til august 1988. Tove er kona til dåverande organisasjonssekretær i Oslo Arbeiderparti, Ivar Christiansen, som er medlem av bystyret og formannskapet i Oslo.

Kva slags «vennetenester» var det Fridtjov Johansen ville takke kommunalråden for ved å tilby ei spesiell leilighet og betale eigenkapitalen for han frå selskapet si kasse? Det som er sikkert, er at det var dei framtidige leilighetskjøparane i prosjektet, og kanskje skattebetalarane i kommunen, som var tiltenkt å betale utgiftene for denne takken.

Det vart likevel ikkje til at Kvalheim fekk den spesielle leiligheta han var tiltenkt. Den tilhøyrer no AUF-leiar Turid Birkeland. Far hennar, Einar Sigurd Birkeland, sit i hovudstyret for Norsk Folkehjelp, der Fridtjov vart tilsett etter konkursen i Grønland Byfornyelse, og der Ivar Christiansen òg arbeider. Eigenkapitalen på Birkeland si leilighet er betalt.

Gro Siri Johansen, ho som hadde sommarjobb på kontoret hos faren, fekk eit avslag på 250 000 kroner på leiligheta si. Det skjedde ved at Fagbygg ga avslag for arbeid som sto att å gjere. Mens det går fram av Fagbygg sin kreditnota at avslaget galdt heile prosjektet, har einkvan i Grønland Byfornyelse gjort ei endring i originaldokumentet, som fanst der. Det er føyd til

«gjelder seksjon 66» som er Gro si leilighet. Då dette vart oppdaga, melde bustyraren Fridtjov Johansen til politiet for dokumentfalsk. Johansen nektar at han har gjort det. Dokumentet er datert 14. juni 1989. Då Gro overtok leiligheta ei snau veke seinare, var den heilt ferdig, forklarar ho til bustyraren. Denne rause rabatten førte til at buet tapte 250 000 kroner.

Også Anne Helen Bakkelund, den andre dattera til Johansen, har komi rimeleg godt ifrå sitt kjøp av leilighet. Ho ga 740 000 kroner for 102 kvadratmeter, mens andre måtte betale 925 000 kroner for det same. Ho har dessutan fått eit avslag på 70 000 kroner på leiligheta. Brevet om dette avslaget er underteikna Fridtjov Johansen og sendt til seksjon nummer 63 ved namnet på mannen hennar, Jon Bakkelund. I brevet ramsar Fridtjov opp ei rekke plager som skal følge med visningar og liknande. Det er derfor rimeleg at dei får eit prisavslag på «inntil 70 000». Men i røynda var seksjon 63 aldri visningsleilighet for Jenssens Have. Meklaren har sagt til bustyraren at leiligheta ikkje vart brukt til visning. Kan ein grunn til det vere at standarden på dei to Johansen-døtrene sine leiligheter var atskillig høgare enn dei øvrige, med fliser på badet, parkett osb.?

Faren har i alle fall handsama dei to døtrene likt. Dei har spart ein kvart million kvar på kjøp av leilighet i faren sitt prosjekt.

«Uberettiget oppsigelse»

Enkelte gonger kom det kjelkar i vegen for Fridtjov sitt byfornyingsstrev. Det hende at dei som budde i gårdar som skulle klargjerast for riving, ikkje ville flytte. Om dei var uvillige, visste Fridtjov råd. Med ein klekkeleg erstatningssum kjøpte han ut enkelte av dei. Han gjorde avtale med kvar enkelt om å skrive ut eit beløp for «uberettiget oppsigelse på grunn av byfornyelse». Det fins verken styrevedtak eller sakleg grunngeving for det. Han hadde ikkje fullmakt til å bruke pengane til selskapet på denne måten. Det einaste sporet i rekneskapet etter denne praksisen er ei rekke giroslippar.

Eit spesielt tilfelle er Trepka Trafikkskole. Erik von Trepka

hadde kjøreskolen sin i Grønland 30, ein gammal gård som Grønland Byfornyelse hadde kjøpt for å rive og bygge nytt, sjølv om bystyret hadde vedtatt at eigedomen skulle stå. Grønland og Nedre Tøyen Beboerforening engasjerte seg mot riving, og Trepka støtta foreninga sitt syn. Likevel vart trafikkskolen og Grønland Byfornyelse einige. Ifølgje ein avtale datert 1. august 1988 skal Trepka overta nytt lokale på 80 kvadratmeter vederlagsfritt i nybygget Jenssens Have, mot at Trepka flytter frå Grønland 30 utan å reise søksmål. Den 16. mars 1989 har Ivar Moe og Arnt Sundli, styreformannen og K-banks representant i styret, underteikna eit skjøte til Trepka. Trass i at det ikkje er betalt inn fem øre til Grønland Byfornyelse, står det i skjøtet at kjøpesummen er 400 000 kroner. Da banken sendte skjøtet til byskrivaren følgde det med snaue 4000 kroner i dokumentavgift. Ingen av desse sakene er behandla i styret. Men styreformannen og bankmannen (!) har altså på vegne av Grønland Byfornyelse skrivi under eit skjøte med kjøpesum 400 000 kroner, sjølv om selskapet eit halvår før hadde gjort avtale med Trepka om at han skulle få den nye seksjonen gratis.

Da selskapet «kjøpte ut» Trepka frå Grønland 30, var det framleis bystyret si meining at eigedomen ikkje skulle rivast. Bystyret kom seg ikkje à jour med Fridtjov sine planer før i september 1990. Da omgjorde bystyret tidlegare vedtak, slik at den «investeringa» på 400 000 kroner som Grønland Byfornyelse hadde gjort for å få Trepka ut, ikkje var forgjeves.

«Ville festar»

Kontorlokala til selskapet er eit kapittel for seg. Etter ein provisorisk start fekk Fridtjov Johansen tak i lokale i Jess Carlsens gate 4 i nærleiken av Ankertorget. Det var ei leilighet som var delvis ombygd til kontor. Dei to soveromma fekk stå. Fridtjov inviterte til eit sosialt liv som naboane likte dårleg. Det vart klaga over festing i Grønland Byfornyelse sine lokaler og den «trafikken» det førte med seg. Arild Siggestrøm, eigar av Oslo Blikkenslagerverksted, og fleire av politikarvenene hans, var blant gjestene.

Seinare flytta selskapet til loftsetasjen i ein av dei fornya gårdane på Grønland. Det var kommunen som eigde lokala. På kontoret her var det ei badstue med romsleg garderobe, og Fridtjov var kry av badstua! På «julemøtet» 19. desember 1986 tar styret til etterretning at «Grønland Byfornyelse har kjøpt et brukt piano til selskapet». Kvifor trong eit lite byfornyings-selskap piano, badstue og soverom bak kontoret? Styret må ha innsett at det var naudsynt. Alle utan ein. Direktør Arnt Sundli i Kreditkassen reiste spørsmål om bruken av kontorlokala til Grønland Byfornyelse A/S. Dagleg leiar gjorde greie for dette, står det lakonisk i styreprotokollen for møtet den 10. juni 1987.

Flinke Fridtjov

Til dagleg på kontoret var det heller ingen kontroll med kva Fridtjov heldt på med. Hadde det vori ein administrasjon slik det var planlagt i starten, hadde han neppe kunna styre butikken på denne måten. Men han trong ikkje noen til å hjelpe seg. Det heldt med ei kontordame, fordi han var så rivande dyktig sjølv, forklarte han til bustyraren. I eit brev datert 11. mars 1991 skriv han at «administrasjonen var meget begrenset på grunn av daglig leders store fagkunnskaper innen regulering og trafikkteknikk, og håndverksmessig erfaring og samarbeidsevne».

Som dokumentasjon på sine strålende eigenskapar legg han ved ei bunke attestar, med Ivar Moe si vurdering av han som dagleg leiar i Grønland Byfornyelse som prikken over i-en. Men også Stein Aasen, dagleg leiar i arkitektfirmaet Fosse & Aasen, Grønland Byfornyelse sin faste «rådgjevar» gjennom 12 år, gir han godt skussmål som julegave etter konkurransen. Fridtjov «har en utrolig bred kontaktflate innenfor statlige og kommunale etater, som innenfor det private næringsliv. Han har ledet selskapet på en utmerket måte og vært ryddig og ordentlig i alle saker som vedrører forholdet mellom byggherre og prosjekterende».

Eit tidleg takkebrev frå firmaet Fortifikasjon A/S tar likevel kaka. Den 11. august 1978 skriv sjefsingeniør Jan A. Rygh til administrerande direktør Anton Merckoll i Dyno Industrier, og

takkar for hjelpa med å få oppdraget å bygge eit idrettsanlegg i fjell på Holmlia i Oslo. Brevet er skrivi dagen etter at firmaet formelt fekk oppdraget. Her skriv Rygh mellom anna:

«At dette prosjekt så raskt har konkretisert seg skyldes først og fremst det utmerkede arbeid som Deres sivilingeniør Fridtjov Johansen har gjort. Hans mange kontakter og personlige engasjement har gjort det mulig å få de rette personer i tale, hvilket raskt har resultert i et konkret oppdrag. Tatt i betraktning at vi i mange år forgjeves har forsøkt å overbevise Oslo kommune om at fjellanlegg kan være et attraktivt alternativ for slike anlegg, var dette en gledelig begivenhet.

Gjennom dagspressen er vi blitt kjent med at Fridtjov Johansen er tilbudt stillingen som daglig leder for Grønland Byfornyelse. Fortifikasjon A/S håper at han også i fremtiden gis mulighet til å arbeide for Dyno Industrier.»

Fridtjov starta opp som dagleg leiar på deltid i 1978, men heldt samstundes fram som produktsjef i Dyno Konsulent, med ansvar for marknadsføring av fjellsikringsutstyr fram til ut mars 1982, ifølgje attesten frå Dyno.

Søvngjengarane

Korleis kunne det ha seg at Grønland Byfornyelse fekk utvikle seg i ei slik lei? Det er klart at det ikkje vart noe av den styringa som skulle vori der, verken frå styret eller frå kommunen si side. Styreformann Ivar Moe vart plukka ut av kommunen i starten, nettopp fordi han var advokat med eigedomshandel som spesialfelt. Likevel fekk Fridtjov Johansen ture fram som han ville. Av det kan ein trekke den slutninga at anten er Ivar Moe ein dårleg advokat, eller også kjende han til det Fridtjov Johansen dreiv med, og godkjende det. Det er i alle fall merkeleg at han kunne gi Fridtjov Johansen ein så flott attest etter at alle dei tvilsame disposisjonane til Fridtjov var komne fram i lyset. Den 23. januar 1991, innpå tre månader etter konkursen, då selskapet var levert til Skifteretten, gir han Fridtjov sin «beste anbefaling». Han skriv mellom anna i attesten at «Johansen påla seg selv en betydelig arbeidsbyrde for at selskapet kunne

klare seg med en liten administrasjon. Han viste evner til å samarbeide utmerket med arkitekter, konsulenter og oppdragsgivere.»

Resten av styret sat sløvt og uvitande - eller medvitande - og strødde på sand. Eit døme er at dei berre tok kjøpet av pianoet til etterretning.

I eit intervju i VG 3. april 1991 kallar Myhre seg sjølv og dei andre styremedlemmene i Grønland Byfornyelse for eit «hobbystyre som møtes i sin fritid». Den påstanden er ikkje sann. Myhre var heiltidspolitkar. Han var vald til å sitje i styret, og dessutan viser protokollane at møta var i arbeidstida hans. Men endå viktigare er det at politikarane i styret, og særleg Myhre som både var formannskapsmedlem og heiltidspolitkar, hadde ei sjølvstendig plikt til å føre tilsyn med at lovar og reglar vart følgde. I Smith-utvalet sin andre rapport om tilhøva i Oslo kommune heiter det at «det må være en selvfølge at kommunale aksjeselskaper m.v. pålegges å følge de regler som gjelder i kommunens forvaltning for å sikre en betryggende forretningsførsel. Erfaringene tilsier på ingen måte at aksjeselskapene kan overlates til seg selv på dette område» .

I staden for å gjere si lovpålagde plikt, heva desse styremedlemmene sine honorar på 6-8-10 000 kroner utan å gjere stort. Det går i alle fall ikkje fram av styreprotokollane at dei noen gong stilte spørsmål ved det som gjekk føre seg i selskapet. Men moroa tok dei med seg. Det var fast praksis i månadsskiftet august/september å reise på noen dagars tur til storbyar i Europa. Dei fekk nok mange gode idear til byfornyng på turane til mellom anna Paris, Budapest og Praha. Det siste var eit framlegg frå Idar Eliassen som kom inn i styret etter Villy Jacobsen. Men då tida nærma seg, fekk han protokollført at han ikkje ville delta likevel på grunn av kommunen sin økonomi, samt av faglege grunnar. For Paris-turen var det Peter N. Myhre som ordna dei nødvendige kontaktane. Det var og meininga at dei skulle ta seg ein tur til Polen, men konkursen sette ein stoppar for det. Desse turane var populære. I alle fall tyder ein styremerknad på at det var fleire som var så ivrige at dei hadde gløymt å klarere turen med arbeidsgivaren sin. Etter ein femdagars tur i 1985 vedtok styret derfor at selskapet skulle betale

kostnadene for kommunen sine representantar. Men for framtida skulle det avtalast på førehand kven frå administrasjonen som skulle vere med på reisene.

«Kong Fridtjov» var nesten ferdig med erobringsverket sitt, da han hausten 1990 vart stansa av konkurs og skifterett. Han hadde fordrivi dei som budde på Grønland før, dei som hørde til der. Han hadde rivi husa dei budde i. Han hadde fått inn ei ny og meir velstående befolkning, og hadde sikra husvere for ein del av «kongefamilien».

Han hadde dessutan sørge for å ha med seg så høgtstående politikarar som reisefølgje og medansvarlege, at han truleg slepp å stå til ansvar for sine egne brotsverk.

Eit lite 'korrupsjonsleksikon'

Kva er korrupsjon?

Det er lang avstand frå den *litt mangelfulle* eller *litt uryddige* saksbehandlinga og til dei formene for økonomisk eller politisk samspel som opplagt er korrupte. Men det er òg ein indre samanheng. Overgangane er gradvise, med fleire gråsoner. Når eit enkelt formannskapsmedlem ikkje kjenner til - og derfor ikkje bryr seg om - den omfattande, lovpålagte og ufråvikelege plikta som formannskapet har til å føre tilsyn med alle kommunale etatar og bedrifter, da kan det vere fordi han eller ho ikkje veit betre. Når heile formannskapet i fleire år er like uvitande og passive i forhold til tilsynsoppgåvene, da er det snakk om systematisk, lovstridig handlemåte frå eit politisk organ med store fullmakter. Når slik uvitande passivitet blir aktivt forsvart - slik det har vori i Oslo - da har vi komi til eit nivå der formannskapets lovsabotasje er så sikker og innarbeidd at dei som vil bryte lovar og reglar, kan kalkulere med at tilsynsorganet kjem til å forbli passivt og sovande.

Når ordførar eller rådmann viser likegyldighet med «små» saksbehandlingsfeil og med «små» overtramp i forhold til innsynsrett og partsrettigheter, så gir denne likegyldigheta spele-rom og vekstgrunnlag for alvorlegare lovbrøt - og for korrupsjon. Smith-utvalet slår fast at samanhengane er slik i Oslo når dei bl.a. seier at «det inntrykk av rot, eller endog av uvilje til å etterleve visse lovbestemmelser, som kommunen etterlater, er

svært uheldig som forbilde for virksomheten andre steder i Oslo kommune»¹, og at «det er samtidig lett å se at oppreden i strid med habilitetsreglene lett kan gi grobunn for mistanker om mer alvorlige forhold. Etter granskingsutvalgets syn er det ikke minst dette som har gitt grunnlag for de store belastninger på almenhetens tillit til kommunens politiske ledelse og til enkelte av de folkevalgte de senere år»².

Ordførarar og rådmenn flest er lite glade for å bli gjort ansvarleg i forhold til slike årsakssamanhengar.

Fire korrupsjonsdefinisjonar

«Alle» som burde ha greie på det - både politi, politikarar og forskarar - er samde om at det er vanskeleg å gi ein presis og eintydig definisjon av *korrupsjon*. Dette har dels ei særnorsk forklaring: Av grunnar vi ikkje kjenner, lyktest det å halde sjølve ordet 'korrupsjon' vekke frå det offisielle og trykte norske skriftspråket i etterkrigstida heilt fram til oktober 1989. Slik vart etterkrigs-Norge - nærmast som ved eit pennestrøk - korrupsjonsfritt.

Samtidig er det eit faktum at korrupsjonsbegrepet er fleirtydig også i dei samfunna der ordet er ein del av både skriftspråket og daglegtalet. Noen bruker det som ein allmenn moralsk karakteristikk, andre avgrensar det til visse typer lovstridig handlemåte, mens atter andre berre vil bruke ordet viss det er snakk om konkret kjøp og sal av tenester som eigenleg ikkje skal vere salbare. Eit engelsk oppslagsverk opererer med at ordet korrupsjon kan ha heile ni ulike meiningsinnhald³.

Dessutan er jo sjølve korrupsjonen sitt vesen slik at berre dei innvidde har førstehandskunnskap om kva det er. Korrupsjon er «mørkrets gjerningar» på meir enn ein måte. «Dette skaper et interessefelleskap mellom korrupte personer. De blir et hemmelig selskap, et skjult sosialt nettverk, et broderskap som har all interesse av utad å framstå som mest mulig respektable»⁴.

Fordi det er slik bør vi gjere det klart, både for oss sjølve, og for dei vi vender oss til, kva vi eigenleg meiner når vi bruker ordet korrupsjon.

Straffelovsdefinisjonen

Statens Granskingsutval for Oslo - Smith-utvalet - fekk definisjonsproblemet på bordet svært raskt. Og dei laga seg ein definisjon som gjer det praktisk talt uråd å påvise korrupsjon, i alle fall blant politikarar. I norsk lovverk finst ikkje ordet 'korrupsjon' i det heile tatt. Derfor har gjeldande norsk rett heller inga klar oppfatning av kor grensene går mellom det korruperte og det ikkje-korruperte. Også blant juristar vil det vere ulike oppfatningar av kva for brotsverk som skal reknast som korruperte. Smith-utvalet løyste dette med å ty til dei svært strenge beviskrava som straffelova har for *bestikkelse* og for 'utruskap'. Grunngivinga for dette valet er eit av dei aller svakaste punkta i Smith-utvalet sitt arbeid. Utan nærmare forklaring påstår dei at «det må (...) antas at (korrupsjon) i norsk dagligtale først og fremst tar sikte på - eller iallfall skaper assosiasjoner til - bestemte typer av straffbare forhold. Det kan særleg være tale om bestikkelser og utroskap»⁵.

Smith-utvalet slår fast at dei for sin del vil reservere ordet korrupsjon «for forhold som med rimelighet kunne tenkes henført under de nettopp siterte bestemmelser i straffeloven»⁶.

Dette kan i første omgang verke fornuftig. Men ser vi nærmare på beviskrava i § 112, så er dei - forsiktig sagt - svært strenge og svært omfattande.

Om vi bruker det kjente boblebad-eksemplet til Oslos tidlegare varaordfører Tove Heggen Larsen (Ap), så er hennar handlemåte klart ukorrupt etter denne definisjonen. I 1987 mottok ho - utan å betale fem øre for det - eit boblebad som ferdig montert var verdt fleire titusen frå ein leverandør som var påverka av Oslo Ap sin sponsor Arild Siggestrøm. «Jeg har fiksa et boblebad til a' Tove», som Siggestrøm sjølv uttrykte det til ein kommunal funksjonær. Kort tid etter sørga varaordfører Heggen Larsen og Ap sin formannskapsgruppe for at Siggestrøm fekk ei gavebevilgning frå Oslo kommune på 308 000 kroner. Dette blir ikkje ramma av § 112 sålenge det ikkje er ført bevis for at det var ein innbyrdes, førehandsavtalt samanheng mellom desse to gåvene. Det må altså førast bevis enten for at Heggen Larsen kravde å få eit boblebad, viss ho skulle ordne

den aktuelle formannskapsbevilginga, eller så må det først bevis for at varaordføraren var «vidende om» at Siggestrøm fiksa boblebadet til henne «for at øve Indflydelse» på varaordføraren sin «Optræden i Tjenesteanliggende». Når det ikkje finst slike bevis, så er Heggen Larsen trygt plassert i dei ukorruptes rekker.

Ved å definere korrupsjon på denne måten har Smith-utvalet gjort si eiga oppgåve enklare, og dei har gitt korrupsjonsbegrepet eit innhald som gjer at folkevalde som oftast vil gå fri.

Ei anna svakhet ved Smith-utvalet sin snevre definisjon er at dei ikkje går inn på at korrupsjon i *praksis* svært ofte omfattar brot på fleire lovparagrafar. Sorenskrivar Bjørn Stordrange peikar på at «man ser undertiden eksempler på at offentlige tjenestemenn skaffer seg private fordeler ved å 'handle med' den offentlige myndighet de bestyrer. Slike forhold kan ligge i grensefeltet mellom bestikkelser og utroskap og fører ofte med seg dokumentfalsk, skatte- og avgiftsunndragelser o.l.»⁷.

Pengedefinisjonen

I eit arbeid utført for Smith-utvalet, lanserer forskar Jens Christopher Andvig ein annan definisjon som juridisk sett er meir omfattande, men som er snever når det gjeld formene for motytingar:

«En handling er *korrupt* dersom et medlem av en organisasjon - vanligvis et hierarki - benytter sin beslutningsrett, sitt informasjonsmonopol eller andre av organisasjonens ressurser til fordel for et ikke-medlem og derigjennom mottar kontanter eller andre omsettbare økonomiske goder på en måte som enten er ulovlig eller strider mot organisasjonens egne regler og formål»⁸.

Bruker vi boblebad-eksemplet, vil den tidlegare varaordføraren her stå i fare for å hamne blant dei korrupte. Det er ikkje tvil om at ho brukte si eiga myndighet og kommunens ressursar til fordel for ein utanforståande. Det er heller ikkje særleg tvil om at boblebadleveransen vart ordna midt oppe i denne prosessen,

og kommunerevisjonen har klarlagt at gavebevilgninga til blikkenslagaren var i strid med kommunens interesser, eller «organisasjonens egne regler og formål». Det er heller ikkje særleg tvil om at eit slikt - ferdiginstallert - boblebad må reknast med mellom «omsettbare økonomiske goder».

Den samfunnsmessige definisjonen

Det er jusprofessor Carl August Fleischer som har gått lengst i å forme ein korrupsjonsdefinisjon som verken er avhengig av lovtekst eller av konkret påviste pengeoverføringar. Når det gjeld korrupsjon i samanheng med offentlege stillingar og offentlege politiske verv, har Fleischer lagt hovudvekta på kva som blir det samfunnsmessige resultatet av politikaren eller tenestemannen sine handlingar:

«Samlet sett kan vi si at det korrupte Norge - i forhold til offentlige stillinger, tillitsverv og posisjoner - består i at det finnes personer som opptrer slik at de ivaretar *egne* eller *andres spesielle interesser*. Disse interesser ivaretas istedenfor samfunnets interesser eller *i større grad* enn det er grunnlag for eller rettslig adgang til»⁹.

Fleischer legg altså hovudvekta på den *samfunnsmessige verk-naden*. Han ser på kva som er sluttresultatet av politikaren eller tenestemannen sin handlemåte.

Ein slik korrupsjonsdefinisjon burde vere ei bra rettesnor og eit bra verkty for alle som vil forhindre korrupt ressursbruk i offentlig sektor. Men da må ein vere klar over at det berre er ein liten del av dette verkelege korrupsjonsfenomenet som kan bli ramma av paragrafar i straffelova. Og ein skal passe seg for å misbruke denne definisjonen slik at all feilaktig bruk av ressursar i offentlig sektor automatisk blir 'korrupt'. Da ser ein bort frå det leddet i Fleischers definisjon som omtaler «personer som opptrer slik at de ivaretar egne eller andres spesielle interesser». Denne formuleringa krev ein viss grad av personleg initiativ og tiltak frå den korruptes side. Det ramar ikkje dei som heilt uforvarande, og trass grundige undersøkingar og

beste skjønn, kjem i skade for å medverke til feilaktige avgjelder som påfører det offentlege unødvendige utgifter.

Ein bruksdefinisjon til norsk kvardag

Ordet «korrupsjon» kjem frå latin og betyr eigenleg omlag det same som 'utskjemt' eller 'forderva'. Ein bruksdefinisjon på «korrupsjon» kan dermed vere eit saksforhold som det luktar av, eit råttent opplegg. Saka luktar fordi formelle spelereglar og normer har vorti brotne. Og stanken forsvinn ikkje, fordi noen har lagt eit lokk oppå heile greia. Dersom det ikkje blir lufta ut, så vil rotenskapen spreie seg, og den tar snart til å forderve det som er rundt.

I ei korrupsjonsopprydding er det såleis ikkje nok berre å fjerne dei som allereie er heilt forderva og oppråtne - eller døde. Det er òg nødvendig å vippe bort lokket - dei som sit på toppen og stenger. På dette viset slepp rein luft inn i systemet, og det blir levelege tilhøve igjen.

Regelbrot og uryddig forvaltningspraksis fremjer korrupsjon

Det er tett samanheng mellom korrupsjon og ulike former for lov- og regelbrot i offentleg forvaltning. Dess meir vanleg det er å styre ein kommunal etat uavhengig av dei formelle reglane som gjeld, dess større er faren for at korrupsjonen får innpass i utsette delar av etaten. Smith-utvalet har konstatert at det er slike samanhengar i Oslo kommune:

«Statens Granskingsutvalg er enig i at korrupsjon vil kunne bli lettere å gjennomføre hvis bestemte typer av andre former for lovbrudd blir akseptert; dette gjelder bl.a. brudd på lovbestemmelsene om habilitet. Også den generelle holdning i vedkommende etat eller kommune til betydningen av å respektere gjeldende rett, vil kunne ha stor betydning for forekomsten av misligheter. Og visse organisasjons- og beslutningssystemer vil lettere enn andre kunne legge til rette for korrupsjon og lignende forhold»¹⁰.

Noen av dei lov- og regelbrota som gir korrupsjonen gode vekstvilkår er nekting av innsynsrett, brot på habilitetsreglane, uklare grunngjevingar av og uklare formuleringar i vedtak, sabotasje av tilsynsplikt, oppsplitting av saker i mindre enkelt-saker osv.

Korrupsjonsbeskyttarane

Både den offentlege debatten og det nødvendige, landsomfattande oppryddingsarbeidet, krev ein mest muleg presis begrepsbruk. Fordi etterkrigs-Norge i språkleg forstand har vori korrupsjonsfritt, trengs det enkelte nye ord og begrep.

Det er nødvendig å skilje mellom det som er *korrupsjon* eller *korrupt handlemåte* og det som er *korrupsjonsbeskyttelse*. Ein korrupsjonsbeskyttar er ein person som bruker makta si eller posisjonen sin slik at han hindrar avdekking av sin eigen eller andres korrupte handlemåte. Ein korrupsjonsbeskyttar *kan* derfor vere 'ukorrupt' sjølv. Han *kan* til og med vere i subjektivt god tru, dvs. at han er så godtruande at han er sikker på at det ikkje finst korrupsjon nord for Sicilia, eller i alle fall ikkje i hans kommune. Men fordi han legg lokk over «ei råtten sak», så får stanken breie seg og gjere meir skade enn det som alt har skjedd.

Det er også nødvendig å innføre eit skilje mellom direkte og indirekte korrupsjonsbeskyttelse.

Direkte korrupsjonsbeskyttelse tar sikte på å hindre at ulike misforhold eller regelbrot blir kjent. I slik samanheng kan både den korrupte sjølv og utanforståande vere korrupsjonsbeskyttarar. Det er altså snakk om å gjere nye lov- eller regelbrot for å skjule tidlegare lov- eller regelbrot som kan innehalde lov- eller regelbrot. Metodane kan f.eks. vere å halde brev utom postjournal eller offentlegheit, fjerne eller brenne følsomme dokument, gi usanne opplysningar til kommunestyre og massemedia og samordne forklaringar som skal gjevast til presse eller granskingsorgan.

Indirekte korrupsjonsbeskyttelse er handlingar frå personar som sjølv ikkje er personleg involvert, men som av ulike grunnar synest det er lite ønskeleg med korrupsjonspåstandar, uhilda gransking eller andre former for offentleg uro. Personar som opptre slik vil ha mange ulike motiv.

Å opptre korrupt er juridisk sett langt alvorlegare enn å vere ein av mange nødvendige korrupsjonsbeskyttarar. Men samtidig er det slik at alle gradene av feilaktig eller regelstridig handlemåte, frå den grove korrupsjonen til den mildaste forma for indirekte beskyttelse, det utgjer tilsaman ein *korrump organisme* der dei ulike delane har kvar sine funksjonar. Korrupsjonen ville hatt svært dårlege levekår, viss det ikkje hadde vori for dei mange korrupsjonsbeskyttarane som stiller opp til ulike slags hjelpemannsroller.

Lov og rett

I juridisk samanheng kan ikkje 'korrupsjon' vere anna enn eit upresist samlenamn på ulike former for dels lovstridig og dels uetisk handlemåte. Det er for snevert berre å sjå på reglane om utruskap og bestikkelse. Korrupsjonen kan omfatte mange slags øko-krim: Slik som brot på reglane for skatte- og avgiftsbetaling, på rekneskapslova og på lova om aksjeselskap. Dokumentfalsk er av og til ein del av sakskomplekset.

Sjølv om orda 'korrupsjon' og 'bestikkelse' ikkje står i den norske lovboka, så finst det lovreglar som inneheld forbod mot visse former for korrupt handlemåte. Lovene inneheld og ein del reglar for handtering av saker som er meint å minske sjansen for at korrupt framferd skal lykkast.

Grunnsynet i lovverket er at både den offentlege administrasjonen og dei folkevalde skal te seg sakleg og upartisk. Det betyr at alle partar i ei sak skal bli behandla likt og at all ressursbruk skal styrast ut frå kva som er best for det offentlege, dvs. for fellesskapet. Både tenestemenn og politikarar skal lojalt halde seg til dei reglane som er lovfesta. Dette står - iallfall i teorien - i skarp motsetnad til all bruk av korruperte metodar.

Lovteksten er likevel ikkje heilt på høgde med dei korrupsjonsformene vi møter til dagleg. Og lova blir sjeldan brukt mot dei som kjem i søkjelyset for korrupt handlemåte. Sorensskrivar Bjørn Stordrange har f.eks. peika på at det berre finst 19 fellande domar i saker om økonomisk utruskap i dei sju åra frå 1980 til 1986. Han konstaterer at «denne form for kriminalitet er derfor i dag ingen stor belastning for domstolsapparatet og det er ikke mulig ved hjelp av statistikken å bevise at omfanget av utroskap har øket», og at «kriminalstatistikken gir neppe noe godt bilde av utroskappssakenes omfang og hyppighet, fordi det er grunn til å tro at mørketallene er store»¹¹.

Ein del av konkursryttarane har utan tvil begått handlingar som er korruperte eller i korrupsjonens grenseland. Ei undersøking ved Bedriftsøkonomisk Institutt i 1987 tok for seg 27 tilfeldig konkurssaker. Bustyret hadde sendt 18 av dei over til politiet fordi det var solid mistanke om straffbare forhold. Men det vart ikkje tatt ut tiltale i ei einaste sak¹².

For tre år sia spurde Økonomisk Rapport 587 bedrifter om dei hadde vori utsett for økonomisk utruskap i løpet av dei siste to åra. 71 bedrifter - 12 % - svarta ja, men av desse var det mindre enn halvparten som hadde kopla politiet inn i saka. Og dei fleste av desse, kjem ikkje lenger enn til politiets arkivskap.

Eit ferskt oversyn Dagens Næringsliv har henta frå eit privat etterforskningsbyrå, viser den same tendensen. Byrået seier at dei sia 1989 har avslørt 250 grove underslag. «Avsløringene førte til oppsigelser, men kun et fåtall ble anmeldt». Berre i dei fem første månadene i 1991 har arbeidet til dette byrået ført til at tre administrerande direktørar i mellomstore firma har fått sparken på grunn av grovt underslag.

Lars Oftedal Broch som leier politiets sentrale arbeid med økokrim, meiner «næringslivsledere undergraver moralen i sine egne bedrifter når ansatte slipper påtale og straff. Dessutan er smitteeffekten stor, og det er svært uheldig sett fra påtalemyndighetens side. - Like ille er det at disse menneskene får fortsette sin virksomhet, siden de bare sendes videre ut i systemet», seier Oftedal Broch¹³.

Han kunne med like stor grunn rette ein åtvarande peikefinger mot dei politiske toppleiarane i ein del kommunar. Ein

direktør i Oslo kommune vart avskjediga våren 1991 fordi han hadde fuska med dobbeltføring av reiserekningar. Da revisjonen kom på sporet av dette, prøvde han å stikke kjeppar i hjula for revisjonsarbeidet. Samtidig var han smart nok til å søkje seg ei direktørstilling i staten før avskjedsvedtaket var formelt i orden.

Informasjonsentret i Rådhuset gjorde sitt til å gjere overgangen enkel. Dei sendte ut ei pressemelding med tittel «Vakt-skifter i Oslo kommune». Mannen som får sparken fordi han har skrivi doble reiserekningar og berika seg sjølv med noen titusenar skattekroner, blir omtala slik: «Også ved Etat for miljørettet helsevern blir det vaktskifte ved utgangen av april: Direktør NN kom fra Statens Forurensingstilsyn til Miljøetaten for cirka to og et halvt år siden og går nå til stillingen som assisterende direktør i Direktoratet for statens arbeidstilsyn». Berre SV støtta RVs forslag om at denne mannen skulle meldast til politiet.

Vi har altså lovverk med eit korrupsjonsfiendtleg grunnsyn, men med konkrete reglar som ikkje alltid er tilpassa dei verkelege korrupsjonsformene. Haldningane hos både private og kommunale bedriftsleiarar, og politiet og rettsvesenet sin praksis, gjer at berre svært, svært få av dei korruperte blir dømt. Der det finst høvelege lovreglar, er det så altfor mange forhold som gjer at «bare et fåtall av disse sakene kommer for domstolene»¹⁴.

Det er såleis ingen grunn til å undrast over at det er smått med juridisk teori som vurderer korrupsjon som eit heilskapleg fenomen.

Oppslagsord

Vi har plukka fram ein del lovparagrafar og reglement som skal følgjast i kommunal saksbehandling. Vi har òg prøvd å systematisere ein del metodar som ofte blir brukt for å omgå lov- og regelverket og for å beskytte korrupsjon. Ein del av metodane som er tatt med, er ikkje straffbare etter noverande lov og rettspraksis. Kvar enkelt metode eller handling treng heller ikkje vere korrupt i seg sjølv. Når det er sagt, trur vi det metodeoversynet vi har laga, kan vere nyttig viss du vil lære deg å «kjenne lusa på gangen» og dermed skjerpe di eiga og andres årvåkenhet mot korrupsjon og korrupsjonsliknande handlemåte i offentlege organ.

■ Anbud

Anbud er ein framgangsmåte ved innhenting av pristilbod. Dei leverandørane som er interesserte, skal ha lik mulighet til å seie frå om kva pris dei vil ha for ei bestemt vare eller teneste til bestemt tid. Tilsvarende framgangsmåte kan brukast til dømes ved sal av kommunal eigedom. Alle som deltar i ein anbuds-konkurranse skal ha same tilgang på informasjon, dei skal levere tilboda sine innan ein kjent frist, og ingen av dei skal bli orientert før fristen om kva slags tilbod andre har komi med. Anbud skal sikre at leverandørar og entreprenørar må konkurrere på pris utan å gå under førehandsdefinerte kvalitetskrav.

Mange kommunar har eit anbudsreglement. Norsk Standard har normaliserte skjema for anbudsinnbyding, Kommunenes Sentralforbund (KS) har tilsvarende.

Første leddet i anbudsprosessen - etter at omfanget av oppdraget er klarlagt - er å skrive ei innbyding til anbudskonkurranse. Dette dokumentet skal vere *fullstendig og forståeleg*. Fullstendig i den forstand at alt arbeid som ein veit må gjerast, skal vere omtalt slik at den som svarer, må gi pris på heile oppdraget. Forståeleg i den forstand at ein leverandør som har vanleg kyndighet og erfaring i vedkomande bransje, skal kunne lese seg til kva det blir spurt om.

Viss anbudsinnbydinga er ufullstendig, kan resultatet bli at store delar av jobben må gjerast som tilleggsarbeid, i verste fall som tilleggsarbeid etter timerekning. Det ligg i sjølve sakas natur at entreprenøren har økonomisk interesse i å få mest muleg av jobben rekna som tilleggsarbeid. (Jfr. byggherrekontroll, side 141 og kostnadskontroll side 170).

Viss anbudsinnbydinga er uforståeleg - eller vanskeleg å forstå - kan det føre til at det blir færre som svarer. I verste fall kan dette - kombinert med kort svarfrist - skjule avtalt spel mellom ein kommunal nøkkelperson og ein utvald leverandør.

Andre ledd er anbudsopning og føring av anbudsprotokoll. Det skal stå i protokollen når tilboda vart opna, kven som var til stades og kva for tilbod som vart mottatt. Da er tida inne for å vurdere om det er noen som ikkje har rett til å delta i konkurransen. I Oslo sitt anbudsreglement er det ein regel som seier at «den som har deltatt i utarbeidelsen av anbudsgrunnlaget eller forespørselen, kan ikke delta i konkurransen, med mindre formannskapet samtykker». I tillegg er «kommunal arbeidstaker utelukket fra å delta i konkurransen om leveranser til kommunen. Det samme gjelder firma som helt eller i overveiende grad eies av slik arbeidstaker. Kommunal arbeidstaker kan ikke opptre som konsulent og heller ikke som representant for anbyder, tilbyder eller entreprenør overfor kommunen»¹⁵. (Dokumentet blir omarbeidd i løpet av 1991.) Eksempel: Intrum Justitia A/S fekk i juni 1986 lov å vere med i anbudskonkurransen om parkeringsgebyrinnkreving i Oslo, sjølv om firmaet på førehand hadde laga innbydinga til konkurransen, og utan at formann-

skapet vurderte spørsmålet. Og ikkje berre det, den daverande trafikksjefen bad med seg representantar for firmaet ut på restaurant for å orientere dei om arbeidet i anbudskomiteen, mens dei ulike tilboda var til vurdering.

Ein kommunal etat har i dag rett til å halde både dei ulike tilboda og anbudsprotokollen unna offentleg innsyn. Ved mange rådmannskontor er det vanleg oppfatning at slike dokument *skal* vere hemmelege. Vi meiner lov og praksis bør endrast slik at kven som helst kan få sjå alle tilboda, anbudsprotokollen, den skriftlege vurderinga som kommunen sjølv gjer av tilboda og alle dokumenta som har med dette å gjere. Eit statleg utval som vurderte innkjøpsordninga i staten, peika «på de fordeler dokumentinnsikt kan ha for forvaltningsorganet selv, derved at det kan fritta for kritikk og mistanke om utenforliggende hensyn ved leverandørvalget»¹⁶. Det er få kommunar som har følt behov for å sikre seg fritak for kritikk på denne måten. Arvid Frihagen seier rett ut i ei bok om Forvaltningslova at «det kan ... se ut til at det ikke så helt sjelden forekommer at forvaltningsmyndighetene velger anbud eller leverandør ut fra utenforliggende eller mindre saklige hensyn»¹⁷.

Full offentleg innsynsrett i anbudsdokument og anbudsprotokoll vil derfor vere eit viktig tiltak for å forebygge korrupsjon og for å sikre at kommunens egne interesser blir betre tatt vare på. Smith-utvalet er eit stykke på veg samd i dette og tilrår at noverande reglar blir gjennomgått og endra «med sikte på å sikre større åpenhet enn i dag»¹⁸. Dei kommunane som vil vere på offensiven, kan gjere dette utan å vente på nye lovreglar frå statleg hald.

Tredje ledd i prosessen er å gjere ei sakleg vurdering av kva for eit tilbod kommunen skal velje. Viss det er grunnar til ikkje å velje det billegaste tilbodet, skal grunngivinga for dette skrivast ned i anbudsprotokollen. Oslo kommune har f.eks. reglementsfasta at kommunen kan forkaste tilbod som «har så lav pris at den står i åpenbart misforhold til det som skal leveres, og anbyderen/tilbyderen ikke kan oppgi fyldestgjørende grunner for dette». Det finst fleire grunnar til ikkje å velje lågaste tilbod: At billegaste leverandør er useriøs og ikkje har ressursar og kompetanse til å utføre oppdraget, eller at kommunen helst

vil bruke lokal - eller i alle fall norsk - leverandør av omsyn til sysselsetjing og busetjing. Oslo bystyre har vedtatt at kommunen ikkje skal bruke entreprenørar som bruker kontraktørar, men dette vedtaket er sabotert ved fleire store kommunale byggeoppdrag, slik som f.eks. Oslo Byhall.

Eksempel: Ein skal vere på vakt når det ikkje blir protokollført kva som er årsak til å sjå vekk frå det tilbodet som økonomisk sett er best. Styret i Grønland Byfornyelse A/S vedtok 8. oktober 1990 å sjå vekk frå høgste pristilbod da dei selde eigedomen Grønland 30-34. Ein kjøpar som hadde særskilde kontaktar vart tilgodesett, utan at det er protokollført noen grunn for dette.

Anbud blir òg brukt som metode for å splitte opp og privatisere kommunale etatar. Høgrebyrådet i Oslo har sett fleire bussruter ut på anbud. Ettersom det ikkje er lagt inn strenge miljøkrav i anbudsinnbydinga, kan dei vinne fram dei som forurenser mest og som tilbyr dårlegast løn og dårlegast arbeidsmiljø for sjåførane. Anbud i kollektivtrafikken gjer det muleg å konkurrere ved hjelp av auka forurensing og lønsnedslag, og vil på litt sikt føre til dårlegare rutetilbod og tryggleik for dei som reiser kollektivt.

Det er smått med praktisk bruk av lovverket på dette feltet. Eksempel: Oslopolitiet meiner det ikkje skal vere straffbart å bruke stillinga si som kommunal etatsjef til å arrangere ein fingert anbuds konkurranse for å hjelpe eit bestemt firma. Det sa politifullmektig Vidar Tholin - kjend som aktor i Karoli-saka - rett ut da han la vekk saka mot den tidlegare høgrepolitikaren som fram til 1988 var trafikksjef i Oslo. Sjølv om det dokumenterte kommunale tapet var over 4 millionar kroner i ei anbudssak, så var ikkje saka stor nok til å setje i gang etterforskning. Oslopolitiet og Statsadvokaten i Eidsivating meiner heller ikkje det skal vere straffbart å lyge for å halde skjult for kommunestyret at ein anbuds konkurranse har vorti gjennomført på fingert vis. Dette viste dei da dei la vekk saka mot Hans Svelland.

■ Beskyttelsespengar

Ein variant som liknar bestikkelse, er det som i omtale av amerikansk mafia blir kalla «beskyttelsespengar». Dvs. at næringsdrivande betaler til mafiaen for å sleppe å bli utsett f.eks. for hærverk eller mishandling, eller for å bli tilgodesett med positiv behandling. «The Bag Man» er det amerikanske namnet på mannen som går rundt med pengeveska og krev inn den betalinga som er avtalt. Oslo Høgre synest det er greiare med sjekk.

10 dagar før kommunevalet i 1987 innkasserte Oslo Høgre 10 000 kroner i beskyttelsespengar frå firmaet Steen Spedisjon. Selektivt hukommelsestap hos ein lojal kommunal direktør, har hindra full oppklaring av saka.

Steen Spedisjon var - til liks med fleire andre firma - i knipe fordi dei måtte flytte. Dei ønskte å få leige ei kommunal tomt og tok kontakt med fleire Høgrepolitikarar for å få hjelp. Kolbjørn Nilsen og Ivar Steen, som eig firmaet saman, forklarar det som hende til Klassekampen:

«Bl.a. byråd Sigurd Østen var velvilligheten selv. Etter en stund fikk vi muntlig tilsagn fra kommunen om å få leid tomte her vi er nå, i Ensjøveien 34. Kort tid etter kom det telefon fra Oslo Høyre. Vedkommende slo fast at politikerne deres nå løste saka for oss, og oppfordra oss til å sponse partiet»¹⁹.

Det var ein ven av Steen, som var valkampleiar for Høgre på Furuset/Høybråten det året, som leverte sjekken på partikontoret. Han framstiller det slik:

«- Jeg prøvde å hjelpe min venn Ivar Steen med å skaffe et sted å være, og tok opp saka både med Sigurd Østen, Sveinung Lunde, Michael Tetzschner og ordfører Albert Nordengen. Til slutt ble det en løsning.» Om sjekken som han leverte, seier han at «innerst inne var jeg nok klar over at det dreide seg om en 'takkt for hjelpen'». To år etterpå ville han ha reagert på ein annan måte, men føyer til at «dengang var jeg sterkt preget av at jeg fungerte som valgkampleider»²⁰.

Pengane vart betalt 4. september 1987. Leigekontrakten var formelt i orden noen månader etterpå, i januar 1988.

Steen og Nilsen har i eit brev til Smith-utvalet «meddelt at de vedkjenner seg 'alle vesentlige punkter i de uttalelser som er gjengitt i Klassekampens oppslag av 14. desember 1989'.»*

Daverande kommunalråd Sigurd Østen var hjelpsam. Sjølv om han ikkje hadde noen formell rett til å instruere administrasjonen, tok han to gonger kontakt med saksbehandlaren i Bolig-etaten og sa frå at han syntest denne saka burde føre til at Steen Spedisjon A/S fekk leige den tomte det var snakk om. Han la ikkje «direkte press» på saksbehandlaren. Men saksbehandlaren fortel at ho dessutan vart innkalla til sjefen sin, Steinar Kristiansen, som «fortalte meg at han var blitt oppringt og at de (dvs. Steen Spedisjon, forf.merkn.) skulle ha den eiendommen»²¹.

Steinar Kristiansen, som i mellomtida har vorti fungerande direktør i Oslo kommunale boligbedrift, lir av eit selektivt hukommelsestap. Når det gjeld ordren som saksbehandlaren hugsar at ho fekk frå han, seier han det slik: «Det kan jeg godt ha gjort, men jeg husker det ikke. Jeg kan godt ha sagt til henne at Steen Spedisjon skulle ha leiekontrakt, la oss si fordi jeg har fått beskjed om det fra oven»²².

Han klarer heller ikkje på noe vis å hugse kven det var som hadde ringt til han «fra oven»: «Det jeg er temmelig sikker på, er at jeg ikke direkte har snakket med Østen. Jeg husker at Østens navn var inne i bildet... Det kan være det kom fra Kontoret for næringslivet. Jeg mener bestemt ... at vi hadde kontakt, enten i sentraladministrasjonen eller Kontoret for næringslivet. Det som er helt på det rene er at Østens navn var inne i bildet»²³.

Smith-utvalet slår fast at avgjerda om utleige til Steen Spedisjon A/S «ble truffet på høyere nivå og i strid med saksbehandlerens oppfatning»²⁴.

Fordi korkje den Høgrepolitikaren som henta sjekken og leverte han vidare til Høgres kontor eller Ivar Steen sjølv kan hugse namnet på den Høgre-sekretæren som ringte og ba om betaling for dei 'tenestene' som Høgrepolitikarane hadde ytt og

* (Smith II, side 193.)

skulle yte, blir saka neppe fullt oppklara.

Skal vi komme slikt som dette til livs, må vi bl.a. få ei lov som krev at listene over dei som gir pengestøtte til dei politiske partia blir offentleggjort.

Straffelovas reglar om bestikkelse stiller beviskrav som er slik at dette eksemplet ikkje vil bli ramma. Lova krev nemleg at det skal vere ein klart uttrykt førehandsavtale mellom givar og mottakar som går ut på at den kommunale funksjonæren eller politikaren skal ta andre avgjerder enn han ville gjort utan å få gåva eller fordelene. Viss det ikkje blir ført bevis for at ein slik førehandsavtale finst, så er det ikkje bestikkelse i straffelovas forstand.

■ Bestikkelse

I jusspråket er 'bestikkelse' definert «som en urettmessig fordel som overføres fra en giver til en mottaker i hensikt å påvirke beslutnings- eller handlingsprosesser. Siktemålet med bestikkelsen kan være enten å påvirke (smøre) et maskineri, eller det motsatte, å forstyrre de normale funksjoner»²⁵.

Det er straffereglar mot denslags i fleire paragrafar i straffelova og i § 17 i marknadsføringslova.

§ 111 i straffelova er retta mot den som krev ei ulovleg godtgjering for ei tenestehandling. Det behøver ikkje vere noe gali eller ulovleg med den tenestehandlinga som vedkomande har utført. Ein tenestemann eller ein folkevald kan få inntil fem års fengsel dersom han krev å få «en ulovlig Skat, Afgift eller Godtgjørelse for Tjenestehandling». Dersom han har godtatt ei slik godtgjering i god tru, men lar vere å gi den frå seg når han blir klar over feilen, er straffa «Bøder, Tjenestens Tab eller Fængsel indtil 3 Maaneder».

§ 112 handlar om godtgjering som har til føremål å påverke tenestehandlingane. Her er straffa «Bøder, Tjenestens Tab eller Fængsel indtil 6 Maaneder» for tenestemann eller folkevald som «for Udførelse eller Undladelse af en Tjenestehandling for sig eller andre enten kræver nogen uberettiget Fordel eller modtager nogen saadan eller Løfte derom, vidende om, at den

gives eller tilsiges for at øve Indflydelse paa hans Optræden i Tjenesteanliggende». Her er det altså nok å ha godtatt ein lovnad om ein fordel, viss mottakaren har vori «vidende om» at fordelene vart lova for å påverke avgjerda hans som tenestemann eller som politikar.

Eksempel: Ein arsenalformann i forsvaret nordpå mottok 15-20 000 kroner i bestikkelsar og vart dømt for brot på § 112 i straffelova. Formannen hadde oppgåva med å organisere transport av ammunisjon til ulike stader i Nord-Norge. Transportane gjekk med båt. Arsenalformannen gjorde det klart overfor reiaren at han meinte å ha rett til provisjon av brutto fraktbeløp, samstundes som han ymta frampå om at dette ville kunne få verknad for framtidige oppdrag for reiaren. Ordninga med provisjon til formannen vara i omlag 10 år før han vart avslørt. Høgsterett dømte han til 2 månaders fengsel, bot og inndraging i 1980.

Det er også ulovleg å krevje bestikkelse. Eksempel: Bergen byrett dømte i mai 1986 tidlegare kommunalråd Jens Lorentzen frå Høgre til 6 månaders fengsel på vilkår og med ei prøvetid på 2 år. Påtalemakta anka byrettsdommen. Dei meinte han burde straffast med fengsel utan vilkår, både av omsyn til den tilliten ein slik forgrunnsfigur bør ha, og av «almenpreventive hensyn».

Brotsverket til Lorentzen var at han tok på seg å «hjelp» til å skaffe skjenkeløyve til innehavaren av ein kinarestaurant. Kommunalråden sa til kinesaren at han hadde betalt andre politikarar 50 000 kroner for å få søknaden om skjenkeløyve behandla utafør tur, og no ville han gjerne ha dekkja «utlegga» sine. Restauranteigaren slo alarm, og det vart fengsel istadenfor pengar på den pengegriske kommunalråden²⁶.

§ 113 gjeld same forhold som § 112, men med den skilnaden at strafferamma er auka til fem år, dersom det handlar om «pligtstridig» handlemåte frå tenestemannen eller politikaren. Det er like ille om det er snakk om å la vere å gjere det som er tenesteplikt, eller aktivt å gjere noe som går på tvers av tenestepliktene.

§ 128 er retta mot den som prøver å påverke ein tenestemann eller politikar på korrupt vis. Straffa er bøter eller fengsel

inntil eitt år, for «den, som ved Trusler eller ved Ydelse af eller Tilsagn om Fordele søger at formaa en offentlig Tjenestemand til uretmæssig at foretage eller undlade en Tjenestehandling». Her er det verdt å merke seg at den straffbare handlinga er fullbyrda sjølv om gjerningsmannen ikkje har komi lenger enn til f.eks. å setje fram eit tilbod om at ein tenestemann eller ein politikar skal få ein bestemt fordel viss han vil utføre ei eller anna «uretmæssig» teneste. Det er derimot ikkje straffbart å tilby eller yte betaling for det som er lovlege tenestehandlingar. Men å *ta imot* slik betaling er straffbart etter § 112.

Eksempel: I den store tollsvindelsaka i Oslo på 50-talet vart både dei som bestakk og dei som let seg bestikke, dømt. Mellom dei dømte var pelsgrosserar Olav Thon, no betre kjend som Norges rikaste mann. Saman med ein speditør bestakk han ein fortollar og ein tollkontrollør på jernbanetollstaden i Oslo. Byretten dømte alle fire til fengsel på vilkår 30. juni 1956. Thon fekk eitt og eit halvt år, ei bot på 50 000 kroner og ei inndraging på 80 590 kroner. Medhjelparen til Olav Thon, og dei to tollarane, anka dommene sine til Høgsterett.

Høgsterett hadde eit strengare syn på saka enn byretten. Dei øvste juristane i landet slo fast at det er ulovleg og alvorleg å «friste» offentlege tenestemenn, slik som Thon og medhjelparen hans hadde gjort. I dommen heiter det mellom anna:

«Det gjelder en rekke omhyggelig planlagte vinningsforbrytelser som særlig for bestikkelsenes (og dermed utroskapers) vedkommende er av en farlig karakter. De offentlige interesser og de offentlige funksjonærer - tollerne - bør ha det vern som ligger i at også de som opptrer som fristere, rammes strengt.»

Høgsterett skjerpa straffa for medhjelparen til Thon og omgjorde straffa til fengsel utan vilkår. Det same galdt dei to tolltenestemennene. Den eine av desse hengde seg seinare i cella.

§ 405 b i straffelova og § 17 i marknadsføringslova inneheld forbod mot å bruke bestikkelse som metode i konkurransen mellom private firma: «Med bøter eller fengsel inntil 3

måneder straffes den som er ansatt hos eller opptrer som fullmektig for en annen, når han uten dennes vitende krever eller mottar gave eller annen fordel eller løfte derom av en næringsdrivende eller noen på dennes vegne, for å gi eller skaffe den næringsdrivende et ugrunnet fortrinn ved levering av varer, arbeide eller annen ytelse».

I privat næringsliv er det altså straffbart å la seg bestikke - viss arbeidsgivaren ikkje veit om det. Det er ikkje forbod mot å bestikke andre. Det burde vere eit tankekors for dei som ivrar for at kommunesektoren skal lære av det private næringslivet.

Hålogaland Lagmannsrett har tilmed gitt skattefritak for pengar som ein disponent påstod han hadde brukt til å bestikke andre med. Stordrange gjengir domen slik:

«En disponent i en fiskesalgsorganisasjon hadde over tre år fått utbetalt 25 000 kroner pr. år, tilsammen 75 000 kroner, som han ble inntektsbeskattet for. Han hevdet at pengene var gått til italienske fiskeoppkjøpere for å bevare gode forretningsforbindelser i år med 'kjøpers marked' og han la frem kvitteringer for drøye 33 000 kroner. Dette godtok retten som tilstrekkelig indikasjon på at *hele* beløpet var utbetalt til 'smøring' og det ble fratrukket disponentens inntekt.

Selv om det altså kan være straffbart for mottakeren å få bestikkelser, må giveren få inntektsfradrag dersom han kan *sannsynliggjøre* at bestikkelsen er gitt til inntekts ervervelse. Det er noe uklart hvor strenge kravene til sannsynliggjøring er»²⁷.

■ Betale kjent, velrenommert advokat for å gi «autoritet» til ei usann framstilling

Dette er ein metode som berre dei rike kan bruke. Dei kjøper seg bestemte tenester frå ein advokat, tenester som ligg i grenselandet for kva som bør vere etisk forsvarleg å gi seg ut på for advokatar. Vi er sjølv sagt ikkje usamde i at ein person som er sikta eller mistenkt for straffbare handlingar, skal ha hjelp frå

ein forsvarar som opptrer på den mistenkte sine premissar. Det er ein del av rettssikkerheta. Det er heller ikkje urimeleg at ein person som blir offentleg kritisert for sine eigne handlingar, søker juridisk hjelp og gode råd.

Men om vi tar tidlegare varaordfører Heggen Larsens samrøre med partisponsor Arild Siggestrøm som eksempel, ser vi at det ikkje var noe av dette som skjedde. Da handla det kort og enkelt om å betale ein advokat for å gi massemedia ei usann framstilling av spørsmålet om betaling for ein leveranse verdt fleire titusenar. (Sjå side 19.) Slik slapp den korrupsjonsmistenkte å svare sjølv på vanskelege spørsmål frå journalistar som var nær ved å finne fram til sannheta.

■ Byggherrekontroll

Når kommunen - eller ein annan byggherre - kjøper tenester frå ein entreprenør, så har dei to partane motsette interesser. Byggherren vil ha jobben gjort så billeg som muleg og med avtalt kvalitet. Entreprenøren skal tene pengar. Slurv og forenkling som byggherren ikkje oppdagar, og ei slik fortolking av kontrakten at mykje av jobben blir tilleggsarbeid - i beste fall mot timerekning, er to sikre pengekjelder. Bruk av dyrare materialar og meir omfattande arbeid enn nødvendig, kan òg gi ekstraintekter. Det nyttar lite å moralisere over at det er eit slikt objektivt motsetnadsforhold mellom byggherre og entreprenør. Poenget er at kommunen må organisere ein effektiv byggherrekontroll på byggeplassen. Det betyr at kommunen sjølv må ha ein eller fleire personar som er på staden når arbeidet blir utført. Ein som kan kontrollere at det blir brukt riktig rørdimensjon, riktig betongkvalitet, riktig type fyllmasse osv.

Ved visse typar tunnelarbeid er det f.eks. nødvendig å sprøyte kjemisk tetningsstoff inn i fjellmassen rundt tunnelen. I kontrakten står det kor tette og kor djupe injeksjonshol som skal borast og kor høgt trykk som skal brukast ved innsprøytinga. Viss kontrolløren ikkje er der og ser til at dette faktisk skjer på den måten og i det omfanget som er avtalefesta, så hjelper det lite kva som står i kontrakten. Etterpå er det nemlig

fysisk umuleg å undersøke kor djupe injeksjonshola er og om dei er fylt på rett måte.

Viss byggherrekontrolløren er nøyaktig og sjølvstendig, vil det vere vanskeleg å auke fortienesta på anbudsarbeid ved slurv eller forenkling. Er han ukyndig eller likegyldig, har entreprenøren nokså fritt spelarom. Er han korrump, kan alt skje.

Eksempel: Ved byggjinga av Sentrum T-banestasjon - rett under Stortinget - brukte entreprenøren forskalingsbord og melkekartongar der det skulle vere vasstett betong av særskild høg kvalitet, utan at byggherren slo alarm.

Der det ikkje er avtalt pris på førehand, er byggherrekontrolløren enda viktigare. Det finst nok av entreprenørar som får formennene sine til å «skrive timeliste med gaffel» når dei utfører rekningsarbeid. Viss kontrolløren godkjenner timelister utan å vite at alle timane er knytta til det aktuelle prosjektet, så er det uråd å kome etterpå og reise krav mot entreprenøren. Det same gjeld godkjenning av materialforbruk av ulike slag.

Eksempel: Firmaet Myhre & Storli A/S skjulte ein del privatarbeid for sjefen ved den kommunale rørleggjarverkstaden i Oslo da dei sommaren 1988 skreiv rekning til kommunen for arbeidet med ei grøft ved Klemetsrud skole. Arbeidet måtte vere ferdig til skolestart. Kontrollen var svak, avtalen om førehandspris var muntleg. Firmaet «justerte» rekninga før dei sendte den, slik at ein del privatarbeid vart betalt av kommunen.

Eksempel: Det politiskstyrte Oslo Byfornyelse A/S hadde som praksis å leige inn meir eller mindre profesjonelle byggjeleiarar til å stå for byggherrekontrollen. Ein kontrollør tente betre dess fleire oppdrag han hadde samtidig. Da eigedommen Åkebergveien 36 vart rehabilitert, godkjende den innleigde kontrolløren ei rekning frå firma Helge Schjærve A/S for vekkøyring av omlag 110 containerlass med søppel og skrot. I kontrakten sto det at dei skulle bruke omlag ein tiandepart av dette, men kontrolløren attesterte tilleggsrekninga utan å blunke. Da hjalp det lite at kven som helst etterpå kunne sjå at det ville vori god plass til å køyre vekk heile huset i dei 110 containarane som burettslaget måtte betale for.

■ Delegering av myndighet

Etter kommunelova er det kommunestyret som har - og skal ha - all makt i kommunen. I kommunen finst det ikkje noe som tilsvargar maktfordelinga i staten mellom lovgivande, utøvande og dømmende makt. Kommunestyret må - av praktiske grunnar - delegere ein del av makta si til formannskapet, til andre politiske utval og til administrasjonen.

§ 31 a i KommuneLova set grenser for kva som kan delegerast til administrasjonen:

«Kommunestyret, og formannskapet etter bestemmelse av kommunestyret, kan overdra til administrasjonssjefen og til leder for forvaltningsgren i kommunen å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av enkeltsaker som må anses som kurante og som kommunestyret etter denne lov har myndighet til å behandle. Kommunestyret kan også bestemme at organ opprettet etter §§ 25, 26 og 27 kan gi lederen, et arbeidsutvalg på minst 3 medlemmer eller de tjenestemenn som er nevnt i første punktum, myndighet til å avgjøre slike saker. Overdragelse av myndighet etter første og annet punktum må under ingen omstendighet gå ut over de grenser som er angitt i §§ 24 og 25...»

I dei to sistnemnde paragrafane er det lista opp ei lang rekkje sakstypar som det berre er kommunestyret som kan avgjere på lovleg og gyldig måte.

Det finst utfyllande reglar om dette i andre lover.

Det er altså *kommunestyret* som har myndighet til å delegere. Og lova set ei absolutt grense ved «saker som må anses som kurante» når det gjeld delegasjon til lågare nivå enn formannskapet. I forarbeida til lova er det forklart kva som ligg i uttrykket «kurant»: «Saker som må undergis bredere vurderinger eller som vil være gjenstand for politiske meningsbrytninger, vil ikke være egnet til delegasjon»²⁸.

Viss ein går på tvers av dette forbodet mot å flytte vekk frå kommunestyret saker som «vil være gjenstand for politiske

meningsbrytninger», da sluttar kommunestyret å vere det øvste, styrande organet i kommunen.

Delegasjon betyr vanlegvis at eit organ overfører litt av si eiga myndighet til eit anna organ. Men dette betyr ikkje at det overordna organet blir kvitt *ansvaret* for det aktuelle saksområdet: «Organet har rett og plikt til å føre kontroll med hvordan den delegerte myndighet blir utøvet i henhold til retningslinjer som måtte være gitt for myndighetsutøvelsen... Delebert myndighet kan dessuten når som helst innskrenkes, eventuelt helt tilbakekalles. Ansvaret for delebert myndighet ligger således helt klart hos det delegerende organ»²⁹.

Ein ordfører tar altså feil viss han seier: «Den saka har eg delebert til sjefen for teknisk etat, så det er ikkje mitt ansvar lenger.»

Viss kommunen ikkje følgjer dei reglane som finst for delegering, kan ei sak først bli delebert frå kommunestyret til formannskapet, så derifrå til rådmannen, og så vidare frå han til ein etatsjef som kan overlate avgjerda i saka til ein av sine underordna. Skjer dette med mange slags saker, er det snart ingen som veit kven som eigenleg har avgjerdsmyndighet og kven som har ansvar.

I arbeidet med utforminga av kommunelovas § 31 a slo departementet fast at det ikkje skal gjerast på den måten:

«Departementet mener det vil tilligge det delegerende organ - kommunestyre og fylkesting - i forbindelse med det enkelte delegasjonsvedtak å ta standpunkt til om det skal være adgang til vidare delegasjon (subdelegasjon)»³⁰.

Dei som styrer Oslo kommune har her - som så ofte elles - ei anna oppfatning og ein annan praksis enn det som er gjeldande rett i resten av kongeriket. I den store delegasjonssaka som vart laga da bystyret i februar 1986 vedtok å innføre byrådsordninga, slo finansrådmannen fast at for Oslos del skulle regelen vere det stikk motsette av det som departementet meiner:

«Dersom delegasjonsvedtaket ikke inneholder noe forbud mot vidare delegasjon, er det det organ som har fått myndig-

het, som selv vurderer behovet for å delegere ytterligere, f.eks. fra et politisk organ til administrasjonen»³¹.

Byrådet i Oslo oppnemnde i 1989 Gussgardutvalet for å «gjennomgå tilfeller av økonomiske misligheter, regelbrudd eller klanderverdig praktisering av rutiner, samt belyse eventuelle mangler i det eksisterende regelverk i Oslo kommune». Utvalet peikar på at Oslo - med dei nye delegasjonsreglane i 1986 - dermed innførte «nærmest fri adgang for det organ som er tildelt myndighet, til å delegere videre. Det er etter Utvalgets oppfatning ikke uten videre gitt at dette er rettslig holdbart»³².

Gussgardutvalet nemner at det i Oslo er «flere eksempler på tilfeller der finansdirektøren delegerer myndighet han selv er blitt tildelt gjennom delegasjon, videre til etatsledere, uten at det delegerende organ har tatt stilling til dette. Som eksempel kan nevnes finansdirektørens avgjørelse om å gi eiendomssjefen fullmakt til å avgjøre saker om salg av eiendommer når verdien ikke overstiger 1 millioner kroner. I dette tilfellet var finansdirektøren selv blitt tildelt myndigheten ved intern delegasjon fra byrådet uten at byrådet hadde tatt stilling til om avgjørelsesmyndigheten kunne overlates videre til eiendomsjefen. Heller ikke ved bystyrets delegasjon til byrådet kan det sees å ha vært tatt stilling til slik videre delegasjon»³³.

I denne tomtesaka som Gussgard nemner, var desse brota på delegasjonsreglane med på å leggje forholda til rette for ei dreven svindlargruppe som dermed fekk høve til å tene millionar på spekulasjon med kommunale tomter.

■ Dobbeltroller

Det finst tusen mulege dobbel- eller trippelrolle-kombinasjonar. Her er noen av dei:

- Ein av dei vanlege er å kombinere ordførarvervet med ei sentral direktørstilling i det lokale næringslivet. Ordførar Svein Tømmerdal (H) i Ålesund, som samtidig var banksjef i Sunnmørsbanken, er berre eitt av mange eksempel.

- Oslo-firmaet Ronald Bye Consulting A/S laga i 1989 ein rapport om reiselivsutbygging for Risør kommune. Konsulentoppdraget kosta omlag ein halv million kroner. Bye var samtidig styremedlem i Risør Fritidssenter, som låg midt i det området som rapporten handla om, og hadde fordel av konklusjonane i rapporten.

- Bystyremedlem Villy Jacobsen (Ap) i Oslo sette ein slags rekord med kombinasjon av minst seks ulike roller:

Han var for det første bystyremedlem og var med på vedtak som galdt byfornyingsarbeidet. For det andre var han - heilt frå starten - eit 'tungt' styremedlem i det meir enn halvkommunale Grønland Byfornyelse. For det tredje var han først forbundssekretær og så nestleiar i Bygningsindustriarbeiderforbundet som var aksjonær både i Grønland Byfornyelse og i entreprenørskapatet Fagbygg A/S. For det fjerde var han nestleiar i styret i Fagbygg A/S som fekk store oppdrag frå Grønland Byfornyelse A/S utan anbuds konkurransen. For det femte var han formann i det kommunale Desisjonsutvalet som fører tilsyn med Kommunerevisjonen som igjen hadde ansvar for å revidere rekneskapaen i Grønland Byfornyelse A/S. For det sjette vart han frå 19. mai 1983 tilsett som deltids informasjonskonsulent i Grønland Byfornyelse. Dessutan var han styremedlem i Oslo Arbeiderparti.

■ Dokumentfalsk

§§ 179 til 190 i straffelova nemner ulike former for dokumentforfalsking. § 180 slår fast at det skal straffast som dokumentforfalsking «naar et Papir eller en anden Gjenstand, hvorpaa nogen har tegnet sit Navn, uberettiget udfyldes, eller naar Underskriften forskaffes ved Hjælp af en Vildfarelse...»

§ 182 har ei strafferamme på inntil 2 år for den som «i retsstridig Hensigt benytter som ægte eller uforsfalsket et eftergjort eller forfalsket dokument eller medvirker hertil».

Strafferamma er på inntil fem år, dersom eit falskt dokument blir brukt til å gjennomføre eit anna brotsverk som kan straffast

med minst 2 års fengsel.

I § 185 er det fastsett straff på inntil 2 år for «den som forfalsker en offentlig Protokoll eller medvirker hertil».

§ 187 er retta mot den som helt eller delvis «ubrugbargjør et Dokument, eller medvirker hertil». Her er straffa inntil to års fengsel, men inntil fem år, dersom dokumentøydeleggjinga er skjedd «som Middel til forøvelse av en Forbrydelse, der kan medføre 2 Års Fængsel eller strengere Straf.» Denne paragrafen blir ofte bryti i samband med korrupsjonssaker. For dei mistenkte er det viktig å fjerne eller øydeleggje avslørande dokument. Men det er sjeldan at slik øydeleggjing av dokument i praksis blir likestilt med dokumentforfalsking. Det finst nesten ikkje rettspraksis på at politikarar eller tenestemenn er dømt etter denne paragrafen.

Så er det til slutt eit forbod i § 189 som bl.a. kan bli brukt mot helsepersonell: «Den, som i inden- eller udenlandske offentlige Dokumenter eller Bøger eller i Lægeattester afgiver uriktig Erklæring angaaende nogen Begivenhed eller Omstændighed, hvortil Erklæringen er bestemt til at afgive Bevis, eller som bevirker eller medvirker til, at saadan Erklæring afgives, straffes med Bøder eller med Fængsel indtil 1 Aar, men indtil 3 Aar saafremt Hensigten har været at forskaffe sig eller andre en uberettiget Vinding eller at skade nogen».

Eksempel: Ein 33-åring var tilsett som mellombels assistent ved Statens Bilfordelingskontor i Oslo i den tida folk måtte ha løyve for å kjøpe bil. For 600 kroner skaffa han fram slike løyve til 6 namngitte personar. For å skaffe fram dei falske kjøpeløyva, viska han ut namna på ferdig utfylte dokument - og sette inn nye namn. Forhørsretten dømte han til 6 månaders fengsel utan vilkår for brot på bestikkelsesparagrafen (straffelova, § 112/113) og dokumentfalskparagrafen (straffelova, § 183).

Når dokumentfalsk berre ein sjeldan gong blir påvist, har det til dels å gjere med at kontrollen er for svak. Vi har f.eks. høyrte påstandar om tilføyning av tal på enkelte fakturaer frå eit privat firma til ein kommunal etat, etter at fakturaen er utskreven og etter at kopien er arkivert hos sendar. Skal dette påvisast, må skattemyndighetene både gjennomføre svært nøyaktig boketter-syn og samarbeide tett med kommunerevisjonen og samanlikne

dokument for dokument. Denslags samarbeid skjer nesten aldri, dels på grunn av forelda teiepliktreglar i skattelovgivinga og dels fordi det manglar politisk vilje til å etablere slikt på-tvers-samarbeid.

Produksjon av falske bilag er ei vanleg form for dokumentfalsk som blir brukt for å ta ut skattefri privatinntekt til nøkkel-personell i private firma.

Dokumentforfalsking kan ha privatøkonomiske motiv, slik som i dei eksempla som er nemnt i kapitlet om Grønland Byfornyelse, men det kan òg vere ikkje-økonomiske motiv. I Bjørkllysaka (sjå side 82) var dokumentforfalsking ein metode som vart brukt for å sleppe unna ein brysam eller pinleg debatt i eit bydelsutvalsmøte.

■ Erstatningstrugsmål

Norsk injurielovgiving - og rettspraksis i fleire saker på 70- og 80-talet - er slik at erstatningstrugsmål kan stanse eller hindre sakleg, kritisk journalistikk.

Professor Carl August Fleischer har denne kommentaren til dommen i OBOS-saka mot Kapital:

«Det har faktisk blitt påstått (bl.a. i OBOS-Hegnar saken i 1979) at man ikke skulle ha lov til å tale om 'korrupsjon' med mindre det også er bevis for at den som har mottatt fordelene - bestikkelsene - også har gitt motytelser ved å opptre annerledes enn han ellers ville gjort. Pressen skulle etter denne merkverdighet ikke engang kunne fortelle at det forelå 'korrupsjon' selv om det var på det rene at en dommer eller en funksjonær har mottatt spesielle fordeler fra en part - sålenge man ikke også kan bevise det at dommeren eller funksjonæren har truffet andre skjønnsmessige beslutninger enn de ellers hadde gjort. Hvis dette - ofte umulige - bevis-tema ikke var oppfylt, skulle den - etter naturlig språkforståelse - korruperte dommer selv kunne løpe til domstolene og få vedkommende journalist dømt for injurier. Dette er i sannhet en vakker oppgave for det norske rettsapparat»³⁴.

Tidlegare byrådsleiar i Oslo, Hans Svelland (H), «stansa» NRKs kritiske reportasjeteam i november 1988 ved å betale ein velrenommert advokat for å trugete dei med injuriersøksmål. Det vart aldri noe søksmål, men det vart stille på P1.

Fylkesordførar Erling Fløtten (Ap) i Finnmark brukte samtidig den same metoden mot Sør-Varanger Avis i Kino-saka hausten 1988.

■ Gåver

Det er ein uklar og flytande overgang mellom gåver og bestikkelsar. Fram til 1990 har det på leiande hald i stat og kommune vori fint liten interesse for å definere kor grensa skal gå. Ein tidlegare tilsett i Boligetaten i Oslo kommune fortel at han for noen år sia spurde sjefen sin om kva han hadde lov å ta i mot. Svaret var enkelt: «Det du kan klare å bere med deg».

I tenestemannslova frå 1983 - som berre gjeld i staten - er det i § 20 eit rundt formulert forbod mot å motta gåver o.l. i tenesta:

«Ingen embets- eller tjenestemann må for seg eller andre motta gave, provisjon eller annen ytelse som er egnet til, eller av giveren er ment, å påvirke hans tjenestlige handlinger, eller som det ved reglement er forbudt å motta. Overtredelse kan medføre ordensstraff eller avskjed.»

Ordensstraff er etter same lova «skriftlig irettesettelse eller tap av ansiennitet fra en måned til to år». Lova opnar for å bruke degradering til lågare stilling som ordensstraff.

Da sorenskrivar Bjørn Stordrange i 1989 undersøkte om det var laga nærmare reglar for dette, var svaret negativt overalt. Personaldirektoratet hadde ikkje registrert at det fantest slike retningsliner. Finansdepartementet opplyste at dei fleire gonger hadde drøfta om det var ønskjeleg med nærmare reglar. Men dei hadde ikkje gjort noe med det³⁵.

Det har stort sett vori like uklart i kommunane. Men i løpet av 1990 oppsto det ein plutselig iver etter å lage etiske reglar,

både i Kommunenes Sentralforbund og hos Byrådet i Oslo. Etiklutvalet i Kommunenes Sentralforbund laga eit «normalreglement» som inneheldt det dei kallar «etiske retningslinjer». Første setningen er omtrent like skarp i kantane som politimeister Bastian si «Kardemommelov» og slår fast at «X kommune legger stor vekt på redelighet, ærlighet og åpenhet i all sin virksomhet. Både folkevalgte og ansatte har ansvar for å etterleve dette prinsippet».

Etiklutvalet går opp grensene for kva slags gåver som er akseptable, på denne måten:

«3.a. Folkevalgte og ansatte i kommunen skal unngå personlige fordelar av en art som kan påvirke, eller være egnet til å påvirke, handlinger, saksforberedelse eller vedtak. Dette gjelder likevel ikke gaver av ubetydelig verdi, så som reklamemateriell, blomster o.l. Gaver omfatter ikke bare materielle gjenstander, men også andre fordelar, f.eks. i form av personlige rabatter ved kjøp av varer og tjenester.

3.b. Ved tilbud om gaver o.l. som har et omfang som går ut over kommunens retningslinjer, skal nærmeste overordnede kontaktes. Mottatte gaver skal returneres avsender sammen med et brev som redegjør for kommunens regler om dette».

I desember 1990 vedtok Oslo formannskap - etter forslag frå byrådet - noe som blir kalla «Etiske normer og regler for ansatte i Oslo kommune». Forutan å lese utkastet til «Normalreglement» frå Kommunenes Sentralforbund hadde Byrådet «dessuten rådspurt en etiker ved Universitetet i Oslo». Oslo-reglane skil seg frå Sentralforbundet sitt opplegg ved at dei berre gjeld for dei tilsette i kommunen, og ikkje for politikarane.

Det sjette av ni «etiske prinsipper» er å «ikke akseptere for seg selv, for sin familie eller andre nærstående spesielle fordelar av økonomisk eller annen art som kan oppfattes som å påvirke ens tjenesteutøvelse». Dette skil seg frå Sentralforbundet sitt Etiklutval ved at «familie eller andre nærstående» blir rekna med. Forøvrig er reglane om gåver dei same som i «normalreglementet», berre med det tillegget at «faglige reiser hvor reise og opphold betales av en leverandør til kommunen eller et

privat firma som ønsker å gjøre forretninger med kommunen», er tatt med som eksempel på uakseptable gaver eller fordelar ein tilsett kan få tilbod om.

Det viktigaste nye i 1990 - samanlikna med § 20 i Tenestemannslova - er altså at dei tilsette skal varsle nærmaste overordna viss dei får tilbod om regelstridige gaver eller fordelar. Og så skal det sendast brev til givaren. Ettersom slike brev frå eit offentleg organ ikkje kan unntakast frå offentleg innsyn, vil kommunale postjournalar om eit år eller to vise om denne regelen får praktiske følgjer.

Ein kan imidlertid aldri vere heilt sikker på at dei som får gaver, vil vedgå det. Då Formannskapet sitt tilsynsutval gjorde ei rundspørjing mellom bystyremedlemmene i Oslo, fann dei ut at det berre var to av dei som hadde opplevd å få tilbod om alkoholhaldige varer som gåve i samband med det politiske arbeidet. Begge to var fråhaldsfolk.

Eksempel: Ein lege som kjøpte inn utstyr til bruk ved operasjonar ved eit stort sjukehus, fekk i 1990 tilbod om 15 prosents rabatt i ein innkjøyringsperiode. Samtidig sa firmaet sin representant at dei i staden for å gi rabatt til sjukehuset, godt kunne skrive full pris på rekninga og så istaden betale inn «rabatt»-summen på ein særskild konto, etter ønskje frå legen. Firmarepresentanten sa ikkje meir enn akkurat dette, men det låg i korta at 'rabatten' kunne gå inn på f.eks. ein forskingskonto, eller ein privat konto. Dette er ein handlemåte frå firmaet si side som kan bli ramma av § 128 i straffelova. Hadde legen godtatt tilbodet, istadenfor å seie nei og varsle sine overordna, hadde han vori kvalifisert til straff etter § 112. Liknande tilfelle - og enda verre - er vanleg fra utstyrsleverandørar i helsevesenet, men det er sjeldan at legar seier frå om tilboda dei får.

■ «Gransking» som dekkmanøver

Sjølve ordet 'gransking' blir brukt på svært ukritisk vis i massemedia. Vi meiner det ordet berre bør brukast i dei tilfella der ein granskingskommisjon forpliktar seg til å følgje strenge saksbehandlingsreglar og rettssikkerhetskrav. Formannskapetets

tilsynsutval i Oslo driv såleis ikkje med gransking. Dei vedgår sjølv at arbeidet i utvalet «har ikke hatt det formål å foreta etterforskning eller gransking av mulige ulovlige forhold, men først og fremst å vurdere om de beslutninger mv. som er gjort i de enkelte sakene er kritikkverdige»³⁶.

Det er greitt når eit slikt utval på denne måten sjølv seier frå at dei ikkje driv med gransking. Det er langt verre når noen gir seg ut for å vere 'granskingskommisjon' utan å leve opp til dei krava og den standarden som dette krev.

Staten har reglar som fastset krav til både samansetjing og saksbehandling i ein granskingskommisjon³⁷. Viss desse reglane blir krenka, eller viss kommisjonen sjølv snevrar inn arbeidsfeltet sitt på ein urimeleg måte, kan sjølv granskingskommisjonen endre karakter og istaden bli ein dekkoperasjon. Dette har skjedd fleire gonger i Oslo.

Koren-utvalet som hausten 1982 «granska» overgrep og urett mot klientar ved Sosialsentralen i Oslo, er eitt av dei mest typiske eksempla. Etter at Sosialutvalet 15. juni 1982 vedtok eit forslag frå Høgre om å opprette ein uavhengig granskingskommisjon, vart ordførar Nordengen sett under eit visst press frå daverande høgsterettsjustitiarius Rolv Ryssdal. Sistnemnde var gift med sosialrådmann Signe Marie Stray Ryssdal som var ein av dei hardaste motstandarane av granskingskommisjon. Høgsterettsjustitiarius tok personleg kontakt med ordførar Nordengen for å be han ta omsyn til sosialrådmannens synspunkt og situasjon. Da Nordengen og formannskapet såg vekk frå Kommuneadvokatens faglege råd, og sørnga for å fylle «kommisjonen» med politikarar som var innblanda, tilsette som var underordna dei som skulle granskast og i tillegg skaffa ein formann som braut med dei mest elementære saksbehandlingsreglane, da var grunnlaget lagt for at sluttrapporten ville bli utan autoritet og tyngde. Smith-utvalet gir denne «granskinga» strykkarakter når dei «konstaterer ... at kommunen valgte en løsning som var egnet til å gi granskingen et skinn av uavhengighet som ikke uten videre hadde dekning i utvalgets sammensetning (bortsett fra formannen)» og «konstaterer at formannskapet ved å oppnevne som medlemmer av utvalget tjenestemenn som ved utførelsen av sitt mandat kunne komme i konflikt med sine

overordnede, la grunnlaget for en svekkelse av utvalgets troverdighet»³⁸.

Det var ikkje berre høgsterettsjustitiarius Rolv Ryssdal sine ønsker som var årsak til at Nordengen gjekk i bresjen for å hindre ei uavhengig og sakleg granskning. Nordengen var personleg ansvarleg for at korkje han sjølv eller andre hadde gripi inn da formannskapet fekk skriftlege rapportar om urett og misforhold omlag eit år etter at Nordengen vart ordførar. Smith-utvalet slår fast at «sosialrådmannen, sosialutvalget, finansrådmannen og formannskapet ikke tok sitt tilsynsansvar tilstrekkelig alvorlig» da dei i 1977 fekk slike rapportar til behandling³⁹. Albert Nordengen og formannskapet valde ei useriøs samansetting av 'granskingsutvalet' for å hindre avsløring av dei feila som dei sjølv hadde gjort. Når Hans Svelland og andre medansvarlege formannschaftsmedlemmer skulle stå for 'granskinga', kunne Nordengen og fleire til føle seg trygge.

Smith-utvalet omtalar eit liknande eksempel frå hausten 1990. Klassekampen trykte 18. oktober ein større reportasje som inneheldt kritikk av ein del forhold ved Oslo Vann- og avløpsverk i siste del av 80-åra. Same dag sendte byrådet ut ei pressemelding med tittel «Indre kritikk i Oslo kommune følges opp». Smith-utvalet seier at meldinga er «egnet til å skape inntrykk av at kommunen tok kritikken alvorlig». Samtidig ga byrådet ordre om å setje i gang arbeid internt i kommunen for å samle negative opplysningar om den pensjonerte avdelingsingeniøren som var Klassekampens kjelde. Smith-utvalet kommenterer slik: «Utad gir kommunen, i forbindelse med presseoppslag, altså inntrykk av at kritikken er fulgt opp slik dens innhold skulle tilsi. Innad tillegges derimot kritikken liten betydning fordi den kommer fra en antatt 'vanskelig' person. Slik dobbelthet er lite egnet til å skape tillit til kommunens behandling av saken»⁴⁰.

■ Habilitet/inhabilitet

§§ 6-10 i Forvaltningslova inneheld dei reglane om habilitet som gjeld for både tenestemenn og folkevalde i alle offentlege organ. Berre «statsråd i egenskap av regjeringsmedlem» er unn-

tatt. § 6 nemner dei forholda som skaper inhabilitet:

«En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltnings sak

a) når han selv er part i saken,

b) når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken,

c) når han er eller har vært gift med eller forlovet med eller er fosterfar, fostermor, eller fosterbarn til en part,

d) når han er verge eller fullmektig for en part i en sak eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken er begynt,

e) når han leder eller har en ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for et selskap som er part i saken og som ikke helt ut eies av stat eller kommune, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken.

Likeledes er han ugild - inhabil - når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal det legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for han selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.

Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private hensyn tilsier at han viker sete. Rekkevidden av annet og fjerde ledd kan fastlegges nærmere ved forskrifter som gis av kongen.»

§ 7 inneheld eit unntak:

«(Foreløpig avgjørelse) Uansett om en tjenestemann er ugild, kan han behandle eller treffe foreløpig avgjørelse i en sak dersom utsettelse ikke kan skje uten vesentlig ulempe eller skadevirkning.»

Det er ingenting negativt i det å vere inhabil. Likevel blir særleg det andre leddet i § 6 mislikt av enkelte. Formannskapetets tilsynsutval i Oslo har slegi fast at «det er (også) tilstrekkelig til å begrunne inhabiliteten (etter 2. ledd) at det foreligger omstendigheter som er egnet til å svekke tilliten til upartiskhet. Det kreves ikke at det kan konstateres at tilliten er svekket, eller at forholdet har medført at det er lagt vekt på utenforliggende hensyn». (Delinnstilling 1, side 35).

§ 8 slår fast at «tjenestemannen avgjør selv om han er ugild», men viss ein part krev det, eller han sjølv finn grunn til det, «skal han forelegge spørsmålet for sin nærmeste overordnede til avgjørelse». I ei nemnd eller eit kommunestyre «treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar».

Det som derimot er negativt og klanderverdig, er at tenestemenn og politikarar bryt påbodet i lova om å seie ifrå om eigen inhabilitet og at dei dermed tar del i handsaming av saker der dei er inhabile. Den utbreidde likegyldigheta og til dels forakten for habilitetsreglane i mange rådhusmiljø, er eit mykje større problem enn det at politikarar i noen høve er inhabile. Riksadvokaten har kommentert stoda i Oslo slik: «Når habilitetsreglene ikke er blitt fulgt, skyldes det i liten grad den enkelte folkevalgte. Grunnproblemet synes å ha vært den manglende forståelse og respekt for habilitetsreglene som har gjennomsyret store deler av den politiske ledelse i Oslo kommune i lengre tid»⁴¹.

Det er nok av eksempel på at habilitetsreglane blir sabotert eller ikkje forstått. Høgres formannskapsgruppe i Oslo gjorde i august 1990 eit vedtak om at eit av medlemmene i partigruppa var heva over § 6 e) i forvaltningslova. Det galdt ein representant som var medlem av styret i Norsk Teknisk Museum som igjen var part i ei sak som kommunerevisjonen hadde vurdert.

Lovteksten er heilt klar, men Høgre-gruppa gjorde vedtak om at dette ikkje skulle gjelde i denne saka. I formannskapsmøtet etterpå vart lova sett til side med fleirtalsvedtak, 11 mot 10 røyster.

Eit bystyremedlem i Tromsø vart forarga over at han 31. januar 1991 vart erklært inhabil i ei sak som galdt om kommunen skulle gi utvida økonomisk ryggstøtte til Tromsø Boligbyg-gelag (TBBL). Vedkomande hadde tidlegare vori styremedlem i TBBL og hadde vori med på vedtak som førte TBBL ut i uføret. Andre representantar meinte at han dermed burde erklærast inhabil, sannsynlegvis ut frå reglane i andre ledd i § 6. Det tidlegare styremedlemmet tykte dette var så ille at han melde ein interpellasjon om saka i april 1991. I interpellasjonen viser han at han sjølv har ei spesiell forståing av lova:

«Uten referanse til den konkrete sak vil jeg hevde at lovens bestemmelse om habilitet går på fremtiden, og ikke på fortiden. Bare dersom saken gir, eller kan innebære fordeler for medlemmet, eller personer og organisasjoner medlemmet er knyttet til, i tiden som kommer; skal inhabilitet under saksbehandlingen erklæres. Det vil si at det må være en slik kausal sammenheng mellom person og sak, at personen på en eller annen måte kan dra gevinst eller tap, avhengig av sakens utfall».

Det skulle gå klart fram av lovteksten at denne representanten har misforstått.

Den som er - eller kan vere - inhabil, skal sjølv seie frå om dette på førehand. Etter mange år gjennomsyra av manglande respekt for lova, for å låne Riksadvokaten sin karakteristikk, har Oslo bystyre no i 1991 fått laga seg 'køyrereglar' for handtering av habilitetsspørsmål, som truleg kan brukast av andre og:

Ein representant «skal i god tid før møte si ifra om forhold som gjør eller kan gjøre ham inhabil. Det samme gjelder varamedlem som er innkalt til møte». Det er møtesekretæren som skal få beskjed på førehand. Når den aktuelle saka skal behand-

last «skal møtelederen (først) redegjøre for innkomne inhabilitetshenvendelser. Det er forsamlingen og ikke møtelederen som skal ta standpunkt til inhabilitetsspørsmålet.» Det er høve til å la den det gjeld svare på spørsmål. «Deretter må vedkommende fratre. Forsamlingen behandler så spørsmålet om vedkommendes habilitet og foretar til slutt en votering»⁴².

Reglane er så detaljerte fordi tilstandane i Oslo bystyre viste at det var nødvendig å gi dette inn med teskei.

Forvaltningslova gjeld berre avgjerder i offentlege organ. Men fleire parti har slike vedtekter eller slik organisasjonspraksis at eit partiorgan kan avgjere kva standpunkt partiet skal ta i ei bestemt sak i kommunestyret. Dette skjedde f.eks. i Oslo Arbeiderparti i september 1984 da eit knapt fleirtal i Representantskapet tvang bystyregruppa til å skifte standpunkt og gå inn for riving av fleire rehabiliterte hus i Breigata på Grønland. Oslo Formannskap vedtok i desember 1990 reglar som tar sikte på slike forhold. Vedtaket - som er ei oppfordring til partia - slår fast at «partiene ansees pliktig til å følge prinsippene i forvaltningslovens inhabilitetsregler ved behandling av saker som foreligger til behandling i kommunale organer»⁴³.

Det er som nemnt ikkje noe negativt i å vere inhabil. Lovbrot blir det først viss ein lar vere å seie frå om eigen inhabilitet. Da kan det - i grove tilfelle - tilmed vere snakk om at ein person utnyttar dobbeltroller til eigen eller andres fordel. Om det skjer, blir det dekkja av andre lovreglar. I prinsippet er det òg straffbart å bryte habilitetsreglane. Straffelovas § 324 er hard nok:

«Unnlater en offentlig tjenestemann forsettlig å utføre noen tjenesteplikt, eller overtrer han på annen måte forsettlig sine tjenesteplikter, eller viser han tross advarsel, forsømmelighet eller skjødesløshet ved utførelse av disse, straffes han med bøter eller tjenestens tap.»

I praksis er det likevel ikkje vanleg å straffe brot på inhabilitetsreglane. Riksadvokat Georg Fr. Rieber-Mohn har ei prinsipiell og tankevekkjande grunngiving for dette i Oslos tilfelle, etter å ha konstatert at delar av den politiske leiinga er

gjennomsyra av manglande respekt for lova: «Det kan derfor lett fremstille seg som mindre rettferdig å straffe noen få enkeltrepresentanter, som med rette kan fremholde at de ikke har forholdt seg annerledes enn det forgjengerne deres har gjort i lang tid. Denne 'oppfølging' av tidligere praksis kan også ha ført til at den enkelte representant i forhold til pliktstridigheten ikke har utvist det nødvendige forsett».⁴¹ Det skulle bli ein interessant situasjon om Riksadvokaten i andre saker meinte at det å leve i eit kriminelt miljø - og berre gjere dei lovbrota som er vanleg i miljøet - i seg sjølv skulle medføre fritak for straff og tilmed føre til at saka ikkje blir etterforska.

Eksempel: Etter det vi kjenner til, er det berre eitt tilfelle i etterkrigstida der ein politikar har vorti dømt for brot på inhabilitetsreglane. Det var Høgre-kommunalråden i Bergen som i 1986 vart dømt for å ha vori med i kommuneutval- og formannskapsmøta som handsama ei konsesjonssak der eit firma han sjølv hadde interesser i var part.

Tove Heggen Larsen - som fekk montert boblebad etter velvillig forarbeid av Arild Siggestrøm - var i mars 1988 med på å gje firmaet til Siggestrøm ei gavebevilgning på 308 000 kroner. Siggestrøm kjende mange Ap-politikarar i Oslo, og sponsa dessutan Oslo Ap. Rune Gerhardsen, som sat i styret i Oslopartiet på denne tida, var også med på handsaminga av Siggestrøm-saka. Heller ikkje han sa ifrå om at han var inhabil. Riksadvokaten har imidlertid avgjort at det ikkje skal takast ut taltale mot noen av desse.

Viss ein tenestemann i administrasjonen er inhabil, seier tredje ledd i § 6 i forvaltningslova at hans eller hennar underordna også er inhabile. Det går ikkje an å gjere slik som ein kommunal avdelingssjef i Oslo gjorde ved ei tilsetjingssak i mars 1991. Sonen hans var søkjar til ei stilling i avdelinga hos far. Far overlet da til ein av sine underordna å lage innstillinga som sa at sonen burde få jobb, og at enkelte andre med lengre ansiennitet ikkje burde bli tilsett.

I såkalla kollegiale organ er det ikkje slik. Om leiaren i eit utval eller ei nemnd er inhabil, så får ikkje det følgjer for andre medlemmer av organet.

■ Hastevedtak. Kommunelovas § 22

Hasteparagrafen i kommunelova har ei så allmenn form at det er stort rom for misbruk: «Formannskapet kan avgjøre saker som det tilkommer kommunestyret å gjøre vedtak i, når det ikke er tid til å forelegge saken for kommunestyret uten å utsette berettigede hensyn for å bli tilsidesatt. Melding om vedtaket forelegges snarest mulig for kommunestyret». Om ein tar lovas bokstav på alvor, så er det definisjonen av «berettigede hensyn» som er det avgjerande. I «Kommuneloven med kommentarer» seier Helge Hammer at denne paragrafen er «å anse som nødhjelp, slik at formannskapet med hjemmel i den bare kan anses bemyndiget til å treffe de disposisjoner som må anses nødvendig inntil kommunestyret selv på ordinær måte kan gripe inn»⁴⁴.

Hasteparagrafen skal hindre at kommunen blir påført skade: «Derimot vil § 22 selvsagt ikke kunne brukes på det grunnlag at det av grunner som ligger utenfor lovens regler, ikke er opportunt å kalle inn kommunestyret. Er det tid til å forelegge en sak for kommunestyret uten å utsette berettigede hensyn for å bli tilsidesatt, vil det overhodet ikke være adgang for formannskapet til å avgjøre den etter § 22... Det er således ikke lovlig å forsinke behandlingen av en sak i den hensikt at det skal bli nødvendig å avgjøre den etter § 22»⁴⁵.

«Har formannskapet gått utenfor den ramme § 22 trekker opp, eller er dets vedtak etter lovgivningens øvrige regler ugyldige, er det ikke bindende for kommunestyret. Utenfor disse tilfelle er det derimot bindende, ...»⁴⁶.

I praksis er det annleis. For det første er det formannskapsmedlemmene som har mest autoritet i kommunestyret. Mange menige kommunestyremedlemmer opplever at det er det tverrpolitiske «formannskapspartiet» som eigenleg styrer kommunen. For det andre er fylkesmennene og Kommunaldepartementet svært varsame med å kritisere vedtak som er gjort av formannskapet etter § 22. Kommunelovutvalet har gått inn for å endre hasteparagrafen slik at han blir enda romslegare.

Eksempel: 17. desember 1986 vedtok Oslo Formannskap å gjere unntak frå kommunen sitt anbudsreglement og inngå ein kontrakt med det private konsulentfirmaet Medinor A/S om utbygging av sjukeheim på Smestad. I formannskapet vart det muntleg hevda at Medinor hadde sett ein frist for å vedta kontrakten som gjekk ut før neste bystyremøte 17. januar. Det fanst ingen dokumentasjon på dette, og det gjekk fleire månader før kontrakten vart underteikna. Førbeuinga av saka hadde vori prega av at byrådet og byrådsleiaren hadde hatt tett underhandskontakt med Medinor i over eitt år før vedtaket. Direktøren i Medinor var i det aktuelle tidsrommet sambuar med ein av byrådssekretæranane som assisterte helse- og sosialbyråd Ole B. Hovind i hans strev for å få privatisert mest muleg av eldreomsorgen. I dette tilfelle vart hasteparagrafen sannsynlegvis brukt for å unngå ein pinleg offentleg debatt i bystyret om ei sak som var svært følsom for Høgre.

■ Hemmeleg protokollføring

Det hender iblant at det ikkje finst formelle vedtak i saker i det heile tatt. Styringa og vedtaka blir då ordna av ei gruppe som jobbar skjult for innbyggjarane og dei folkevalde.

Både politiske og administrative avgjerder skal vere skriftlege og dermed kontrollerbare. Det same gjeld grunngivinga for avgjerda og den vurderinga av interessekonflikter som ligg til grunn.

Eit aktuelt eksempel her er RVs krav om gransking av byrådsleiar Hans Svelland i Oslo datert 15. november 1988. Saka vart drøfta i administrasjonsutvalet, men det står ingenting i protokollen.

Smith-utvalet peika på at visse måtar å ta avgjerder på kan leggje forholda til rette for korrupsjon. I Bjørklysaka valde byrådet i Oslo ein uformell - og dermed ukontrollerbar - måte å ta avgjerdene på. I ein prosess som gjekk over nesten to og eit halvt år og kosta kommunen millionbeløp, finst det ikkje eit einaste kontrollerbart vedtak i byrådet.

■ Innsynsrett for folk

Offentlighetslova vart vedtatt i 1970, etter hard motstand frå embetsverket. Eit forvaltningsorgan skal «i rimelig utstrekning» (§ 8) gi deg avskrift eller kopi av det du ber om, og dei skal «i rimelig utstrekning» gjere det gratis. Viss du blir nekta innsyn, skal den som nektar, «uten ugrunnet opphold» gi beskjed om kva for ei avgjerd han byggjer på, og du skal få beskjed om retten til å klage på avslaget. Du kan klage til den nærmaste overordna til den som har gitt avslag. Viss du får avslag frå kommunen, og du lagar ein skriftleg klage, er det fylkesmannen som «uten ugrunnet opphold» (§ 9) skal avgjere klagen. Alt dette betyr sjølv sagt at eit avslag skal vere skriftleg.

Viss du bruker denne lova og står på retten din, kjem du eit stykke på veg. Men hovudregelen i § 2 er formulert slik at det er mange smutthol for dei som misliker folkeleg innsyn og vil halde deg og andre 'utanforståande' på avstand:

«Forvaltningens saksdokumenter er offentlige så langt det ikke er gjort unntak i lov eller i medhold av lov.

Enhver kan hos vedkommende forvaltningsorgan kreve å få gjøre seg kjent med det offentlige innholdet av dokumenter i en bestemt sak. Det samme gjelder journal og lignende register og møtekart til formannskap og fylkesutvalg.

Forvaltningsorganet bør, etter anmodning, vurdere om dokumentet likevel bør kunne gjøres kjent helt eller delvis, selv om det etter bestemmelser i denne loven kan unntas fra offentlighet.»

Med saksdokumenter meinest både dei dokumenta som forvaltningsorganet har laga sjølv og dei dokumenta dei har mottatt frå andre.

Formannskapetets tilsynsutval i Oslo har oppsummert kva slags organ lova gjeld for: «Med dette menes at offentlighetsreglene gjelder for all virksomhet som drives av stat eller kommune gjennom det loven betegner som forvaltningsorgan. Dette omfatter de vanlige myndighetsorganer opprettet i medhold av kommunestyreloven og de forskjellige særlovsorganer etter

spesiallovgivningen, f.eks. bygningsråd, helseråd, skolestyre og havnestyre. Også institusjoner for service og forskning i offentlig regi vil fanges inn, således skoler og andre undervisnings- og forskningsinstitusjoner, offentlige sykehus og pleiehjem, offentlige museer osv.

Tvil kan oppstå om kommunens, fylkeskommunens bedrifter og interkommunale sammenslutninger organisert etter kommuneloven skal regnes som forvaltningsorgan eller 'private rettssubjekt'. Da kommunestyreloven vil gjelde for slike bedrifter, vil de i utgangspunktet måtte ansees som forvaltningsorgan i relasjon til offentlighetsloven. Generelt kan det sies at offentlighetsloven gjelder for alle selskaper og sammenslutninger som er opprettet etter kommunestyrelovens §§ 28 og 29, men ikke for aksjeselskaper som er opprettet etter aksjeloven eller som andelslag»⁴⁷.

Det er mange unntak frå innsynsretten. Men ordlyden vart i 1982 endra slik at det no står at ein del dokument «kan unntas fra offentlighet». Tidlegare sto det kategorisk at «unntatt fra offentlighet er ...»

Likevel er unntaksparagrafane romslege og tøyelege som gummistrikk. For det første har vi § 5 som seier at «dokumenter som et forvaltningsorgan har utarbeidet for sin interne saksforberedelse kan unntas fra offentlighet». Derest er opplysningar som er omfatta av lovbestemt taushetsplikt «unntatt fra offentlighet» etter lovas § 6. Men dokumentet forøvrig er offentlig, viss det da ikkje gir eit heilt misvisande bilete av innhaldet. I § 6 er det så lista opp dokument som «kan unntas fra offentlighet» ... «på grunn av dokumentets innhold». Ein innsynsfiendtleg rådmann eller ordførar kan med hjelp av denne paragrafen drive det langt om han vil undergrave heile føremålet med offentlighetslova:

«Følgende dokumenter kan unntas fra offentlighet:

1 Dokument som inneholder opplysninger som dersom de ble kjent, ville kunne skade rikets sikkerhet, landets forsvar eller forholdet til fremmede makter eller internasjonale organisasjoner

2 Dokument hvor unntak er påkrevd

a av hensyn til en forsvarlig gjennomføring av statens, kommunens eller vedkommende organs økonomi-, lønns- eller personalforvaltning.

b av hensyn til en forsvarlig gjennomføring av økonomiske rammeavtaler med næringslivet

c fordi offentlighet ville motvirke offentlige kontroll- eller reguleringstiltak eller andre nødvendige pålegg eller forbud, eller medføre fare for at de ikke kan gjennomføres

3 Statsrådets protokoller

4 Dokument i sak om ansettelse eller forfremmelse i offentlig tjeneste. Unntaket gjelder ikke søkerliste. Søkerliste skal settes opp snarest etter søknadsfristens utløp og skal foruten søkerens navn inneholde deres alder, stilling eller yrkestittel og bosteds- eller arbeidskommune.

5 Anmeldelse, rapport og annet dokument om lovovertrødelse

6 Besvarelse til eksamen eller lignende prøve samt innlevert utkast til konkurranse e.l.

7 Dokument utarbeidet av et departement i forbindelse med de årlige statsbudsjetter eller langtidsbudsjetter.

Når et saksdokument er unntatt fra offentlighet, kan hele saken unntas fra offentlighet dersom de øvrige saksdokumenter ville gi et åpenbart misvisende bilde av saken og offentlighet kan skade samfunnsmessige eller private interesser».

Får du avslag på innsyn med grunngiving i § 6, pkt 2 a eller b, har du all grunn til å skjerpe interessa. Disse to unntaksreglane er dei som står skarpast i motsetning til grunntanken bak offentlighetslova.

■ Innsynsrett for folkevalde

Blant rådmenn og heildagspolitikarar er det ei utbreidd feiloppfatning at det finst interne kommunale dokument som dei - med

lova i hand - kan halde skjult for medlemmer i kommunestyret. Fleire RV-representantar har fått skriftleg beskjed om at eitt eller fleire dokument er «unntatt offentlighet» og at RVs medlem i kommunestyret derfor ikkje kan få det.

Lovavdelinga i Justisdepartementet har gått opp grensa for enkeltrepresentantane sin innsynsrett, og slår fast at

«enktrepresentanters krav på innsyn i interne dokumenter vil først og fremst kunne begrunnes ved at disse har behov for informasjon som kan ha betydning for deres stillingtagen i en konkret sak. I vår uttalelse av 24. juni 1986 er det således antatt at det enkelte medlem har rett til innsyn i dokumenter i den utstrekning disse er innhentet eller utarbeidet i forbindelse med konkrete saker som er til behandling i formannskapet eller kommunestyret»⁴⁸. Departementet avgrensar denne innsynsretten «mot helt foreløpige vurderinger, f.eks. i form av notater o.l. utarbeidet for bruk utelukkende innen et kommunalt organ», men antar «derimot ... at alle dokumenter som inneholder faktiske opplysninger av betydning for den aktuelle saken må kunne kreves utlevert. Dersom slike dokumenter også inneholder foreløpige vurderinger som kan holdes tilbake, må disse kunne strykes ut før utlevering».

Dette betyr i klartekst at ein enkeltrepresentant har krav på å få sjå kvart einaste kommunale dokument som har tilknytning til ei sak som skal opp til avgjerd i formannskapet eller kommunestyret. Det har ingenting å seie om dokumentet er «internt» eller gradert på ein eller annan måte.

Oslo bystyre synest ikkje kvar enkelt representant skal ha slike rettar. Derfor vedtok bystyret i september 1989 - mot to røyster - noe dei kallar «Rådgivende retningslinjer» om kommunestyremedlemmene sin innsynsrett. Etter desse reglane kan ikkje ein enkeltrepresentant krevje anna dokumentinnsyn enn det som følgjer av offentlighetslova. Det var brei semje i kommunestyret om at det skulle vere slik. Da RV foreslo at «der de rådgivende retningslinjene er 'dårligere' enn uttalelsen fra Justisdepartementets lovavdeling av 11.7.88, legges sistnevnte til

grunn», vart dette avvist med 83 mot 2 røyster.

Våren 1991 avgjorde Fylkesmannen ei klagesak der han slo fast at desse «Rådgivende retningslinjene» ikkje kan brukast som lovleg grunnlag for å nekte dokumentinnsyn. Han slo fast at eit kommunestyre ikkje gjennom kommunalt regelvedtak kan oppheve rettar som er fastsett ved lov eller i statlege retningslinjer. Han slo og fast at Byrådet måtte behandle på nytt RVs krav om dokumentinnsyn og slo til slutt fast at han etterpå ville vurdere om feilen som var gjort, var så alvorleg at det var grunn til å oppheve bystyrefedtaket i saka.

Det ser likevel ut til at bystyrefleirtalet vil stå fast på sitt. RV stilte spørsmål i bystyret om kommunen no ville endre dei ulovlege reglane. Administrasjonsutvalet - der Ap, Høgre og FrP er med - drøfta saka og slo fast at dei nok måtte «ta til etterretning» at Fylkesmannen meinte dei hadde gått på tvers av lova. Men dei fann ingen grunn til å sjå meir på saka ettersom dei andre partia var godt tilfredse: «Administrasjonsutvalget finner på dette grunnlag ikkje grunn til å tro at ytterligere informasjon til RV ville ha påvirket de øvrige partier».

Ordførar Peter Myhre slo etter dette fast at han «anser dermed saken som ferdig behandlet i de kommunale organer»⁴⁹.

I Oslos «Rådgivende retningslinjer» blir begrepet 'unntatt fra offentlighet' blanda saman med begrepet 'taushetsplikt'. Folkevalde handterer både dokument som av ulike grunnar er gradert som 'unntatt fra offentlighet' og dokument som er omfatta av lovbestemt 'taushetsplikt', f.eks. fordi dei inneheld person- eller helseopplysningar. Justisdepartementet har slegi fast at det ikkje automatisk oppstår noen slags taushetsplikt for den folkevalde som får eit dokument som f.eks. rådmannen har stempla 'unntatt fra offentlighet'. Men kommunestyret kan i den enkelte saka fatte særskilt vedtak om å påleggje representantane taushetsplikt om bestemte forhold eller bestemte dokument. Skal eit slikt vedtak gi mening, må det gjerast i lukka kommunestyremøte.

■ Innsynsrett for part i saka

Den som er part i ei sak har etter forvaltningslovas § 18 «rett til å gjøre seg kjent med sakens dokumenter for så vidt ikke annet følger av reglene i denne paragraf eller § 19.»

Unntaka gjeld for det første interne dokument og det som er utarbeidd av underordna organ eller av sakkyndige. Dernest gjeld det slikt som har å gjere med rikets tryggleik, forretningsløyndomar og andres helseforhold. Meir betenkeleg er unntaket for opplysningar «som det av hensyn til hans helse eller hans forhold til personer som står ham nær, må anses utilrådelig at han får kjennskap til». Denne regelen kan misbrukast, men det er verdt å merke seg at forvaltningsorganet i slike tilfelle er forplikta til å la ein «representant for parten» få kjennskap til opplysningane «når ikke særlige grunner talar mot det». (§ 19 c).

■ Julebord

Ved sidan av gåver og reiser, er det ein ikkje uvanleg metode å smørje offentleg tilsette med å invitere dei med på julebord. For kommunale nøkkelpersonar - som er glad i ein fuktig fest - kan julebordmetoden vere eit bra bestikkelsesmiddel.

Innehavaren av eit firma i Drammen som leverte tenester til teknisk sektor forklarte hausten 1989 til politet at han har gitt gåver «også utover nivået 'hyggelig julehilsen' til endel personer i Drammen kommune, Teknisk Sektor, Ingeniørvesenet. Dette dreiet seg etterhvert om mer enn julegaver - idet innehaveren hevdet at gaver også var forventet i forbindelse med oppdrag, likeledes som det var forventet at han inviterte sine kontakter i Drammen kommune med på 'utvidede julebord' som f.eks. reise med danskebåten»⁵⁰.

Fleire av dei involverte i korrupsjonssakene i Oslo fortel at firmaet Myhre og Storli også inviterte til julebord, for å pleie kontaktar i kommunen. Det dreide seg om julebord som varte frå fredag ettermiddag til utpå søndagen. Rekninga frå Vinmonopolet for desse juleborda kom opp i fleire titalls tusen kroner. Men den vart dekkja etterpå ved overfakturering på kommunale oppdrag.

Det spørst likevel om ikkje juleborda i Hotel Atlantic i Stavanger tar kaka. Der møtest fleire hundre gjester frå privat næringsliv og kommunen kvart år til festleg samankomst. Dette er ein tradisjon som skriv seg heilt attende til femti-åra. Selskapet er samstundes juleavslutning for dei 77 folkevalde i Stavanger bystyre. Under julebordet i desember 1989 tok Hotel Atlantic 425 kroner frå deltakarane. Hotellet tok sjølv omkostningane med aperitif, drikke til julematen, kaffe avec og eit par drinkar utover kvelden. Men dette trong ikkje dei folkevalde og byråkratane å tenkje på. Det var berre gjestene frå næringslivet som måtte betale for pinnekjøttet og alkoholen. Hotelldirektør Peter F. Holst forklarte til Verdens Gang at «de private gjestene subsidierer bystyre og kommuneforvaltning. Slik får hotellet dekket sine kostnader og går hverken med tap eller fortjeneste»⁵¹. KrF-ordførar Leif Måsvær forklara sjølv kva slags funksjon dei tradisjonsrike juleborda med deltaking frå næringslivstoppar og kommunetoppar hadde:

«Julebordene skaper kontakt og positiv dialog mellom offentlig og privat virksomhet, bryter ned byråkratiske barrierer, former et sosialt nettverk - og er en fortjent oppmuntring for de folkevalgte»⁵².

Mer presist går det ikkje an å seie det, spør du oss.

■ Kjøpe opp folk med fordelar for å gjere dei medansvarlege

Denne teknikken finst både i tilsynelatande uskyldige former og i svært alvorlege og kriminelle variantar. Det mest harmlause er sjefen på mellomnivå som er raus med utdeling av nokså ubetydelege - men formelt sett ukorrekte - fordelar til ein del av sine underordna. Det kan f.eks. vere at tilsette får fri frå jobb utan lønstrekk når dei av private grunnar har bruk for det, det kan vere deltaking på «tenestereiser» som har eit sterkt innslag av avkopling og ferie. I eit ryddig firma eller ein ryddig etat, kan denslags i smått omfang vere ein del av ein fornuftig og konstruktiv personalpolitikk.

I andre tilfelle kan det vere slik at ein sjef med overlegg sørger for at underordna medarbeidarar får nyte godt av fordelar som både han og dei veit er oppnådd på urettmessig eller regelstridig vis. Sjølv om det kan handle om småting - eller småbeløp - for kvar enkelt, kan dette bli eit farleg våpen i sjefen sine hender for å halde ein steinhard kontroll med underordna personell.

■ Kjøp/sal av fast eigedom

Kjøp og sal av kommunal eigedom bør følgje dei same reglane som er nemnt i avsnittet om *anbud*. Ved sal av kommunal eigedom er det viktig å sikre at *kunngjerings* er slik at alle som er interessert kan leggje inn pristilbod.

Det er fleire salsmetodar som blir brukt, når kommunale nøkkelpersonar har bestemt seg for at ein bestemt kjøpar skal få overta ein eigedom, utan omsyn til spelereglane. Ved fleire store tomtosal i Oslo kommune på 80-talet, har leiande politikarar i Høgre, Arbeiderpartiet og dels Fremskrittspartiet sett til side regelen om at det skal vere priskonkurranse mellom kjøparane, enda dei elles seier dei er *for* fri konkurranse.

Forretningssentret Oslo City er bygd på ei tomt som vart seld til entreprenørkonsernet Selmer som samtidig ga store økonomiske bidrag til Hans Svellands private hotell drift på Ustaoset. Det hjalp lite at Selvaagbygg tilbød høgare pris. Kommunerevisjonen retta hard kritikk mot framgangsmåten i denne tomtsalssaka.

Luksushotellet Oslo Plaza er bygd på ei tidlegare kommunal tomt som Drammensentreprenøren Ole K. Karlsen fekk kjøpe utan noen form for kunngjering eller priskonkurranse - altså ein rein innside-handel. Avgjerda vart tatt i juni 1985 av ei politisk styringsgruppe på tre personar: Sigurd Østen (H), Pål Atle Skjervengen (FrP) og Tove Heggen Larsen (Ap), som rett nok var erstatta med ein vararepresentant i det møtet der kontrakten med Ole K. Karlsen vart vedtatt.

Gjensidige Forsikring har snart bygd ferdig det nye hovudkvarteret sitt ved utløpet av Lysakerelva på ei tomt som er kjøpt

billeg frå kommunen. I det tilfellet var det ordførar Nordengen som i juni 1985 - etter innspel frå daverande varaordførar Thorvald Stoltenberg - ga pålegg til administrasjonen om at dei skulle sjå vekk frå kven som var villig til å betale mest for tomta.

Det er vanskelegare å avdekke regelbrot og avtalt spel viss sjølve salsprosessen blir delt opp i fleire ledd. Det kommunale og tradisjonsrike Torggata Bad kom på private hender i 1988 etter ein slik spesialorganisert salsprosess. Det starta i 1982 med at ei gruppe forretningsfolk fekk leige eigedomen for 60 år, etter ein spesialsydd avtale der dei tok på seg å setje bygget i god stand. Det stod i kontrakten at dei har «forkjopsrett i feste-tiden», dvs. i 60 år. Men det sto ikkje at dei hadde rett til å få kjøpe eigedomen under marknadspris. Da oppussinga var ferdig, bestemte nøkkelpersonar i Rådhuset seg for å selje - utan noe form for kunnngjering. Dei snille leigetakarane fekk overta heile eigedomen i 1988 til ein pris som låg titals millionar under marknadspris.

■ Kjøp av varer

Kommunesektoren forvaltar omlag 20 prosent av brutto nasjonalprodukt. Kommunale varekjøp er ingen stor prosentdel av kommunebudsjetta, men kommunane er store og viktige kunder for mange firma. Derfor kan kommunen ofte få store rabattar, og den innkjøpsansvarlege kan få rabatt eller private gratisleveransar.

Oslo kommune sitt innkjøpsreglement slår fast at «ethvert kjøp skal, uansett innkjøpsmengde, så langt det er mulig, baseres på konkurranse». Det prinsippet blir krenka altfor ofte. I dette reglementet er det tre former for kjøp som er nemnt, anten det er varer eller tenester som skal kjøpast: Kjøp etter anbuds-konkurranse, kjøp etter forhandling og direkte kjøp.

Direkte kjøp er det berre høve til viss prisen er under 100 000 kroner, viss det berre finst ein muleg leverandør, eller viss det er viktige omsyn som gjer at det ikkje går an å utsette kjøpet.

Dette betyr f.eks. at bilkjøp til Oslo kommune berre kan skje etter anbuds konkurranse eller etter kjøpsforhandlingar med fleire leverandørar.

Hovudproblemet med slike innkjøpsreglar er at dei er lite kjent og at det er dårleg kontroll med om dei blir følgd. Det same gjeld reglane om bestilling av varer, utskriving av rekvisisjonar og attestasjon. Oslo kommune har hatt detaljerte reglar, men toppleiinga i Rådhuset brydde seg ikkje med å sikre opplæring for dei som skal handtere slike saker før etter at korrupsjonsavsløringane vart eit politisk problem.

■ Kostnadskontroll

Formannskapet er i kommunelovas § 21 pålagt å føre tilsyn med at

«kommunens arbeider og gjøremål blir fremmet på en tjenlig måte for kommunen». Administrasjonssjefen - som oftast med tittel rådmann eller finansrådmann - «skal» etter § 37 i same lova «føre det nærmeste tilsyn med kommunens hele forvaltning og særlig med penge og regnskapsvesen, ... og ellers uttale seg om den finansielle side av de saker som foreligger».

Viss det blir sløst vekk pengar på eit byggjeprojekt eller kommunale ressursar på noen måte blir misbrukt, så er altså administrasjonssjefen ved lov forplikta til å bry seg om det.

Kommunale etatsjefar har som regel ei instruksfesta plikt til å føre kostnadskontroll. Ofte har instruksen ei allmenn form, slik som at «etatsjefen har ansvar for at etatens ressurser anvendes effektivt og plikter å holde seg løpende orientert om utviklingen og treffe nødvendige tiltak hvis det er fare for merforbruk/mindreinntekt i forhold til vedtatt budsjett eller endringer i planlagt aktivitetsnivå»⁵³. Dette betyr at etatsjefen både har plikt til å vite korleis ressursane i etaten blir brukt, og plikt til å gripe inn viss dei ikkje blir brukt effektivt og til beste for fellesskapet. (Jfr. Fleischers korrupsjonsdefinisjon.)

Der det er politiske hovudutval, har kvart av desse utvala eit

reglementsfasta ansvar for å føre tilsyn eller kontroll med ressursbruk og kostnader innafor sin sektor.

Det er viktig å ha klart for seg at ansvaret for tilsyn og kontroll med kostnader og ressursbruk ligg hos etatsjef og rådmann og hos hovudutval og formannskap. Sjølv om dei delegerer ein del av dei praktiske kontrolloppgåvene, så går det ikkje an å delegere vekk ansvaret.

■ «Låne autoritet» frå andre for å berge seg sjølv unna kritikk og medansvar

Byrådsleiar Michael Tetzschner kom i ein vanskeleg situasjon dei første dagane i mars 1990. Aftenposten trykte fleire store reportasjar om korleis tidlegare byrådsleiar Hans Svelland hadde blanda saman private forretningar med kommunale avgjerdar. Det var - forsiktig sagt - lite nytt i Aftenpostenopplaga. Det meste hadde stått på trykk i Klassekampen i perioden frå 22. august 1985 til seinhausten 1989. Det nye var at Aftenposten - Svellands gamle husorgan - hadde sett av redaksjonelle ressursar til å gå grundig gjennom dei påstandane og det materialet som RV hadde lagt fram gjennom fleire år. Resultatet var nedslåande for Svelland - og for Michael Tetzschner som hadde stått trufast ved Svellands side i så mange år.

Michael Tetzschner og arbeidsutvalet i Oslo Høgre var hardt pressa da dei mot slutten av februar vart klar over at Aftenposten hadde bestemt seg for å legge Schibstedorganet si tyngde bak eit opptrykk av gamle Klassekampen-reportasjar. Dei valde ei løysing som gjekk ut på at Michael Tetzschner - den nærmas-te medansvarlege for alle dei vedtaka som var gjort i Svellands periode som byrådsleiar - skulle «låne autoritet» frå Riksadvokaten. Tetzschner tok telefonkontakt med Riksadvokaten på kvelden 28. februar. Dei snakka saman - og berre dei to veit kva som vart sagt. Riksadvokaten har presisert overfor NTB at det ikkje var slik at Tetzschner reiste noe formelt krav om politietterforsking. Men slik Tetzschner ordla seg til journalistar - og slik han vart referert i massemedia - fekk han skapt eit inntrykk av at den nye byrådsleiaren fann desse nye opplysningane

så alvorlege at han sjølv hadde tatt initiativ overfor den høgste instansen i påtalemakta for å få han til å engasjere seg i saka. Føremålet var å «låne autoritet» frå Riksadvokaten - slik at den medansvarlege Tetzschner sjølv kunne stå fram som ein ubesudla Mr. Clean. Fordi 'initiativet' ikkje var anna enn ein uforpliktande telefonprat, stod Tetzschner seinare heilt fritt utan å ha involvert seg som part i den saka mot Svelland som politiet til ein viss grad etterforska. Da statsadvokaten hausten 1990 vedtok å leggje vekk saka mot Svelland «på grunn av bevisets stilling», hadde Tetzschner minst like god grunn som Hans Svelland til å puste letta ut. 'Mr. Clean'-biletet av Michael Tetzschner hadde neppe overlevd ei straffesak mot tidlegare byrådskollega Hans Svelland.

Fylkesmann Kåre Willoch kom i ei politisk knipe med noen likskapstrekk da han fekk første innstillinga frå Smith-utvalet på bordet. Korleis skulle han handtere spørsmålet om politietterforsking mot dei politikarane som hadde gjort seg skyldige i ei lang rekkje lovbrøt? Willochs 'løysing' var - etter ein god del grubling - å overlate avgjerda til Riksadvokaten, som på si side sendte saka over til Eidsivating Statsadvokatembete. Dermed var det statsadvokat Bjørn Kristensen - og ikkje den lytefrie fylkesmann Willoch - som fekk mediebelastninga med å lage ei grunngeving for at det ikkje var grunn til etterforsking mot politikarane. Og fylkesmannen kunne vaske hendene sine og berre la vere å blande seg inn i statsadvokaten si vurdering og avgjerd. Ein fylkesmann skal jo sjølv sagt ikkje gripe inn i det som Statsadvokaten steller med.

■ Møte avsløring med løgn for å sleppe unna ansvar

Dette skjer i mange variantar. Vi har fleire gonger møtt personar som er djupt innblanda i korrupt misbruk av pengar og tillitsposisjon, men som står steinhardt på det motsette: «Eg har da aldri gjort noe gali. Eg har ikkje fått så mykje som ein lunsj utan å betale for det sjølv, osv.» Slike folk kan verke tillitvekkjande og dei er usannsynleg frekke. Dei ser deg rett inn i kvitauget og står fast på at dei er uskyldsreine som barn i mors liv.

Er det noen som har fått «frekkhetas nådegave», så er det dei.

Daverande byrådsleiar Hans Svelland demonstrerte denne hersketeknikken i Oslo bystyre 12. november 1986 da RV la fram dokumentasjon for at Svellands partifelle og tidlegare bystyremedlem, trafikksjef Jan Tesli, hadde laga ein fingert anbuds konkurranselose til fordel for det svenskeigde firmaet Intrum Justitia A/S. Svelland let seg ikkje forstyrre av at RVs dokumentbevis var mangfoldiggjort og delt ut til alle bystyremedlemmene. Han gjekk på talarstolen, heldt ei papirbunke opp i lufta og sa at dette var originaldokumenta som han hadde lesi. Og så sa han at det var RVs dokumentasjon - og ikkje anbuds konkurransen som var fingert: «... de opplysninger som her er lagt på bordet er ufullstendige, ukorrekte og sammenstilt på den måten at en fra sammenstillers side ønsker å oppnå et resultat som ikke er i pakt med de faktiske forhold»⁵⁴. Det var mange som trudde på Svelland akkurat da - og i dei tre månadene det tok til kommunerevisjonen var ferdige med undersøkinga som slo fast at RV hadde rett og at Svelland bløffa.

Ap-ordførar Nils Edvard Olsen i Sør-Varanger brukte same teknikken i kino-saka i kommunestyremøtet i juni 1988. (Sjå side 46 ff.) Han nekta for at det fanst fleire dokument i saka, i tiltru til at ingen av kommunestyremedlemmane skulle klare å bevise at det han sa var løgn.

■ Oppdeling av ei sak i fleire enkeltsaker slik at det blir vanskeleg å få oversyn over heilskapen og pengestrømmen

Denne teknikken blir ofte brukt i samband med større utbyggingssaker og i langvarige samarbeidsprosjekt der kommunen deltar med ein eller fleire private partar. Oftast vil det vere slik at ein eller fleire i kommuneadministrasjonen eller i den politiske leiinga har oversyn over heile sakskomplekset og kjenner alle samanhengane. Mens ein innbyggjar, ein journalist eller eit kommunestyremedlem berre ser den eine saka som skal opp til avgjerd akkurat no.

Eit enkelt eksempel: Ein enkeltkapitalist eller ei kapitalist-

gruppe ønsker å kjøpe ei kommunal tomt billeg for å byggje eit større kontor- eller forretningskompleks. Dette kan ordnast ved først å kjøpe tomta til ein pris som kommunestyret godtar. Etterpå legg den nye eigaren fram forslag om omregulering, slik at tomta får høgare utnyttingsgrad og dermed ein langt høgare verdi. Viss det ikkje er eit punkt i kjøpekontrakten om å justere kjøpesummen i samsvar med auka utnyttingsgrad, vil ei slik omregulering kort tid etter tomtesalet, bety akkurat det same som prisavslag. Fleire av dei store kommunale tomtesala i Oslo på 80-talet vart ordna på denne måten. RV foreslo 12. november 1986 for Oslo bystyre å ta inn ei standardformulering i alle kommunale tomtesalskontraktar om at «dersom utnyttelsen endres (i forhold til det som er lagt til grunn på salgstidspunktet) skal prisen endres tilsvarende». Forslaget vart ikkje vedtatt. Det vart sendt over til byrådet, men Formannskapets tilsynsutval opplyser i mai 1991 at forslaget «er tatt hensyn til ved senere kontraktsforhandlinger i forbindelse med salg av eiendom.» Viss det er riktig, har det betydd mykje for Oslos økonomi⁵⁵.

■ Opplysningsplikt og forsvarleg førebuing av saker

Kommunelovas § 33 slår fast at ordføraren «drar omsorg for at de saker som foreligger, er forberedt på forsvarlig måte og forestår protokolleringen». Det er eit stort ansvar lova dermed har lagt på den personen som er ordførar. Sjølv om det skulle vere andre som fuskar eller slurvar med førebuing av ei sak, så ligg ansvaret hos ordføraren når saka blir lagt fram i kommunestyret. Det er han personleg som fastset den minstestandarden ei saksframstilling skal ha før kommunestyret kan behandle saka.

Smith-utvalet slår fast at «det selvfølgelige utgangspunkt er at enhver beslutningstager har krav på sann og dekkende informasjon i den grad forholdene gjør det mulig. Dette gjelder både når beslutningstageren er en enkeltperson og når avgjørelsen skal treffes av et kollegialt organ»⁵⁶.

Av praktiske grunnar kan ikkje ordføraren utføre alt arbeidet sjølv. «I den tradisjonelle kommuneforvaltning vil altså råd-

mennene være de primære bærere av denne 'opplysningsplikt' overfor kommunestyret... I alle tilfelle må det påses at det utvalg av materiale som det ofte vil være nødvendig å foreta, er representativt og balansert»⁵⁷.

Dette høyrer fint, men det blir ofte annleis i praksis. Viss det er usemje om korvidt opplysningsplikta er oppfylt er det «i siste instans ... bystyret som må avgjøre saken»⁵⁸. Fordi det ofte er eit tett forhold mellom dei 'tyngste' medlemmene i kommunestyret og rådmannen, vil fleirtalet sjeldan reagere krast på at rådmannen krenker opplysningsplikta si. I kommunar med langvarig eittpartifleirtal vil kommunestyret som organ sjeldan bry seg med slikt i det heile tatt.

Men det *er* lovstridig handlemåte dersom eit kommunestyrevedtak er bygd på ei skeiv eller svært mangelfull saksframstilling.

■ Oppretting av heil/halvkommunale selskap, styringsgrupper o.l.

Det er ikkje berre høgverdige omsyn som ligg til grunn for at det blir oppretta kommunale eller halvkommunale aksjeselskap. Slike selskap handlar på kommunens vegne og med kommunen sin autoritet i ryggen, men avgjerdene som blir tatt er effektivt skjerma både mot offentleg innsyn og mot vanleg folkevald styring og kontroll. Grønland Byfornyelse A/S er eksempel på eit slikt selskap som vart oppretta for å tene ikkje-kommunale interesser.

Både i Grønland/Vaterlandutbyggjinga og i det halvkommunale Grønland Byfornyelse A/S finn vi eksempel på korrump rollesamanblanding og andre former for korrump handlemåte. Smith-utvalet slår fast at det må «være en selvfølge at kommunale aksjeselskaper m.v. pålegges å følge de regler som gjelder i kommunens forvaltning for å sikre en betryggende forretningsførsel» og at «overføring av kommunal virksomhet til aksjeselskap ikke må føre til redusert innsynsrett for offentligheten, media og ombudsmenn. Kommunen som aksjonær må sørge for at aksjeselskapet gjør vedtak i samsvar med dette»⁵⁹.

Juridisk held det derfor ikkje å bruke organisasjonsforma med kommunale eller halvkommunale aksjeselskap til å unngå offentleg innsyn og folkevald kontroll. Men i praksis går det heilt fint. Vi er nokså sikre på at det er mange kommunar som har ein ugjort jobb her, viss dei skal sikre den folkelege innsynsretten i aksjeselskap som er heilt eller halvvegs kommunale. Bykle kommune i Setesdal, med sine 12 kommunalt dominererte aksjeselskap, er berre eitt eksempel.

■ Overordna organ - eller fylkesmannen - glattar over

Fylkesmannen i Nordland hjalp Bodø-ordføraren med å «glatte over» den feilen rådmannen hadde gjort da han betalte ut ein halv million til nære forretningsvener, i strid med bystyrevedtak. (Sjå side 48 ff.)

Fylkesmannen i Hedmark, Oddvar Nordli, har sia hausten 1990 komi i ein vanskeleg situasjon, fordi omfattande regelbrot og maktmisbruk frå rådmannen og ordføraren i Trysil kommune har vorti avslørt. Folk som har kunnskapar om forholda, er redd for å uttale seg til den 'kommisjonen' fylkesmann Nordli har oppretta. Dei er redde fordi Nordli er så nært knytta til den kommunale leiinga, gjennom kjennskap og partiloyalitet, at dei frykter han vil glatte over og at dei som snakkar opent, kan bli utsett for represaliar etterpå.

■ Parti- og fagforeningskameraderi

I delar av Oslos kommunale forvaltning var det slik at Ap og enkeltpersonar i Ap for ein del år sia hadde makt på fire forskjellige måtar:

For det første gjennom fagforeningsapparatet, der dei aller fleste fagforeningane i Kommuneforbundet den gongen var styrt av Ap sine folk.

For det andre gjennom fordeling av verv i det vanlege, ordinære organisasjonsapparatet i partiet.

For det tredje gjennom dei folkevalde verva i kommunale organ.

For det fjerde gjennom store og små sjefsstillingar i den kommunale administrasjonen.

Når enkeltpersonar samlar seg makt langs fleire av desse fire mulege karrierestigane samtidig, får vi ein nærmast austeuropeisk maktkonsentrasjon som er farleg. Særleg innan sosialsektoren i Oslo på 70-talet finst det mange eksempel på korleis dette har sett dei formelle og demokratiske kontroll- og tilsynsreglane ut av kraft.

Den nære samrøringa mellom enkelte av fagforeningstoppane og politiske og administrative leiarar var - og er framleis - ei sjølvstendig kjelde til korrupsjonskulturen i Oslo kommune.

Eksempla frå Sør-Varanger, Odda og Alta tyder på at dette er eit landsomfattande problem. Nøtterøy-sakene viser at Høgre er prega av tilsvarande tilstander.

■ «Pravdasyndromet» - når journalisten er propagandist for makta

Dette fenomenet er medverkande årsak til at Klassekampen var einaste avisa som skreiv seriøst om f.eks. Oslo-korrupsjonen før oktober 1989. Aftenposten hadde i Egil Sundars redaktørtid ei dekking av det som skjedde i Oslo Rådhus som kunne måle seg med daverande Neues Deutschland i Aust-Berlin når det galdt sjølvstende og uavhengighet. Denne systemlojaliteten slo også igjennom i dei få sakene der avisa dreiv ein delvis oppgåande journalistikk. Aftenpostens redaksjonelle rolle er interessant f.eks. i Sosialsentralsaka. Avisa dekkar denne saka grundig over fleire år. Etter at Koren-utvalgets rapport var avslørt som dekkmanøver - bl.a. ved at RV offentleggjorde at Petter Koren hadde skrivi fem ulike versjonar av rapporten - prøvde

Albert Nordengen og Hans Svelland å gjenvinne litt av den tapte tilliten. Formannskapet fatta vedtak 8.juni 1983 om at det var nødvendig å opprette eit nytt, uavhengig utval for å få avklara ansvarsforholda. Dagen før skreiv Aftenposten på leiarplass at:

«Det politiske og administrative ansvar for de tildels skandaløse forhold som tidligere eksisterte ved sosialsentralen for bostedsløse i Oslo, skal nå vurderes av et utvalg hvor medlemmene skal oppnevnes i samråd med Sosialdepartementet og juridisk fakultet ved Universitetet i Oslo. Dette anbefaler finansutvalet overfor formannskapet, som skal drøfte saken i morgen. Forslaget ventes å bli behandlet i bystyret før sommerferien. Derved ser det endelig ut til at man skal få en uhildet klarlegging av ansvaret hos de berørte i sosialadministrasjonen og blant de folkevalgte ...»⁶⁰.

Ordførar Nordengen avviste dette da RVs Ellen Pedersen i bystyret ei veke seinare kritiserte at Sosialsentralsaka ikkje stod på saklista. Nordengen var kategorisk: «Det har overhodet ikke vært gitt tilsagn om at denne saken skulle til bystyret, og det har *aldri vært nevnt at den skulle opp i dag i bystyret*»⁶¹.

Aftenposten såg ingen grunn til å formidle dette til lesarane. Avisen heldt fast på det falske biletet dei hadde skapt av at Høgre ønska ei uhilda gransking av ansvaret og ein open debatt i bystyret.

Det viste seg raskt at formannskapsvedtaket frå 8. juni berre var ein dekkmanøver frå Formannskapets side. 29. juni vedtok dei eit mandat for det nye utvalet som slo fast at utvalet *ikkje* skulle granske konkrete ansvarsforhold, men tvert i mot lage ei generell utgreiing om ansvarsforhold i kommunesektoren⁶². Trass dette klare vedtaket held Aftenposten fram med å late som om det nye utvalet verkeleg var eit granskingsutval. Egil Sundar er idag aktualitetssjef i NRK Fjernsynet.

■ Presseorgan som gjer forretningar med politikarar

Trykkefridomen er i alvorleg fare når store kapitalistar eig avisene og desse kapitalistane gjer forretningar med statlege eller

kommunale politikarar. Gjennom eit dyktig og dristig lobbyarbeid klarte leiinga i Schibstedkonsernet sommaren 1985 å få både Ap, H og FrP med på at det var Schibsted og ingen andre som skulle få kjøpe storparten av det verdfulle Dittenkvartalet langs Akersgata i Oslo sentrum. Det var aldri snakk om å kunnigjere at eigedomen var til sals. Her var det ikkje plass for noen fri konkurranse. Sentrale politikarar braut kommunale reglar og god forvaltningsskikk for å gjere Schibstedaksjonæranane til lags. I eit «fortrolig» brev til statsråd Gjertsen, ordførar Nordengen og kommunalråd Heggen Larsen i juli 1985 slår konsernleiinga hos Schibsted fast at dei uformelle samtalanane har ført fram: «Kontakten hittil mellom representanter for våre to aviser og byens politikere og byplanmyndigheter har klarlagt at byens og bedriftens mål faller sammen når det gjelder ønsket om å bevare og forsterke Akersgatenmiljøet». Det var så sant, så sant. Schibsted fikk det slik dei ville ha det, utan at kritiske journalistar frå 'Akersgatenmiljøet' kikka dei i korta.

Dagbladet vart blanda inn i ei liknande sak i 1987. Avisa var interessert i å overta eigedomen Bjørnsgård som Oslo kommune hadde fått som gåve. Hans Svelland instruerte kulturavdelinga i Sentraladministrasjonen om at dei skulle lage ei saksframstilling som konkluderte med at Dagbladet skulle få overta Bjørnsgård vederlagsfritt. Kulturbyråd Karin Holmsen reagerte på dette. Ho ordla seg svært krast om dette i eit notat til byrådsleiaren i juli 1987, eit notat Aftenposten offentleggjorde i april 1991. I notatet seier ho at det er «uklokt/uforsvarlig kun å forhandle med én interessent, alle søkere burde vært seriøst vurdert» og ho konkluderer med eit spørsmål: «Avtalen er etter mitt skjønn *ren gavepakke* til sistnevnte. (Dvs. Dagbladet. forf.merkn.) Hvorfor?»⁶³.

Etter dette vart det ein lang mellomperiode der dei to standpunkta i byrådet sto beint mot kvarandre. Svelland jobba for sitt syn, mot sterk indre motstand i byrådet og i Rådhuset elles. Tilmed kommuneadvokaten protesterte. Likevel vart det laga eit avtaleutkast som styret i Dagbladet naturleg nok sa ja og amen til.

I denne perioden kom Hans Svelland for sin del i ein mild konflikt med Dagbladet. Det skjedde knapt to månader etter at

Karin Holmsen hadde skrivi notatet sitt. Redaksjonen i Dagbladet hadde laga ein større reportasje som skulle ha titelen «Kongen av Oslo» og dekke to sider torsdag 10. september 1987, fire dagar før kommunevalet. Det var planlagt å følgje opp med forskjellige kommentarar på fredagen.

Denne reportasjen vart aldri trykt. Da byrådsleiar Svelland fekk kjennskap til prosjektet noen få dagar på førehand, kontakta han Dagbladet, med hjelp av advokaten sin. Toppleiinga i Dagbladet bestemte så at reportasjen om «Kongen av Oslo» skulle gå i papirkorga.

Vi påstår ikkje at Hans Svelland «brukte» sin eigen plan om vederlagsfri overføring av Bjørnsgård i denne kollisjonen med Dagblad-leiinga. Men Dagbladet si truverdighet blir svekka av at dei bøygde av for press frå Svellands advokat samtidig som dei gjekk og venta på om dei skulle «få» Bjørnsgård på ein måte som etter byråd Holmsen sitt skjønns var ei «ren gavepakke».

■ Reiser som metode for å lage «kultur» eller ukultur

Reisemetoden er ikkje ulik «julebordmetoden» når det gjeld å knytte tette band mellom private leverandørar og nøkkelpersonar i kommunal forvaltning. Reiseverksemd styrker den sosiale fellesskapen mellom partane. Den slags kan utnyttast når alle partar er tilbake i kvardagen.

Eit eksempel som viser kor gale det kan gå, er den korrupte seksjonssjefen i tidlegare Boligetaten i Oslo som fekk vere med til Las Vegas i USA. Firmaet som spanderte turen fekk nok dekkja reiseutgifta mange gonger ved leveranser til etaten der seksjonssjefen jobba og ved at han attesterte for oppdrag som aldri var utført.

■ Skaffe seg ein sydebukk - slik Trysil-rådmannen gjorde

Ryktespriing frå ein maktperson er eit farleg våpen. Kommunekasseraren i Trysil fekk oppleve det i oktober 1990. Han har

ei stilling som gjer at han er avhengig av at folk har allmenn tillit til han. Falske rykte gjorde kommunekasseraren til syndebukk for at andre og mektigare personar skulle kunne gå fri.

Etter at rådmann Martin Gran hadde sett ut falske rykte om kommunekasseraren, fekk han ordførar Arvid Nybergs hjelp til å gå vidare. Formannskapet fatta 26. oktober vedtak om å suspendere kommunekasseraren. For riktig å sikre at rykta skulle bli offentleg kjent, sendte rådmann Gran 28. november 1990 ut ei pressemelding om saka med det erklærte føremålet å «stoppe rykter i lokalmiljøet»⁶⁴.

Rykta gjekk bl.a. ut på at kommunekasseraren hadde gjort underslag i den lokale fagforeningskassa. Dette var usant, og fagforeninga kravde at rådmannen si pressemelding skulle trekast tilbake. Rådmannen bøygde av etter eit møte der fagforeninga varsla at dei vurderte å kople inn juridisk avdeling i LO. Men da ein del påstandar vart «trekt tilbake», var det jo for seint, ettersom meldinga alt hadde nådd avisene.

Suspensjonsvedtaket vart gjort i formannskapet sjølv om kommunelova seier at det berre er kommunestyret som har lov å gjere vedtak som gjeld tilsetjing - og avsetjing - av kommunekasserar. Rådmann og ordførar misbrukte hasteparagrafen for å få gjort vedtaket i eit lukka møte. (Sjå side 159 om hasteparagrafen.) Dermed var suspensjonsvedtaket ugyldig frå første dag.

20. desember - etter at formannskapet sjølv hadde oppheva suspensjonen - fekk kommunestyret såvidt høve til å drøfte dei tilhøva som låg bakom. KrF-representanten Olav Teppen vart klubba ned fem gonger i løpet av eit ti minuttars innlegg da han prøvde å argumentere for at det er nødvendig med ei uhilda gransking av ei lang rekkje saker der rådmann Martin Gran er involvert.

Ordførar Arvid Nyberg la ikkje fingrane i mellom. Han ville ikkje ha noen slik debatt i eit åpent forum der kven som helst kunne høyre på: «Det ble av ordføreren bestemt at saken oversendes formannskapet til behandling», står det i dei sakspapira som Arvid Nyberg sjølv laga til eit formannskapsmøte 25. januar 1991.

Ordførar Nyberg er sjølv solid inhabil. Dels fordi kritikken

mot rådmann Gran i stor grad rammar ordføraren òg. Dei to har hatt eit tett samarbeid i dei omlag 20 åra dei har hatt posisjonane som rådmann og ordførar i Trysil. I tillegg er det slik at fleire av sakene som skal granskast, gjeld avgjerder der Nyberg har spela ei heilt sentral rolle. Ordføraren kan ikkje vere habil til å førebu ei gransking som til ein viss grad blir ei gransking av han sjølv, sjølv om det formelt sett handlar om rådmannen sin handlemåte.

Åtte av dei ni i formannskapet sa tvert nei til Olav Teppen sitt forslag om ei uhilda gransking. Tvert imot vedtok dei at «formannskapet anmoder fylkesmannen om å gjennomgå og vurdere rådmannens saksbehandling i de saksområder/saker som er nevnt i saksframleggets punkt 3.»

Det som var nemnt i «punkt 3» var to omfattande saksområde, nemleg «manglende økonomistyring de senere årene (oppfølging - rutiner)» og «håndteringen av personalsaker». Under det siste saksområdet står det at det «ble i denne sammenheng bl.a. vist til» tre konkrete saker. I saksframlegget til formannskapet skriv Nyberg at han oppfattar det «slik at Teppen mener at det nærmest skal foretas en total gjennomgang av rådmannens virke».

Ordførar Nyberg snakka med fylkesmann Oddvar Nordli før formannskapsmøtet og fekk stadfesta at Nordli var «villig til å gjennomgå saken nærmere dersom formannskapet ber om dette»⁶⁵.

Oddvar Nordli var rask og oppnemnde assisterande fylkesmann Ola Skjølaas, tidlegare formann i Hamar Arbeiderparti, til å vere leiar i eit utval som skulle undersøke forholda. Han peika og ut eit par andre rådmanns- og partikameratar til utvalet. Samtidig laga fylkesmann Nordli ei viktig innsnevring av mandatet for granskinga. I oppnemningsbrevet til medlemmene i utvalet skriv han at det no berre handlar om tre konkrete enkeltsaker. Og så seier han - stikk i strid med ordlyden i saksframlegget og vedtaket i formannskapet at «etter fylkesmannens vurdering er det formannskapets forutsetning at disse tre punktene skal undersøkes nærmere». Rådmann Gran og ordførar Nyberg kunne ikkje fått betre handsrekning enn dette frå ven og partikamerat Oddvar Nordli.

Både Nordli, Gran og Nyberg veit at granskingskravet handlar om mykje meir, og både ordførar Nyberg og fylkesmann Nordli veit at dei begge to har deltatt i behandling av saker som skal granskast. Noen eksempel:

- Ein søkjar til ei helsesøsterstilling meinte ho vart usakleg forbigått da ho søkte jobb i 1987. Ho klaga til fylkesmannen og fylkesmannskontoret behandla saka. Til Østlendingen presterer tidlegare statsminister Oddvar Nordli likevel å påstå at «vi har ikke foretatt noen saksbehandling. Vi har derimot gitt råd og veiledning»⁶⁶.

- I 1989 vart det reist spørsmål om personalsjefen i kommunen, som sto på Ap si liste ved siste kommuneval, i det heile var valbar til kommunestyret. Kommunelova forbyr at etatsjefar kan veljast som medlem av kommunestyret. Fylkesmannen hadde ein klage som galdt dette forholdet, til behandling tre gonger. Klagen vart til slutt avvist av departementet. Bjørn Skåret, som sjølv tilhøyrrer Ap, skreiv i eit brev til fylkesmann Nordli at departementet si avgjerd var bygd på bevisst feilaktige og misvisande opplysningar frå kommunen. Han meinte at «dermed har denne saka kommet til å dreie seg om noe ganske annet og langt alvorligere enn om Eva Jensen skal få lov til å sitte som representant i Trysil kommune». Han gjekk ut frå «at Fylkesmannen har kompetanse til å vurdere sitt eget ansvar for tilretteleggingen av det materialet som dannet grunnlaget for Departementets behandling av klagesaken» og «at Fylkesmannen har et selvstendig forvaltningsmessig kontrollansvar i forhold til den kommunale forvaltningen»⁶⁷. Fylkesmann Nordli tok dette brevet «til etterretning» og meinte han var ferdig med saka.

- Da kommunen, etter oppfordring frå kommuneleiinga, ville hjelpe selskapet Trysilfjellet A/S med låneopptak, vedtok kommunestyret å ta opp eit lån i den lokale banken og yte eit midlertidig forskot på 5 millionar kroner. Rådmann Gran var styremedlem i banken. Stikk i strid med vedtaket underteikna ordføraren eit låneopptak på 6 millionar kroner utan å leggje fram saka på nytt for kommunestyret. Da saka kom til fylkesmann

Nordli for legalitetskontroll, godkjende han at ordføreren hadde sett kommunestyrevedtaket til side.

Desse tilfeldige eksempla skulle vere nok til å vise at både ordførar Nyberg og fylkesmann Oddvar Nordli er inhabile fordi dei på ulikt vis har deltatt i behandlinga av saker som bør bli omfatta av formannskapet sitt granskingsvedtak.

Men Oddvar Nordli er ikkje snauare enn at han har feilinformert Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Han har både skriftleg og muntleg gitt uttrykk for at det einaste som eventuelt kunne gjere han inhabil er den personlege kjennskapen han har til Nyberg og Gran gjennom mange års politisk arbeid. Han har spesielt sagt frå til departementet at dei saksområda som skal granskast «ikke tidligere har vært oppe til vurdering ved fylkesmannens kontor»⁶⁸. Dei som har vurdert saka i departementet sa tvert nei takk da representanten Olav Teppen sa han gjerne ville sende dei meir informasjon om saksforhold som gjer Nordli inhabil. Departementet ønskte ikkje å bli informert!

Det er Tove Strand Gerhardsen som er statsråd i det departementet som har gitt ryggstøtte til Oddvar Nordli. Slik er sentrale Arbeiderpartifolk inne på alle ledd - i kommunen, i fylket og i departementet - for å hindre at det skjer ei uhilda gransking av den maktmisbruken som særleg ordførar Nyberg og rådmann Gran har stått for i mange år.

Det som starta opp i oktober 1990 som falsk ryktespreiing mot kommunekasseraren som skulle gjerast til sydebukk, har utvikla seg til å bli ein solid dokumentasjon på at tidlegare statsminister Oddvar Nordli går på tvers av lova og gir usanne opplysningar i strevet sitt for å hjelpe rådmann Martin Gran og den sentrale partikameraten Arvid Nyberg som er ordførar i Trysil.

■ Skulde på fortida: «Dette hører fortiden til - jeg rydda opp straks jeg tok over som leder»

Denne metoden finst i ulike variantar. Ein organisasjon eller etat skiftar leiar eller toppfigur utan å ta eit oppgjer med dei

som har vori innblanda i korrupsjon eller uryddig praksis. Det er heller snakk om ei 'roking' i toppsjiktet. Dei som blir 'skifta ut' går gjerne over i ei direktørstilling e.l. som gir like gode økonomiske vilkår. Viss noen stiller vanskelege spørsmål etterpå - svarar den nye leiaren at dette er eit tilbaketog stadium, no er alt i sin skjønnaste orden.

Arbeiderpartiets byrådsleiarkandidat i Oslo - Rune Gerhardsen - brukte denne metoden 6. desember 1989 da Arbeiderbladet var på sporet av det økonomiske samarbeidet mellom Oslo kommune, blikkenslagar Arild Siggestrøm, Oslo Arbeiderparti og enkeltpersonar i leiinga av partiet. Arbeiderbladet skriv at «det var Oslo-partiets nye ledelse representert ved gruppeleder Rune Gerhardsen og sekretær Rune Bjerke, som fikk slutt på samarbeidet med firmaet. Dette skjedde etter kommunevalget i 1987». Gerhardsen ordla seg slik:

«Det er en god tradisjon at folk hjelper partiet i forbindelse med valgkamper. I dette tilfellet ønsket vi å ha klare linjer, og likte derfor ikke den nære kontakten mellom firmaet og enkelte tillitsvalgte. Men jeg må også få legge til at det pr. i dag ikke er kommet fram noe som tyder på at det har vært noe galt i disse forbindelsene».

Meldinga til lesaren var ikkje til å misforstå: Det hadde nok vori litt for tette band før, men Gerhardsen hadde rydda opp i dette etter valkampen 1987. Og det hadde dessutan aldri skjedd noe som var «galt».

Dessverre for Arbeiderpartiet og for Rune Gerhardsen si truverdighet så var det ikkje så enkelt. Vi skal nøye oss med å nemne tre forhold:

- Smith-utvalet seier at det økonomiske samarbeidet mellom Siggestrøm og Oslo Ap ikkje vart avslutta før sommaren 1988⁶⁹.

- Det største enkeltbidraget som Oslo Ap ytte tilbake til partisponsor Siggestrøm, vart ordna med eit framlegg i formannskapet 8. mars 1988. Da foreslo Ap at kommunen skulle dekke ei privat flytterekning på 308 000 kroner for Siggestrøm. Rune

Gerhardsen deltok i dette møtet og stemte for denne gåveløvinga. Han deltok også på det gruppemøtet som avgjorde at Ap skulle fremje dette forslaget, utan ein gong å krevje protokollert at han var usamd i det.

- Dei opplysningane vi har, tyder på at Siggestrøms bidrag til Oslo Ap til dels er finansiert ved rekneskaps- og skattefusk, og dels ved overfakturering av oppdrag utført for kommunen. Dvs. at bidraga til partiet er finansiert på korrump vis, på same måte som den tidlegare varaordføraren sitt boblebad.

Vi meiner derfor at Rune Gerhardsens utsegn til Arbeiderbladet 6. desember 1989 er eit skoleeksempel på korleis ein sentral politiskar bruker ein bestemt teknikk for å hindre at korrupsjon skal bli avslørt og rulla opp. Ap sin nye «Mr. Clean» brukte korrupsjonsbeskyttaren sine klassiske metodar.

■ Ta opp saker til avgjerd utanom sakskart

Dette er eit standardknep, og det verkar svært ofte. Da gruppa rundt Fridtjof Johansen i Grønland Byfornyelse A/S i 1984 hadde bruk for å få snudd eit bystyrevedtak om bevaring av ei husrekkje i Breigata på Grønland, gjekk dei omvegen om eit møtekupp i Oslo Ap sitt representantskap. Dei klarte å få omgjering av både bystyrevedtak og partiet sitt standpunkt i saka tatt opp som eventueltsak på slutten av eit representantskapsmøte. Da var det berre høve til å halde eit kort innlegg for kvart syn, og bystyregruppa vart dermed - med knapt fleirtal - tvinga til å gå over til Høgre sitt, FrP sitt og Fridtjof Johansen sitt standpunkt.

Det same knepet er brukt fleire gonger i Oslo formannskap for å få igjennom følsomme saker. Byråd Karin Holmsen fortel til Aftenposten at Hans Svelland prøvde å få igjennom Bjørns-gård-saka i byrådet på same måten, men den gongen vart han nedstemt⁷⁰.

■ «Tie når det trengs». Oslo Ap sin hemmelege valkampparole 1991

«Eg veit noe om deg. Du veit noe om meg. Viss begge tier, er vi skuls.» Denne parolen er eit effektivt våpen. Maktpersonane er eit sjikt for seg sjølv. Viss dei tier, får korkje journalistar eller den menige kvinne og mann vite kva som har skjedd. Politikarar som ellers er pratsame og mediavante blir stundom heilt tause. Når dei seier «ingen kommentar», er årsaka ofte at det blir gali for dei sjølv same kva slags svar dei gir.

Oslo Ap har gjort det å «tie når det trengs» til ein slags hemmeleg valkampparole framfor kommunevalet 1991. Sia opprullinga starta hausten 1989 har leiinga i Oslo Ap satsa på at full taushet om Ap si eiga rolle i Oslo-korrupsjonen skulle vere nok til at stormen ville gli over og at Høgre måtte ta den politiske belastninga aleine.

Nøtterøy Høgre - som har styrt kommunen i ei årrekke - har lagt seg på same line som Ap i Oslo. Dei svarar aldri sakleg på kritiske lesarbrev, og stiller ikkje opp i åpen debatt om misforhold i kommunen.

■ Tilsetjingssaker

Kameraderi i tilsetjingssaker kan få like alvorlege følgjer som den klassiske, økonomiske korrupsjonen. § 2.2. i Hovudavtalen slår fast at tilsetjingar i kommunesektoren i første rekkje skal skje ut frå faglege kvalifikasjonar. I mange kommunar er det Administrasjonsutvalet som avgjer tilsetjingssakene, men mindretalet der kan anke ei avgjerd inn for formannskapet, viss dei leverer anken før møtet er slutt. Etterpå er det for seint.

Eksempel: Odda er ein kommune der ein kan skaffe seg det meste, dersom ein berre har partiboka i Odda herreds Arbeiderparti i orden. Før noverande stortingsrepresentant Leif Stenland (Ap) vart ordførar i 1979, vart det ordna jobb for han som leiar for vaktmeistrane og reinhaldarane i kommunen. Han fekk betre tid til å drive med politikk på den måten, enn om han skulle halde fram som elektrikar i eit privat firma. Dei som

hadde meir bakgrunn og peiling på reinhaldssektoren vart oversett.

Vinteren 1991 vart det ny strid om tilsetjingspolitikken i Odda. Administrasjonsutvalet tilsette sekretæren i Odda herreds Arbeiderparti i ei stilling som aktivitør. Ho hadde verken utdanning eller særleg erfaring frå dette fagområdet, mens to andre søkjarar både hadde fullverdig aktivitørutdanning og rik erfaring. Dette var ikkje til hinder for at både dei to frå Odda herreds Arbeiderparti og dei to frå Odda kommunale forening, såg vekk frå rådmannen si innstilling og ga jobben til parti-sekretæren, Helga Leonhardsen. Høgre- og SV-representantane røysta for å følgje den saklege innstillinga frå rådmannen, men korkje dei eller personalsekretæren i kommunen, som sjølv er formannskapsmedlem for SV, brukte den reglementsfasta retten til å anke avgjerda. Slik hindra dei at formannskapet eller kommunestyret kunne få sjanse til å overprøve den tvilsame avgjerda.

Vidar Våde (RV) tok opp ein interpellasjon om saka i kommunestyret 20. mars. Forutan den konkrete saka, stilte han spørsmålet slik til ordføraren: «Kjenner ordføreren til at det i Odda kommune har vært foretatt ansettelse der kjennskap og vennskap, eller partiboka i DNA har gått foran utdanning og erfaring?»

Før møtet rykka Ap sin varaordførarkandidat, Anne-Lisbeth Madssen, ut i Hardanger Folkeblad - der mannen hennar, Øyvind Madssen, er redaktør. Ho gjekk til åtak på dei som kritiserte tilsetjinga: «Håper at det etter møtet i Odda Kommunale Forening blir en slutt på saken, og at de som har vært initiativtakere til denne sak, finner noe viktigere å henge sin hatt på enn en administrativ glipp som denne». Det siste er freidig sagt av ein komande varaordfører i ei sak der *administrasjonen* har gått fram heilt korrekt, og der det er *Ap-politikarane* som har gjort eit overgrep. Madssen var elles opptatt av den menneskelege sida ved saka: «Sett fra sidelinjen synes jeg personlig Helga Leonhardsen har hatt en tøff tid som jeg syns hun har mestret flott». Ikkje eitt ord om omtanke for dei to som var usakleg forbigått.

Ap-ordføraren var taus da Vådes interpellasjon kom opp i

kommunestyret. Det var rådmannen som svarta. Han la fram ei grundig orientering som i hovudsak var i samsvar med HVPU-gruppa i fagforeninga og RV sitt syn. Han slo fast at dei to som fylde kvalifikasjonskrava i utlysinga, ikkje vart tilsett og at avgjerda i administrasjonsutvalet burde ha vorti anka. Han sa seg svært lei for at fleirtalet i administrasjonsutvalet gjekk på tvers av innstillinga frå administrasjonen. Men sia avgjerda ikkje vart anka og sia Leonhardsen hadde tatt i mot stillinga, så var det ikkje meir å gjere. I kommunestyremøtet var det ingen andre enn dei to RV-representantane som kom med open kritikk av den måten saka var handtert på.

■ Tilsynsplikt i kommunane

Det er kommunestyret som er øvste organet i kommunen.

«Kommunestyret må derfor føre det overordnede tilsyn med hele kommuneforvaltningen.»⁷¹ Men det primære tilsynsansvaret er fordelt på andre organ. Formannskapet er eit mindre organ enn kommunestyret, og høver derfor betre til å ta seg av fortløpande tilsyn. § 21 i kommunelova slår fast at «formannskapet fører tilsyn med kommunens forvaltning» og seier litt om kva det går ut på.

§ 37 i lova seier at «administrasjonssjefen skal føre det nærreste tilsyn med kommunens hele forvaltning og særlig med penge- og regnskapsvesenet, ...»

Stort sett har kommunestyremedlemmer og formannskapsmedlemmer tatt svært lett på tilsynsplikta. Smith-utvalet har gjort greie for at dei som gjer det, er på kant med lova:

«At et organ har tilsynsansvar overfor et annet, innebærer at det skal kontrollere og følge med i den virksomhet som drives av det lavere plasserte organ.

I dette ligger bl.a. at det ansvarshavende organ må sørge for å få den informasjon om virksomheten som er nødvendig for at tilsynet kan foretas på forsvarlig måte. Forsåvidt faller denne del av tilsynsansvaret sammen med plikten til å sørge for hensiktsmessig kontroll.

Plikten til å kontrollere må antas å omfatte innhenting av nærmere opplysninger også når henvendelser m.v. utenfra - derunder presseoppslag - gir rimelig grunn til å anta at feil kan være begått»⁷².

Ei av nemndene i sosialsektoren i Oslo - Sosialomsorgsnemnda - laga seg i 1984 reglar for korleis nemnda skulle gjennomføre tilsynsplikta si i praksis. Slik nytenkjing vart dårleg likt på høgare politisk og administrativt hald i kommunen. Sosialsjef Lasse Johannessen ved Rehabiliteringskontoret meinte det var «tvil om nemnda kan fatte vedtak om egne retninglinjer for tilsyn». Han fekk det som han ville, og Sosialomsorgsnemnda fekk ikkje lov til å ta den lovpålagte tilsynsplikta på alvor.*

■ Trugsmål om økonomiske sanksjonar

Den som styrer ein pengestraum har makt. Trugsmål om økonomiske sanksjonar frå private firmaer kan til og med få heile kommunar til å oppheve bystyrevedtak.

I Notodden kommune fekk administrerande direktør ved Bolkesjø-hotella, Lars Søreide, vilja si gjennom etter eit regelrett trusselbrev. I brevet, som er datert 6. januar 1987, skriv Søreide til Notodden formannskap at dersom kommunen ikkje gjer som han ønskjer, så vil hotella setje iverk sanksjonar mot kommunen frå 1. februar. Søreide truga med at hotella mellom anna ville leggje om rutinene for varekjøp, slik at berre eit minimum skulle bli kjøpt i Notodden. Samla tap for bedrifter i Notodden kunne bli omlag 4,5 millionar kroner pr. år. Vedlikehaldstenester for 1-2 millionar i året ville han heller ikkje kjøpe frå firma på Notodden lenger. Og han kom til å plassere oppdraga utafor kommunen når det galdt investeringar og opprusting av hotella. Dette hadde aleine utgjort 10 millionar årleg dei siste 7 åra.

Dessutan vil hotella ikkje lenger prioritere Notodden-folk ved tilsetjingar. Til sist truga Søreide med å skifte forretningsadresse for hotella, slik at Notodden kommune skulle få eit merkbart skattetap.

* (Dette er nærmare omtala i Smith II, side 124-126).

Alt dette kunne han truge med, fordi han har vikla hotella sine, Bolkesjø Hotell og Gran Hotell, inn i eit lite nettverk av selskap der han sjølv er styreformann og bror hans, Torleif R. Søreide, er varamann. Torleif er dessutan direktør i det kommandittselskapet som eig Gran Hotell.

Eit av krava frå Søreide var at Notodden skulle kjøpe Bolkesjø Vannverk, sjølv om det var inngått ein avtale med kommunen i 1984 som gjekk ut på at kommunen kunne overta vassverket vederlagsfritt. Det var ingen tvil om at denne avtalen framleis var gyldig. Etter trugsmåla let formannskapet seg presse til å opprette eit «Bolkesjø-utval» - med sentrale kommunepolitikarar - for å ordne opp i flokane. Det var særleg ein politiskar som ivra for å gjere Søreide til lags. Høgre mannen Oscar Johansen kunne ha grunn til det ettersom rørleggjarfirmaet hans hadde hatt godt med oppdrag på hotella til Søreide og ville bli hardt ramma om trugsmåla vart sett ut i livet.

Eit av resultatata av utvalsarbeidet vart at kommunen skulle kjøpe vassverket, ikkje frå hotella, men frå Søreide sitt familie-selskap I/S Søreide for 1,9 millionar kroner.

■ Tvetydige vedtak - som er så uklare at dei flytter den verkelege avgjerda vekk frå det organet som skal avgjere saka

Dette er ei fordekt form for delegering. I Oslo ber byrådet ofte om å få fullmakt frå bystyret til å gjennomføre tiltak på eit saksområde «i samsvar med premissene for denne saken». Etersom «premissene» er byrådet si eiga saksframstilling som kan innehalde mange ulike poeng, kan ei gjennomføring «i samsvar med premissene» bli kva som helst.

15. mai 1991 gjorde Oslo bystyre eit vedtak om at «Byrådet gis fullmakt til å begjære skjønn» for eigedomar i åtte ulike kvartal der bystyret tidlegare har gjort byfornyingsvedtak. For byrådspartia (H, FrP og KrF) var denne saka eit ledd i eit langsiktig arbeid med å «slakte» det kommunale byfornyingsarbeidet og la dei private gårdeigarane og spekulantane få tilbake dei profittmulighetene som ligg i gårdeigarstyrt byfornyning. Men

isolert sett er det formelle vedtaket om «å begjære skjønn» tilsynelatande eit ledd i den byfornyingsprosessen som vart starta for fleire år sia, og som bl.a. skulle føre fram til ein ny eigarstruktur. Siktemålet har vori at leigetakarane skulle få overta og danne burettslag. Korleis kan det da ha seg at 'gårdeigarpartia' i byrådet fremjer eit forslag om å gå vidare på ein prosess som har til formål å overføre eigedomsretten til leigetakarane? Forklaringa på dette finn vi i punkt 2 i vedtaket, som kort og enkelt seier at «Byrådet gis fullmakt til å gjennomføre punkt 1 i samsvar med premissene for denne saken». I «premissene» står det nemleg med klare ord at «byrådet ønsker i utgangspunktet å unngå erverv av eiendommer,...» og at «selvom det er begjært skjønn fortsetter forhandlinger med eier med tanke på å inngå avtale og dermed heve saken som forlikt»⁷³.

Punkt 2 i denne saka vart vedtatt med 83 mot 2 røyster i bystyret. Dermed hadde gårdeigarvenene i byrådet fått støtte frå Ap og SV på at byrådet kan gå så langt dei vil i å la gårdeigarane få tilbake råderetten over dei eigedomane som elles skulle ha vorti overtatt av leigetakarane.

■ Underhandsavtalar eller førehandslovnader som avgjer utfallet av ei sak

Av og til gir sentrale politikarar førehandslovnad på ein slik måte at dei sjølv føler seg bundne. Det blir enda verre viss lovnaden er gitt på ein slik måte at motparten trur han har hatt med kommunen å gjere, og altså trur han har fått ein bindande, muntleg avtale med kommunen. Vi skal sjå på eit tilfelle der to av byrådene i Oslo vart oppfatta som om dei hadde kompetanse til å inngå bindande avtalar på vegne av kommunen.

Byrådene Michael Tetzschner og Sigurd Østen har i det stille - og til dels i samarbeid med tidlegare justisminister Else Bugge Fougner - gjort ein innsats for å hjelpe toppane i Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) med å redusere det økonomiske tapet etter den feilinvesteringa NHO gjorde i Dittenkvartalet.

Da NHO kjøpte seg kommunal tomt til Næringslivets Hus i

1986, godtok dei to svært strenge vilkår i kontrakten. I pkt. 2 står det at «N.A.F. har ikke anledning til å videreselge den ubebygde kontor- og forretningsseksjonen til andre enn...» og litt lenger ute står det kva som skal skje viss det ikkje blir noe av Næringslivets Hus: «Dersom NAF ikke igangsetter anlegget innen den nevnte tidsfrist, er Oslo kommune berettiget til å kreve at NAF tilbakefører seksjonen til OK mot å få refundert innbetalt del av kjøpesummen uten tillegg av renter».

NHO hevdar i dag - naturleg nok - at ingen av desse avtalepunktene kan brukast, fordi dei har brukt ein del pengar på å bygge kjellar og fundament samtidig med at det underjordiske P-huset under eigeidomen vart bygd. Denne argumentasjonen frå NHO er - i beste fall - omstridd.

1. februar 1990 møttest statsråd Else Bugge Fougner, representantar frå NHO og byrådene Tetzschner og Østen. Dei to siste gjorde det i dette møtet heilt klart at det var i orden for Oslo kommune om NHO ville selje tomte til staten, viss staten ville yte eit rentefritt lån på 12,3 millionar kroner til å forskuttere utgiftene med Henrik Ibsen-ringen. Det går klart fram av møte-referatet at dei ikkje kom med andre krav. Ut frå dette laga regjeringa eit framlegg til Stortinget som vedtok at staten skulle kjøpe tomte og NHO sine teikningar for 88 millionar kroner. I 1986 hadde NHO betalt i underkant av 45 millionar til Oslo kommune.

Byrådet saksbehandlar stadfesta i mai 1991 at det ikkje finst eit einaste dokument som viser at Tetzschner har gjort noe som helst for å hevde dei kontraktsfesta rettane som Oslo kommune har overfor NHO, før eit nokså spakt brev vart sendt i februar 1991. Da hadde Tetzschner - eitt år for seint - oppdaga at det berre er kommunestyret som har kompetanse til å gi frå seg dei rettane kommunen har i kontrakten med NHO.

Saksframstillinga i byråds-saken som så vart laga i april 1991 er mangelfull og dermed feilaktig. Det blir ikkje opplyst at staten betaler 88 millionar til NHO, og bystyret får heller ikkje vite at Tetzschner alt har godtatt sal frå NHO til staten, og at kommunen har mottatt det rentefrie lånet på 12,3 millionar kroner som Tetzschner og Østen ba om.

Ein samrøystes byutviklingskomite (A, H, SV og FrP) god-

tok dette utan å stille spørsmål. Men i 12. time - dvs. i det bystyremøtet der denne skjulte løyvinga til NHO skulle vedtakast - vart saka trekt frå sakskartet og sendt tilbake til komiteen. Da hadde RV varsla hard kritikk mot byrådet sin handlemåte.

Denne saka gir grunnlag for fleire konklusjonar:

- Byrådsleiaren har aleine - eller i samråd med byråd Sigurd Østen - tatt avgjerder som det berre er bystyret som har myndighet til å ta. Det aller viktigaste er spørsmålet om korvidt kommunen skulle gjere bruk av dei kontraktsfesta rettane sine overfor NHO.

- Kommunen si mulighet til å nå fram i ei valdgiftssak mot NHO er kraftig svekka ved 14 månaders passivitet frå kommunens side etter at Tetzschner og Østen 1.2.90 ga eit muntleg samtykke i møtet hos justisministeren.

- NHO innkasserer ei salsinntekt på vel 43 millionar (88 millionar minus det NHO har betalt til Oslo kommune), som dei etter kontrakten med Oslo kommune frå 1986 ikkje utan vidare har rett til. Dette reduserer det tapet NHO har på Dittenhøl-eventyret sitt og sparar medlemsbedriftene for store utbetalningar.

- Viss kommunen kunne ha komi betre ut av denne saka enn det som skjer no, og NHO kunne ha komi tilsvarande dårlegare ut, så er dette ei skjult løyving til NHO som blir betalt av skattytarane i Oslo. Politisk er det rimeleg å sjå på dette som eit slags «takk for hjelpa» frå Høgre-politikarane til dei medlemsbedriftene i NHO som ut over 80-talet kasta inn svært mange millionar i Høgre sine valkampanjar. På toppen av det heile har dei to byrådene gått fram på ulovleg vis for å få ordna denne økonomiske handsrekninga til NHO.

■ Utruskap

§§ 275 og 276 i straffelova rammar den som «forsømmer en annens anliggender som han styrer eller har tilsyn med, eller

handler mot en annens tarv». Utruskapsparagrafane - som dei òg blir kalla - rettar seg såleis både mot aktiv handling som er til ulempe for ein «annens tarv» og mot forsømingar eller passivitet som går ut over ein annan. Dette gjer at det - etter lova - er ein glidande overgang frå slurv og dovenskap til ei utru handling. Men hittil er ingen dømt for utruskap gjennom passivitet. Denne delen av utruskapslovgivinga har vori sovande fram til i dag.

Det er snakk om grov utruskap dersom det f. eks. handlar om «betydelig økonomisk skade» eller dersom utruskapen er «forøvd av offentlig tjenestemann eller noen annen ved brudd på den særlige tillit som følger med hans stilling eller virksomhet» (§ 276).

For å komme i ei slik stilling at ein kan vere utru, må ein person ha «tilsyn med» eller «styre» andre sine saker. Det finst mange domar over tilsette som lar arbeidsgivaren dekke private utgifter eller skaffar seg sjølv urettmessig kreditt på arbeidsgivaren sin kostnad. Men det er òg eksempel på at leiarar eller direktørar som lar selskapet betale private rekningar, har vorti dømt. Det er i prinsippet ingen skilnad på offentlig og privat sektor.

Eksempel: Ein varaordførar og postopnar i ein Trøndelagskommune tok imot dekningslause sjekkar. På dette viset tok han sjølv - og firmaet hans - ut over 700 000 kroner, medan postverket lei tap. Retten fann at det på grunn av det store beløpet, og at han hadde ei offentlig stilling, var snakk om grov utruskap. Varaordføraren fekk fengsel utan vilkår i 3 år, og vart samstundes frådømt vervet som kommunestyrerepresentant.

For å bli dømt etter utruskapsparagrafane må vedkommande ha handla med forsett. Men ikkje nok med det. Han må dessutan ha handla i «vinnings hensikt» eller for å skade den fornærma parten (f.eks. arbeidsgivaren, klienten). Utruskapsparagrafen stiller ikkje noe krav om at vinninga for eigen del - eller tapet for den fornærma parten - skal vere av økonomisk art.

Program mot korrupsjon

Korrupsjon er ikkje først og fremst eit moralsk eller etisk spørsmål, høgt heva over det kvardagslege strevet. Korrupsjon går ut på å flytte på - eller omfordele - verdiar og fordelar, slik at det gagnar noen få og er til tilsvarande skade eller tap for andre. Og det er ein *stil* eller *kultur* som godtar at dette skjer. Det er du og naboen din og arbeidskameratane dine som kan rydde opp i uvesenet. Ein politikar sit sjølv i den maktpyramiden der maktmisbruken går føre seg, og kan sjeldan bli ein sikker støttespelar i antikorrupsjonsarbeidet. Men dersom vi går saman om felles mål, kan vi smått om senn gi korrupsjonen trongare kår.

Misbruk av makt

Det er *alltid* noen få som tener på korrupsjonen - og det er svært mange som lir tap. Ingen kan skaffe seg fordelar på korrump vis utan å ha ein maktposisjon. Når korrupsjon blir påvist, blir påvisinga eller påstanden oppfatta som eit trugsmål mot dei andre som sit i den same maktpyramiden. Kanskje har dei sjølv gjeve den korrupte ein sentral posisjon eller ei fullmakt til å opptre på deira vegne. Personar med nøkkelroller i det kommunale maktapparatet går i slike situasjonar ofte i forsvarsposisjon på vegne av det systemet dei høyrer til. Dei tar to slags omsyn:

- For det eine må dei gjere noe med sjølve korrupsjonsforholdet, eller i alle fall gi inntrykk av at dei gjer noe.

- For det andre må dei opptre slik at dei bergar sitt eige skinn og sin eigen maktposisjon.

Dette doble omsynet fører ofte til at byråkratar eller politikarar, som ikkje er korruperte sjølve, blir ute av stand til å setje i verk effektive tiltak.

Korrupsjonsopprydding med eit slikt utgangspunkt blir det motsette av det det skal vere. Forsøket frå byrådet i Oslo på å «rydde opp» etter den velorganiserte svindelen med verdifulle kommunale småtomter sommaren 1989 er eit skoleeksempel.

Det store tomtesalet i Oslo

Det var ei lita, men rutinert og velorganisert kjøpargruppe rundt firmaet Larssens Eiendomsbyrå A/S som - ved hjelp av eigne knep og kommunal salsiver og sløvhet - klarte å slå til seg fleire titals kommunale småhustomter og selje mange av dei vidare med stor gevinst. Kommunen - som var så letturt - og den godtruande Sparebanken Midt-Norge - som finansierte heile handelen for dei pengelense svindlarane - har etterpå inngått ein avtale seg i mellom om å dele på tapet.

Svindlarane utnytta ein situasjon der «forsert eiendomssalg» var hovudoppgåva for den underbemanna kommunale eiendomsetaten. Høgre-byrådet ville selje alt som kunne seljast, sjølv om botnen hadde ramla ut av egedomsmarknaden og prisane gjekk ned. Dei kommunale salsprosedurene var ikkje laga for å gjennomføre eit slikt halsbrekkande prosjekt. For å få salet til å gå unna, ba fungerande egedomssjef Johan Frid den øvste sjefen sin - finansdirektør Viggo Johannessen - om å få ei personleg fullmakt slik at han sjølv kunne ta endeleg avgjerd om sal av egedomar med verdi inntil 1 million kroner. Han fekk den fullmakta han ba om, utan andre vilkår enn at sjølv salsprosessen før kontraktskrivinga skulle setjast ut til ein privat meklar.

Frid heldt ikkje auge med om meklarfirmaet gjorde som det skulle. Og slik hamna eit halvt hundre verdfulle «erstatnings-tomter» på billegsal hos eit lurvete eigedomsbyrå der den før omtalte kjøpargruppa hadde fritt innpass. «Erstatningstomtene» er gode bustadtomter som kommunen har haldi i reserve for å kunne tilby i bytte til dei som må flytte f.eks. på grunn av kommunale utbyggingsprosjekt.

Dette hadde ikkje skjedd om ikkje byrådet hadde laga ein topprioritert kampanje for «forsert eiendomssal». Det hadde heller ikkje skjedd om ikkje finansdirektøren hadde skrivi ut den særskilde - og juridisk sett tvilsame - fullmakta. Og det ville heller ikkje skjedd viss eigedomssjefen hadde prioritert tida si slik at han hadde ført nøye etterhandskontroll med dei mange små salssakene som han sette bort til den lurvete meklaren.

Stå ikkje med lua i handa

Men det var noen som oppdaga kva som var i ferd med å skje. Ei foreldregruppe på Korsvoll i utkanten av Oslo hadde sett seg ut eit område der dei ønskte å kjøpe eller leige kommunal tomt for å starte barnehage. Fordi dei visste at dette var noen av dei såkalla «erstatningstomtene», vart dei svært forundra da dei oppdaga at tomtene vart annonsert til sals på oppsiktsvekkjande diskret og anonym måte. Derfor varsla dei både eigedomssjefen og byrådsleiar Michael Tetzschner:

«De ledige tomtene som Oslo kommune eier i området rundt Korsvoll skole...er i ferd med å bli solgt til private på det åpne marked»¹.

Men dei som vart varsla, dei gjorde ingenting med saka. At byrådsleiar ikkje reagerte, er kanskje forståeleg. Han hadde jo gitt ordre om å selje alt som kunne seljast. Denne «klagen» var jo ikkje anna enn ei melding om at salsprosessen var i gang. Så gjekk vekene og månadene etter at Tetzschner vart informert. Svindlargruppa fekk sine lån i Sparebanken Midt-Norge - der Tetzschners rådhuskollega og partifelle, kommunalråd Mar-

tha Seim Valeur (H) sat i styret som taus og uvitande kommunal tilsynsperson. Svindlarane kjøpte og kjøpte, for lånte pengar og til rimeleg pris. Så selde dei mange av tomtene vidare med god gevinst og forsvann før det var tid for betaling av renter og avdrag i banken.

Så - på hausten 1989 - vart saka «avslørt» offentleg. Det vart fort klart at det var snakk om svindel og bedrageri. Det var også klart at det var gjort fleire feil i den underbemanna eige-domsetaten. Først mykje seinare vart det klart at sjølvaste byrådsleiaren hadde vorti personleg informert utan å gripe inn, og at den avgjerande salsfullmakta var signert av næraste medarbeidaren hans.

Byrådet var ute av stand til å rydde opp, fordi det viktigaste for dei var å berge sitt eige skinn.

Vi er nokså sikre på at denne svindelaaffæren med kommunale verdiar ikkje hadde vorti avslørt viss det ikkje hadde vori for foreldregruppa på Korsvoll. Dei hadde ingenting å skjule og hadde ingenting å tape på at heile sannheta kom fram. Tvert i mot leid dei eit indirekte tap sjølv på grunn av tomtesvindelen. Byrådsleiar Tetzschner - som etter det vi veit, ikkje var personleg involvert i noe slags samarbeide med den vesle svindlar-gruppa - måtte ty til usannheter istaden for å rydde opp. Han vreid på fakta og snakka usant da han orienterte bystyret. Ikkje fordi han sjølv hadde utført korruperte handlingar i denne saka, men fordi han skulle skjule det politiske medansvaret han sjølv sat med.

Etter vårt syn er dette ei viktig erfaring. Skal det bli opprydding, så må det drivast fram nedafrå - av dei som taper på korrupsjonen og derfor har eigeninteresse av fullstendig opprydding. Derfor er din innsats uunnverleg. Viss du stoler på at politikarar og andre med maktposisjon skal ordne opp, så må du også avfinne deg med at oppryddinga blir halvhjarta eller enda dårlegare enn det. Også juristen Carl August Fleischer er inne på dette i foredraget sitt om «Det korruperte Norge». Han advarer mot husmannsånd og tiltru til at dei som sit med makta - eller den sterke mann - skal ordne opp. Og Fleischer meiner det i grunnen alt for sjeldan vert reagert i saker som handler om korrupsjon og maktmisbruk her til lands. Han viser til at nordmenn

har eit handikap, fordi vi historisk er eit utviklingsland som ikkje vart sjølvstendig før i dette hundreåret. «Husmannens tro eller underkastelse i forhold til den etablerte orden eller rangorden - og det å ta av seg lua når storbonden eller godseieren kjørte forbi - hører til vår nærmeste historie,» skriv han og oppfordrar til eit «oppgjør eller reaksjon overfor slike tendenser»².

Vi trur at dette er kunnskap å ha dersom arbeidet med å bekjempe korrupsjon, maktmisbruk og vanstyre skal lykkast. Vi må rette ryggane og knytte nevane - og vite kor vi skal rette skytset.

Stopp forslaget til ny kommunelov

Ei av dei viktigaste sakene på kort sikt i antikorrupsjonsarbeidet er å forhindre at dei udemokratiske forslaga i utkastet til ny kommunelov vert vedtatt av Stortinget. Så langt har det - dessverre - ikkje vori mykje debatt om lovforslaget. Dersom det vert vedtatt, inneber det at korrupsjon, maktmisbruk og snusk får langt betre vekstvilkår i kommunane enn i dag. Mellom forslaga er at «byrådssystemet», som Oslo har som ei prøveordning i dag, skal kunne gjerast permanent - ikkje berre i hovudstaden, men i resten av landet òg. Det trengst eit massivt press frå organisasjonar, fagforeningar, fagmiljø og einskildpersonar for å få stoppa framlegget til endringar i kommunelova.

I august 1987 - eit drygt år etter at ordninga med byrådssystem vart innført i Oslo - vart det nedsett eit utval som skulle legge fram eit utkast til ny kommunelov i Norge. To professorar, fire toppbyråkratar, ein politiskar frå Høgre og ein frå Ap vart oppnemnd som medlemmer av utvalet. Ingen frå grasrota eller folkelege organisasjonar fekk vere med. Ikkje eingong mellompartia - som tilsaman har over 3 500 representantar i kommunestyre og fylkesting - fekk vere med. Utvalet la fram resultatet av arbeidet sitt i fjor sommar. Sjølv om lovutkastet har vori ute på høyring i alle landets kommunar, har det vori lite debatt om dei oppsiktsvekkjande forslaga som ligg i det. I Nøtterøy kommune ga dei t.d. blaffen i å gje sitt syn på lovutkastet, før høyringsfristen var ute.

Ut med kritisk opposisjon

Gjeldande kommunelov sett klare grenser for kor mange og kor få folkevalde kommunestyrerepresentantar det skal vere rundt om i kommunane. For ein stor by som Oslo skal det f.eks. minst vere 59 og høgst 85 representantar i kommunestyret. I ein småkommune på under 3 000 innbyggjarar skal det vere frå 13 til 21 representantar. Utvalet som har laga kommunelovsutkastet - Bernt-utvalet som det òg blir kalla etter leiaren, jussprofessor Johan Fridthjof Bernt - meiner at det er alt for mange representantar i kommunestyra, og foreslår at talet på kommunestyremedlemmer kan settast heilt ned til 11 - utan omsyn til innbyggjartalet i kommunen. Det betyr å innføre ei sperregrense på 9,1 prosent ved kommuneval.

Lovreglane slik dei er i dag, fører til at relativt mange og ulike parti og politiske miljø kan få plass i kommunestyra rundt omkring. Denne ordninga er bra, fordi ulike synsmåtar kjem fram, sjølv om dei sjølvsagt ikkje alltid blir høyrd. Dernest ligg det i korta at eit system med brei representasjon vil romme parti som står langt borte frå maktsenteret i kommunestyret. Slike parti vil oftare vere meir pågåande enn det politiske fleirtalet eller den delen av opposisjonen som samarbeider med fleirtalet, slik som f.eks. Ap i Oslo har gjort på 80-talet. Småpartia - uansett farge - er ofte ubundne av makthavarane i kommunen, og har lettare for å seie ifrå dersom makthavarane gjer formelle overtramp eller feil. For Raud Valallianse sine representantar i mange kommunar har det f.eks. vori ei viktig politisk oppgåve å seie ifrå om slike overtramp.

Smith-utvalet - som har granska styringssystemet i Oslo - har merka seg at det i praksis er dei «små» og «opposisjonelle» partia som «ofte har spilt en sentral rolle i arbeidet med å avdekke og/eller holde varm spørsmål om kritikkverdige forhold i kommuneforvaltningen». Smith-utvalet meiner derfor at ved utforminga av ny kommunelov, så «må det legges slike rammer for reformarbeidet at også de små opposisjonspartier får arbeidsmuligheter. I dette ligger visse krav til valgordningen og til sammensetningen av de styrende organer; ikke minst må man unngå å sette medlemstallet i det enkelte kommunestyre så

lavt at småpartier og opposisjonelle grupper får vesentlig reduserte muligheter til å bli representert»³.

I Oslo har Ap, Høgre og FrP allereie starta førebuingane til den nye kommunelova. Dei har vedtatt å redusere talet på bystyremedlemmer frå 85 - som er gjeldande lovs maksimum - til minimumstalet 59 frå og med neste bystyreperiode. Dette fører mellom anna til at Venstre og Raud Valallianse - som er dei to minste partia i bystyret med to representantar - berre får ein bystyre plass kvar dersom dei ikkje aukar oppslutninga ved kommunevalet i år. Ei styringsgruppe - der mellom anna Michael Tetzschner (H) og Rune Gerhardsen (Ap) har vori med - lanserte allereie 12. juli 1989 eit forslag om at bystyret i Oslo skal reduserast til 45 medlemmer, og at formannskapet - som har eit særskilt tilsynsansvar med den kommunale administrasjonen - berre skal ha 7 medlemmer. Men desse anti-demokratiske planane vart lagt på is, då det hausten 1989 vart klart for alle at det sitjande formannskapet hadde forsømt tilsynsoppgåvene sine på det aller grovaste.

Vert kommunelovsutkastet vedtatt av Stortinget, er det fritt fram for fleirtalspartia Høgre, Ap og FrP å radere ut både RV, Venstre, KrF og til og med SV, frå bystyret i Oslo og i mange andre kommunar! Byar som Bodø, Sarpsborg og Hamar ville hatt to parti i kommunestyret om minimumstalet på 11 hadde vori tatt i bruk no. Bergen, Trondheim, Stavanger og Tromsø vill hatt tre parti. Ap, Høgre og FrP ville dominert fullstendig.

Vi er sikre på at den politiske leiinga i Oslo - både den som er igjen og den som har gått av - er lei seg for at ikkje kommunelova har vorti endra tidlegare, slik at dei kunne ha kvitta seg med all brysam opposisjon før dei sjølv vart tatt med buksene nede og rumpa bar.

«Kommuneparlamentarisme»

Bernt-utvalet foreslår dernest å endre kommunelova slik at den prøveordninga Oslo har hatt med «byrådssystem» eller «parlamentarisme», kan gjerast permanent - og at også andre kommunar rundt om i landet kan ta i bruk eit slikt system.

I tillegg ønskjer dei å «videreutvikle» by- eller kommunerådsordninga, som den evt. vil komme til å heite i landkommunane.

Kommunelova - slik den er i dag - splitter organiseringa av ein norsk kommune opp i fleire sjølvstendige delar. Ei kommunal sak blir behandla i fleire omgangar. For kvar gong saka går frå eit trinn til eit anna innafor det kommunale systemet, så skal det vere muleg for folk å sette seg inn i ho. I store og viktige saker er det formannskapet og bystyret som har siste ordet. Ei slik organisering av vedtaksprosessen i kommunane opnar for offentlig innsyn og debatt lenge før saka vert endeleg avgjort. Dette gjer det vanskeleg - men sjølv sagt ikkje umuleg - for ein person eller ei gruppe som har ureint mjøl i posen, å få gjennom urettmessige vedtak i større saker.

Kommunelova slik den er i dag byggjer på det såkalla «forholdstallsprinsippet» når det gjeld oppnevning av medlemmer til formannskap og politiske underutval, nemnder og råd. Desse underutvala avgjer «mindre» saker og førebur større saker for kommunestyret. «Forholdstallsprinsippet» opnar til ein viss grad for at opposisjonelle politikarar også får vere med å avgjere «små» saker - saker som likevel kan vere særskild viktige for einskildmenneske. Slike politikarar kan fungere som «vaktbikkjer» i systemet.

Kommunerådssystemet - eller kommuneparlamentarismen - sett ein strek over det meste av det som er demokratiske innslag i organiseringa av kommune-Norge. I dette systemet - som hovudstaden har hatt på prøve frå i februar 1986 - er nesten alle trinna i vedtaksprosessen «unntatt offentlighet» og gjort hemelege. Alle politisk samansette sektor- og underutval er fjerna. I staden for dei politiske underutvala kjem ei slags kommuneregjering - eller eit «byråd/kommuneråd» - som berre skal ha medlemmer frå det eller dei partia som har fleirtal i kommunestyret. Kommunerådet skal «passe på» at byråkratar og tenestefolk gjer som dei skal, avgjer sjølv ei rad med store saker, og legg fram saker for kommunestyre og formannskap der dei synest det trengst.

På dette viset er alt slags innsyn og kontroll gjort umuleg - med unntak for ein liten klikk med toppolitikarar i kommunerå-

det. Ei rad med saker blir førebudd og avgjort i løyndom. Dei har kutta ut den lange prosessen med kommunal saksbehandling - og mykje innsyn og opning for offentleg debatt. Bystyret - som i teorien er det øvste organet i kommunen - er spela ut over sidelina, fordi det ikkje får lov til å setje seg inn i kva byrådet og resten av kommunen eigenleg driv med. I saker der kommunestyret eller formannskapet skal ha avgjerda, er det berre dei dokumenta som kommunerådet «siler» ut, som utgjer dei offisielle saksdokumenta. Kommunerådet tar seg rett til å sensurere vekk alle uttalingar og fakta som går imot dei konklusjonane dei vil ha.

Kommunelovutvalet ønskjer også at «en skal kunne gå ett skritt vidare» når kommunane skal få lov til å kopiere byrådsystemet i Oslo: «Rådet (by- eller kommunerådet, forf. anm.) bør få adgang til å videredelegere avgjørelsesmyndighet til enkeltmedlemmer», og «gi dem ansvar for å legge fram saker for folkevalgte organer»⁴. Dette betyr at einskildmedlemmer av kommunerådet får makt til å avgjere viktige saker i einerom, og at vedtaket ikkje eingong trengst å førast inn i kommunerådet sine protokollar som idag i det minste vert offentleg *etter* at saka er avgjort. Bernt-utvalet går også inn for at personar utafor det folkevalde kommunestyret kan oppnemnast som medlem av kommunerådet, og at ordførar og kommunerådsleiaren får myndighet til å avgjere store saker aleine «hvis det ikke er tid til å innkalle kommunestyre, fylkesting eller en nemnd med en slik kompetanse».

Eit slikt system er som skapt for maktmisbruk og korrupsjon. Slik byrådsystemet i Oslo fungerer i praksis, har det sjokkert fleire enn berre Raud Valallianse. Smith-utvalet, f.eks., er kritisk til heile systemet:

«Det parlamentariske styringssystem har neppe i seg selv ført til noen bedre utøvelse av folkevalgt tilsyn og kontroll i Oslo kommune. På visse punkter kan mulighetene for effektivt tilsyn fra de folkevalgte snarere ha blitt svekket. Dette skyldes bl.a. at de politisk sammensatte avdelingsutvalg falt bort uten at andre, like gode muligheter for folkevalgt innsyn i den samlede virksomhet i kommunen kom i stedet»⁵.

På ei open høring i Oslo kommune i mai 1991 kom leiaren av statens granskingsutval, Eivind Smith, med denne utsegna: «Jeg konstaterer bare at det er nokså mange svakheter (med byrådssystemet, forf. merkn.), nokså mange uklare punkter, og jeg tror nesten jeg vil si at jeg ønsker at dere ikke får lov til å lage dette til en varig ordning før disse tingene har vært skikkelig gjennomdrøftet». Og vidare: «Som en generell ordning i norske kommuner, må jeg si at jeg er redd for den ordningen».

Tyranni på ny?

I oldtidas greske bystatar kunne «alle» delta i den demokratiske debatten og avstemmingane på torget. «Alle» var heile befolkninga - unntatt kvinner, slavar, innflyttarar og enkelte andre. Dvs. demokrati for det mindretalet av rike, innfødde mannfolk som ikkje trong å arbeide korkje ute eller heime, og som derfor kunne treffast på torget for å preike og styre. Men var det fare for krig e.l., valde torggubbane seg ein *tyrann*, som fekk alle fullmakter og styrte eineveldig til faren var over.

Kommunane i Norge er - til samanlikning - ikkje truga av krig, men av statleg nedskjæringspolitikk og ein kassamanko på fleire milliardar kroner. Dei som har utarbeidd det nye kommunelovsutkastet ønskjer no at folket og folkets representantar skal gje frå seg mykje av den politiske makta til ein by- eller kommunerådsleiari og 5-6 medhjelparar som ikkje er vald av folket i val. Lovutkastet gir kommunerådsleiaren einevalds-makt dersom «det ikke er tid til å innkalle kommunestyret».

Dei som har uformell politisk makt og som ikkje ønskjer demokratisk debatt om bruken av ressursane, treng ikkje å frykte denne reformen. Men fagforeningar, brukarorganisasjonar og demokratisk innstilte personar forsømer seg grovt om dei ikkje heiser opprørsfana mot dei som vil innføre tyranni på ny i Norge.

Utvida folkeleg innsynsrett i kommunale avgjerder

Istaden for å lukke kommunane for innsyn og kontroll, må det bli slik at kven som helst skal ha rett til å få sjå alle dokument i ei kommunal sak han/ho er opptatt av, både før og etter at saka er avgjort. Einaste unntaka bør vere dei som følgjer av reglane om personvern og teieplikt, særleg i helse- og sosiallovene. Det skal ikkje vere nødvendig å bruke diskrete mellommenn for den som vil finne ut om ei kommunal tomt er seld for billeg. Når ein skattebetalar melder seg i ein ekspedisjon, skal det vere ei plikt for byråkraten bak skranken å hente fram alle dei dokumenta det blir spurt etter. Dette krev endring av offentlighetslova og forvaltningslova - og ein del byråkratar må anten skifte jobb eller lære seg at dei er betalte for å vere folket sine tenarar.

Arbeidarar i firma som blir sett til å gjere private jobbar for kommunesjefar og direktørar, når dei har jobb på kommunale anlegg, skal ha rett til å undersøke alle forhold som gjeld økonomi og rekneskap hos arbeidsgivaren. Dei skal ha rett til å kontrollere om timelistene og rekningane stemmer med det arbeidet som er gjort, både på privatoppdraget og det kommunale oppdraget - og kven som har betalt dei to rekningane.

Firmakontroll i det offentlege

Dette burde vere eit lett forslag å gjennomføre i kommunar, fylke og stat: Før det offentlege handler med private firma, må firmaet dokumentere at

- det er registrert i Brønnøysundregistra,
- det har sendt inn rekneskapen til registra innan lovbestemt frist,
- det er ajour med betaling av skattar og avgifter,
- eigar eller dagleg leiar ikkje er straffa for økonomisk kriminalitet, f.eks. dei siste fem åra,
- eigar eller dagleg leiar ikkje er sett i konkurskarantene.

Ein regel om slik firmakontroll vil gje eit klart signal til

næringslivet om at det ikkje lønner seg med snuskete metodar, dersom dei vil ha oppdrag i stat og kommune.

Stans privatisering og heil- og halv-kommunale A/S

Privatisering av kommunal og statleg verksemd gjer det vanskelegare for publikum og folkevalde politikarar å føre tilsyn med at alt går rett for seg. Eit eksempel er det store tomtesalet i Oslo våren og sommaren 1989, då salsførebuingane vart sett bort til eit privat eigedomsbyrå. Eigedomsbyrået arrangerte «budrundar», men i røynda var det berre ein liten, lukka krins i miljøet rundt den private meklaren som fekk kloa i dei fleste av dei tomtene kommunen ville selje. Eit anna eksempel var då Nøtterøy kommune sette bort jobben med å utrede kva slags dataløysingar kommunen hadde bruk for til eit privat datafirma. Konsulenten frå det private datafirmaet laga sjølvstøtt framlegg om at det var akkurat hans firma som hadde den dataløysinga som var best for kommunen. Dette betalte Nøtterøy kommune 40 000 kroner for.

Ei anna politisk line som må motarbeidast, er overføring av ordinær kommunal verksemd til heil- eller halvkommunale aksjeselskap. Eksempel frå Oslo - der byfornyingsarbeidet vart organisert i halv-kommunale aksjeselskap - viser klart at aksjelovas reglar var til hinder for folkeleg innsyn og kontroll. Til og med dei folkevalde i bystyret har - med få unntak - hatt liten mulighet til å setje seg inn i drifta av selskap som Grønland Byfornyelse A/S og Oslo Byfornyelse A/S. Organiseringa av Oslo sporveier, som står for det meste av kollektivtrafikken i hovudstaden, er eit anna døme. Utan at det har vori drøfta i bystyret, har styret i selskapet vedtatt å privatisere bussruter i Oslo. Private firma som ikkje eingong er i stand til å følgje enkle miljøkrav, får lov til vere med i konkurransen om rutene.

Ei tredje sak er at Finansdepartementet har starta ei kampanje for å hindre at kommunerevisjonen skal ha lov til å revidere selskap der kommunen har aksjar. I ei ny «Forskrift om revisjon og revisorer», datert 19.9.90, skriv departementet at det

ikkje lenger skal vere lov å la kommunerevisjonen revidere kommunale aksjeselskap. Kommunerevisjonen har mykje meir erfaring med forvaltningsrevisjon, dvs. kontroll med at overordna politiske vedtak i kommunen vert følgd opp, enn private revisjonsfirma. Fordi kommunerevisjonen også rapporterer til kommunestyret - og ikkje berre til selskapsstyra - så fører ei kommunal revisjonsordning i dei halvkommunale aksjeselskapa til betre innsyns- og kontrollmulighet for politikarar og folk, enn dersom selskapa berre har privat revisjon. Finansdepartementet har mellombels gitt dispensasjon frå forskrifta, slik at kommunerevisjonane rundt om i landet inntil vidare kan revidere kommunale aksjeselskap. Vi meiner at forskrifta bør trekast tilbake, slik at det framleis skal vere fullt høve å ha kommunal revisjon i kommunale aksjeselskap.

Tvungen registrering av politikarane sine økonomiske forhold

Kvar kommune og kvart fylke må opprette eit offentleg register med alle opplysningar om inntekter, formueforhold, styreverv, aksjeeige o.l. for dei som er medlemmer i fylkesting og kommunestyre. Registret må ordnast slik at det er lett tilgjengeleg, og det skal ikkje koste noe å få ut opplysningar.

Eit utval - nedsett av Kommunenes Sentralforbund - la i august 1990 fram ei utredning om «Etikk, tilsyn og kontroll i kommuner og fylkeskommuner». Utvalet foreslår innføring av eit økonomisk register i kvar kommune/fylkeskommune. Vi meiner at økonomiregistret må lovfestast, slik at det ikkje vert opp til kvar enkelt kommune å ha ei slik ordning. Det må også innarbeidast i lova at dei politiske partia skal føre offentleg tilgjengelege lister over pengegåver og andre former for tilskot dei får frå fagforeningar og firma.

Utsifting av politikarar og byråkratar som har forsømt seg

Kommunestyre, formannskap og administrasjonssjefar har ei lovfesta tilsynsplikt i kommunane. Men da RV avdekte over-

grepa ved Sosialsentralen i 1982, slo finansrådmannen fast at «begrepet ansvar er uklart» og at ingen politikar var ansvarleg for den systematiske uretten som ramma mange sosialklientar. Den lovfesta tilsynsplikta må konkretiserast, slik at det får følgjer når politikarar forsømer seg. «Politikar-karantene» for ein viss periode er *ei* aktuell reaksjonsform, eller frådøming av kommunale verv dersom det er snakk om grove overtramp.

Offentlege register må bli gratis igjen

Dersom folk skal kunne sette seg inn i maktstrukturane i samfunnet og kunne avdekke maktmisbruk og korrupsjon, er det naudsynt å skaffe seg kunnskap frå fleire kjelder. Noen av dei mest sentrale kjeldene er ein del offentlege register, så som grunnboks-, handels- eller båt/bilregistra.

No er det sånn at Stortinget har vedtatt at dei offentlege registra ikkje skal brukast av befolkninga til å avdekke skjulte maktforhold. Nei, dei øvste politikarane i landet har funne ut at dei heller vil at registra skal vere butikk - som skal skaffe inntekter til statskassa. Det er dei siste åra innført ordningar med gebyr på å få ut registeropplysningar. I Brønnøysundsregistra kostar det over 200 kroner å få ut firmaattestar med opplysningar om styresamansetjing, aksjekapital, stiftingsdato osv. for eitt firma.

For Raud Valallianse si bystyregruppe i Oslo har informasjon frå dei offentlege registra vori heilt nødvendig i fleire avsløringssaker vi har jobba med. Dersom vi idag skulle ha rulla opp dei mange forretnings- og eigedomskrumspringa til tidlegare byrådsleiar Hans Svelland, ville vi ha endt med økonomisk ruin. For 5-6 år sia klarte vi det, rett og slett fordi registra då i all hovudsak var gratis.

Stortinget freistar gjennom gebyr-politikken sin å hindre at folk skal kikke makthavarane i korta. Ordninga med gratis informasjon i dei offentlege registra må derfor gjeninnførast straks.

Slik avslører du dei korruppte

Korrupsjonsjakt er lærerikt, det krev ikkje mykje utstyr å setje i gang litt «hobby-etterforsking» rundt tvilsame avgjerder og mistenkjelege saker. Hald berre fast på at det ikkje er enkeltpersonane, men sjølve korrupsjonskulturen som er problemet. Det er den du blir råka av, når du ikkje får ungen din inn i barnehage eller når svigermora di mister sjukeheims-plassen sin, fordi pengane istaden er brukt til «vennetenester» dei korruppte imellom. Derfor er du i din fulle rett til å gå i gang med undersøkingar. Det du treng i antikorrupsjonsarbeid er nøyaktighet og tolmod. Har du i tillegg ein ganske stor porsjon skepsis til vedtatte sannhetar og vurderingar, skulle resultatene vere innan rekkevidde.

Men ingenting «kjem av seg sjølv». På vegen vil du møte alle dei herskarteknikkar som finst - og noen til. For maktpersonane liker ikkje å bli kikka i korta. Du kan møte trugsmål om rettssak, eller trugsmål om meir handfaste straffemetodar. Derfor er det særleg viktig at du har gjort grundig arbeid, slik at du er 200 prosent sikker på at du har rett i det du har funne ut.

Samarbeid med kommunestyrerepresentantar er ein fordel, fordi det gir mykje gratis kunnskap om personar, firmaer, dei kommunale vedtaka og sider ved livet på rådhuset som sjeldan eller aldri kjem på trykk. Men det er på ingen måte noe vilkår for å ta opp jakta på dei korruppte. Å halde øyro og augo opne i din eigen kvardag er eit utgangspunkt for å oppdage korrupsjon og korrupsjonsliknande forhold. Det var ei foreldregruppe på

utkikk etter tomt til barnehage, som oppdaga det politikargodkjende småtomtesalet i Oslo i 1989, der kommunen vart svindla for millionbeløp.

Det som skjer på arbeidsplassen din, i nærmiljøet eller saker du personleg kjem borti, er gode utgangspunkt for gravinga. Erfaringa til Oslo RV sitt anti-korrupsjonsutval viser at du ikkje treng å snu kvar einaste stein i mils omkrets før du finn noe å gripe fatt i. Nesten overalt kor du stikk spaden i jorda, vil du finne noe som ikkje skulle vori der, og som bør fram i lyset.

Anti-korrupsjonsutvalet i Oslo RV kom saman første gong i januar 1989. Utgangspunktet var ei stor utbyggjings sak i kommunen, der det viste seg at kommunale «tenarar» hadde skodd seg grovt. Vi bestemte oss for å halde fram med byggesaker, for det viste seg at i skjeringspunktet mellom kommunale utbyggingsvedtak og kjøp av tenester, ligg ei stor myr av ukontrollerbare og uoffisielle avtalar som fører til misbruk av dine og mine skattepengar.

Korleis organisere arbeidet reint praktisk?

Gå saman med folk som er innstilt på å stå løpet ut og samtidig vere diskrete.

Skriv straks ned det du høyrer og ser, med nøyaktig tid- og stadfesting. Skriv ned namn på personar som er innblanda og kvar dei held til. Skriv ned namn på kjelda for opplysningane, samt telefon og adresse. Referer så nøyaktig du kan, og ta med gode sitat som kan kome til nytte seinare.

Lause lappar og omtrentlege opplysningar vil garantert føre til rot og trøbbel i ein pressa situasjon. Tenk på at det er bevis du samlar.

Samle mest muleg skriftleg dokumentasjon om saka, og ordne papira i ein ringperm med skilleark, om du ikkje har PC. På den måten held du orden på informasjonen, og heile gruppa kan halde seg ajour med kor de står.

Diskuter trinn for trinn i gruppa etter kvart som de får greie på nye ting og summer opp kvar de står. Den brikka som mang-

lar i puslespelet, kan vere ein tilsynelatande uvesentleg detalj som ligg i dagen.

Bruk 'leksikonet' i denne boka i kampen mot den korrupsjonen du møter i offentleg sektor, eller meir presist, i samspelet mellom private aktørar og offentlege nøkkelpersonar. Leksikonet er sjølv sagt ikkje dekkande for alle situasjonar eller tilfelle av korruperte forhold. Skal du gå grundigare til verks, kan du ha nytte av litteraturlista bak i boka for å skaffe deg meir materiale.

Heile nøkkelen ligg i å stille saman fakta som folk elles ikkje ser i samanheng. Da kan du få fram ei «ny» og meir fullstendig sannhet. Det hjelper ikkje berre å snappe opp eit rykte. Sjølv om det kan vere sant eller delvis sant, er korrupsjonsjegeren si oppgåve å finne bevis for at det er slik. Elles må du berre leggje det i skuffen til det dukkar opp noe meir som kan kaste nytt lys over saka.

Undervegs i arbeidet er det viktig ikkje å miste motet. Det kan ta mange månader å nøste opp ei sak, og du kan kome inn på mange blindspor. Tenk på at dei korruperte for det meste brukar arbeidstida si til å trikse og mikse, mens du må bruke fritida til å finne ut av det. Derfor gjeld det å ikkje gape høgare enn det gruppa klarer. Sett ikkje som mål å finne ut alt frå A til Å i eit svært kompleks. Vel heller ut ein liten del og jobb grundig med den. Det er også best for gruppa i lengda. Kvar enkelt slit seg ikkje ut, og ein oppnår noe.

Kvar er opplysningane?

Har du berre muntlege kjelder, må fleire personar uavhengig av kvarandre kunne stadfeste opplysningane. Seier dei det same, tenk da over om dei kan ha kontaktpunktar som de ikkje veit om enno.

Skal ein kome noen veg, og kjenne seg trygg nok når dei korruperte og hjelparane deira set inn mottiltak, må de kunne vise til skriftlege kjelder.

Som borgar i det demokratiske Norge har du visse rettar når det gjeld innsyn i offentlege dokument. (Sjå side 163 og side

166 om innsynsretten etter Offentlighetslova og Forvaltningslova). Blir du avvist når du ber om innsyn, så må du ikkje gi deg med det. Be om å få vite lovheimelen for å avvise deg. Tilkall sjefen viss det ikkje hjelper. I verste fall må du klage til Fylkesmannen og i siste instans til Sivilombudsmannen.

Det finst ei mengd av offentlege register som du heilt eller delvis kan få gratis opplysningar frå. Her skal vi nemne noen få av dei som kan vere aktuelle ved korrupsjon.

Registra i Brønnøysund er ei svært nyttig kjelde til mange opplysningar. Her finn du mellom anna foretaksregisteret og rekneskapsregisteret. Hit kan du ringe og spørje om aksjeselskap. Om du veit kva kommune selskapet er registrert i, får du greie på mellom anna kven som sit i styret, kva aksjekapitalen er og kven som hadde aksjer da selskapet vart stifta.

Aksjeboka der alle aksjeeigarar er innført med adresse, er eit offentlig dokument som skal finnast på selskapet sitt kontor eller hos forretningsføraren. «Aksjeboken skal holdes tilgjengeleg for enhver» står det i aksjelova. Dette gjeld ikkje berre private aksjeselskap, men også dei selskapa som er heilt eller dels eigd av kommune eller stat.

Frå rekneskapsregisteret kan du - mot betaling - få tilsendt kopi av årsrekneskapan til aksjeselskapa, og du kan få årsmeldinga.

Eit anna Brønnøysund-register er «løysøre-registeret». Her får du greie på gjeld som folk har, til dømes på bilane sine. Du må kunne oppgi bilnummeret.

Enda eit register i Brønnøysund er ektepakt-registeret. Her kan du finne ut om ein person til dømes har oppretta særeige. Har du namn og personnummer, kan du da finne ut om verdiar er overført til ektefellen.

Når du ringer til Brønnøysund, betalar du berre lokaltakst. Telefonnummeret dit er 086-25 000. Dersom du bestiller noe skriftleg materiale, må du betale. For tida kostar det 210 kroner for ein årsrekneskap.

Har du namnet på ein bileigar, kan du få nummeret på bilen hos Biltilsynet, men dei er ikkje pliktige til å oppgi det. Det er dei heller ikkje hos politiet, som skal føre register over alle småbåtar og fritidsbåtar. Dei er ordna fylkesvis etter nummer,

og alfabetisk etter namn på eigar.

Eigedom får du greie på hos sorenskrivaren. Her ligg grunnboka, som gir opplysning om eigar av all fast eigedom, og alle lån på eigedomen er innført. Det er ordna etter gårds- og bruksnummer, men som regel held det om ein kan oppgi nøyaktig adresse. Her kan alle komme og spørje. Du har rett til å skrive av opplysningane utan å betale. På teknisk etat i kommunen kan du kome og sjå alle dokument i utbyggjings- og reguleringsaker.

Vil du finne ut noe om eit firma som har gått konkurs, har du rett til å få kopi av bustyret sin rapport. Det får du hos Skifteretten, eller hos sorenskrivaren. Advokaten som er oppnemnt som bustyrar, kan som regel hjelpe med dette og meir til.

Ei anna nyttig kjelde er oversiktene som kvar kommune og fylkeskommune har over tilsette og folkevalde, og kva verv dei har. Dette kan du til dømes samanlikne med styresamansettinga i kommunale eller andre aksjeselskap.

På biblioteka finst ei rekkje nyttige oppslagsverk som kan hjelpe deg vidare. Ei særleg grei bok er «Samfunnsboka» som Statens informasjonsteneste utgir. Her får ein svar på reglane som gjeld, og kvar ein skal spørje om det aller meste. Du vil òg få bruk for Norges Lover. Biblioteka kan skaffe både lovbøker og offentlege utgreiingar, samt framlegg frå departementa og anna offentleg materiale. Stortingsmelding nr. 7 om «Statlige styrer, råd og utvalg» gir kvart år eit oversyn over kven som sit i alle mulege offentlege utval og organ. Ei anna nyttig kjelde kan vere det nye oversynet over kva for næringsinteresser dei ulike stortingspolitikarane har.

Ikkje gløym telefonkatalogen. Avisene sine klipparkiv er òg nyttige kjelder. Står du heilt fast kan det vere nyttig å prøve Universitetsbiblioteket i Oslo. Alle som gir ut skriftleg materiale, har plikt til å levere eit eksemplar dit. Telefonnummeret er 02 - 55 56 30.

Vil du finne ut kva for uformelle kontaktpunkt det er mellom to personar, så tenk igjennom tidlegare stillingar, noverande og tidlegare tillitsverv i politikk og organisasjonar, bakgrunn, oppvekst og studietid osv. Meiner du at dei kan ha vori studiekameratar, er skolar og universitet pliktige til å opplyse

om namn og eksamensår. Slike sosiale eller uformelle kontakter kan vere viktige. Det gjeld å ikkje ta noe for gitt på førehand.

Snøballen tar til å rulle

Opprullinga av ei korrupsjonssak liknar på ein snøball som har begynt å rulle. Når du først er kommen i gang med jakta, kan du rekne med å få hjelp frå ulike - ofte uventa - hald. Det viser seg at folk kan ha motiv for å komme bestemte personar til livs. Dermed får du tak i dokument som du kanskje ikkje ville klart å skaffe ellers, du blir ført til folk som har noe å fortelje, men ikkje vågar å stå fram....

Det byrjar å lukte råttent, og dei som har sjans til å redde seg sjølv, gjer det. Korrupsjonsbeskyttarane har arbeidd på høgger lenge nok, men du har dei no!

Fotnoter

(Sidetala som er oppgitt frå Smith-utvalets 1.rapport - Smith I - gjeld den stensilerte utgåva av rapporten.)

Boblebadet - symbol og lynavleiar

- 1 Aftenposten 11.10.90
- 2 Advokat Torkildsens redegjørelse om saken, her gjengitt etter Arbeiderbladet 16.12.89
- 3 Klassekampen 20.12.89
- 4 Klassekampen 20.12.89
- 5 Hjorts brev til bystyrets sekretariat av 27.3.90. Her sitert etter Smith I, side 120
- 6 Hjorts brev av 10.9.90 til Smith-utv. Smith I s. 117
- 7 Smith I, side 121
- 8 Klassekampen 20.12.89
- 9 Brev til fylkesmannen i Oslo og Akershus frå statsadvokaten, datert 5. november 1991
- 10 NTB-melding 6. november 1990
- 11 Smith-utvalets brev til Heggen Larsen av 13.2.91, her sitert etter Smith II, side 33/34
- 12 Smith I, side 106 og 107

Politiet - dei korrupptes beste ven?

- 1 Brev frå psykolog Årstein Skiftun til Erling Folkvord, datert 2.4.91

«For utpå Nøtterøy fins»...eit maktarrogant eittpartistyre

- 1 Tønsbergs Blad 21. mars 1991

Omstillingsmillionar på avvegar

- 1 Framlegg frå Næringsdepartementet til regjeringa, juni 1990, side 33
- 2 Marthinussen og Aarbakke, 1987, s. 229

Rådhus-Høgre tar hemn

- 1 Brev frå Røberg Muller datert 8.1.1990 til Erling Folkvord
- 2 Prosesskrift til Eidsivating Lagmannsrett datert 2.8.89
- 3 Rettsforlik i ankesak 105/89 ved Eidsivating Lagmannsrett, datert 5.11.90
- 4 Sitert etter brev til Sonja Bjørkly frå avdelingsdirektør Bjørg Månnum Andersson, datert 8.5.91
- 5 Brev til Arbeidsutvalet i Oslo Høgre frå Sonja Bjørkly, datert 3.6.89

Korrupt byggjesaksbehandling i Alta

- 1 Smith II, side 36
- 2 Smith II, side 164

Eit lite «korrupsjonsleksikon»

- 1 Smith I, side 232
- 2 Smith I, side 233
- 3 Oxford English Dictionary. Kilde: Kjellberg & Sørvang i Smith II, side 232
- 4 Korrupsjon som analytisk problem - Et notat om korrupsjonsforskning. Av Francesco Kjellberg og Karl-Petter Sørvang, trykt som vedlegg 3 til NOU 1991:11, s. 239
- 5 Smith I, side 26. Ordlyden i straffelovsparagrafane er tatt med under oppslagsorda «Bestikkelse», side 137 og «Utruskap», side 194

- 6 Smith I, side 27
- 7 Småskrift fra Den norske advokatforening, 1990, side 9
- 8 Andvig: Korrupsjon og kommuneforvaltning - en kommentert litteraturoversikt. Trykt i NOU 1991:11, side 208
- 9 Det korrupte Norge, foredrag i Politisk Forum 1985, kopiert utgave
- 10 Smith II, side 192
- 11 Stordrange, 1989, side 11
- 12 Bror Petter Gulden, Brudd på Straffelovens kapittel 27 i konkursforhold (Forbrytelse men ikke straff), Bedriftsøkonomisk Institutt, arbeidsnotat nr. 15
- 13 Dagens Næringsliv 1.6.91
- 14 Stordrange, 1989, side 11
- 15 § 7, i Oslo kommunes anbudsreglement, dok. nr. 46 (1982)
- 16 NOU 1975: Regelverk for statens anskaffelsesvirksomhet m.v., s. 52
- 17 Frihagen: Forvaltningsloven, kommentarutgave, 2. utg. Oslo 1986, s. 423, her sitert etter Smith II, side 170
- 18 Smith II, side 170
- 19 Klassekampen 14.12.89
- 20 Klassekampen 14.12.89
- 21 Smith II, side 69
- 22 Smith II, side 69
- 23 Smith II, side 70
- 24 Smith II, side 71
- 25 Stordrange, 1990, side 7
- 26 Høgsterett, 3. oktober 1986
- 27 Stordrange 1990, side 14/15
- 28 Ot.prp. nr. 2, 1979-80, side 15
- 29 Sluttrapport fra Gussgardutvalget, side 56
- 30 Ot.prp. nr. 2 1979-80, side 15
- 31 Finansrådmannens innstilling av 12.1.86 om myndighetsoverføring m.v. i det nye styringssystemet, side 14
- 32 Gussgard, sluttrapport side 53
- 33 Gussgard, sluttrapport side 55
- 34 Fleischer: Det korrupte Norge, foredrag i Politisk Forum 17.10.85, side 2/3
- 35 Stordrange, 1990, side 37
- 36 Formannskapetets tilsynsutvalg, Delinnstilling III, side 8
- 37 Fastsett i Rundskriv frå Justisdepartementet 4. mars 1975: Regler for Granskingskommisjoner

- 38 Smith II, side 121
- 39 Smith II side 121
- 40 Smith II side 140
- 41 Påtegning fra Riksadvokaten datert 17.12.90, stila til Statsadvokatene i Eidsivating
- 42 Kommunal handbok for Oslo kommune 1991, side 318
- 43 Kommunal handbok for Oslo, 1991, side 319
- 44 Hammer 1981, side 113
- 45 Hammer 1981, side 114
- 46 Hammer 1981, side 113
- 47 Tilsynsutvalget, delinnst. II, side 86
- 48 Brev frå Justisdepartementets lovavdeling datert 11.7.1988
- 49 Brev til RVs bystyregruppe av 30.5.91 frå Formannskapssekretæren
- 50 Sak 7/90, Drammen bystyre
- 51 VG, 15.12.89
- 52 VG, 15.12.89
- 53 Økonomiinstruks for etater i Oslo kommune, pkt. 2.3. Ansvar. Vedtatt i Oslo bystyre 6.12.90
- 54 Bystyrereferat 12.11.86
- 55 Formannskapets tilsynsutvalg. Delinnstilling 3, side 39
- 56 Smith II, side 84
- 57 Smith II, side 84
- 58 Smith II, side 85
- 59 Smith II side 181
- 60 Aftenpostens aftenr. 7.6.83
- 61 Trykt referat frå bystyremøtet 15.6.83
- 62 Smith II, side 119/120
- 63 Internt notat til Hans Svelland frå byråd Karin Holmsen, datert 13. juli 1987. Trykt i Aftenposten 25.4.91
- 64 Østlendingen 29.11.90
- 65 Sitata i dette og forrige avsnitt er frå ordførar Nyberg sitt saksframlegg til formannskapsmøtet 25.1.91
- 66 Østlendingen 15.3.91
- 67 Brev frå Bjørn Skåret til Fylkesmann Oddvar Nordli av 10.2.90. Her sitert etter gjengiving i brev av 21.5.91 frå Olav Teppen til Arbeids- og administrasjonsdepartementet
- 68 Brev frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet til Fylkesmannen i Hedmark, datert 12.3.91
- 69 Smith I, side 106
- 70 Aftenposten 25. april 1991

- 71 Smith II, side 39
- 72 Smith II, side 36
- 73 Bystyresak 231 i bystyrets møte 15.5.91, side 437 i bystyrets sakskart

Program mot korrupsjon

- 1 Brev frå foreldregruppa, 12. mai 1989
- 2 Det korrupte Norge, 17. oktober 1985, s. 6 og 8
- 3 Smith II, side 168
- 4 Forslag til ny lov om kommuner og fylkeskommuner, s. 155
- 5 Smith II, side 164

Litteraturliste

- Høring i Oslo kommune om Rapport frå Statens granskingsutval, 27.5. og 28.5.1991. Referat. Bystyrets sekretariat, tlf.: 02/86 16 00
- Rapport nr. 1 frå Statens granskingsutval for Oslo kommune (Smith-utvalet), 9.10.1990 (NOU 1990:26)
- Rapport nr. 2 frå Statens granskingsutval for Oslo kommune (Smith-utvalet), 20.3.1991 (NOU 1991:11)
- Rapport frå Formannskapetets tilsynsutval, del 1. 27.3.1990
- Rapport frå Formannskapetets tilsynsutval, del 2. 19.9.1990
- Rapport frå Formannskapetets tilsynsutval, del 3. 24.5.1991
- Forslag til ny lov om kommuner og fylkeskommuner (Utredning frå Bernt-utvalet). 21.6.1990 (NOU 1990:13)
- Kommunal håndbok for Oslo. Oversyn over politikarar og byråkratar i Oslo kommune. Utgitt av Bystyrets sekretariat, tlf.: 02/86 16 00
- Sosialsentralen, en historie om maktmisbruk. Av Erling Folkvord, Harald Stabell og Frode Gjertsen. Atheneum forlag, 1984
- Rapport frå rottereiret. Av Erling Folkvord. Samlaget, 1990
- Straffbare bestikkelser. Av sorenskrivar Bjørn Stordrange. Småskrift nr. 54 frå Den norske advokatforening, 1990
- Strafferettslig utroskap. Av sorenskrivar Bjørn Stordrange. Småskrift nr. 53 frå Den norske advokatforening, 1989
- Det store pensjonistranet. Av Erling Folkvord. Oslo RV, 1987

- Finn Fakta! Om kunsten å finne - og retten til å vite. Av Nils E. Øy. Institutt for Journalistikk, 1986
- Om pengemakt, vernetjenester og folkemakt i Oslo kommune. Rapport nr. 1 fra Oslo RVs antikorrupsjonsutvalg, 24. oktober 1989. Tlf.: 02/86 19 19. Pris kr 20,-
- Oslo trenger en oppryddingsordfører. Rapport nr. 2 fra Oslo RVs antikorrupsjonsutvalg, desember 1989. Tlf.: 02/86 19 19. Pris kr 20,-
- Rapport nr. 1 fra Backer-utvalet. Rutiner og kontrollordninger vedr. kjøp av varer og tjenester og kontrahering av bygge- og vedlikeholdsarbeider. Finansdirektøren i Oslo kommune, 15. november 1989
- Rapport nr. 2 fra Backer-utvalet. Gjennomgang av kontrollopplegg og rutiner for bestilling og gjennomføring av arbeider i Vedlikeholds-etaten og Boligetaten. Finansdirektøren i Oslo kommune, 15. desember 1989
- Etikk, tilsyn og kontroll i kommuner og fylkeskommuner. Utredning frå utval nedsett av Kommunenes Sentralforbund (KS). Oslo, august 1990. KS, tlf.: 02/94 77 00
- Rådhusombyggingen. Vurdering av ombygginga og vedlikehaldet av Oslo kommunes sentrale kontorer i samband med innføring av nytt styringssystem. «Ekspertgruppe» nedsett av Oslo formannskap. Bystyrets sekretariat, 7. mai 1991. Tlf.: 02/86 16 00.
- Rapport nr. 1 og nr. 2 frå Gussgardutvalet, oppnemnt av byrådet i Oslo.

Lite korrupsjonsleksikon, stikkordliste

- Kva er korrupsjon 121
- Fire korrupsjonsdefinisjonar 122
 - Straffelovsdefinisjonen* 123
 - Pengedefinisjonen* 124
 - Den samfunnsmessige definisjonen* 125
 - Ein bruksdefinisjon til norsk kvardag* 126
- Regelbrot og uryddig forvaltningspraksis fremjer korrupsjon 126
- Korrupsjonsbeskyttarane 127
 - Direkte korrupsjonsbeskyttelse* 127
 - Indirekte korrupsjonsbeskyttelse* 128
- Lov og rett 128

Oppslagsord

- Anbud 131
- Beskyttelsespengar 135
- Bestikkelse 137
- Betale kjent, velrenommert advokat for å gi «autoritet» til ei usann framstilling 140
- Byggherrekontroll 141
- Delegering av myndighet 143
- Dobbelroller 145
- Dokumentfalsk 146
- Erstatningstrugsmål 148
- Gåver 149
- «Gransking» som dekkmanøver 151

Habilitet/inhabilitet 153
Hastevedtak. Kommunelovas § 22 159
Hemmeleg protokollføring 160
Innsynsrett for folk 161
Innsynsrett for folkevalde 163
Innsynsrett for part i saka 166
Julebord 166
Kjøpe opp folk med fordelar for å gjere dei medansvarlege 167
Kjøp/sal av fast eigedom 168
Kjøp av varer 169
Kostnadskontroll 170
«Låne autoritet» frå andre for å berge seg sjøl unna kritikk og medansvar 171
Møte avsløring med løgn for å sleppe unna ansvar 172
Oppdeling av ei sak i fleire enkeltsaker slik at det blir vanskeleg å få oversyn over heilskapen og pengestraumen 173
Opplysningsplikt og forsvarleg førebuing av saker 174
Oppretting av heil- og halvkommunale selskap, styringsgrupper o.l. 175
Overordna organ - eller fylkesmannen - glattar over 176
Parti og fagforeningskameraderi 176
Pravdasyndromet - når journalisten er propagandist for makta 177
Presseorgan som gjer forretningar med politikarar 178
Reiser som metode for å lage kultur eller «ukultur» 180
Skaffe seg ein sydebukk - slik Trysilrådmannen gjorde 180
Skulde på fortida: «Dette hører fortiden til - jeg ryddet opp straks jeg tok over som leder» 184
Ta opp saker til avgjerd utanom sakskart 186
«Tie når det trengs». Oslo Aps hemmelege valkampanje 1991 187
Tilsetjingssaker 187
Tilsynsplikt i kommunane 189
Trugsmål om økonomiske sanksjonar 190
Tvetydige vedtak - som er så uklare at dei flytter den verkelege avgjerda vekk frå det organet som skal avgjere saka 191
Underhandsavtalar eller førehandslovnader som avgjer utfallet av ei sak 192
Utruskar 194

- Korrupsjonen lever og har det bra i Norge.
- Korrupsjonen er ikkje berre enkeltstående tilfelle, men er ein del av ein offentleg kultur.
- Korrupsjonen har sine beskyttarar, sine bakmenn, sine forsvararar og sine advokatar.

«Korrupsjon» slik Erling Folkvord nytter ordet, dreier seg ikkje berre om direkte lovbrot, men minst like mye om utviklinga av ein kultur der «vennetenester» vert bytta mot kommunal «hjelp», og der demokratiske prosessar vert sette til side til fordel for personlege interesser.

Eit skjult og uoversiktleg system som kvart år kostar samfunnet millionbeløp. Og kven betaler?

**SANNHETA ER:
Det er du som betaler.**

CAPPELEN
ISBN 82-02-12944-3



9 788202 129446